SKRIFTER

UTGITT AV

DET NORSKE VIDENSKAPS-AKADEMI
I OSLO

1941

II. HISTORISK-FILOSOFISK KLASSE

1. BIND

OSLO
I KOMMISJON HOS JACOB DYBWAD
A. W. BRØGGERS BOKTRYKKERI A/S
1942

Skrifter utgitt av
Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo.

Historisk-filosofisk klasse.

1933.

No. 1. Gustav Indrebø: Norske innsjønamn. II. Kr. 12,00.
» 2. I. Reichborn-Kjennerud: Vår gamle trolldomsmedisin. II. Kr. 11,00.
» 3. Johan Schreiner: Nederland og Norge 1625—1650. Trelastutførsel og handelspolitikk. Kr. 10,00.
» 4. Georg Sverdrup: Fra gravskikker til dødstro i nordisk bronsealder. Kr. 7,00.
» 5. H. P. Barden: Trekk av synsopfatningen og dens utvikling. Kr. 4,50.
» 6. Eivind S. Engelstad: Die hanseatische Kunst in Norwegen. Kr. 10,00.

1934.

No. 1. N. Harboe: Les conditions subjectives de la culpabilité. Tome III. Kr. 7,00.
» 2. Gutorm Gjessing: Studier i norsk merovingertid. Kronologi og oldsakformer. Kr. 22,00.
» 3. Jens Arup Seip: Lagmann og lagting i senmiddelalderen og det 16de århundre. Kr. 7,00.

1935.

No. 1. † Marius Hægstad: Vestnorske maalføre fyre 1350. II. Tillegg. Kr. 7,00.
» 2. Chr. S. Stang: Die westrussische Kanzleisprache des Großfürstentums Litauen. Kr. 12,00.

1936.

No. 1. Arne Ness: Erkenntnis und wissenschaftliches Verhalten. Kr. 16,00.
» 2. Halvdan Wexelsen Freihow: Henrik Ibsens »Brand«. Litterær-psykologisk studie. Kr. 8,00.
» 3. Anne Holtsmark: En islandsk scholasticus fra det 12. århundre. Kr. 8,00.
» 4. Bjarni Aðalbjarnarson: Om de norske kongers sagaer. Kr. 12,50.
» 5. Hallvard Lie: Studier i Heimskringlas stil. Dialogene og talene. Kr. 7,20.

1937.

No. 1. Julie E. Backer: Dødeligheten blandt lungetuberkuløse. Kr. 8,00.
» 2. Sigurd Østrem: Individ og samfund i økonomiens rett. Kr. 10,00.
» 3. H. Ludin Jansen: Die spätjüdische Psalmendichtung, ihr Entstehungskreis und ihr »Sitz im Leben«. Eine literaturgeschichtlich-soziologische Untersuchung Kr. 10,00.

1938.

No. 1. Emil Schjøth: Gegenstands- und Verhältnislehre. Kr. 18,00.
» 2. Einar Molland: The Conception of the Gospel in the Alexandrian Theology. Kr. 14,00.
» 3. B. Ebbell: Alt-ägyptische Bezeichnungen für Krankheiten und Symptome. Kr. 7,00.
» 4. Arne Ness: "Truth" as Conceived by those who are Not Professional Philosophers. Kr. 12,00.
» 5. Emil Birkeli: Fedrekult i Norge. Kr. 12,00.
» 6. Erling Petersen: Macro-Dynamic Aspects of the Equation of Exchange Kr. 7,50.
» 7. Per Nyquist Grøtvedt: Lydverket i lovhåndskrifter fra Borgartingslag 1300—1350. Med et tillegg om sørøstnorske diplomer. Kr. 12,00.
» 8. Sem Austrumdal: Ból-tal i Rogaland. Landskyld-studier yver tid-bolken 1300—1838. Kr. 5,00.
» 9. Chr. S. Stang: Die altrussische Urkundensprache der Stadt Polozk. Kr. 14,00.

SKRIFTER

UTGITT AV


DET NORSKE VIDENSKAPS-AKADEMI
I OSLO

1941

II. HISTORISK-FILOSOFISK KLASSE

1. BIND





OSLO
I KOMMISJON HOS JACOB DYBWAD
A. W. BRØGGERS BOKTRYKKERI A/S
1942

VESTNORSKE MAALFØRE
FYRE 1350

II. SUDVESTLANDSK

2. INDRE SUDVESTLANDSK. FÆRØYMAAL. ISLANDSK

TRIDJE BOLKEN

AV

† MARIUS HÆGSTAD

SKRIFTER UTGITT AV DET NORSKE VIDENSKAPS-AKADEMI I OSLO
II. HIST.-FILOS. KLASSE. 1941. NO. 1

OSLO
I KOMMISJON HOS JACOB DYBWAD
1942

Fremlagt i den hist.-filos. klasses møte den 15. mai 1914

Trykt for Fridtjof Nansens fond

A. W. BRØGGERS BOKTRYKKERI A/S

[INNHALD

FYREORD

I 1914 la professor Hægstad fram til utgjeving millom skriftene aat Videnskapsselskapet i Kristiania manuskriptet til andre luten av verket Vestnorske maalføre fyre 1350. Denne luten var i fleire bolkar. Tri av dei kom ut i aari 1915—1917. Den fjorde, som inneheldt ei utgreiding um maalet i islandske skrifter og brev, har lege uprenta til no. Ho var bygd etter same plan som utgreidingane um dei andre gamle vestnorske maalføre, soleis: Etter ei skildring i hovudtekst bygd paa eit utval av tidfeste skriftstykke („hovudskriv“, „hovudbrev“), her i alt *36*, var det i merknader gjort jamføring med andre gamle handskrifter og med yngre tekster. Den fyrste jamføringi galdt det utvalet av gamalislandske tekster som Ludv. Larsson hadde nytta til „Ordförrådet i de älsta isländska handskrifterna“; dømi derifraa er merkte med E. isl. (Eldste islandsk). Dinæst var maalvoksteren fylgd i merknader gjenom eit utval av millomislandske diplom, og gjenom nokre eldre islandske prenta bøker fram til Rasmus Rask. I sjølvstendigare utforming var det so gjort greide for nyislandsk ljodvokster og bøygning etter uppteikningar som Hægstad sjølv hadde gjort paa ei ferd til Island sumaren 1907, alt jamført med nyare rettskrivingsreglar og litteraær hevd. Jamføringane med heimenorske og færøyske maalføre var mest gjorde gjenom tilvisingar til merknader og stykke i tidlegare bolkar av verket um Vestnorske maalføre; men der var og sjølvstendige merknader, soleis um *u*-ljodbrigdet og ljodsamhøvet.

Mykje i dette „gamle manuskriptet“ ser ut til aa ha vore utarbeidt tidleg; dømesankingi or hovudbrevi har vore gjord til same tid som samlingane til utgreidingane um dei „heimenorske“ maalføri, d. e. alt fyre Islandsferdi 1907, jfr. hans „Innleiding“ (Skrifter 1905 II nr. 7).

Etter utgreidingi var ferdigskrivi og framlagd, er det gjort ei mengd uppteikningar til retting og utfylling i ho. Samstundes har han laga ny dømesamling or ei utvida rekkje med „hovudskriv“, no i alt *54*. Han tok manuskriptet attende og gav seg til aa skriva det heilt um etter ein utvida plan. Innan han fall burt (1927), rokk han aa faa ferdig den fyrste luten, **1—2b.** Det ligg etter han tilfang til ei tilsvarande utforming av stykke **2c—17.**

Etter det ein kann sjaa, hadde ikkje denne utvidingi grunn i noko skifte i synet paa den gamle islandsken som maalgrein jamstelt med dei indre

sudvestlandske maalføri og med Færøymaalet, men i ynskjet um aa ettervisa det vidare grunnlaget for det biletet det mindre tekstutvalet gav, og aa skildra handskrifter som ikkje eller paa mindre fullnøgjande maate var upplyste. Utgjeving var difor haldi for rettkomi, til utfylling og stadfesting av den kjeldetolking som professor Hægstad har gjeve i rekkja av utgreidingar um dei gamle vestnorrøne maalføre.

Det var upphavleg fyresetnaden at det store tilfanget som Hægstad hadde samla til ei utvida utgreiding, i nokon mun burde vorte nytta ved denne utgaava. Aa arbeida dømi fraa dei nye kjeldone (t. d. Lhom, GrK, GrSt, Egfr, Rþ, Akr og Reich) inn i hovudteksti syntest uraadelegt, av di det ikkje laag fyre upplysning um korleis Hægstad verdsette dei. Lettare var det aa gjeva eit utval av dei i merknader og tillegg, som skulde koma til slutt i boki. Men tanken vart sidan uppgjeven, av di ein daa anten berre laut rekna upp eit sjølvvalt utval av dømi og lata lesaren gjera sine eigne jamføringar og verdsetjingar, eller han kunde med eigi tekstgransking faa grunnlag for ein sjølvstendig dom um dei. Etter ymse prøvor saag det ut til at gagnet for denne utgaava ikkje kom til aa løna arbeidet med slike tillegg. Dette lyt tena til ei orsaking for den utdrygjing som utgjevingi har faatt.

Manuskriptet er daa utgjeve utan utfylling eller tillegg. Dei fyrste stykki (innleiding, ljodteikn, og byrjingi paa utgreidingi um maalet) er tekne etter manuskriptet so langt det var ferdigt i si utvida form (**1**—**2 b**, til s. 40); resten (fraa **2 c**) fylgjer den eldre, stuttare formingi. Her er paa sin stad (i Merkn. 566, s. 66—68) innsett eit stykke Hægstad sjølv hadde arbeidt ut (namn paa *-ulfr*).

Etter **17** skulde fylgt tvo stykke um setningsbygnad og um ordfanget; men dei er ikkje utarbeidde, i staden finst det spreidde uppteikningar. Samandraget av maalmerke for islandsk (§ 57) var skrive til utgreidingi i det gamle manuskriptet og høver difor i byrjingi ikkje heilt etter den utvida skildringi.

Etter hovudskildringi bruka Hægstad aa koma med serlege utgreidingar um *handskrifter* som i maalvegen høyrer til same grein som „hovudskrivi". Soleis finn me i fyrste luten (Nordvestlandsk, Skrifter 1907 II nr. 7) gransking av maalet aat dei tvo fyrste hendene i den gamalnorske Homilieboki og i ymse loghandskrifter. I fyrste deildi av andre luten (Rygjamaal, Skrifter 1914 II nr. 5) har han skrive um maalet aat tridje handi i same Homiliebok. Til fyrste bolken av andre deildi hadde han granska ei rad med indresudvestlandske tekster; desse er upprekna i det bandet som inneheld andre bolken, um Færøymaalet (Skrifter 1916 II nr. 4, s. 30—31). Han gav dei ikkje ut sjølv, dei er prenta som eit tillegg til fyrste bolken (Skrifter 1935 II nr. 1).

Dei gamalislandske handskriftene er, liksom handskriftene fraa andre gamalnorske maalgreiner, upprekna i Innleiding (Skrifter 1905 II 7) og sameleis i stykket um Nordische (altnordische) Schrift i Hoops' Reallexikon der germanischen Altertumskunde (1915). Fraa mange av desse har Hæg-

stad gjort uppteikningar, grundigast til dei tekster som ligg til grunn for skildringi av den gamle islandsken. Det ser ikkje ut til at han har samla til serutgreidingar som skulde fylgja etter denne hovudskildringi. I staden viser han ofte til dei upplysningar um rettskriving og ljodverk som ein finn i innleidingar til ymse tekstutgaavor, soleis til legendehandskrifti Am 645 qv, ved Larsson (Lund 1885), til Rímbegla, Am 1812 qv, ved Larsson (Kph. 1883), til Ágrip, Am 625 II qv, ved Dahlerup (Kph. 1880), til Hauksbok, Am 371 qv, 544 qv, 675 qv, ved F. Jónsson (Kph. 1896; innleidingi er serskilt nemnd i ISVestl. II (1916) s. 31, note), til den islandske Homilieboki cod. Holm. 15 qv, ved Wisén (Lund 1872) og Larssons avhandlingar (Lund 1887), til Vǫlsunga saga, ved M. Olsen (Kph. 1908), og fleire.

Ein ser like vel at han i mange maatar hadde naatt fram til ei sjølvstendig verdsetjing av dei. Det er uvisst um han hadde etla seg til aa taka nokor av desse handskriftene til serskild utgreiding i samband med denne bolken. Berre ei av dei handskriftene som til vanleg plar vera rekna millom dei islandske, har han teke fyre seg. Etter sin vanlege plan har han lagt fram hovuddragi i maalform og rettskriving i ei av dei eldste annal-handskriftene; desse dragi samsvarar med dei som er funne for indre sudvestlandsk norsk. Utgreidingi um maalet i *Annales Islandorum regii* kunde difor godt ha vore prenta saman med skildringane av maalet i Strengleikar, dei sudvestlandske Olavssogone, Didriks soga og andre, som er samla i Tillegg (1935) til bolken um Indre sudvestlandsk. Men sjølv hadde Hægstad i 1916 (Skrifter 1916 II nr. 4 s. 31 note) vist ho til bolken um Islandsk, og difor er ho utgjevi her.

I manuskriptet vantar liste paa handskrifter som Hægstad kunde vilja gjeve prøvor av i facsimile. I teksti er det elles paa sine stader vist til utgaavor som har handskriftprøvor, og elles til Palæografisk Atlas.

Heile manuskriptet er no prenta som det ligg fyre, fyrst ei utvida tekst (s. 1—40) og so den gamle tekst (s. 40—149). Det har vore naudsynt aa gjera sume mindre rettingar og tillegg. Nokre av desse er tekne etter framlegg av professor Jón Helgason (merke: *J. H.*), som har lese igjenom heile verket i manuskript. Dei fleste har rektor Leiv Heggstad (merke: *L. H.*) og professor Sigurd Kolsrud gjort (inkje merke). Hægstad hadde i manuskriptet ikkje gjenomført den regel at aarstal skulde staa ved kjeldetilvising. I sume høve er daa det tilsett i utgaava. So er tilvisingane til merknader og stykke i denne og andre bolkar ettersedde og utfyllte; stykketali ved tilvising her i boki er daa prenta med halvfeit skrift (t. d. „nedanfor under **16 d**"), og ordet Merknad er vidka (t. d. „sjaa M e r k n. 534"). Ljodmerkjingi er brigda soleis som Hægstad sjølv vilde, med di *ÿ* er sett for *ü* (stutt islandsk *u*), o for *ǫ* (islandsk stutt open o), *ƀ đ ǥ ḷ ṇ ṛ* for ʙ ᴅ ɢ *hl hn hr* i ljodskrift. Det har vorte ymse ujamnar i merkjingi serleg for ljodlengd og klangløysa. Nokre rettingar til større grannsemd i ljodmerkjingi er valde i samraad med professor Jón Helgason.

Det er elles gjort nokre mindre, men naudsynte umskipingar. Fleire stykke i hovudteksti har faatt serskilde undernummer, naar det kom merk-

nader og andre innskot inn millom (serleg i stykki **10** og **16**). Numri i utgreidingi um maalet hjaa Jón Egilsson (s. 136—140) er tilsette i utgaava. Eit større brigde er at upplysningane um „Eldste islandsk" (*E. isl.*) fraa **2 c** utetter er sette i hovudtekst, medan dei elles, som ein kann sjaa av stykki **1—2 b** i den utvida tekst, staar i merknader. Noko realitetsbrigde ligg like vel ikkje i dette. Um Hægstad hadde fullført utgreidingi i den utvida formi, hadde det vel ikkje vore tale um aa gjera denne umskipingi, av di hovudteksti daa hadde teke upp so mange fleire døme fraa handskrifter av same slag som dei Larsson har granska.

Til grunn ved prentingi er lagd for dei ferdige stykke av det utvida manuskriptet ei reinskrift ved rektor Leiv Heggstad, for det gamle manuskriptet ei reinskrift ved fru Dagny Heggstad. Rektor Heggstad har lese ein eller tvo korrekturar, og Sigurd Kolsrud har lese ein eller tvo korrekturar etter originalmanuskriptet. Den store mengd av tilvisingar og døme er som vanleg prenta soleis som Hægstad har ført dei inn, men mange er ettersedde og utfyllte, sume av rektor Heggstad, sume av underskrivne. Avstyttingane er noko retta og jamna i samsvar med tidlegare bolkar.

Sigurd Kolsrud.

Som slutning på professor Hægstads nærværende arbeide var opsatt en § 59, „Yversyn yver nyislandsken", med „ei serskild upprekning av gamle maalmerke i det levande maal". Mot utgiverens mening at dette avsnitt, skjønt ikke ferdigskrevet, burde tas med, som en organisk del av Hægstads vanlige plan for sine utredninger, har rektor Leiv Heggstad på egne og søskens vegne stillet krav om at stykket skulde utgå. Ut fra den holdning rektor Leiv Heggstad har inntatt til spørsmålet, og for å undgå en forretningsmessig uforsvarlig forhaling av avslutningen av Akademiets publikasjoner 1941, har jeg besluttet å la avsnittet gå ut.

3. juni 1942.

Olaf Broch,
generalsekretær.

MAALET PAA ISLAND (ÍSLENZKA).

Kjeldor og nokre ord um uttale-merkjing.

§ 53. So stor ein rikdom paa gamle namngjetne skrifter som den islandske bokheimen eig, er det merkelegt kor lite det finst att av dagfeste upphavsbrev paa norrønt maal, skrivne paa Island i den tidi som er hovudemnet for denne etterrøknaden, tidebilet fyre 1350. I heile det fyrste bandet av Diplomatarium Islandicum (Íslenzkt Fornbréfasafn), som umfram diplom paa latin ogso inneheld uppteikningar av ymse slag paa norrønt maal vedkomande Island fraa det 11. hundr. til 1264, er der ikkje noko slikt brev. Det eldste dagfeste norrøne upphavsbrev me raakar paa, er nr. 220 i andre bandet; det er utferda paa Hólar 2. april 1315. Fraa tidi millom 1315 og 1350 er der i alt berre 10 dilike brev. Attaat desse kjem 5 brev i diplomatariske avskrifter, som skulde vera jamgode med upphavsbrev, og som me lyt taka med i umrøda. Nokre av desse 15 brevi er elles skrivne paa heimenorske maalføre, som det skal verta paavist nedanfor (sjaa s. 8).

Umfram dei nemnde tidfeste brevi er der i Diplomatarium Islandicum (D. I.) ikkje faa upphavlege brev og skriftstykke (vitnesburdar, prov, semjor, logfyresegner, maaldagar odl.), som me kann vita nokolund trygt kva tid paa lag dei er skrivne. Av slike diplom er daa her medteke so mykje som det fanst naudsynlegt og brukelegt for denne utgreidingi; dei hev sitt største verd for upplysningi um maaltilstandet fyre 1300, av di det for den tidi mesta ikkje finst anna enn sovorne dokument — utanfor skaldemaalet — aa leggja til grunn for ein historisk spraakleg etterrøknad. Fraa det 13. hundr. er ogso eit par sogebrot og nokre stykke fraa logerne medtekne millom emni for hovudframsyningi. Det vyrke som etter desse umsyn nærast vert framteke her til upplysning um maalet paa Island fyre 1350, er daa:[1]

*1. Tvo blad or ei homiliebok, Am. 237 a, fol. fraa umkring 1150 (Lhom). Høyrer til den eldste bokavl. Det eine bladet er fragment av ei kyrkjedagshomilia, det andre av ei preika paa Mikjelsdag. Utgjeve av Þorv. Bjarnarson i Leifar fornra kristinna frœða íslenzkra, Kph. 1878,

[1] [Dei skrifter som ikkje er nytta i det gamle manuskriptet (her fraa *2 c* utetter) er merkte med *. Berre i det gamle ms. er dessutan nytta D. I. II 170 som „hovudbrev". *L. H.*]

s. 162—167, som citati i utgreidingi her syner til. Baksida av fyrste bladet fototypera i Pal. I. nr. 1. Um kyrkjedagshomilia er sagt nokre ord fyrr i NVestl. s. 74 oflg. Kra. 1907; jfr. „Innleiding" til „Vestnorske maalføre fyre 1350" s. 30 oflg. (Kra. 1906).

2. Fyrste hand i den forvitnelege Reykjaholts máldagi (i Þjóðskjalasafn í Reykjavík), som er skriven paa Reykholt av 7 hender paa ulike tider, den fyrste handi (Rm I, rad 1—14) umkr. 1180. Denne handi er her liksom dei andre hender av maaldagen (jfr. 4, 5, 6, 8, 13, 18) citera etter Pal. I nr. 44—45; jfr. D. I. I 68, 94, 120 B, og iser „Reykjaholts Máldagi . . litografisk gengivet, samt udførlig fortolket og oplyst, udgivet af Samfund til udgivelse af gammel nordisk litteratur", Kph. 1885. Høyrer liksom Lhom og Rm II til dei eldste islandske uppteikningar, som er lagde til grunn for Ordförrådet i de älsta isländska handskrifterna af dr. Ludvig Larsson, Lund 1891. Former fraa „Ordförrådet" — utanum dei i Lhom, Rm I og Rm II — vil citerast E. isl. eller Ordf. med dei merke som er brukte av Larsson.

3. Skrá um skipti á Spákonuarfi, Am. 279 a, qv. (Spák), umkr. 1200, her citera etter D. I. I, 80, samanhalde med ei avskrift eg hev teke etter upphavsskriftet. Jfr. Pal. I, 46; sjaa Merknad 498 her nedanfor og s. 7 um dette skriftstykket.

4. Andre hand i Reykjaholts máldagi (Rm II, ɔ: r. 15—29 med.) umkr. 1206.

5. Tridje hand i Reykjaholts máldagi (Rm III, ɔ: r. 29 exit. —32 med.) umkr. 1230.

6. Sette hand i Reykjaholts máldagi (Rm VI, ɔ: r. 37—40 b), umkr. 1230.

*7. Skrá um fjárheimtur ok leigufé ok sauðatolla Þingeyra klaustrs, Am. 279 a, qv. 8 (Fjárh), umkr. 1240, prenta D. I. I, 101. Jfr. Pal. I, 46.

8. Sjuande hand i Reykjaholts máldagi (Rm VII_{15}), ei rad innskoti ovanfor i r. 15, 1242—1247.

9. Skipan Sæmundar Ormssonar (Sæm), upphavsbrev i den arnamagnæanske islandske diplomsamling fasc. LXV, nr. 1, umkr. 1245; her citera etter Pal. I 47. Jfr. D. I. I, 137.

10. Prestaskrá íslenzk, Gml. kgl. sml. (Kph.) 1812 qv. (Prest), umkr. 1220—1250, her citera etter Pal. I, 7. Jfr. D. I. I, 29.

*11. Tri stykke or Grágás, Konungsbók, Gml. kgl. sml. 1157 fol. (GrK), umkr. 1250, prenta i V. Finsens utgaava av Grágás, Kph. 1852; her citera med tilvisning til sidetalet: Kristinna laga þáttr (GrKa ɔ: Første Del. Text I, serleg 3_1—7_{26} = kap. 1); Frá silfrgang (GrKb ɔ: Anden Del. Text II, s. 192_5—192_{12} = kap. 245); Um fiárlag manna (GrKb, s. 192_{13} —195_2 = kap. 245), umkr. 1250. Skriftprøva Pal. I, 15.

*12. Fire blad (fragment) or den eldste handskrift av Egils soga, Am. 162 Aϑ fol. (Egfr), umkr. 1250, prenta i Finnur Jónssons ut-

gaava av soga, Kph. 1886—88, s. 335—344, som her er citera. Faksimile i Pal. I, 14, som svarar til s. 339_{4}—340_{13} i utgaava.

13. Femte hand i Reykjaholts máldagi (Rm $V_{37-40\,a}$), umkr. 1260.

*14. Eit stykke av Landabrigðisþáttr i Grágás, Staðarhólsbók, Am. 334 fol. (GrSt), umkr. 1260. Heile handskriftet er prenta i Finsens utg. av Grágás, Kph. 1879. Stykket i utgreidingi her er etter faks. i Pal. I, 16 (avprent i den nemnde utg. s. 505_{15}—508_{12}). Citati er etter Pal. Der er to skrivarar. Den eine hev skrive dei øvste 30 raderne i fyrste teigen (Gsta), den andre hev skrive dei nedste 7 raderne i fyrste teigen og heile andre teigen (Gstb).

*15. Kringla, fragment, eit blad av eit handskrift um Norigs kongar i Stockh. kgl. bibl. pergament 9, 2 fol. (Kla, umkr. 1260). Citati i utgreidingi her er etter eit faks. i Snorre Sturlasøns Norges Kongesagaer, overs. av Dr. Gustav Storm, s. 352 b. c. Jfr. Pal. I, 17, der framsida av bladet er fototypera. Avprent i Finnur Jónssons utgaava av Heimskringla, Kph. 1893—1900, II, s. 364—76.

*16. Reka þáttr i Grágás, Þingeyrabók, Am. 279 a, qv. (Rþ), umkr. 1280. Prenta i Finsens utgaava av Grágás, Kph. 1883, som her er citera, s. 379—407; skriftprøva same stad plata V (3 rader).

17. Biskop Jørund set „systraklaustr" paa Stad i Reynines 1295; prenta i D. I. II 159.

18. Fjorde hand i Reykjaholts máldagi (Rm IV_{32-36}), jfr. D. I. I 120 B.

19—28 er 10 stykke or Am. 49 oct. umkr. 1300, Arnes kristenrett, citera soleis:

*19. D. I. II 14, jfr. Arnes kristenrett (Akr[1]) i Ngl V, 1ste hefte, kap. 42. — *20. D. I. II 95, jfr. Akr kap. 43. — *21. D. I. II 98, jfr. Akr kap. 40. — 22. D. I. II 99, jfr. Akr kap. 41. — *23. D. I. II 104, jfr. Akr kap. 45. — *24. D. I. II 105, jfr. Akr kap. 46. — *25. Akr kap. 31 = Biskop Arnes kristenrett i Ngl V kap. 31. — *26. Akr kap. 34 = kap. 34 av same kristenrett. — *27. Akr kap. 39 = same kristenrett kap. 39. — *28. Akr kap. 44 = kap. 44 av same kristenrett.

29. D. I. II 204 (á Reykium í Tungusveit í Skagafirði, 1311), avskrift „ex originali" med Jón Magnússons hand, det eldste dagsette brev i diplomatariet.

30. D. I. II 207 (u. st. 1312), arnam. avskrift „ex originali monasterii Thingeyrensis accuratissime".

*31. Íslenzk fjarðanǫfn, Am. 415 qv. (Ifjn), fraa umkr. 1312. Her citera etter eit sers grannvart avtrykk i Bidrag til en hist.-topogr. Beskrivelse af Island ved dr. P. E. Kristian Kaalund, Kph. 1879—82, band II, s. 367—371, uppteke i D. I. III 9.

32. D. I. II 220 (á Hólum 2. april 1315).

[1] Ikkje sjeldan er ogso elles citera former fraa Arnes kristenrett i Ngl V på same vis: Akr.

33. D. I. II 363 (á Hólum 6. mai 1326), arnam. avskr. „ex originali monast. Thingey. accuratissime".

34. D. I. II 394 (u. st. umkr. 1330) etter Am. 671 B qv.

35. D. I. II 397 (í Saurbæ 5. juli 1330).

36. D. I. II 415 (u. st. 1332?).

37. D. I. II 416 (u. st. 1332?).

38. D. I. II 417 (u. st. 1332?).

39. D. I. II 465 (u. st. umkr. 1339) etter Am. 273 qv.

40. D. I. II 466 (á Reykium í Skagafirði 24. juni 1339), etter avprent i Dipl. Norv. IV 238, som her er citera.

41. D. I. II 470 (á Víðivǫllum 24. april 1340).

42. D. I. II 474 (á Þingeyrasandi 3. august 1340) „ex orig. mon. Thingeyr.".

43. D. I. II 484 (at Hólum 30. april 1341).

44. D. I. II 489 A (á Hialtabakka 4. januar 1343).

45. D. I. II 489 A frbr. (umkr. 1343).

46. D. I. II 489 B (á Hialtabakka 4. januar 1343, tvillingbrev til nr. 39).

47. D. I. II 490 (u. st. umkr. 1343).

48. D. I. II 509 (u. st. 1344) etter Am. 273 qv.

49. D. I. II 510 (í Alviðru 5. september 1344).

50. D. I. II 512 (at Munkaþverá 21. april 1345).

51. D. I. II 518 (at Þverá í Skagafirði 28. mars 1346).

52. D. I. II 519 (á Þingeyrum 7. oktober 1346, arnam. avskr. „ex orig. mon. Thing.").

53. D. I. II 523 (í Tungu í Blöndudal 15. mai 1349).

Det er sjølvsagt at det til deils vert nytta upplysningar fraa andre kjeldor i det islandske bokriket, stundom endaa fraa kjeldor utanfor. Me finn soleis verdfulle spraaklege upplysningar i nokre eldegamle uppteikningar av navn paa norderlendske pilegrimar i *54. Reichenauer Necrologium (Reich. Necr.), etter Jacob Grimm skr. i 9de og 10de hundradaaret. 39 av desse namni stend under yverskrifti *Hislant terra* og er prenta i D. I. I 25. At sume av namni i nekrologiet ikkje kann vera eldre enn fraa 11. hundr. syner namnet Magnus; for den fyrste som bar dette navnet, var den norske kongen Magnus Ólafsson, fødd vetteren 1023—24. I utgreidingi her er nekrologiet citera som nr. 54 (Nekrol.)[1]

Merkn. 498. I avprenti i Dipl. Isl. av dei brevi som eg hev havt tilføre til personleg aa samanlikna med handskrifti eller upphavsbrevi i den arnamagnæanske diplomsamlingi, er der ymse mindre gode lesningar og til deils villor. Eg nemner her:[2]

[1] Nekrologiet inneheld etter Grimm umkr. 400 namn paa menn og kvinnor fraa Norderlandi, som paa pilegrimsferd til Rom eller annarstad i Suderveg fekk herbyrge i klostret Reichenau (paa ei øy i øvre Rin), der namni deira vart uppskrivne. Alle namni er prenta i Antiquarisk Tidsskr., Kph. 1843—45, s. 73—75; sjaa ogso s. 67—72 i same tidsskrift.

[2] So nær som i maalprøvor eller andre serskilde høve, t. d. i citat fraa E. isl. etter Larsson, er det gamle skriftteiknet ı (utan prikk) her som allstad i desse utgreidingar attergjeve med *i*.

Nr. 3. Skipti á Spákonuarfi hev i avprentet i D. I. I 80 *luti* 1 for *lute* hds, same avprentet hev *gora* 1, medan hds hev *gera* (?); *hlute* 16 er i hds — liksom fleire ord i nærleiken umkring dette — utmaatt og ulesande, men maa ha vore *lute* (utan *h*), som hds elles skriv dette ordet allstad der det er lesande; for *svn* 26 hev hds *svnr* (?). I hds er striket gjenom *ð* ofte burtslite.

Nr. 17. D. I. II 159 hev *a heimaland halft* 1 for *á heimaland half* hds, der *half* sjølvsagt er misskrift for *halft*; *hol* 6 for *hól* hds; *foss* 6 for *fóss* hds; *kelldu dal* 8 for *kelldu dál* hds; *eignir* 11 for *æignir* hds; *klaustrsins* 12 for *klaustursins* (eller *klaustvrsins*) hds[1]; *fodurligri* 15 for *fǫdurligri* hds; *kolbeins* 17 for *kolbæins* hds; *var* 21 for *vær* hds; *var gort* 22 for *vár gört* hds; *Grof* 23 for *Gróf* hds; *flutning* 39 for *flútníng* hds. Præposisjonen *fyrir*, som i hds er skrive snart *ꝼ* og snart *ꝼirˢ* (avst. for *ꝼirir*), er i avprentet allstad attergjeven med *firir*; konjunksjonen *ok* er i hds oftast skriven *ꝫ*, men eit par gonger *oc*, i D. I. ogso *ok*.

Nr. 19. D. I. II 14 hev *framar* 1 for *framarr* i upphavsskriftet Am. 49 oct., *innstepu* 2 for *innstépu* (eller *-stėpu* med „kvist" yver *e*, jfr. Gustav Storm); *ma* 3 for *ˏma*; *til* 6 for *tali*; *avoxt* 12 for *avǫxt*; *danðliga synd* 14 for *dauðliga synð*; *synder* 15 for *synðir*; *byscups* 19 for *ƀps* (sjaa nedanfor under dette same nummer); *kyrkium* 20 for *ƙkium*; *heilagri kyrkio* 21 for *heilagˡ kˡkio*, som bør uppløysast: *heilagri kirkio*; *offr* 25 for *aptr* i Am. 49 oct. som er misskrive for *offr*; *þeire synd obettri scolv* 26 for *þeirre* (skr. *ꝥre*) *synd obettri scolv*; *hæilags leg staðar* 26 for *hæilags legs staðar* (jfr. tilsvarande *hæilags legrstaðar* i Jons Kristenrett, Ngl II, s. 380 19); *byskup* 27 her som oftare uppløysning i D. I. av *ƀp*, som i upphavsskr. s. 10 18 ofl. st. er skrive *(b)yscop*; *þes* 31 for *þes* upphskr. s. 56 4 ɔ: *þess*; *eiga* 36 for *eigo*; *soknar presti* 37 for *socnar presti*; *nær verandum* 38 for *nærverandum*; *scilrikum* 38 for *skilrikum*; *sokninni* 33 for *soknini*.

Nr. 20. D. I. II 95 hev *þær konor uscylldar* 1 for *þær konur uskylldar*; *broðer* 5 for *broðir*; *dotter kono þeirar* 7 for *dottir kono þeirrar*; *syster kono þeirar* 8 for *syster kono þeirrar*; *guði* 10 for *gvði*; *Moðer syster.dotter* 11–12 for *Moðir.systir.dottir.*; *firigert* 14 for *fyrir gert*; *æði* 16 for *æðæ* (misskr. i hds. for *æða*); *æðsyn* 16 for *æðsyn*; *hefer* 16 og fl. gonger for *hefir*; *gvð* 18 for *guð*; *vmraði* 18 for *umraði*; *ercki byskups* 18 for *erckibyscops*; *erckibyskups armaðr* 19 for *erckibyscops ármaðr*; *i brott* 19 for *i brot*; *armaðr* 19–20 for *ormaðr* (misskr. i hds. for *ármaðr*); *vikor særar* 22 for *vikur særar*; *fellz* 22 for *felliz*; *iorð* 23 for *jorð*; *æið fall* 24 for *eiðfall*; *honum* 25 for *honom*; *brott* 26 for *brot*; *se* 26 3 spk for *væri*.

Nr. 21. D. I. II 98 hev *manz* 2 for *mannz*; *sannendvm* 2 for *sannindvm*; *fyrer — sacer* 3 for *fyrir — sacir*; *trver orðinv* 4 for *trvir orðino*; *synd* 5 for *synð*; *firi* 4 for *fyrir*; *þeira* 6 for *þeirra*; *varo vsatter* 7 for *voro vsattir*; *vndanferslo* 9 for *vndanfęrslo*; *græinaz* 11 for *græymaz* som handskr. B av Kristenretten hev, og som fulla er misskrift for *gæymast*; *ivanar lavst* 12 for *ivanar laust*; *hvatscytliga* 13 er misskrift i hds. for *hvatsceytliga*; *Rættvisi* 14 for *Ræ̋ttvisi*; *illsco* 16 for *illzko*; *synd* 16 for *sylð* (misskr. i hds. for *synð*).

Nr. 22. D. I. II 99 hev *Tilqviþanar* 1 sameleis som upphavsskriftet, der det likevel synest som um det er gjort ein freistnad paa aa smetta inn ein *i* millom *þ* og *a* til aa faa fram det rette *Tilqviþianar*; *sok* 3 for *sek*; *þar*

---

[1] *u* (eller *v*) i dette ordet millom *t* og *r* er skriven yver lina med granne drag, men fulla med same hand som brevet elles. Ordet finst ein gong til i dette diplomet, og er der skrive *klaustursins* med den vanlege handi.

sem ef er aa nóckuru máli 4 maa etter samanhenget og andre handskrifter vera rett, jfr. Jons Kristenrett: *þar sem ef er a vm nokor mall* Ngl II, s. 376 16, men er i Am. 49 mistydt og forvanska til *þar sem eigi er konu máli*; *sem* 5 vantar i upphavsskr.; *rettliga* 9 for *ręttliga*.

Nr. 23. D. I. II 104 hev *manoðom* 1—2 for *manoðvm* hds.; *þeira* 2 for *þeirra*; *eða* 3 for *ęða*; *firi* 4 for *fyrir*.

Nr. 24. D. I. II 170 hev *seai* 1 for *seái* hds; *vt* 3 for *vt*; *islenzkum* 4 for *islenzkvm*; *þinu* 4 for *þinv*.

Ved dei stykki or Arnes kristenrett som teksti i Ngl V er lagd til grunn for, er mindre aa merka. At der i sume høve i endingar med guttural vokal er lese *o*, der ein annan helder vilde lesa *u* eller *v*, eller umvendt, hev sin grunn i sjølve upphavshandskriftet Am. 49 oct., der desse vokalar ikkje sjeldan er so likt skrivne at det synest uraad aa skilja millom deim.

I nr. 25 (Akr 31 16) hev Ngl soleis *vicor*, der endingi i hds like godt kan lesast *vikvr*. I inf. og præs. plur. av *skulu* hev hds oftast avstytte former *słu*, *sło*, *słō*, alle med gjenomstroken *l*, som i nr. 25 er uppløyste *sculu* 15. 16, *scolo* 24, *scolom* 14, men hds synest paa dei stader der ordi er fullt utskrivne, berre aa kjenna *scolo* (hds s. 24 12) og *scolu* (hds s. 5 2). Det same som her er sagt um svaging millom *u* og *o*, gjeld ofte ogso *e* og *i* i endingar.

Nr. 26. Akr 34 hev *heyvi* 3 medan Am. 49 hev *hevvi* med ags. *vv*, der prikken yver den fyrste *v*, som gjer ags. *v* til *y*, er burte; *gerom ver þessa grein á* for *gera ver þa grein* hds, der *gera* (g̊a) er misskrift for g̊rō ɔ: *gerom*.

Nr. 27. Akr 39 hev *fer sauþi* 2 for *fersauþi* hds; *hrecló* 5 for *hrécló*; *tiþum* 7 for *dogom* hds; *reps* 11 for *repps*; *kœpi* 12 for *kœ́pi*; *siþarr se* 13 for *siþarr sé*; *allz kyns* 21 for *allz kyn*, som er misskrift; *a ongom* 22 kann ogso lesast *aengom*.

Nr. 28. Akr 44 hev *guðsifio sina* 1 som er retta fraa *gvðsifia siña* hds (Am 49, s. 57 1).

Med umsyn til ymse andre sidor ved skrivemaatar i dei stykki som fraa Dipl. Isl. og Ngl V her er upptekne til etterrøknad, kann visast til utgaavorne.

Nr. 32. D. I. II 220 hev *profaðum* 4 for *profadum* hds; *myskunn* 4 for *miskunn* hds; *nærst* 7 for *næsst* hds; *heilagrar* 7 for *hæilagrar*; *Rœyninese* 10 for *Rœynisnese*; *læiddi* 18 for *læidde*; *eptirkomandum* 24 for *eftirkomandum*; *abóti* 29 for *abotj*; *eptirkomendr* 31 for *eftirkomendr*; *talma* 34 for *tálma*; *uerandi* 38 for *uerande*; *eptirkomande* 38 for *eftirkomande* hds; dessutan er avstytte former i hds utfyllte i diplomatariet utan fullnøgjeleg umsyn til maalformi i brevet, so t. d. *vit*ˢ 2 pp hds er uppløyst *viter* 28, medan *all*ˢ *þ*ꝛ *god*ˢ *meñ* er uppløyst *allir þeir godir menn* 35.

Nr. 35. D. I. II 397 hev *Ollum* 1 for *Allum* hds; *séa* 1 for *seá*; *kunn(ikt)* 3 for *kunni(kt)*; *vors* 3 pron. for *vars*; *þrivtiger ára* 4 for *þrírtigir áára*; *vmboðe* 5 for *vmbode*; *a* 5 prp for *á*: *guðmundarstoðum* 6 for *guðmundar stodum*; *hundruð* 6 for *hundrud*; *oðru* 7 for *odru*; *aboti* 7 for *ábóti*; *skulld* 8 for *skullð*; *a* 9 prp for *á*; *auðunar* 9 for *audunar*; *sannynda* 10 for *sannynða*; *mikils gooz* 10 for *mykíls gooz*; *j saurbæ* 12 for *j saurbó*.

Nr. 36. D. I. II 415 hev *aurn* 3 for *aurnn*; *ofuann* 12 for *ofuan*; *hundrad* 13 for *hunndrad*; *Skillde* 13 for *skilde*; *fek* 15 for *fœ́k*.

Nr. 37. D. I. II 416 hev *fæm* æ for orig. *sǽm* ǽ; *frostastade* 6 for *frostaˢde*.

Nr. 38. D. I. II 417 hev *sidar*$_{10}$ for *sidarr*.

Nr. 41. D. I. II 470. Avprentet i Diplomatariet hev i yverskrifti *Egilldar*, medan hds hev *Egildar*.

Nr. 42. D. I. II 474 hev *bondi*$_{2}$ for *bōodi*, *sandi*$_{12}$ for *saandi*.

Nr. 43. D. I. II 484 hev *Einar*$_{4.76}$ for *Einarr* hds; *kvnnigt*$_{4}$ for *kuñikt*; *fe*$_{26}$ for *fie*; *selhaga*$_{32}$ for *selshaga*; *afsagðan*$_{33}$ for *vppsagdan*; *ʀettsynis*$_{50}$ for *ʀettsyne*; *holakirkiu*$_{51}$ for *holastadar*; *vllogliga*$_{54}$ for *ʀangliga*; *fasta eignir*$_{61}$ for *faasta eignir*; *satt*$_{63}$ for *sitt*; *fęða*$_{65}$ for *feda* (med boge yver *e*); *bauðuar*$_{77}$ for *bauduarr*; diplomatariet hev ogso elles ikkje sjeldan *ð* for *d* i hds og umvendt, t. d. *koðranson*$_{2}$ (hds: *kodranson*), *fardogum*$_{66}$ (hds: *farðogum*).

Nr. 44. D. I. II 489 A hev *þingeyrum*$_{2}$ for *þingæyrum* hds; *einar*$_{3}$ for *einarr*; *þessa*$_{6}$ er yverstroke med gamal hand i hds.

Nr. 46. D. I. II 489 B hev *selldn*$_{5}$ for *selldu* hds; *hundraða friðra penga*$_{7}$ for *hundrada fridra penga*.

Nr. 47. D. I. II 490 hev *sendir*$_{1}$ for *senndir* hds. Dette brevet er skrive med same hand som 489 B.

Nr. 49. D. I. II 510 hev *Ollum*$_{1}$ for *Allum*; *sendir*$_{2}$ for *senðir*; *vigðum ver*$_{4}$ for *vighdum ver*; *guði*$_{5}$ for *gudi*; *moður*$_{6}$ for *modur*; *heilaga*$_{6}$ for *heilagha*; *siðarri*$_{9.10.12}$ for *sidarri*; *kirkiudagshatiðir*$_{11}$ for *kirkiudaghs-tiðir*; *innann*$_{13}$ for *innan*; *iattað*$_{14}$ for *iattad*; *bondi*$_{14.17}$ for *bonði*.

Nr. 50. D. I. II 512 hev *kunnugt*$_{2}$ for *kunnigt* hds; *með*$_{6}$ for *medr*; *meðr*$_{7}$ for *medr*; *eðr*$_{11}$ for *edr*; *skarði*$_{12}$ for *skardi*; *fyrrnefndir*$_{17}$ for *fyrnefndir*.

Nr. 51. D. I. II 518 hev *ockar*$_{6}$ for *ockarr* hds; *j millum*$_{6}$ for *j millím*; *svo*$_{6}$ for *soo*; *kolbæins*$_{7}$ for *kolbøins*; *æignar*$_{10}$ for *øygnar* (sjaa her nedanfor); *æfinnligrar*$_{10}$ for *øfuinligrar*; *erfiñgium*$_{12}$ for *erfuíngíum*; *sanennda*$_{13}$ for *sanønnda*.

§ 54. Dei fleste av dei 53 skriftstykki som er upprekna (Merkn. 498) syner fram innbyrdes ulike hender. Nr. 15 (Kla) synest likevel skrive med same hand som Gstb, og nr. 47 med den same som nr. 46; ogso nr. 19—28, som alle er tekne fraa Am. 49 oct., kann vera skrivne av ei hand. I nr. 11 finn me 2 hender (GrKa og GrKb), og sameleis i nr. 14 (Gsta og Gstb).

Aatte av skriftstykki er paa heimenorsk maal eller skrivne so vel etter mynster fraa heimlandet at maalet ikkje kann reknast til islandsk. Desse stykki er:

Nr. 3. D. I. I 80 (Skipti á Spákonuarfi). Um dette stykket er det i Innl. til Vestnorske maalføre (Latinsk skrift i gnorsk maal)[1] s. 11 paavist at det ikkje syner fram islandsk skrift, som var heilt annarleis paa den tidi (umkr. 1200), men at skrifti er norsk. Med umsyn til maalformerne høver dei betre til norsk paa den tidi enn til islandsk. Av serislandsk hev eg ikkje funne anna enn det islandske stadnamnet *hramnsar*$_{22}$ med *hr*. Former som *luti*$_{1}$ *luter*$_{5.7}$ *lutar*$_{6}$ ofl. *-ulfr* (i *eyiulfr*$_{25}$ *eyivlfr*$_{31}$) er sernorske og sameleis paa denne tidi *skulo*$_{15.21}$; *er* 3 sp (av *vera*), *eiga*$_{18}$ 3 pp er uvanlege i islandsk fraa umkr. 1200. Hev ein islending skrive diplomet, hev han lært aa skriva etter norsk maalmynster fraa Sudvestlandet.

---

[1] [Skr. II 1905, no. 7.]

Nr. 8 — sjuande hand i Reykj. maald., innskoti umkr. 1245 — er ogso utvilsamt norsk, sjaa Innl. til Vestn. maalføre, s. 11.

Nr. 32 — D. I. II 220 — utferda 1315 av nordmannen Audun Torbergsson, bisp paa Holar. Det er skrive med „norsku handarlagi“ og paa trøndemaal. Men det er paaverka av islandsk. Soleis stend *h* framfor *n* og *r* i tvo islandske stadnamn *hnudsnes* 13 *hroarsdal* 14, og *æ* for *ǫ* i *dætr* 7 *brokar læk* 13 (isl. stadnamn) *sæmd* 22. 25. 26; dessutan vert endingsvokalarne *i* og *u* stundom bruka for *e* og *o*, men ikkje so ofte som i avprentet i diplomatariet, der avstyttingarne i handskrifti til deils er ustødt uppløyste, sjaa nr. 32 i Merkn. 498 her straks ovanfor um villor i avprenti.

Nr. 33 — D. I. II 363 — utferda 1326 av bispen Laurentius og Gudmund, abbet paa Tingøyre, islendingar. Brevet hev aldri *h* framfor *l* (*lutum, lunnendum*), gjer skilnad millom *æ* og *œ* (*bæde, sœmiliga*), skriv *œy* for vanleg islandsk *ey* (*þingœyrum*), hev former som *dagh, ual* adv., *uarum, eftirkomandum, stadugt* osfr. og ingi islandismar. Det er paa sudvestlandsk norsk.

Nr. 34 — D. I. II 394 — inneheld ei uppmoding fraa kyrkjeleg styremagt til skyldfolki aat eit fatigt hjon um aa koma det til hjelp med pengestudnad. Brevet maa vera fraa umkr. 1330, og maalformi er sudvestlandsk norsk utan islandismar, men med norske serformer som *retskriptaðum* 16 *fatœkum frændum* 14 *bœnarstað* 21; andre merkande former er *hiun* 7 *fjolða* 7 asg. *framkuemð* 15.

Nr. 49 — D. I. II 510 — er utferda 1344 av islendingen (?) Jon Sigurdsson, bisp paa Skaalholt. Brevet er paa sudvestlandsk norsk med ymse sernorske maalmerke utan islandismar. Um villor i avprentet sjaa Merkn. her ovanfor.

Nr. 51 — D. I. II 518 — er utferda 1346 av nordmannen Orm Aslaksson, bisp paa Holar. Brevet er paa sudvestlandsk norsk, paaverka av trøndsk. Um villor i avprentet sjaa Merkn. ovanfor. Jfr. næste nr.

Nr. 52 — D. I. II 519 — er like eins utferda 1346 av bispen Orm Aslaksson. Dette brevet hev onnor rettskrivning enn nr. 51. I staden for *æ* er skriven *ø*, ikkje berre i *øfuinlig-*, som er norsk, men ogso i tviljoden *æi* (*øignar, øinsaman*). Brevet er ei arnamagnæansk avskrift, og upphavsbrevet kann vel ha havt *æ* skrive som tvo *o*'ar attmed kvarandre. Med di brevet ikkje hev islandismar, men umfram spraakleg neutrale former ymse norvagismar som *allum* 1. 15 *seaandum* 2 *hoyrandum* 2 *unnderstanndum* 4 *sannenda* 17 *innsighle* 17, maa dette brevet ogso nærast reknast til norsk sudvestlandsk, paaverka av trøndsk.

§ 55 a. Med umsyn til sume av dei skriftstykki som etter dette vil verta lagde til grunn for hovudframsyningi i denne bolken av utgreidingi um sudvestlandsk, er det endaa ikkje alltid lett aa avgjera um maalet i eit skriv skal reknast til islandsk eller til eit heimenorsk sudvestlandsk maalføre. Skilnaden millom desse maalføretypar er fulla i seg sjølv greid og

paaviseleg nok i den tidi — mesteparten av 13de og fyrste helvti av 14de hundr. — som det her serleg gjeld, um han enn ikkje er naame nær so stor som millom heimenorsk sudvestlandsk og trøndsk. Men *skrivemaaten* i dei fleste av desse islandske stykki syner liksom i dei vestlandske i Norig mykjen paaverknad fraa det mektuge skriftmynster i Nidaros og det norske kancellimaal. Og naar so eit brev, kannhenda berre paa nokre faa rader, ikkje brukar anna enn reint vanlege, spraakleg neutrale ord og former, aalgjengde paa Island og i Norig, daa skyler den norske skrivemaaten so mykje av det sermerkelege ved det islandske ljodverk, at ein lyt taka til hjelp stilen eller sjølve skipnaden av diplomet eller andre endaa heilt ytre umstende, um ein skal avgjera spursmaalet norsk eller islandsk. Ei samanlikning millom D. I. II 489 A, som er sterkt paaverka av norsk skrivemaate, og det samtidige vesle fragmentet paa innsiglereimi til same brevet (D. I. II s. 767) med noko reinare islandsk rettskrivning, gjev eit lite bilæte av dette tilstandet.

Merkn. 499. D. I. II 341 er ei arnam. avskrift av eit brev, som Tore abbet og Grim abbet i Nidarholm hev utferda 20. mai 1320 paa Vigg (i Trøndelag). Dette brevet er etter Arne Magnussons utsegn skrive med same hand som skøytebrevet paa mylnestødet ved Ila i Nidaros, som er utferda i 1319 av Grim abbet og prenta i Dipl. Norv. III 115. Baae desse brevi, som er paa sudvestlandsk maalføre, er umhandla i ISVestl. II, s. 6.

D. I. II 389 er avprent av eit upphavsbrev, utferda 7. mai 1329 i Nidaros av Eiliv erkebiskop. Brevet er skrive paa vanleg norsk diplommaal, paaverka av trøndsk. Merkande er det priv. præf. *ó-*, halvljoden *e* (*fyrnæmder* 26), *y* i *kyrkiu* 19, og formi *skillda* 13 præt. inf. av *skulu* (misskrift? for *skilldu*).

D. I. II 529 er avprent av eit upphavsbrev, utferda 2. juni 1350 av kong Magnus Eiriksson. Brevet, som er i Þjóðskjalasafn i Reykjavik (fraa Biskupaskjalasafn á Hólum), er det eldste kongebrevet til Island, som no er til i upphavsskrift. Det er paa norsk diplommaal, men helder sterkt farga av trøndsk — lite *u*-ljodbrigde av *a*; mykje ljodsamhøve; halvljoden *e* (*æder, yder*); priv. part. *o-*. Merkande er at 2. pers. plur. av verb endar paa *-r*: *þer komer, takir, hafuer, suarer, hindrir, værir* (2 ppk av *vera*), ein gong med burtfallen *-r*: *þer byrjaðe* 23; *mer* (ɔ: *vér*) *sialfuer* 37, men oftast *ver*.

Dei tvo sistnemnde diplom er ikkje inntekne i Dipl. Norv. Innehaldet av brevi vedkjem Island.

Merkn. 500. Sidan midten av 14. hundr. tek talet paa islandske diplom til aa veksa. Fraa tidebilet 1351—1400 er der umkr. 140 upphavsbrev og diplomatariske avskrifter, prenta i D. I. III (og IV). I tidebilet 1401—1450 stig talet til meir enn 400, prenta i D. I. IV (og V). Dei fleste av desse brevi er meir eller mindre paaverka i maalvegen av maaltilstandet i Norig, og i inkje faa brev er maalet utskjemt, um der enn er vitnesburdar nok um at maalorganismen hev halde seg framifraa vel ogso i denne tidi som baade fyrr og sidan. Mesteparten av band V, heile band VI og VII i det nemnde diplomatariet er upptekne av diplom fraa 1450—1505. Band VIII inneheld brev fraa tidi millom 1506 og 1521. Band IX, X og XI hev ei mengd med brev fraa 1522—1549. I alle bandi er det dessutan yngre avskrifter av eldre brev. Ogso denne rike kjelda vil her og der verta nytta i utgreidingi.

Ljodteikn.

§ 55 b. Til aa merkja uttalen i dei livande maalføri som her er umhandla, er brukt desse ljodteikn for vokalar:

a, vanleg høg *a* (Sweet: mid-back wide) i vestnorsk — ogso i Valdres, Hallingdal, V. Telemark, sameleis paa Island og Færøyarne, t. d. *land* Sogn, *land* Isl. Fær., *tāka* Sogn ofl. Isl. I ljodskrift elles er denne ljoden teikna *ȧ*; men med di han raader yver heile det maalvaldet aa kalla som her er i umrøda, er han i denne utgreidingi skriven *a*.

Same ljoden *a* (*ȧ*) hev me ogso i tviljoden *ai*, t. d. *haim* Sogn, Setesd. Fær. *maila* (gn. mæla v.) Isl. Like eins i tviljoden *au* (av gn. au) i *blautę*, adj. Set. < gn. blautr, og i uttalen av *a* i vanleg isl. *lauŋg'ür* adj. (dial. *laŋgür*) < gn. langr, liksom i ymse vestnorske målføre i uttalen av gn. á, t. d. *baut* (*baot*) Sogn, *baut'ür* Isl. < gn. bátr. I isl. synest *a* vera noko lægre (low-back-wide).

a, ein lægre djupare ljod enn *a*, t. d. *bādn* Ryf. (gn. barn), *māt, hāgablōm* NRyf., *hęr mā'ķe skulehusə stå, hęr æ slėk vinnā're* (sno, vinddrag) Ryf. (Suld.).

å, vanleg norsk *å*-ljod (low-back-narrow-round), t. d. *båtå* dpl (av baat) Nhordl. *kåna* Sogn ofl. < gn. kona; *låmb* flt. (gn. lǫmb) Sogn, Voss, Hard.

å, ein opnare og lægre ljod enn *å*, svipar inn på *a*, t. d. *båtę* (baat) Set. AAgd. *grått* Set. Sameleis i tviljoden å*y*: *låynę* Set. < gn. leyna.

e, trong *e*-ljod (mid-front-narrow), t. d. *knē* n. Nhl. ofl. *ette* (< eptir) *helt* Shl. *lett'ů* adj. Hard. (Efj.). Same *e* hev me i fyrste ljoden av isl. *ei*, t. d. *grein* f. *leita* v.

ė lyft *e*, t. d. *lėt* m. *vėka* f. Hordl. ofl. Ogso ofte i nyisl. i uttalen av *litur* og *vika* etc. Denne ljoden millom mid-front- og high-front-wide vil ofte svinga til den eine eller den andre av desse ljodar hjaa personar fraa same bygd og endaa i ymse ord hjaa same person. Jfr. i nynorske maalføre uttalen av gn. i som *ī* (lang): *vīt* n. Set. *vēt* m.st. paa Vestlandet, soleis med endaa større svinging enn paa Island i uttalen av gnorsk stutt open i.

ę, open *e*-ljod (mid-front-wide), t.d. *hęst* Vestl. *kvęll* m. Set. *bęra* v. Agd. Isl. Ogso i tviljoden *ęu* (ofte *æu*) for gn. au, t. d. *hęuk* Sogn, Voss, Hard. Sameleis i nynorske maalføre ofte i tviljoden *ei*, utt. *ęi* til skiftes med *æi*, t. d. *vęit* (præs. av *vita*) Nhl. ofl.

ə, attdregen slakk *e* (mid-mixed-narrow), t. d. *toŋg'ə* (tung) adj. Shl. ofl. Vil nærra seg snart til *a*, snart *ę*, og snart *ö*, t. d. *læŋŋ'a* (gn. lengr) adv. komp., *hænn'a* (gn. hendr f. pl.) VAgd. (Aaserall). Sjaa Ross, Norske bygdem. Fyrste bolken, s. 5.

i, trong *i*-ljod (high-front-narrow), t. d. *vitt* adj. n. (av víðr adj.) Vestl. Isl. *vīn* n. Hordal. Isl. Same uttale lang i *vīt* (av gn. vit) Set. Fær.; stutt i *drikka, idla, finna* Vestl. *þiŋg* (þing n.) Isl.

ı, open *i*-ljod, millom *ė* og *i* (high-front-wide), t. d. *fıskür* Isl. *fısk* Nhl. Voss; *vıga* (vika) VAgd. (Kvin.), *vıt* n. (= *vīt*) Sogn, Isl. ofl. I Setesdalen

vert denne ljoden enno uttala som *i* baade i ord som *vit* n. (< gn. vit), *sit'ę* 3 sp av *sitja*, *līvę* v. (< lifa), og i endingar som i *auri* m. (aure, fisk), *åtti* 3 si av eiga (gn. átti, nisl. *autti* 3 sg).

o, eur. trong *o*-ljod, millom norsk *å* og *o* (mid-back-narrow-round), t. d. *bonn* (npl av barn) Set. *bodn* VAgd. *konn* (< gn. korn) Set. *kodn* VAgd., o i tviljoden ou, t. d. *bouk* f. (bok) Set. Hard. Fær. Isl., og sameleis o i *lo͡ǫk* n. (lok) Set. til deils ogso uttala *lo͡ək*, *lo͡vk*; *lo͡ək* (ogso *loǫk*?) Fær.

ǫ, eur. open *o*-ljod, millom norsk *å* og *ȯ* (mid-back-wide-round), t. d. *kǫdn* Sogn, Voss, Hard. *kǫdn* Isl. *stǭva* Sogn ofl. I tviljoden *ǫy*: *glǫyma* Sogn ofl.

o, vanleg norsk trong *o*-ljod (lyft mid-back-narrow-round), t. d. *sott* f. Shl. ofl. *tok* Nhl. ofl. *hond* (gn. hundr) *sommar* Voss, *toŋg'ə* adj. Shl.

ȯ, open *o*-ljod, meir framskoten enn *ǫ* (mid-mixed-wide-round), t. d. *gȯtt* adj. n. *ȯsp* (osp, treet) Nhl. ofl., vil i Nhl. nærra seg til *ö* og *œ*: *köbma* (koma) *skœdda* f. *kœna* (kona).

u, eur. *u* (high-back-narrow-round), t. d. *upp* Set. Fær. *fugl* S. Jedr. *lut'ę* Set. *lutür* Fær. *hus* n. VTel. Voss, Isl.; *hüus* Fær. ogso Hard. jamsides med *hᵉus*; *hᵉus* Set.

ů, open *u*-ljod (high-back-wide-round), t. d. *gůddl*, Voss, Hard. *hůg* m. Voss, Hard. *důga* v. SJedr.; *auk'ůr*, *finn'ů* 3 sp (av *finna*) *kald'ů* adj. Voss, Hard. Denne ljoden er vand aa skilja baade fraa u og *o*; paa Voss synest han liggja nærast *o* (*finn'o*), og i Hardanger nærast u (*finn'*u).[1] I tviljoden *aů* (vanleg skriven *au*) av gn. *á*- — sjaa ovanfor under umrøda av *a* — vil uttalen av den siste vokalen svaga millom u, *ů*, o (jfr. Ross, N. bygdem. XIII, s. 39 Set.), som i dette høve vel er den mest upphavlege: *naul* f. *naůl*, *naol*, *naol*. Med ljodverki i dei maalføri som no brukar denne ljoden mest — Isl., Sogn, Voss, Hardanger — synest skrivemaaten *au* for uttalen høva best, sjaa ovanfor under *a*.

u, vanleg norsk *u* i *hus* paa Austlandet og i byarne (high-mixed-narrow-round), t. d. *hus* Nhl. Shl. Rog. ofl. st. *fullt* adj. Bergen ofl. st.

ü, slakk *u* (high-mixed-wide-round), t. d. *tęk'ür* 3 sp. Isl. (Austfj.).

ü millom *ü* og *ẏ* (high-front-wide-round, litt attdregen), t. d. *bautür* (baat) *ākür* m. (aaker) *finnür* 3 sp Isl. (av finna) *klüv* f. (klyv) Sogn. Jfr. *ẏ*.

ẏ, open *y*-ljod (high-front-wide-round), t. d. *dẏlja* v. Sogn ofl. *sẏster* Shl. ofl. *hẏl* m. VAgd. (Kvin.) *fẏrė* adv. Voss; *mẏnür* m. Isl. skr. munur.

y, trong *y*-ljod (high-front-narrow-round), t. d. *nytt* Rog. *lẏsa* smst. Ogso vanleg i *rygg*, *fyddla* v. ofl., der ein kunde venta open *y*: *syssjå* NRyf.

æ, vanleg norsk *æ*-ljod (low-front-narrow), t. d. *ætt* f. m. st. *læra* v. m. st. *blǣs'ů* Hard. (av blaasa, i Hard. utt. *blausa*); *værk* n. *fjækk* 3 si (av *få*) Isl. I tviljoden *æu*, sideform til *ęu* (= gn. au) hev me same *æ*-ljoden, t. d. *hæuk*. Ljoden er ofte vand å skilja frå *ę*.

---

[1] Jfr. *funno* 3 pi (av finna) Voss i Am. B. Larsen, Overs. over bygdem., s. 79 2, *fonnů* (o- -o) Ross i N. bygdem. XVI s. 132 2; etter min meining torde det helst vera *fǫnnů* ell. *fǫnno*.

ø, trong *ø*-ljod i vanleg norsk *mø'a* (mid-front-narrow-round), t. d. *fødd* ptc. aalm., *møta* (og *møda*) Rog. *kløv* (= *klẏv*) Rog.

ö, open *ø*-ljod (mid-front-wide-round), t. d. *öks*, *glögg* Voss, Hard. ofl. *vöv* Hard. *skömm* Isl.

Merkn. 500 a. Den opne *i* (*ı*) t. d. i *fısk*, *lıt* m. Hard. Voss og Sogn og i *fıskür*, *lıtür* paa Island vil for mange, som ikkje hev høyrt ljoden fraa barndomen av, lyda som ein *e* eller *ė*. Noko det same er det med den opne *y* (*ẏ*), t. d. i *mẏkje bẏtta* Hard.[1], der *ẏ* gjerne vil lyda som ein *ø* eller *ø̇* for det uvane øyra. Der er elles ikkje annan skilnad millom *e* og *ı*, *ø̇* og *ẏ* enn den at det med *ė* og *ø̇* fylgjer ei straming eller spaning av tunga, som der ikkje er ved uttalen av *ı* og *ẏ*, ei spaning som lettar upp tunga ein ørliten grand.

I denne utgreidingi er skrive *ı* og *ẏ* i dei høve eg sjølv hev høyrt desse ljodar, elles *ė* og *ø̇*.

I fallande tviljodar er siste vokalen stundom slakk, og sume skriv daa t. d. *ęın* ell. *aın*, *öẏ*, *röẏk*. Dette høver med vanleg uttale mange stader naar det etter tviljoden kjem konsonant eller han vert bruka i samanhangande tale utan ettertrykk. Men endar ordet med ljodsterk tviljod og vert nemnt aaleine eller i slutten av ei setning, er den siste vokalen trong i mange munnar, t. d. *nęi*, *höy*. Dette kjem tydeleg fram i mykjen vestlandsk, der *i* og *y* endar konsonantisk i ljodsterk utljod (*fri*ʲ for *fri*, *ny*ʲ for *ny*), og sameleis i tviljodarne (*nęi*ʲ og *höy*ʲ). Skulde ein her vera noggrann, laut ein skriva *ęın bręı tęıg*, men *tęıgen va bręi*ʲ. I utgreidingi her er skrive *i* og *y* i slike høve.

Lengdeteikn for vokalar. Hovudregelen med umsyn til vokallengd innanfor dei nyaste maalføri som her er umrødde, er at stomnvokalen i ei ljodsterk staving — utan umsyn til historisk upphav — er lang i utljod (*nå*, *snū*) og framfor einskild konsonant (*lāg*, *bęra*, *ūt*), men stutt framfor lang eller samansett: *finna*, *skatt*, *autte*, *gręitt*, *øydd*; *nabn*, *kǫdn*, *fjędl*, *agn*, *hagl*, *vatn̥*; dei sistnemnde seks ordi vert daa aa lesa som um dei var skrivne *nabbn*, *kǫddn*, *fjęddl*, *aggn*, *haggl*, *vattn̥*, men i ei staving, medan her er skrive *nabb'n*, *vatt'n*, naar *n* lagar staving og ordet vert tvostavingsord. Endingsvokalar og vokalar i sume smaaord er stutte: *ręnna*, *dømer*, *bygdenne*, *han*, *den*. I slike høve som her er nemnde, og som er dei vanlege, er der i utgreidingi ikkje sett noko teikn til aa syna vokallengdi. I undantaksfall og i tvilsmaal er det sett ¯ yver lang vokal og ˘ yver stutt: han *gåådde* Set. *tădn* (< gn. tǫnn) Ryf. *ădle* (alle) Shl. *văra* (vera; fyrste a er halvlang) Shl. *hăije* (hage) Shl.

For konsonantarne i denne utgreidingi er i det heile bruka dei same ljodteikn, som er kjende fraa tidlegare arbeid um gamle vestnorske maalføre, og som for det meste er tekne fraa Johan Storms ljodskrift. Serskilt nemnande er:

---

[1] Johan Storm skriv *køssa* (for *kyssa*) Hard. Voss, Sogn, Norvegia (1908), s. 162.

Til aa merkja klanglaus velar spirant er her brukt *x* (= Storms *x*, Sweets *kh*), t. d. *daxs* (gsg av *dagür*) Isl.; sameleis er det skrive *x* for uttalen av *h* framfor *v* i nyisl., t. d. *xwað* (-*þ*) som Storm skriv *xwāð* (= Sweet: *khvaıdh*, ogso *whaıdh*).

I staden for B, D, G (i Storms eldre ljodskrift) som teikn for halv klangfør *b*, *d*, *g* er her skrive *b̥*, *d̥*, *g̊*, og sameleis *g̊* for halv klangfør *g* (spirant. *g*), t. d. *gāb̥a* (gapa), *hād̥a* (hata), *jḝg̊* Isl. (men *jḝg̊ ḝr*), *æg̊g̊*. Jfr. Ross, Norske bygdem. s. 17—19 um den same ljodovring ymse stader i Norig.

Naar *l*, *m*, *n*, *ŋ*, *r* (*ɩ*) er klanglause, er dei her skrivne *l̥*, *m̥*, *n̥*, *ŋ̊*, *r̥* (*ɩ̥*), t. d. *bait̥l̥* Hard. *l̥övpa* v. Isl. (skr. hlaupa), *fjad̥l̥* Isl. (nærast halv klanglaus *d* + klanglaus *l*), jfr. *fjḝdl* Sogn ofl. *lam̥pı* S. Isl. *svin̥ta* f. Fær. = *sviin̥ta* (forklæde) S. Isl., jfr. *svinta* (stor klut) Shl.; *höyŋ̊k* f. (skr. hönk) Isl.; *vetr̥üm* dpl. *finnür̥* 3 sp av *finna*.

Um nokre andre meir sjeldsynte teikn for serljodar i færøysk og islandsk er det gjeve upplysningar i sjølve utgreidingarne der som det er funne naudsynlegt.

Av tonelagi er einstavingstone i heimenorske ord merkt med ': *baut'ın* Hard. < gn. bátrinn; *bygd'i* Sogn, Tel. < gn. bygðin, *tek'ə* 3 sp (av taka) Nfd. ofl. < gn. tekr. Stend der i heimenorske tvostavingsord i uttaleformi ingen aksent, kann ein gaa ut fraa at der er tvostavings-tonelag, t. d. *tala* inf. *bygder* flt. Serskilt teikn for tvostavings-tonelag er ˋ: *faˋra*. Um tonelaget i færøysk sjaa Vestn. maalføre fyre 1350, II, 2, s. 68. Um tonelaget i isl. sjaa Nokre ord om nyislandsk.

Ljodverket i hovudstykki.

§ 56. Me vil fylgja same fyreskipnaden som i dilike etterrøknader fyrr. I dei 54 skriftstykke som er hovudemne for denne utgreidingi — hovudstykki — og som er skrivne paa Island i tidebilet umkr. 1150—1350, finn me daa desse maalmerke:

1 a. α. *u*-ljodbrigdet — og *w*-ljodbrigdet — av *a* i ljodsterk eller etter maaten ljodsterk staving er gjenomført baade framfor burtfallen og halden *u* (eller *w*) i næste staving. Det vere her nok aa gjera eit utval av den store mengdi med døme. (Um upphavet til ljodbrigdet, og um uttalen og skrivemaaten av den ljodbrigda vokalen sjaa Merkn. 501, 502 og 505, 506).

Fraa tidi umkr. 1160—1240: *selfor* f. nsg, buferd, Rm I 8, jfr. ags. *faru* f. ferd; *grœftr* m. nsg Lhom 164 27; *haorgs-* m. gsg, steinhop, Rm I 6, jfr. ght. *harug* m. heilag stad; *lond* n. pl. Rm II 19; *itoc* pl. av *ítak* n. bruksrett, Rm I 9; *grundvoll* m. asg Lhom 164 2; *œll* adj. npl av *allr*, ib. 163 20 = *ǫll* ib. 164 3. 18 (skr. *œ́ll* ib. 162 22, 164 10); *messofotom* n. dpl Rm II 24; *gœngom* 1 pp av *ganga* Lhom 162 17; *hœuoþ* n. ib. 167 20; *quolom* dpl Lhom 166 23; *rǫftom* dpl av *raftr* m. raft ib. 163 3; *stǫþom* dpl av *staðr* m. ib. 165 29; *œllom* dpl ib. 164 14 *ollom* dpl Rm I 1; *œþro* dsn Lhom 165 11; *sœlmundar*

Mn gen. Rm III 31 (austn., gsv. og gdsk. Salmund); *sænghús* n. Lhom 163 18 (skr. *sǿnghús* ib. 162 22); *sængmeyiar* f. pl. Rm III 30; *þrǿng* adj. nsf Lhom 163 24; *stǫþve* 3 spk ib. 166 31; *salmasængvar* m. npl ib. 163 18; *lícsǿngue* dsg ib. 166 23 (jfr. got. *saggws* m. song); *ǫrr* adj. rask, orr, ib. 167 19 (jfr. gsks. *aru* adj. reidug).

Fraa tidi umkr. 1240—1280: *stæþom* Fjärh 20, *-stoðvm* ib. 44. 50, *lægvoxtv* apl 1 ofl. *avnundi* dat. ib. 46. — *fæðmvm* m. dpl Sæm 2· *log* n. pl. ib. 23 *lænd* n. pl. ib. 2 *ollv* dsn ib. 12. — *dógvm* dpl av *dagr* Prest 28 *fostodag* ib. 33 *nǫfn* ib. 1 — I Gr.Ka: *foronavtar* m. pl. 5 13 *foþur* asg 3 2 *gomlvm* dpl 6 7 *korlom* dpl 3 15 *lǫgfastir*[1] adj. npm 3 10; *skaporfone* m. nsg 1 4 (norm. *skapǫrfuni*), naturleg erving, =*scaparfe* Gr.St. 1 4, jfr. got. *arbi-numja*, ags. *yrfenuma* d. s., og gn. *sifune* Lex. poet.; *avll* npl av *allr*, 6 10. I Gr.Kb: *gomlom* adj. dpl 192 20 *gavmol* npn 193 13 *hæðnor* f. pl. av *haðna*, hadna, ung geit, 193 24, *lǫgg* f. asg, logg (innskori rand i botnen av stavkjerald, „die Kimme"), 193 8 *æðrom megin*, paa andre sida, ib. 8. — Egfr. *fæðor* gsg 336 31; *færonæta* m. apl, farnautar, 344 13; *holmgængo* f. asg 340 8 *hælldz* m. gsg 339 14 *kællođ* ptc. npn 338 3 *skæck* adj. nsf 343 11 *vanskærungar* m. npl vanmenne 341 1; *mansæng* m. asg elskhugskvæde 336 18 *þægull* adj. nsm 336 7 *þing-stæð* dsg 344 11 *vællr* m. 338 5 *ællom* dpl 342 27 o. fl. st. *ænundr* Mn 341 19 o. fl. st. — Grágás (Staðarhólsbók): *heimanfǫr* f. Gstb 13 *gæto* f. dsg ib. 9 *hvorvetna* (< *huarvetna*) adv. Gsta 8 *hofðo* 3 pi Gsta 7 *veiðistæð* f, veidestad, Gstb 12-13. (24) *sǫcom* dpl ib. 30 *sæl* n. sol (alga saccharifera Hald.) ib. 36; *enir sǫmo* Gsta 1 *sǫcom ǫllom* ib. 28 *Ǫrno* m. apl Gstb 18 *ǫrscotz helgi* f. dsg, fredstad innanfor pileskots fraastand, ib. 27. 29. — Kla: *bǫndom* n. dpl d 19 *bǫrðo* 3 pi (av *beria*) c 17 *i gognom* prp. c 27 (jfr. Merkn. 519) *hǫfþingia* apl d 35 *hǫfom* 1 pp a 31 = *hǫfvm* a 32. 36 ofl. *hǫfdo* 3 pi d 39 ofl. *íslæg* n. pl. d 8 *lændom* n. dpl a 33 *Mæro kári* c 8 *sǫgð* ptc. f. c 5 *vǫrð* m. asg d 15 *æðling* (< *aðuling, jfr. gsv. *aþulkunæ* = adalkona, Schlyter) a 19; *oðrom* c 3 = *æðrom* d 37 *ǫllom* dpl b 8 *ærr* adj. a 14 (*fiólmenne* n. d 1 *iofrvm* m. dpl a 16). — Reka þáttr (Rþ): *havnd* f. 402 4 *laugbergi* n. dsg 397 12 *laugmark* n. 380 3, loglegt merke, *nætlavg* n. pl. 384 10, vanlegt netstøde, *laund* n. pl. 382 7 *lavng* adj. nsf 382 10 *mavrk* n. pl. merke 393 3 *sauk* f. 391 13. 15 *vavtn* n. pl. 380 15 *aull* nsf 382 11 *aurscotz* n. gsg (til *ǫr*, pil) 395 7. 11 *ordrag* n. pileskot 386 9; *vatns bockum* m. dpl vatnstrender 381 14; *laugum* n. dpl 392 4 *monnum* dpl 379 4 *savckua* inf. 406 14 *vavkum* f. dpl (av *vǫk*, ishol) 406 21 *solum* f. dpl (til *sala*, f.) 379 3 *savmu* asf b. f. 401 17 *oðrum* 379 3 = *auðrum* 379 11 ofl. *mauskva* m. pl. moske 384 11.

Fraa tidi umkr. 1280—1350: *haufda* m. dat. propr. D. I. II 496 5, Höfði Skgs; *æinfolld* adj. apn D. I. II 104 3 *hond* f. asg ib. II 99 12 *loð-mvndar f(iǫrðr)* IFjn 5, nisl. Loðmundarfjörður (paa Austlandet) med namn etter Loðmundr Mn, skr. *lavþmvndar* gen. D. I. I s. 506 1 (umkr. 1300) av

[1] I Finsens utgaavor av dei islandske loger er brukt teiknet *ö* for *ǫ* eller *ð*; men sjaa skriftprøva i Pal. I, 15.

Hlǫð-, sjaa Lind; *logligt* D. I. II 98$_{15}$ *lògmadr* II 204$_{5.6}$ 446$_{12}$ o. fl. st. *laugmadr* ib. II 204$_{17}$ 466$_{2}$ *logmadı* ib. II 207$_{2}$ *logveð* n. pant ib. II 170$_{2}$; *laugr* m. vatn, log ib. II 14$_{8}$; *sòk* ib. II 99$_{9}$; *tiorn* f. tjørn ib. II 204$_{14}$; *þoraurnu* Kn dat. ib. II 415$_{16}$ (< *þorarna* ib. II 417$_{6}$, jfr. nyn. *Torann* Kn. Aasen Navn. s. 259); *bœndom* dpl (av *band* n.) D. I. II 95$_{16}$; *blaundudal* dat. ib. II 523$_{4.12}$ Blöndudalur Hvs; *daugum* dpl ib. II 14$_{33}$ *gagndogvm* Akr 31$_{17}$ (*-dogom* ib. $_{23}$) *dœgom* ib. 34$_{4}$ *messodoghum* ib. II 509$_{21}$ *fodur* (av *faðir*) ib. II 415$_{7}$ *faullnum* ptc. dsm (av *falla*) ib. II 470$_{8}$ *haufdu* 3 pi ib. 523$_{6}$ *hofðu* 3 pi ib. 484$_{24.37}$ (*hofdu* 3 pi ib. II 417$_{8}$ o. fl. st.); *hokull* ib. II 509$_{7}$ *kauttu* apl (av *kǫttr* m.) Akr 39$_{16}$ (jfr. *biorno* apl ib.) *lœgvm* dat. (av *lǫg* n. pl. lex) ib. II 14$_{21}$ 170$_{4}$ *logdu* 3 pi ib. II 474$_{12}$ *monnum* dpl ib. II 204$_{1}$ 207$_{1}$ 397$_{1}$ o. fl. st. (*monnom* ib. II 474$_{1}$); *skotv f(iǫrðr)* IFjn 73, no Skötufjörður, ei grein av Isafjorden; *guðmundarstodum* D. I. II 397$_{5-6}$, no ogso kalla Gvendarstaðir i Sþs (Ljhr); *mastodum* propr. dpl ib. II 474$_{2}$, ogso skrive *Márstaðir* (Hvs) i gamall og ny tid; *Stoðvar f(iǫrðr)* IFjn 15, nisl. Stöðvarfjörður paa Austlandet, med namn etter fjellet Stöð; *staupul* m. D. I. II 159$_{6}$, skr. *stopul* ib. $_{29}$, jord som Reynestad kloster aatte; *saugdum* ptc. dsm ib. II 204$_{20}$ 415$_{16}$ *soghðum* ib. II 510$_{20}$ *sogubokum* dpl ib. II 509$_{18}$ *soluuoda* m. obl., kaupety, ib. II 415$_{10}$ *sonno* adj. dsn ib. II 95$_{16}$; *todu* f. obl. ib. II 159$_{45}$ høy av gjødsla eng; *ataululaust* adv. ib. II 523$_{8}$ *toldum* ptc. dpl ib. II 509$_{18}$ *vœru* f. obl. ib. $_{3}$ (1344) *œðro* dsn ib. II 14$_{5}$ *odru* ib. II 397$_{7}$ *odrum* ib. II 484$_{16}$ *oðrum* II 99$_{2}$ *œllv* dsn ib. II 14$_{5.7}$ *aullum* II 204$_{9}$ 470$_{1}$ o. fl. st. *ollum* ib. II 474$_{1.11}$ *Øllum* ib. II 204$_{1}$ (1311) *olmosumaan* (ɔ: ǫlmosumann) ib. II 484$_{65}$ *onnur* pron. ib. II 484$_{68}$ *avnvndar f(iǫrðr)* IFjn 67, no Önundarfjörður sunnanfor Isafjorden; — *bauduar* Mn D. I. II 484$_{77}$, no brukt paa Island i formi Böðvar, mest i Borgarfjorden og nordetter til Húnavatnssýsla.

I former som *biǫrn* Mn Egfr 339$_{3}$ *fiól-* i *fiólmenni*, *miœk* adv. Egfr 336$_{5}$ *goþspiǫll* n. pl. Lhom 162$_{25}$ *fiœrðo* m. apl Egfr 335$_{14}$ *hiǫrto* n. pl. Lhom 167$_{25}$ (til dels medtekne i parentes ovanfor) o. fl. er rotvokalen frumgerm. *e*, og *iǫ* ikkje framvakse ljodrett og beinveges ved *u*-ljodbrigde av *ia*, sjaa nedanfor under **16 e**.

Undantak er *Allum* D. I. II 207$_{1}$ 397$_{1}$ (soleis orig., avprenti i diplomatariet hev *Ollum*); *alnum* dpl (av *ǫln* f.) II 14$_{5}$; *fardagom* dpl Gsta $_{22}$ (*jardina* D. I. II 512$_{15}$) *sagdum* ib. $_{18}$. I *Allum* — fyrste ordet i dei tvo citera brevi — hev *A* fulla sin grunn i kalligrafiske umsyn — etter trøndske mynster? — liksom stundom i sudvestlandsk norsk (Rygjam. s. 12, note 3, og Merkn. 184); i *fardagom, jardina* og *sagdom* maa der vera austnorsk (trøndsk) paaverknad. Umfram desse undantaki er berre uppteikna dei tvo mannsnamni *Magnus* Rm 11$_{16}$ o. fl. st. og *Marcus Prest* $_{5}$, som ikkje synest ha havt ljodbrigda vokal i vestnorsk.[1]

[1] *mǫgnus* Ágrip 76$_{10}$ *mœgnus* ib. 58$_{6}$ o. fl. st. er visst liksom mykje anna i dette handskriftet atterstodor fraa eit austnorsk fyrelegg. I eit gtrøndsk brev fraa 1297 (D. N. II 42) skifter *Markus* og *Morkus*, sjaa G.Tr. s. 55, noten under teksti (samansett ljodbrigde).

Um *u*-ljodbrigdet av *a* framfor *l* + lab. eller velar konsonant sjaa nedanfor under **16 f** α (Vokallengjing). — *o* for *ǫ* framfor *ng* finn me i nokre skrifter, naar næste staving hev *u* (*o*) eller *w*, sjaa Noreen § 110. — Um ljodhøvet i samansetningar som *katbælgir* m. npl Gr.Kb 192 20 (av *u*-stomnen **kattu*), sjaa Noreen[3] § 77, 1.

Merkn. 501. *u*-ljodbrigdet av *a* er vel uppkome ved det at ein i snøgg og energisk tale ved former som t. d. **maguʀ* m. nsg (son, got. *magus*) *asku* f. obl. (oska, got. *azgon*) alt so tidleg som ved uttalen av *a* i fyrste stavingi hev fyregripe — paa grunn av kjenslepaaverknad — meir eller mindre lippestoda aat *u* i næste stavingi. Ved denne fyregriping laga det seg daa i fyrste stavingi ein ny ljod med mesta same tungelega (laag innljod) som *a*, men med rund lippestoda burtimot *u*. Klangen i denne nye stutte vokalen (*ǫ*) maa ha vore noko lik den vanlege *å*-ljod i dei norderlandske maali no. Men baade dei gamle skrivemaatar (sjaa Merkn. 505) og dei vestnorske maalføri i vaar tid viser at ljodføringi lenge maa ha vore svagande, baade med umsyn til lega i munnromet og med umsyn til lipperundingi. Ein vanleg *a* vilde lett, naar han vart runda, koma for nær *o*, og dersom han vart ein grand framskoten, koma burt i *o*-ljodarne. Soleis hev det ogso gjenge i det lange laup. I Norig hev dette ført til at dei gn. *ǫ* og *o*, t. d. i *bǫrn* n. pl. og *horn*, jamnast hev falle saman til ein ljod, som i sume maalføre er *å*, t. d. *bådn*, *hådn* Ryf., eller næmare europ. o: *bodn*, *hodn* Sogn, Voss, Hard., og andre stader er framskoten til *ó* eller endaa til *ö* (*ø*): *bódn* (ell. *bödn*), *hódn* (*ö*) Nhl., Valdr., Hall. Paa Island og Færøyarne er gn. *ǫ* og *o* enno skilde, men soleis at *o* hev nærra seg til *å*, mest paa Færøyarne: *hodn* ell. *hådn*, medan *ǫ* i maalet paa baae desse umkvervi hev vorte ein *ö*-ljod, paa Færøyarne ein trong *ö* (*ø* som i fransk feu): *bødn*, paa Island ein open *ö* (som i fr. veuf): *bödn*. Den islandske uttalen med *ö* maa vera mykje gamall einkvarstad paa øyi, dersom *ø* i Am. 645 qv. er teikn for ein *ö*-ljod; for i dette handskr. (fraa umkr. 1250) finn me *ø* for *ǫ* mangfaldige gonger, t. d. *øllo*, *øllom*, *gøto* obl. av *gata*, *høldom* 1 pp (av halda), *gøngo* f. asg, *løngom* adj. dpl (av langr), *øþrom* dsm o. fl., alt med same *ø* som i *cømr* (av koma) og i *døma* v. i same handskrift. Um teikni for ljoden i dei ymse handskrifti sjaa Merkn. 506 nedanfor.

Merkn. 502. Ljodbrigdet av *a* ved halden gamall *u* i næste staving er sermerkelegt for vestnorsk, og gjenomført i all islandsk, gamall og ny. Kor gamall denne yngste tilburden i *u*-ljodbrigdet si soga er, kann vel ikkje enno segjast vera fullt upplyst. Sterke grunnar synest likevel tala for at det hev vore i full spretting alt i landnaamstidi (sjaa Gno s. XVIII). I Reichenau Necrol. (s. 4 ovanf.) kann me skilja *u*-ljodbrigde av alle slag, um endaa mykje der ligg som i skodda, fordi dei tyske skrivararne hev havt vanskar med aa finna laglege teikn for den framande norderlendske uttalen. Som det heller ikkje er aa undrast paa, hev dei dessutan ofte blanda saman *a* og *ǫ* i slike namn, som alt etter sin funksjon i setningi hadde snart den eine av desse vokalarne og snart den andre, t. d. *nafn mitt er Áskatla*; *menn heita mik Áskǫtlu*; dei hev daa jamnaste nøgt seg med aa gjeva eit slikt namn endingsvokalen *a*, og i stavingi fyre snart skrive *a* etter formi i nom. sing.: *ascatla* Kn 160 10 165 7, og snart *o* etter formi i dei andre kasus: *ascotla* 169 2 (med *o* fraa *Áskǫtlu*). Andre døme paa *u*-ljodbrigde i ymse høve fraa same kjelda er: *sorli* Mn 168 5 for *Sǫrli* (ght. *Saruli*); *hosver* Mn 159 1 (skr. *hosber*) for *Hǫsvir*; *holot* Mn 159 4 for


Hǫllolfr (berre kjent fraa Voss og Sunnhordland, sjaa ISV Merkn. 251); *dola* Kn 165 7 168 4, visstnok for *Dalla, Dǫllu*; *karles houb.* Mn 160 16 <*Karls-hǫfuð*. Dei namni i Necr. som er utan ljodbrigde, maa vera fraa Danmark, Sverike eller Aust-Norig, der det yngre *u*-ljodbrigde av *a* berre paa ymse strok og i visse høve synest ha vore noko brukt; soleis t. d. *agamont* Mn 171 3 (vestn. *Ǫgmundr*), *anunt* Mn 165 2 (vestn. *Ǫnundr*), og *azur* Mn (14 g i ymse former *azuro, azor, assur, assor,* og oftast *azer*), vestn. *Ǫzurr*. Naar me i islandsk skrift møter det slag former utan ljodbrigde — og det hender no og daa, um enn helder sjeldan — baade i den eldste tid og frametter i det 14. og 15. hundr. —, maa det hava sin grunn i paaverknad beinveges eller umveges fraa austnorsk tale eller skrift, helst fraa trøndsk. Av døme paa slike undantak, utanfor deim som er nemnde ovanfor i paragrafen, kann fraa andre skrifter nemnast: *margfaldom* H, *gango, fardagom* Rb (umkr. 1200); *hafþo, landum* Ágr. (fyrstningi av 13. hundr.), *samu* D. I. III 226 (1371), *allum* ib. 361 4 (1388) o. fl. br., *stadugt* D. I. III 406 6 (1393), *allum, hiartu, vaknuþu* o. fl. Vǫls. s. (sjaa fortalen s. XV), *stadught* D. I. III 558 17 (1401), *hafdu* 3 pi ib. 638 15 (1415). Slike former kann likso lite ha vore islandske den tid som dei er det no.

Merkn. 503. Yverføring av ljodbrigda vokal til andre former i paradigmaet enn til deim med upphavleg eller seinare framvaksen *u* i endingi er sjeldsynt i islandsk og visseleg berre norvagismar, t. d. *iorder* (for *iarðir*) D. I. IV 308 9 (1416).

Av vanleg gn. *munu* og *skulu* hev hovudstykki desse præsensformer: inf. *muno* Egfr 340 22; 1 sp: *man ek* Rþ 384 14; 3 sp: *mon* Lhom 165 8, *mun* Rm I 4 Egfr 336 23 340 9 (4 g) *mvn* Kla b 15 o. fl. *man* Sæm 7; 1 pp: *munum uer* Egfr 339 12 *m^{vn}o ver* Kla b 5; 3 pp: *muno* Egfr 343 20 344 21. 3 spk: *mane* Kla b 10; 1 ppk: *manim* Kla a 35. — Præsens indik. 1 og 3 pers. sing. *scal* ell. *skal,* 2 pers. *scalt* aalm.; 1 pp: *scolom* Lhom 164 3 (7 g) Egfr 340 12; 3 pp: *scolo* Sæm 17 (*scolv* 2. 16 5 g) GrKa 3 1 Rþ 390 3 (oftare *scolu,* t. d. 390 4. 1, yver 20 g), D. I. II 14 22 (hds. — AM 49 oct. — hev paa denne staden *sło,* avstytt for *scolo* som er fullt utskrive s. 24 12 = Akr. kap. 21 1 (GSt)); *scolv* D. I. II 14 26; *skulu* D. I. II 484 43 (1341). — Til *muna* (minnast), upphavleg same ordet som *munu,* høyrer *man* 1 sp Egfr 340 22.

Merkn. 504. I E. isl. (jfr. citati ovanfor fraa Lhom) er formerne mest: *mono, mon, mont, mon, monom, monoþ, mono,* ofte ogso *muno, mun* (jfr. cit. ovanf. fraa Rm I) osfr., sjeldan *mǫn* 3 sp, *mǫnom* 1 pp, *mǫno* 3 pp; *scolo, scal, scalt, scal, scolom* osfr., sjeldan *scǫlum, -uþ, -u*; *skolum* 1 g, aldri med *u* i hovudstavingi. I det 13. hundr. og frametter tek *mono* (-*u*) og *mon* til aa vika meir og meir i isl. skrift for *muno* (-*u*) og *mun,* og som her ovanfor under 1 citert kjem det no og daa tilsynes nokre præsens-former i indik. og konj. med rotvokalen *a*: *man, mane, manim,* som er heilt ukjende i E. isl., men som me til deils kann raaka paa ogso i andre gamle isl. skrifter enn ovanfor citera, soleis *man ec* OH 32 8 o. fl. st., *man* Gr. St. 38 15 (umkr. 1260, oftast *mun*), Völs. 83 26 (umkr. 1400; elles *mun*), Odd: *allt þetta man eg gefa þier* Matt. 4. 9. (*mun* Bib. 1584 1644); *hier mun eigi epter latazt stein yfuer steine sa er eigi man nidr brotin verda*[1] Matt. 24 2

[1] [Sjaa no Jón Helgason: Málið á Nýja testamenti Odds Gottskálkssonar s. 88. *L. H.*]



(J. Helg. avskr.). *o* i hovudstavingi av *skolo* (-*u*) held seg noko lenger enn i *mono*; men umkr. 1300 fær ogso *skolo* i islandsk ein tevlar *skulu*, som ikkje lang tid etter fær yvertaket, soleis *scvlv* Cod. Fris. (Ungers utg.) s. 39_{23} 161_{14} ofl. *skulu(m)* Jónsbók (Ngl. IV s. 187_{12} 189_{10} o. m. fl. st.), Eirsp. (F. Jónss. utg.) s. 82_{6} ofl. til skiftes med *skǫlu(m)* ib. 35_{4} og former med *o* i hovudstavingi t. d. *skolu* ib. 35_{4}. Formerne med *u* i hovudstavingi er sidan dei vanlege i islandske skrifter, t. d. D. I. III 529_{12} (1398) V 184_{38} (1459) VIII 122_{39} (1507), *skulu þier* Odd. Luk $2._{10}$ (1540), og i Bibelumsetjingarne osfr., sjeldan og berre i eldre tider avbrote med *o*-former, t. d. *skolu* D. I. III 398_{29} (1392) IV 306_{47} (1416). Islandsken i vaar tid kjenner berre *mýný* og *skýlý*, framvaksne av *munu* og *skulu*, som enno er skrivemaaten i islandsk. I præs. sg. ind. hev *mýný* no *mýn*, *mýnt*, *mýn*, medan *man* er likso framandt for nyislandsken i vaare dagar som for E. isl.

Me vil halda denne tilgangen paa Island attaat den me finn i den eldste skrifttidi i Norig. — I den eldste nordvestlandsk (1200—1250) heiter det liksom i E. isl. *mono* (-*u*), præs. sg. *mon* osfr. til skiftes med *munu* og *mun*, og sameleis heiter det helst *scolo* (-*u*). Men tidlegare enn paa Island finn me i nordvestlandske skrifter præs. sg. *man* jamsides *mon* og *mun*, og me raakar i dei same skrifter paa endaa fleire former med *a* i hovudstavingi av dette verbet som *manu* (og *mœnu*) inf. og 3 pp, *manum* 1 pp. Like eins finn me jamsides *scolo* ikkje berre *sculu* (-*o*), men ogso *scalo* (-*u*) og *scœlu*, som vel maa vera ei *u*-ljodbrigda form liksom *mœnu*. Formerne *manu* og *skalu* hev ein reint framand svip i nordvestlandsk; dei strider mot det gjenomførde *u*-ljodbrigde av *a* i dette maalføret, og maa vera innkomne i skrifti utanfraa. Det er helst i Hom I og II dei ovrar seg, og der er maalet paaviseleg paaverka fraa ymislege kantar av det norske maalvaldet; i dei eldste nordvestlandske loghandskrifter med reinare maal er slike former og sameleis *skœlu* sjeldsynte eller ikkje finnande. Sjaa NVestl. § 16, I a Merkn. 2; § 19, I a Merkn. 1; § 23, I Merkn. 1; §§ 25, 28, 30, 33, 36 med tilsvarande merknader o. fl. st. Fyrsta i 14. hundr. vert *skulu* vanlegt i nordvestl. skrift (Bergens bylog 1325—1350). — I dei 18 brev paa helder reint indre sudvestlandsk (ISVestl. I, s. 7—8) er *munu* og *skulu* vanlegast, men dømi er faa og brevi ikkje gamle — 1 fraa 1283, 2 fraa 1298, 15 fraa 1302—1350 —; ogso *skolo* finst (ISVestl. I, Merkn. 187, og jfr. *skolu* D. N. II 58_{9}, 1300, nordhordsk yvergangsmaal) —; dei mange andre brevi fraa dette maalvaldet (Bergen, Voss osfr.) hev mangeslag former (ISVestl. Merkn. 188) og er so paaverka av kancellimaal at dei er til liti rettleiding i dette høvet. I dei større skrifter fraa det indre Sudvestlandet, som er upprekna i Innl. s. 10, for det meste eldre enn det eldste brevet, er *munu* (-*o*) det vanlegaste i Otra (ogso *monu* og *manu* finst), Otrd, Didr III, Kgs (ogso *manu*) Kgsfr (ogso *mono*), Hbv II, men *monu* (-*o*) i Elis, Hbv I, og *manu* i Str I, *manv* Str II (ogso *monu* og *munu*); um Thomas sjaa her nedanfor; fraa Brand, NGulfr I og II, Hbv III og NBorg er ingi døme paa denne formi uppteikna. I præs. sg. ind. hev Brand, NGulfr I og II ingi døme; dei andre i Innl. s. 10 nemnde sudvestl. skrifter hev *man*, *mant*, *man*, so nær som Elis: *mon* uppt. 23 g, *man* 7 g, Kgsfr: *mon* og *man*, Hbv III: *mun* og *man*. *skolu* (-*o*) er den vanlege formi i Otra (ogso *skalu*, sjeldan), Otrd, Str II, Elis, Brand, Kgs (oftast *skolo*, ogso *skulu*, *skalu*), Kgsfr II, NGulfr II, Hbv I, men *skulu* (-*o*) Str I (*skolum* 28_{24}), Didr III (*skolu* 14 g), NGulfr I, NBorg Tel.?; Hbv II hev 1 g *skulir* 2 spk; Hbv III hev ingi døme. Ei serskild stoda hev Thomas, som i inf. og præs.

pl. ind. hev berre former med *a*: *manu* (-*o*), *manum* (-*uð*), tils. 28 g, præs. sg. ind. *man* osfr. umkr. 100 g, men dessutan ogso i præs. konj. 3 sg og 3 plur. *mane* (-*i*) 7 g (og endaa i impf. *mande*) jamsides *mune* 7 g og *myne* 4 g; sameleis med *a* i rotstavingi: *skalu* (-*o*), *skalum* osfr. 32 g, *skolu* 3 g, *skulu þer* 1 g (227 24). — I rygjamaalet er *skolo* einraadigt aa kalla (Rygjam. Merkn. 4 og 176); av det andre verbet er berre uppteikna *munu* 3 pp Hom III a s. 207 20 og *mun* 3 sp ib. 209 18 (jfr. *man* 3 sp i ein vidisse D. N. IV 77 8 Stav. 1308). — I austnorske skrifter er *munu*, præs. sg. *man*, og *skulu* dei vanlegaste former; dei kann i trøndsk paavisast alt fraa midten av 12. hundr.

Skolo og *mono* i E. isl. fell soleis saman med formerne i rygjamaalet; *mono*, som ikkje er uppteikna fraa det sistnemnde maalføret, maa likeeins her i samhøve med formverket i rygsk ha havt denne formi. Sameleis maa *monu* (-*o*) og *skolu* (-*o*) ha vore utbreidde i nordvestlandsk og sudvestlandsk; men i nokre av skrifterne paa desse maalføri er *munu* og *skulu* so mykje brukte at der er all grunn til aa fyresetja vestlandske maalføre einkvarstaden ogso med desse former (som i Aust-Agder og dei indre nordbygderne i Hordaland). Elles hev *munu* og *skulu* havt sitt eigenlege og største maalvald i Trøndelag og paa austlandet. I trøndsk raakar me ogso tidlegast paa infinitiv og præsens plur. ind. *manu* og *skalu* (med *a* fraa *man* og *skal*) for *munu* og *skulu*, og det alt i fyrstningi av 13. hundr.; sjaa G. Tr. s. 57 Merkn. Nylagingar etter *manu* (*mane*, *manim*, *mande*) er der — som ovanfor vist — merke etter i skrifter fraa ymse gnorske maalføre, ogso i islandsk. Præsensformi *man*, som ikkje finst i E. isl. (og ikkje med vissa i rygsk) møter me i alle andre gnorske maalføre, og den dag i dag i færøysk. Det er mest likt til at *mon* (ell. *mun*) hev avløyst *man* paa Island (og i Rogaland) alt fyre den latinske skrifttidi. Naar *man* sidan viser seg i islandsk, og sameleis *mane* og *manim*, maa det vera fraa heimenorske maalføre, helst trøndsk, at desse former er upptekne. Ogso *skulu* (-*um*, -*ut*), som helder ikkje finst i E. isl., maa ha kome inn i seinare islandsk skrift etter norsk (helst trøndsk) paaverknad, i tidfest islandsk brev fyrste gong 1341, i andre skrifter tidlegare,[1] som her ovanfor paavist. Dei ulike formerne av desse ordi innanfor eit og same maalføre gjev merkelege døme paa ymsesidig innverknad millom gamalnorske maalføre, i alle høve i skrift. Stemneleidi er oftast fraa aust mot vest; men der er daa ogso døme paa det umsnudde, som naar me i austnorske skrifter stundom finn *skolu* for *skulu* (eller *skalu*).

Merkn. 505. Former i andre gamle germanske maal som got. inf. *munan* (meina), 1 sp.: *man*, 2 pp: *munuþ*, ght. inf.: *scolan*, 1 sp: *skal*, pl.: *sculun*, og ags. inf.: *munan*, 1 sp: *man*, pl.: *munon*, viser at rotvokalen i samgermansk hev vore *a* i præs. ind. sing. (*skal*, *man*), *u* i pl. (*sculun*), og sameleis i præs. inf. *u* (*skulan*) eller med *a*-ljodbrigde av *u* til *o* (*scolan*, *monan*). I gnorsk skulde me daa ha venta *munu*, *skulu* 3 pp, og i inf. med *a*-ljodbrigde *mona*, *skola* liksom i E. isl. *mona* inf., minnast, H (jfr. *iskǫl* = gn. *er skoluð* paa kyrkjedøri i Lønborg, Jylland, runinnskrift fraa 13. hundr. Lis Jac. no. 222). Men alt tidleg maa endingi *a* i den lite brukte infinitiv av desse verb ha vorte undantrengd av endingi *u* i det

[1] I Stavanger-brevi (rygske) er *skolo* (-*u*) den einaste form — liksom i E. isl. — i heile den gamalnorske tid til 1347, daa me fyrste gong finn *skulu* i dat. brev (D. N. IV 323 28).

mykje brukte 3 pers. plur. i præs. indikativ. I samstaving med den vanlege verbalbøygjingi (*taka* inf. og 3 pp) fekk dermed desse tvo formerne same endingsvokal, nemleg *u*. Med umsyn til hovudstavingi hev sumstad — helst i austnorsk — vokalen i det gamle præs. plur. (*u*) trengt undan den eldre vokalen i infinitiv (*o*), so alle desse formerne hev fenge *u*: *skulum*, *-ut*, *-u*, inf. *skulu*. Men sumstad i vestnorsk hev den eldre *a*-ljodbrigda vokalen *o* (i *skolan*, *monan*) fenge yvermun og breidt seg yver alle desse former — til deils lenger, jfr. E. isl.: *mondo* 3 pi, *mønde* 3 sik, sideformer til *mundo* og *mynde* — og det helst i maalføre, der den vanlege gutturale endingsvokal i den eldste gnorske skrifttid er *o* (*skolom*, *skoloþ* (*-ot*), *-o*: inf. *skolo*), men ogso i maalføre med vanleg endingsvokal *u* (*skolum* osfr.; *skolu*). Dei eldste islandske skrifter og rygsk hev gjenomført dette i *skolo* (*-u*), men svagar millom *o* og *u* i *mono*, *muno* (*-u*). Desse vokalutjamningar maa alt tidleg vera yverførde ogso til eintalsformerne i præs. ind. av *munu* ell. *mono* i ymse maalføre, so det upphavlege samgermanske *man* osfr. hev lote vika for *mun* eller *mon*. Soleis aldri *man* i E. isl., men, som fyrr nemnt, oftast *mon*, ofte ogso *mun*, rygsk *mon*; jfr. *munat* Karlevisteinen, norsk, umkr. aar 1000 (jfr. *mun* Härenedsteinen, svensk, 10. hundr., *mun* Tillisesteinen, dansk, 1070—1085). I Norig maa *man* likevel ha halde seg lenge mange stader, baade i vest og aust. I austnorsk hev *a* fraa eintalsformerne stundom trengt seg inn i fleirtalet og skapt nyformer som *manum*, *manut*, *manu*, til deils endaa trengt seg fram til fleire former i paradigmaet. I austnorsk hev det ogso etter *skal* laga seg fleirtalsformer som *skalum* osfr. Det er likt til at dilike former hev vore umtykte hjaa sume skrivarar ogso utanfor austnorsk, for me finn deim ikkje reint sjeldan i vestnorske skrifter, no og daa i former med palatal endingsvokal endaatil i islandsk (sjaa ovanf. under 2). Likevel maatte former som *manu*, *skalu* osfr. klinga illa i vestnorsk, der *u*-ljodbrigdet av *a* var gjenomført, og dette er vel grunnen til dei *u*-ljodbrigda nyformerne *mǫno* og *skǫlo* osfr. i E. isl., som helder ikkje er ukjende i nordvestlandsk. Mykje truleg hev ogso ymse av formerne *skolu* og *skolo* i vestnorske skrifter dette upphav. *mǫn* 3 sp i E. isl. og nordvestlandsk kunde tyda paa, at ogso vokalen *ǫ* einkvarstad fraa fleirtalsformerne i præsens ind. (*mǫnom*) hev vorte yverførd til eintalet. Men handskriftet H, som hev denne formi, skriv no og daa *ǫ* for *o* (t. d. *fǫrnan* adj. asm, *ǫrþom* n. dpl (av *orð*), *sǫno* apl av *sonr*), so det kann ikkje byggjast noko paa skrivemaaten *mǫn*, som dessumfram i isl. finst berre ein gong.

Merkn. 506. At *o* for upphavleg *u* i hovudstavingi av *mono* og *skolo* i gnorsk skulde hava sin grunn i det at desse ordi hev vore brukte proklitisk (Noreen[3], 139 3), synest meg ikkje fullnøgjande, etter di formerne med *o* er so vel gjenomførde paa eit avgrensa umkverve alt fraa den eldste skrifttid, nemleg i E. isl. og rygsk. Det gamle samgermanske *a*-ljodbrigde *u*>*o* hev ikkje i noko anna norsk maalføre sett so mange merke etter seg som her, sjaa **16 a** lenger ute i denne bolken og den tilsvarande staden i Rygjamaalet. Etter si tyding i det gamle maal er dessutan *skolo* ikkje laglegt til aa brukast utan ettertrykk, og i rygsk finn me ikkje onnor form i heile den gamalnorske tid aa kalla. Naar me sidan i tidi finn *o* for *u*, helst i *mono*, er det derimot sjølvsagt rimelegast aa forklaara *o* i hovudstavingi som framkomen ved proklitisk bruk av ordet.

1 a β. *u*-ljodbrigdet av *a* vert skrive paa mange ulike maatar i hovudstykki. Soleis finn me:

ao: *haorghs* Rm I$_{6}$ (jfr. *laogh* n. pl. D. N. I 3$_{7}$ Oslo umkr. 1210).

au, av, æ, æ: *æll* Lhom 163$_{20}$ *messofæt* Rm III$_{31}$ *lægvoxtv* Fjárh. (Pal. 46$_{11}$); *fæðmvm* Sæm (Pal. 47$_{2}$); *avðrum* GrKa 193$_{8}$ *fæðor* Egfr (Pal. 14); *læg* Gstb$_{5}$ (Pal. 16); *lændom* Kla (Pal. 17 a$_{33}$, jfr. *æðit* ibid. b$_{24}$); *lavg* n. pl Rþ 384$_{11}$ *mausqua* m. apl ibid.; *staupul* D. I. II 159$_{6}$; *auðrum* Akr (Pal. II 7 a$_{20}$; *avllom* ibid. 7 b$_{13}$); *aullum* D. I. II 204$_{9}$ *þoraurnu* Kv II 415$_{11}$ *haufda* dat. II 416$_{5}$ *faullnum* ptc. dsm (av falla) II 470$_{8}$ *bauðuar* II 484$_{77}$ *aullum* II 512$_{1}$ *blaundudal* II 523$_{4}$.

ǫ, framvaksen av *a* + *o* (ell. *v*): *nǫfn* Prest 1.$_{28}$ *lǫgsogo* GrKa (Pal. 15 a$_{3}$) *sǫmo* Gsta *sǫcom* Gstb$_{30}$ *hǫfðo* Kla (Pal. 17 a$_{3}$); kvisten under *o* kann stundom bøygja seg saman til ein ring som i *lǫgsogo* GrKa (Pal 15 a$_{8}$ o. fl. st.).

ò: *lògmanne* D. I. II 204$_{5}$ (avskr. ved Jón Magnusson) *lògligha* II 466$_{12}$. I andre skrifter, som ikkje her er medtekne, kann ogso denne kvisten bøygjast til ein ring yver *o*, som i *mòrgu* (Pal II$_{16}$, 4de r. nedanfraa i 1ste teigen).

ø: *Øllum* D. I. II 204$_{1}$; i E. isl. er dette bokstavteiknet mykje brukt i Am. 645 qv. Jfr. *høfuð, sømu* Pal. II 13$_{6.8}$ (1ste gram. afhandl. Codex Worm. umkr. 1350).

I mesta alle hovudskriv som hev døme paa dette ljodbrigdet, skifter dei serskilde teikni, som er nemnde ovanfor, med *o*: *grundvoll* Lhom 164$_{2}$ *ollom* Rm I. Soleis i nr. 7—12, 14—17, i Arnes kristenrett (nr. 19—23), 24, 31, 32, 35, 36, 38, 45 og 48. I sume skriv vert det berre brukt *o*: nr. 25—26, 30, 33, 37, 39, 41—43. Nokre stutte stykke hev ikkje døme paa dette ljodbrigde: nr. 13, 18, 34, 40.

Merkn. 507. *1.* Ogso etter 1350 er der i lange tider svaging i skrivemaaten av *u*-ljodbrigdet av *a*. Alt til midten av 16. hundr. raakar me ofte paa brev der alle tri teikni *ò*, *au* og *o* er brukte i same brevet for denne ljoden, t. d. D. I. IX 617 (1535; *vier hòfum*$_{2}$ *vier hofum*$_{17}$ *aullungis*$_{21}$) XI 582 (1548: *hondum*$_{29}$ dpl *laugin*$_{31}$ n. pl *lògheimile*$_{31}$). *au* og *o* hev likevel yvertaket, og der er heile tidi fraa 1350 til 1550 mangfaldige brev, som berre hev desse tvo teikni, t. d. D. I. III 155 (1363; *faudur*$_{4}$ *longum*$_{24}$ *ollum*$_{28}$ *aullum*$_{19}$) 564 (1402) V 72 (1451) 82 (1452) VII 527 (1500) 546 (1501) 563 (1501) XI 565 (1548) 590 (1549).

2. Den fyrste prenta umsetningi av Nytestamentet *a Norrænu* av Odd Gottskalksson (1540)[1] hev sameleis *o* og *au* for den her umrødde

[1] *„þryckt vti Konungligum stad Roschylld af mier Hans Barth XII dag Aprilis Anno domini MDxl.“* I det danske kongebrevet fremst i boki um løyve til aa prenta henne er umsetjaren kalla Otthe Norske (*Otthe* = *Odd'e* < *Oddur* med den halvt klanglause uttale av *dd*, som det enno er i islandsk).

Det fyrste prenteverk paa Island vart sett i gang av den siste katolske biskopen Jon Arason ca. 1530; jfr. merknaden (fraa umkr. 1584) i Delag. samling (Uppsala) no. 9 qv. bl. 11 b: *þa biskup Jon Arason hafdi rijkt a stoli sinum a Holum 5 edr 6 ar þa liet hann fyrstur allra manna innkoma prentverk a Islandi og sua jokst þad þadan jfra*

ljoden, t. d. *fognud* Luk. 2, v. 10; *ollum lyd* ibid. *sogdu* ibid. v. 13; *fodr* Luk. 15, v. 18; *faudr* Matth. 5, v. 16; *kornhlaudr* ibid. 6, v. 26. Gudbrand Torlakssons namngjetne bibelumsetning (Holar 1584) hev derimot oftast *ø*: *føgnud*, *øllum* osfr., og sameleis Torlak Skulasons utgaava (Holar 1644). Helder sjeldan raakar me hjaa desse tvo paa *au*, som t. d. *Aunnur* (*bok Mose*) i yverskrifti til 2. Mosebok. Sidan er *ø* brukt som ljodbrigdevokal i nyislandske bøker, prenta med fraktur, som skikk var i dei tvo fyrste hundradaar etter Gudbrands-bibelen kom ut,[1] og som me kann fylgja jamvel inn i 19. hundr. Soleis t. d. i Rasmus Rasks islandske maallæra 1811, og i Bibelumsetningi 1859. Men i bøker, prenta med antiqva, er det brukt ö, som i Kongs-Skugg-Sio, Sorøe 1768, i Heimskringla ved Gerhard Schøning 1777, i Rasks Oldnordisk Læsebog 1832, og i heile det nyaste bokrike aa kalla. Nyisl. ö er ein open ö (mid-front-wide-round), t. d. *sögur*, utt. *sögÿr*. Um yvergangen *ǫ*>*ö*, sjaa nedanf. under vokalyvergangar.

1 b. Av tristavingsformer som i trøndsk hadde *a* i andre stavingi og *u* (*o*) i tridje, er uppteikna fraa hovudskrivi:

Lhom: *logǫndom* ptc. dpl $165_{10.11}$ *sitiǫndom* dpl 164_{9} (= *sitiondom* 162_{8}) *uocǫndom eþa souǫndom* 166_{1} *þiónosto* obl. 164_{29} 165_{16} (= *þionosto* 165_{26}) *þuruondom* 162_{10} *vitroþosc* 167_{10} *vocǫndom* 166_{1}; Egfr: *buœndom* 338_{13} *domœnndom* 338_{84} *domœndonum* 340_{5}; Kla: *connoðo* 3 pi a_{2} (= *konnoðo* a_{4}) *válcaðo* 3 pi d_{37}; Rþ: *manuþum* dpl 80_{12} (*-om* 84_{5}). — *siðvrstum* superl. D. I. II 14_{33} *nǽr verandum* ptc. ib. $_{38}$; *prouanum* dpl ib. 99_{2}; *manoðvm* dpl ib. 104_{1} *hiauerandum* ptc. ib. 484_{17}. — Um substantiv paa *-an* og *naðr*, sjaa her nedanfor under **1 c** β.

---

meir og meir þar til herra Gudbrandur biskup a Holum liet prenta alla bibliu arum eptir gudz burd 1584 ar. Meir fraa Islands tidlege bokprentingssoga, og um den fyrste islandske bokprentaren, svensken Jon Mattiasson i „Dansk Bibliografi 1482—1550" av Lauritz Nielsen. Kbh. og Kr.a 1919. [Sjaa no Páll E. Ólason: Menn og menntir I—V. *L. H.*]

[1] Runolphus (1651) hev baade i Elementa og Rudimenta *ø* for *u*-ljodbrigdet av *a* i den islandske tekst, som i baae bøkerne er prenta med fraktur, t. d. *Børkur*, *øllu*. I Elementa finn me fulla dessutan ein hende gong bokstavteiknet *ö* — med antiqva — i den islandske tekst; men dette teiknet hev her ikkje tydingi *ø*, men er brukt for lang *o* (*Söl*, sol, gn. *sól* f.), som forfattaren elles tilraader aa skriva *oo* „vitandæ confusionis ergo". Denne islandske *ö* er eigenleg den gamle *ő*, skriven med dubbel aksent (*óó*); jfr. gn *áá* stundom for *á*; skrivemaaten *óó* eller *ö* i staden for *ó* finst alt i slutten av 16. hundr., t. d. *glofoxöttur* adj. D. I. XI 550_{35} (1547 og síðar), og er med same tyding ikkje sjeldsynt i skrift i 17. og inn i 18. hundr. I Elementa skriv forfattaren ein stad heilt polemisk mot den lærde svenske forngranskaren Johan Buræus: „Doctos vocamus Fröda per o longum, quæro num Buræo idem sit Frøda per o breve, id est spuma? Quidve discriminis erit inter Glöd cinis, & glød læta, inter Stör magnus & Stør juncus, Hör adulterium, et Hør mucus, nisi quod, illa per ö longum, hæc per ø breve efferenda sint.« Frøda (ɔ: *froða* f.) med ø istf. ö er helst berre misprenting. I Rudim. skriv forfattaren *oo* for lang *o*. — Bruket av *ö* for *ó* i eit slag skrift, og for gamall *ǫ* i eit anna slag skrift, saman med ymse andre teikn for *ø*-ljoden var vel skikka til aa skapa ustøda og rot i rettskrivingi. Paa titelbladet til Tyro Juris (1754) les me m. a.: Tyro Juris **edur Barn i Logum** . . . **Samanteked af** Sveine Sölvasyne, **Kgl. Majsts. Logmanne.**"

Som ein ser, er den *u*-ljodbrigda vokalen av *a* i andre stavingi skriven paa same vis (*ǫ*, *ꝏ*, *o*) i dei eldste dømi her (Lhom, Egfr) som i høvi under **1 a**, og hev truleg ogso vore uttala sameleis (*ǫ*) i den tidi. I Rþ (umkr. 1280) og D. I. II 14 33 hev den ljodbrigda vokalen jamlaga seg med vokalen *u* i endingi *-um*. At denne jamlagingi er mykje eldre — i alle fall sumstad — syner seg av nokre former i E. isl. som er nemnde nedanfor i Merkn. 508. Stend det *a* i fyrste stavingi, vert ogso han ljodbrigda (*connoðo* < *cannoðo* < *cannaðo*). *válcaðo* og *verandom* er austnorske former.

Merkn. 508. Brevi etter 1350 til inn i 15. hundr. er ikkje sers rike paa former av dette slaget, og dei me finn er ogso i dette tidarbilet ofte trøndske. Reine islandske former fraa brevriket er t. d.: *lifǫndum* D. I. III 56 13 (umkr. 1360) *werǫndum* ib. 3 (men *fagnadum* dpl ib. 9, *farandum* ib. 13 ofl.); *tauluduzt* 3 pi ib. 114 5 (1360) *reiknuduzst* 3 pi ib. 6 (men *verandum* ib. 5); *kaulluduzt* ib. 170 8 (1363); *freghudum* 1 pi ib. 508 24 (1395); *lofudu* 3 pi ib. 556 16 (1401); *glitudum* ptc. dsm ib. 586 17 (1406) *kòlludum* ptc. dpl ib. 599 13 (1409); *skodudum* ptc. 622 17 (1412); *kòlludum* (*ok sampykiandum*!) ib. 623 22 (1412); *kaullvðum* ptc. D. I. IV 306 24 (1416) *hiauerundum* dpl ib. 14. Dilike ljodbrigda former finn me ogso sidan gjenom heile det 15. og inn i det 16. hundr., um me enn framleides kann raaka paa trøndske former utan ljodbrigde.[1] Med dei prenta bøker i det 16 hundr. vert dei ljodbrigda formerne meir fylgjerett fastslegne i nyislandsk skrift; former hjaa Odd som *kalladu* 3 pi Matt. 8,29 *lampunum* dpl ibid. 25,24 *skammuduzt* 3 pi Luk. 13,17 maa vera norvagismar; i det islandske talemaal hev slike former visst aldri aatt heime. Skrivemaaten av den ljodbrigda vokalen er enno i nokor tid svagande, men det syner seg eit veksande drag burtimot *u*.

Her er nokre døme paa ljodbrigda former av dette slaget i brev fraa slutten av 15. hundr. og fyrstningi av 16de: *profudu* ptc. dsn D. I. V 550 42 (1471) *urskurdudum* 1 pi ib. 43 *sampyckiondum* ptc. dpl ib. 55 *nærruerondum* ib. 54 (men jfr. *maurgum godum monnum nerverandum ok aheyrandum* V 84 4 1452), *tauludum* 1 pi V 550 36 (1471) *fylgiurum* dpl D. I. VI 412 10 (1482) *komundum* ptc. VII 190 26 (1492; jfr. *komendum* ptc. ib. 191 43 1492 o. fl. st.) *heyrǫndum* ptc. ib. 221 50 (1492) *orskurdudum* ib. 25 *sampyckiundum* ib. 50 *storkiorulldvm* dpl 248 22 (1483) *tavlvdvnst* (< *tǫluðumst*) 348 6 (1496) *profaustum* dpl (av *prófastr*) 369 9 (1497) *hundraudvm* dpl 399 6 (1497) *hundrvdum* ib. 17. 21 *hiaveraundum* VII 723 12 (1505) *uerondum* ptc. dpl VIII 385 10 (1514) *vndertoludu* ptc. dsn 428 A 16 (1515; til *-tala*); *lofudum uier* IX 284 11 (1526) *tilkòllvdv* ptc. dsn X 148 27 (1538) *heilugum* dpl ib. 22 *foruerurum* dpl (av *forverari* m. fyremann) 167 35 (1539).

Her er nokre døme fraa dei fyrste prenta bøker: I Odds Nytest. (1540)[2] finn me i Matt. kap. 4,25: *hierodum* dpl (av *hjerad*); i Luk. kap. 2: *full-*

---

[1] Mest av slike former finn me i brev som Jon Egilsson hev skrive, notarius publicus ved bispesætet paa Holar. Dei fleste av brevi hans er fraa tidi 1429—1434. I desse brevi er der elles i det heile so mykje svaging i maalet millom islandsk og heimenorsk at ein kjem i tvil um skrivaren er islending. Præs. ptc. paa *-andum* i dat. plur. og former som *allungis* er ikkje sjeldsynte; han hev ogso former som *lut* (for *hlut*), *olydne* og *wlydnæ*, *mit* pron. dual. for *vit*, *klokkor*, og stendig *kirka*, *kirkone*, som korkje er islandsk eller norsk. Maalet hans fær ein serleg umtale i Samandrag; for utgreidingi vaar er brevi hans til mindre hjelp, so ustødt som dei er skrivne. Naar dei vert citera, set me namnet hans attmed (J. Egils.).

[2] [Sjaa nærmare Jon Helgason: Málið á Nýja testamenti Odds Gottskálkssonar s. 15—16. *L. H.*]

nuduzt 3 pi *lofudu* 3 pi *toludu* 3 pi (av *tala*) *hirdoronom* dpl (av nyisl. *hirðari* = gn. og nyisl. *hirðir*). I Gudbrandsbibelen (Gbrb) er desse same ordi skrivne *Hierødum, Hirdurunum, tøludu,* og elles som hjaa Odd. Gbrb brukar snart *ø*, snart *u* til ljodbrigdevokal i denne stoda, stundom i same ord: *Riddørum, þienørum* og *þienurum*.[1]

I vaare dagar er ljodbrigdevokalen i skrift i slike høve — bøygjings- og avleidingsendingar — utjamna til *u* (utt. *ẏ*) i samhøve med vokalen i siste stavingi: *hjeruðum, hirðunum, töluðu* osfr. utt. *ķęrẏðẏm, hirðẏnẏm, tölẏðẏ*. Sameleis *frægustu, kölluðu,* utt. *fraigẏstẏ, ködlẏðẏ*.

Merkn. 509. Den gamle endingi *-ǫndum* (seinare *-undum*) i dat. plur. av præs. partic. er etter Móðurm. s. 30 og s. 41 enno til i maalet i formi *-öndum*. Det vanlege er no likevel *-endum* (utt. *-ęndẏm*) med *e* fraa nom. akk. plur. *-endr*: *gefendum, sofendum* (utt. *gjęvęndẏm, sǫvęndẏm*). *-endum* synest elles ha vore til lenge i maalet jamsides med den ljodbrigda formi: *uerendvm* D. I. III 598 18 (1409) *veronndum* ibid. 600 6 (1409), ja truleg endaa i E. isl. der me finn *misgorendcm* H, um ikkje dette er kome fraa eit norsk fyrelegg. Gbrb skriv: *Fagned med Føgnundum, enn gratet mʒ gratundum* Rom. 12,15. Bibelen fraa 1644: *Fagned mʒ Fagnendum, en Graated med Graatendum*. Nytest. 1906: *Fagnið með fagnendum, grátið með grátendum*. Sjaa Noreen[3] § 412, og Anm.

1 c. α. Framfor gamall burtfallen *u* i tridje staving vert *a* i andre stavingi til *u* eller *o* i hovudstykki: *hundroþ* pl Rm II 14 *hundroð* GrKb 192 11 *hundruð* D. I. II 397 6 484 67 *hundrut* 416 7 512 11. 13 ofl. *ritoþ* ptc. npn Prest 27 *kꝍlloð* ptc. npn Egfr 338 3 *collot* ptc. nsf Kla a 18 *helguð* Rm V 37 *avnnvr* GrKa 7 7 *aunnor* pron. nsf D. I. II 95 5 (jfr. *heilug* nsf Arne kr. 1 12 etter hds. fraa umkr. 1370). Som dømi syner, vert ogso her *a* i fyrste staving ljodbrigda til *ǫ*.

Undantak *hvndrað* pl D. I. I 101 2. 4 *hundrað* D. I. II 95 5 o. fl. st. 397 4. 6 *hundrat* 470 18 474 6 484 68 (trøndsk). Um substantiv paa *-naðr* og *-an* sjaa **1 c.** β her nedanfor.

Merkn. 510. Liksom i dei høvi som er umhandla under **1 b**, hev ogso her *u*-ljodbrigdet halde seg alt til vaar tid i islandsk, um me enn i brevi fraa 14. og 15. hundr. og i dei eldste prenta bøker kann finna sume einskilde undantak paa grunn av paaverknad fraa norske skriftmynster t. d. *fiogur hunndrat ok eitt aar* D. I. III 558 4 (1401); *Maria . . var fastnud Joseph* Odd Matt. 1,18 (jfr. *föstnuð* Nytest. 1906).

I nyislandsken er den regelrette ljodbrigdevokalen *ẏ* (< *u*): *ķęrẏð* < *heruð, hẏndrẏð* < *hundruð, gömẏl* < *gǫmul, önnẏr* < *ǫnnur, ködlẏð* ptc. f. < *kǫlluð*.

Berre i plur. av inkjekynsord paa *-ald*, som i *folald* fẏl, *havald* (webaufzug), *kjęrald, kavald,* snøkave, er ljodbrigdevokalen *ö*: *fǫlöld, hövöld, ķjeröld* (jfr. nyn. *hovold, ķørøld* Bjørgv. bp, ISVestl. II s. 17, og isl. *s'or-kiorolld* pl. D. I. III 587 15 1406); for *ouðẏl* n. pl. av *ouðal* og *vęsẏl* adj. f. og npl er ogso sagt *ouðöl* og *vęsöl*. — *heilagr* adj. hev i nsf og npl *heilög*.

1 c. β. Av substantiv som i gtr. i nom. sing. enda paa *-(n)aðr* m. eller paa *-an* f., hev hovudskrivi *arnaþar* gsg Lhom 166 9 *fagnaþa* gpl 167 14 *scapnaðar* gsg Egfr 343 20 *uiafnað* asg ibid. 338 30 *manaðe* apl D. I. II 484 65

---

[1] For *þienari* er no brukt *þjónn, þiönustumaður* ofl.

-*i* Akr 22 21 (jfr. *manoðvm* ovanfor under **1 b**, *manoði* apl Akr 22 20), *bunade* dsg D. I. II 509 11; *huggon* asg Lhom 164 2 *iþranar* gsg ibid. 35 *scipan* nsg Sæm 1 *veinan* Kla d 18 *gœlan* asg ibid. *hafnanar* gsg D. I. II 14 22 *varðan* asg ibid. 31 *forhugsan* dsg II 98 13 *ivanar* gsg ibid. 12 *neitan* dsg II 99 11 *prouan* asg ibid. 10 *prouanom* dpl ibid. 2 *quiþanar* gsg ibid. II 99 1 (for *kviðjanar*).

Merkn. 511. Dei mannkynsordi — *u*-stomnar —, som er umrødde ovanfor, endar i E. isl. i nom. sg. alltid paa -*oþr* ell. sjeldan -*uþr* (*tilbúnuþr*): *fǫgnoþr* < **fagnaður* < **fagnoður*, og i akk. sg. alltid paa -*oþ*: *fǫgnoþ* (ell. -*uþ*) < **fagnaðu* med *u*-ljodbrigde av *a* i rotstavingi; det einaste uppteikna undantak er *fagnoþ* 645 (1 g, med ei yngre hand. Larsson). I hovudskrivi er der ikkje døme paa nom. sg. Men *ujafnað* asg (jfr. E. isl. *iofnoþ* asg) fyreset *ujafnaðr* i nom., og endingi -*naðr* er elles mykje vanleg i islandske skrifter fraa midten av 13. hundr. og frametter (jfr. næste Merkn. um -*un* og -*an* i kvendkynsord); soleis t. d. i GrKa (umkr. 1250): *manað* asg s. 141 13 *rifnaðr* s. 145 20, i GrKb: *lǫgscilnaðr* s. 44 10, i Arnes kristenrett (umkr. 1300): *(v)fagnað* asg 16 20. 21 (jfr. *fœgnvð* Edda Háv. v. 130 7) o. m. fl.; *aaskilnat* asg D. I. III 577 10 (1405) *kosnadh* (ɔ: *kostnað*) asg ibid. IV 582 22. 24 (1434) o. fl. I dei fyrste prenta bøker finn me endaa baae endingar som i akk. *bordbunad*, men *fognud* Oddur, *Fienad*, *føgnud* Gbrb. Hjaa Runolfur finn me: *hagnadur*, *Lagnadur*, *Kostnadur*, *Safnadur*, *fagnadur*, *Maanadur*, s. 42.

I nyisl. i vaar tid endar enno nom. sing. i sume slike ord, naar rotvokalen er *a*, paa -*ýðýr* skr. -*uður* <-*uðr* (= E. isl. -*oþr*) med *u*-ljodbrigde av rotvokalen, t. d. *frömýðýr* (fremdar), *fögnýðýr*, *jöbnýðýr*, *könnýðýr*, *söbnýðýr*, *söknýðýr*. Alle ord av dette slag kann likevel hava sideformer paa -*aðýr*, skr. -*aður*, so nær som *frömýðýr* og *könnýðýr*, soleis: *jabnaðýr*, *vardnaðýr*, *saknaðýr* (sjeldan for *söknýðýr*), sume med nokon tydingsskilnad, t. d. *fagnaðýr* = veiting (god mottaking), *fögnýðýr* = gleði; *söbnýðýr* (kyrkjelyd), *sabnaðýr* (samling). Elles er -*aðýr* no den mest brukelege ending, og oftast einraadig ogso i ord som hev *a* til rotvokal, som *fastnaðýr* (truloving) *hagnaðyr* (bate) *markaðýr* (marknad). Dei ordi som hev ein annan rotvokal enn *a*, endar jamt paa -*naðýr*, t. d. *herdnaðýr*, *kostnaðýr*, *bunaðýr*, *aurdnaðýr*, skr. *árnaður*, men *maunýðýr*, skr. *mánuður*. Um bøygjingi sjaa Formlæra nedanfor.

Merkn. 512. *vlfnaðrs* gen. Kl b 7 (namn paa Harald Godvinesons bestefar) er umlaga etter ags. *Wulfnōþ*?; Ól. saga (1853): *Vlfnars* 167 15.

Merkn. 513. Dei tvostavings kvendkynsord (*i*-stomnar), som — med undantak av *huggon* — i hovudskrivi endar paa -*an* i heile sing. utanum genitiv, hadde i E. isl. endingi -*on* (ogso, men sjeldan -*ǫn*, -*un*) med *u*-ljodbrigde av rotvokalen i fyrste stavingi, um den var *a*. Døme fraa E. isl. (umfr. *huggon* Lhom): *glœton* (tyning), *helgon*, *hœfnon*, *iþron*, *skipon*; *bolvǫn* (= *bǫlvon*), *sǫrgvn* (= *saurgon*). Gen. sg. enda paa -*anar* eller -*onar* (sjeldan -*unar*), med *o* (*u*) yverførd til gen. fraa dei andre kasus i eintal, t. d. *iþranar* ell. *iþronar*, *helgonar*, *vitranar*, *dýrkunar*.

Endingi -*an* for -*un* (-*on*) er innkomi i islandsk skrift i 13. hundr. — jfr. citati fraa Sæm og Kla ovanfor under β — og er mykje vanleg i bøker og brev fraa 14. og 15. hundr. I Akr (umk. 1300) er der — umfram citati ovanfor under β fraa dei stykki, som er upptekne i Dipl. Isl. — ei rekkja med døme paa -*an* som *prouan* kap. 9 6 o. fl. st. *helgan* 10 1 *ivanar* gsg 98 12 *neitan* 41 9 *reinsan* 10 6 ofl., men ogso -*on* finst (*iþronar marc* 18 13); maalet i dette handskriftet er paaverka av trøndsk norsk. I Egs (1350) er der

former baade med *-an* og *-un* som *seinkan* 260 26 *tilskipan* 47 17 *tiloflun* 59 10 *ihlutunarsamr* 245 16. I lange tider etter er det svaging millom desse tvo endingar i isl. skrift. Døme med *-an* i brevi etter 1350 er: *stangan* D. I. III 85 (1357) *staangan* ibid. 99 (1359) *skipan* ib. 155 (1363) *hrærnan* ib. 505 (1395) *borgan* asg ib. 587 22 (1406) *skipan* asg ib. 573 9 (1403, avskr. fraa 1417) *hindran* D. I. VI 147 (1478) *borgan* ibid. 185 3 (1479) *lofan* ib. *bijfalanarmadur* ib. 524 (1487, s. 591 4) *klagan* VII 451 12 (1499). Døme med *-un* er: *aumbaun* asg (løn) D. I. III 573 145 (1403) *borgun* VII 246 13 (1493) *kuittonnarbreff* D. I. VII 323 15 (1495); VII 297 11 (1495) hev *uiduorun* 4 *hindrun* 101 *rofun* (brot) ib. 101, og gsg: *hugunar* 11 *klogunar* 93.

I dei fyrste prenta bøker er der sameleis tevling millom *-an* og *-un*. Døme fraa Oddur: *hrapan* Matt. 7,27 *huggan* Ap. 15,31 *auoxt Idranarinar* Matt. 3,8; *lostun* ib. 12,31 *horunar sok* ib. 5,32 *fortaupunar* gsg ib. 7,13. Fraa Gbrb: *Blessan* 1. Mos. 48,25. Runolphus skriv (1651): *Andvarpan* vel *Andvörpun*, *Saurgan* vel *Saurgun* inqvinatio, *ylffran* vel *ylffrun* ejulatio, *Vingan* vel *Vingun* amicitia, *Skiemtan* vel *Skemtun*, Rudim. s. 41.

I nyisl. vert endingi no i nom. dat. akk. sing. regelrett skrivi *-un* (utt. *-ýn*) og i gen. sing. *-unar* (utt. *-ýnar*): *huggun*, *glötun* (utt. *hýggýn*, *glötýn*), gsg: *huggunar*, *glötunar* (utt. *hýggýnar*, *glötýnar*). Dette svarar til formerne i E. isl., berre at nyisl. hev *-ýn* av eldre *-un*, medan det i E. isl. vert oftast skrive *-on*, ender og daa ogso *-un* (*iþrun* El. *dýrkunar* H). Skal ein døma etter tilstandet i vaar tid, som med umsyn til ljodbrigdet samstavar med E. isl., er det mest likt til at *-an* er innkome i eldre islandsk skrift fraa eit norsk maalføre (trøndsk) utan ljodbrigde, men at den eldste formi med guttural vokal heile tidi hev halde seg i talen, og at *-un* derifraa sidan ogso i skrift hev trengt undan *-an*, daa maalvokstren tok ei reinare sjølvstendig islandsk stemna. Formerne med *-an* hev knapt noko sinn vore utbreidde i islandsk talemaal. I skrift stend enno att *gnístran* (jfr. *Tannagnistran* Matt. 13,50 Gbrb 1584; *gnistran tanna* Test. 1906, Bib. 1914; likevel *gnístrun tanna* Bib. 1866), og ein ser ogso skrive *vingan* (=*vinátta*).[1] Um bøygjingi, sjaa Formlæra lenger ute i boki.

Merkn. 514. I slike høve som umhandla ovanfor i **1 b** og **1 c**, stend det i E. isl. regelrett *o* (sjeldan *u*) i andre stavingi; men det finst ogso, helst i 645, sume døme med *ǫ*, *ꝍ*, *ø* som *bolvǫn* H, *siþꝍrsto* Rb, ogso — umfram *leitoþo*, *leituþo* — *leitøþo* 645; desse former synest, endaa dei er faa, aa kunna tala for at *o* er ljodbrigdevokal og i røyndi næraste arvtakar etter ein eldre *a*: *síðastu leitaðu* osfr., former som i so fall eingong hev vore samnordiske, jfr. gdsk. *truknaþu* Helnes 800. Av former med *a* i andre stavingi av slike ord er der fraa E. isl. berre uppteikna *svaraþo* 3 pi H 86 30 (Larsson), men dette er sjølvsagt ei framand austnorsk form (liksom *svartom* adj. dpl 645), um det ikkje er misskrift. Sjaa elles um spursmaalet: Noreen[3] § 130 og Axel Kock: Altn. u-Umlaut in Ableitungs- und Beugungsendungen (Lunds Univ. Årsskr. N. F. Avd. I Bd. 14, nr. 28).

2 a. *u*-ljodbrigdet av *á* er gjenomført i dei eldste hovudskrivi baade framfor burtfallen og halden *u* i næste staving. Den ljodbrigda vokalen skriven *ǫ́* eller *ꝍ́*, ogso utan aksent *ǫ*, *ꝍ*, til deils *o*, og ein gong (nasalera) *ó*. Soleis Lhom: *hǫ́nom* pron. 165 6 (2 g) *hǫnom* ib. 24 (5 g) *hꝍnom* ib. 25 *hón*

[1] I Seydisfjord saag eg eit skilt der det stod *verzlan* (handel). Eigaren svara paa min fyrespurnad, at dei sa ikkje so der, men „etter gamall islandsk (!) skal det enda paa *-an*."

pron. 163 14 *hǫtíþ* obl. 166 6 *h tíþer* pl. 165 2 *mǫ́ttr* m. (magt) 165 29 *nǿngs* gsg 163 22 (3 g) *nǫnga* gpl 162 7 *nǿngom* dpl 167 21 *nǿnga* apl 167 19. 24 *of valt* 165 23 ofl. (< *ávalt* Gsta Pal. 16 a, Noreen[3] § 54, 3 a) *roþom* dpl (av *ráð* n.) 163 8 *tǿrom* f. dpl 164 35 (*vǿn* f. asg 164 13. 15 *ǿn* prp. 166 34) *ǿst* f. nom. dat. akk. sg. 163 18. 19 o. fl. st. *hǿuoþǿrr* m. (*ǿrr* < *airuR* = got. *airus*, sendebod) nsg (høg tenar) 167 20 — Rm I: *o* 12 f. dsg for *ó* (aa, elv) *ǫ́* < **āu*, got. *ahwa*, samansetningarne *ostemma* 6 f. nsg (elvedemning) og *oveþe* 8 f. dsg ɔ: *ǫ́veiðe*, elvefiske, jfr. (med *a* for *á*) *arennar* gsg ib. 4 *grimsar* gen. ib. 3 *þuerar* gen. ib. 13. Um *han* for *hon* Rm I, og *várr* pron. sjaa Merkn. 516 og 518.

Naar det ber inn i det 13. hundradaaret, tek det til aa minka med *u*-ljodbrigda former av dette slaget, *á* trengjer seg nemleg meir og meir innatt i bøygjingi fraa dei formene, som korkje hadde eller hadde havt *u* i endingi. Verknaden av *u*-ljodbrigdet vil syna seg best etter *v*, og i dei høvi der vokalen vart uttala nasal (sjaa nedanfor s. 29); og der er det merke etter honom i sume ord i islandsk den dag i dag liksom i heimenorsk (ISVestl. I Merkn. 195 og her nedanf.).

Fraa umkr. 1240—1280 finn me i hovudskrivi desse *u*-ljodbrigda former av *á* framfor burtfallen *-u*: *hon* pron. Egfr. 335 23 o. fl. st. Gsta 23; *mǫ́l* n. pl. (av *mál*) Gsta 4; *nott* f. GrKa 4 19. 24 Kla b 30 *nottina* ib. a 27 *Olafr* ib. a 23 *vǫn* f. ib. a 8 *vavn* (E. isl. *vǫ́n*) Rþ 391 17. Av former utan ljodbrigde er uppteikna: *áin* f. Kla a 14 *ánne* dsg ib. b 16 c 16. 41 (hit ogso *langá* propr. Egfr 343 3. 28 *þuera* propr. ib. 344 5), jfr. Rm I her ovanfor; *ambatt* f. asg 339 10 (E. isl. *ambótt*, *ǿmbótt*, jfr. got. *andbahts* m.); *ám* f. dpl (av *ær*, ærsaud) GrKb 195 2; *ást* f. Egfr 340 17 (E. isl. *ǫ́st*); *forad* n. pl. Egfr 340 10 (styring, E. isl. **forrǫ́þ*), *mál*, *mal* n. pl. ib. 339 32 340 27 o. fl. st., ogso i bundi form, *malin*; *Pall* propr. Prest 4. 13 (E. isl. *Pǫ́ll*); *raðin* n. pl. Kla d 37 (E. isl. **rǫ́þin*); *sa* 3 pi (av *siá*) Kla a 5 (E. isl. *sǿ*, *só*); *umsia* f. asg Egfr 336 5 (E. isl. *umbsió*); *ván* f. (von) Rþ 391 9 o. fl. st.; *vapn* n. pl. ib. 406 12 (E. isl. **vǫ́pn*, jfr. E. isl. *hervópn*).

Framfor halden *u* (*w*) i næste staving er uppteikna fraa dette same tidarbilet med ljodbrigda vokal: *honom* Sæm 8 *honvm* GrKa 5 16 *h(on)om* Egfr 335 18 o. fl. st. *ho(nom)* Kla *honum* Rþ 400 10 *hvorvetna* Gsta 8 *nottom* dpl GrKa 4 7 *nottum* Rþ 394 3 o. fl. st. *voro* (skr. *v̄*) 3 pi Prest 27 *Voro* 3 pi Egfr 337 21 o. fl. st. *Vóro* 3 pi Kla b 26 o. fl. st. Utan ljodbrigde er uppteikna: *atto* 3 pi (av *eiga*) Egfr 336 3 *átto* Kla c 39 d 15 *uinatto* f. obl. Egfr 335 9 *vinátto* Kla d 39. *baþo* ib. d 26 (E. isl. *bǫ́þo*), *drápo* 3 pi Kla a 13. 17 *fámálugr* ib. b 40 (E. isl. **fámǫ́lugr*), *gáto* 3 pi Egfr 339 3 *hánom* Kla a 21 *hanum* Rþ 393 5 o. fl. st. *huaromtueggia* pron. Egfr 340 23 *hvarvmtveggia* GrKb 3 15 *lágo* 3 pi Kla a 24 b 27 *málom* Egfr 341 14 o. fl. st. *malum* ib. 6 *manuðum* Rþ 380 12 *nattum* dpl ib. 390 5 *paschom* dpl GrKb 7 12 (E. isl. *pǫ́skom*) *sáto* 3 pi Egfr 338 3 *skanunga* gpl (folk fraa *Skáni*) Kla a 21 *Skáro* 3 pi Egfr 340 4 = *scáro* Kla d 22 *scaru* Rþ 389 5. 12 *(þ)ago* 3 pi 342 25 *várom* n. dpl Egfr 343 34.

Fraa 1280—1350 er der i hovudskrivi faa døme paa gjenomføringi av dette ljodbrigde. Framfor burtfallen *u* finn me *hon* pron. D. I. II 95$_{9.18}$ ib. II 466$_{10}$ (ljodlett form *hun* ib. II 484$_{32}$); i dei andre høvi stend *á*, soleis: *asmundr* Mn ib. II 523$_{2.9}$ (= urn. **Ansumunduʀ*; jfr. *osmunt* Necr. 160, *osmuod* ib. 172, *asmot* ib. 159, 165, 172, *asmuot* ib. 165; sjaa Merkn. 517 her nedanfor med tilvisningar) *iokulsa* asg D. I. II 204$_{11}$ *kniuká hina fremri* (elvar i Tungusveit i Skagafjorden) ib. $_{9}$, *Selá* (elv i Skefilstadarepp i Skagafjorden) ib. II 159$_{7}$, og ymse andre elvenamn, samansette med *á*; *an* prp. (utan) ib. II 484$_{55}$, E. isl. *ǫ́n*, gn. *án* og *ón*, ght. *âno*; *paall* Mn ib.$_{2}$ o. fl. st.; *umsia* f. asg (umsorg) Egfr 336$_{5}$ *saam* 1 pi (av *siá*) D. I. II 416$_{4}$ 512$_{5}$ o. fl. st.; *smám* adj. dpl ib. II 14$_{3}$, E. isl. *smóm* < **smǫ́m*, sjaa Merknad her nedanfor; *vapn* apl ib. II 104$_{4}$. — Framfor halden *u* i næste staving vert det skrive *o* i *honom* D. I. II 95$_{16}$ 415$_{8}$ *honum* ib. II 484$_{17.64}$ 512$_{9.15}$ *nóttvm* Akr 39$_{11}$; men elles er det *o* (ɔ: *ó*) berre naar *v* stend straks fyre vokalen og styd den labiale uttalen som i *vorum* 1 pi (av *vera*) D. I. II 416$_{3}$ D. N. IV 238$_{3}$ o. fl. st., skr. *uorum* D. I. II 204$_{5}$ 474$_{7}$ 489 A$_{4}$ o. fl. st. *vorom* 1 pi ib. 484$_{6}$ *voru* 3 pi ib. 415$_{9}$ 484$_{76}$ *hafnarvoðum* dpl ib. 484$_{68}$, jfr. *a Holum* (< *Huálum*) og deretter E. isl. *hóll* m. nyisl. *houdl̥*, hol, haug; men enno nyisl. *hvodl̥* i stadnam: Bergþórshvoll Ras, Hvolhreppur Ras. (Um former av *várr* pron. sjaa Merkn. 518$_{1}$). I andre høve er den upphavlege *á* komen innatt etter jamlaging med former eller nærskylde ord utan ljodbrigde: *aasum* dpl (grd. i Húnavatnss.) D. I. II 523$_{5}$ *gafu* 3 pi ib. II 509$_{25}$ *gafuzst* 3 pi ib.$_{26}$ *haðungar* f. gsg ib. II 14$_{24}$ *mattu* 3 pi (av *mega*) ib. 474$_{11}$ *nadum* dpl (fred) ib. II 159$_{16}$ *nattum* dpl ib. II 417$_{10}$ 470$_{6}$ *saum* 1 pi (av *siá*) ib. 470$_{6}$. Undantak i hovudskrivi fraa denne skipnaden er *uagum* dpl (av *vág* f. vegt) D. I. II 14$_{3}$ og *huarum* pron. dat. ib. 470$_{12}$, der *á* for *o* truleg hev sin grunn i norsk paaverknad liksom ymist anna i Arnes kristenrett, som desse 2 stykki er henta fraa. Det er likevel tvilsamt um det er det gamle reine ljodbrigdet med *u* me hev for oss i alle dei citera dømi med *vo-*; for tidleg i den fyrste mannsalderen etter 1300 raakar me paa den aalmenne islandske yvergangen *vá* > *vo* med det eldste uppteikna døme i hovudskrivi *Vopna f(iǫrðr)* IFjn 3, sjaa Kålund, Bidrag II s. 360.

Merkn. 515. Ljodbrigdet av *á* ved *u* (og *w*), som er samnordisk og vel det eldste *u*-ljodbrigdet, er paavist ved burtfallen *u* alt fyre 900 (sjaa Noreen^3 s. 77). Det er i E. isl. i det heile gjenomført som i citati ovanfor fraa Lhom og Rm I baade framfor burtfallen og halden *u*. Ljodbrigdevokalen hev truleg fraa fyrstunne vore uttala som ein lang *ǫ* (*ǫ́*), men hev gjenge yver til *ó* (*ō*) naar han var nasalera (umkr. 1050, sjaa Noreen^3 § 111); i E. isl. er han skriven paa mange maatar: *ǫ́*, *ǫ*, *ǽ*, *æ*, *œ*, *œ́*, *o*, *ó*, stundom endaa mangeleis i same ord og same skrift, t. d. i H: *ǽst*, *æst*, *aóst*, *ǫ́st*, *óst*. I det yngste skrift 645: *ǫ́st*, *óst*, *ost*, *ast*; *mal* npl, *mǫ́l* apl; *boro* 3 pi (av *bera*); *soto* 3 pi av *sitia*. Svagingi i skrifti kann hava sin grunn i uklaar uttale, i vanske med aa finna høvelege teikn, og i ujamn vokster i maalføre, som det alltid vil vera i eit maal, som er tala paa ei stor vidd innanfor eit lengre tidarbil.

Umkring midten av 13. hundr. vert *ǫ́* i skrift mesta allstad — naar han ikkje er nasalera — umbytt med *á*, som paa den tid truleg hev vore uttala som *ǫ́* (umlag nyn. *å*). Naar *ǫ́* ender og gong syner seg etter denne tid (t. d. i Gsta), er han komen inn gjenom avskrift av eldre fyrelegg. I den siste mannsalderen av 13. hundr. maa umbytet i det heile og store ha vore gjenomført.

Merkn. 516. I nyisl. er *u*-ljodbrigdet av *á* burtfalle baade framfor kvorven *u*, t. d. *aun* prp. (skr. *án*, E. isl. *ǫ́n*, sjaa ovanfor), *aust* f. og framfor halden *u*, t. d. *baurŷr* f. pl. baaror; *sautŷ* 3 pi (av *sitja*); *maulŷm* n. dpl (av *mál*). Men merke etter verknaden av dette gamle ljodbrigdet er der enno ogso i nyislandsk i ymse høve, helst naar vokalen i gamall tid hev vore nasalera, soleis nyisl. *honŷm* pron. < *hǫ́num* < **hānum*; *hūn*, *hun* pron. *hón* < **hǫ́n*, jfr. *han* (ɔ: *hán* = hon) Rm I 9, um det ikkje helst er misskrift; *noutt* f. natt, men *nauttarþęl*, nattetime; ou*l* f. reim, < *ǫ́l*, gr. ἀγκύλη, jfr. (*loar bellti* Oddur Matt. 3,4 = *leðurbelti* B 1914, og) nyn. *ōl* Ivar Aasen; *spoudn̦* m. < *spǫ́nn*; ou*li* Mn < *Óli*, ght. *Anulo*, medan sideformi *Áli* svarar til ght. *Analo* (Noreen[3] § 118); um fyrsteleden urn. *Ansu-* i sernamn sjaa næste Merkn. Verb av typen *bera*, *gefa*, *koma* osfr., som hadde rotvokalen *ǫ́* i impf. plur. i E. isl., til deils *ó*, som *bǫ́ro*, *gǫ́fo*, *quǫ́mo* (ogso *bóro*, *gófo*, *kómo*), hev no mesteparten *á*, utt. *au*: *baurŷ*, *gauvŷ*, men *vefa* og *vega* hev *ó* (utt. ou): ou*vŷ* 3 pi, (*v*)ou*gŷ* 3 pi, og *koma* hev *o*: *komŷ*. Her og kvar i nyisl. maalføre synest det elles som det enno er til nokre fleire gamle former. Soleis hev eg uppteikna fraa Fljótsd. *bourū* og *vourū*, og etter munnleg upplysning fraa rektor Björn M. Olsen og sira Jónas Jónasson skal det enno i vestfirdska finnast ein uttale *koumŷ* (< *kómu*).

Nyislandsk samsvarar elles i desse høvi merkeleg med dei nynorske maalføri paa Sudvestlandet, sjaa ISVestl. I Merkn. 195, der fleire døme som nyisl. *au* f. *g̦jau* f. *hau* f. *krau* f. kraa (*kr*ou f. eit av dei tvo langrom i saudhus, Austfj. *kráir* pl., skr. *kræ̨r*), *sl*ou f. er samanlikna med sudvestlandsk i Norig.

Nyislandske former som *von* f. *vorŷ* 3 pi av *vera* maa hava sin grunn i yvergangen *vá* til *vo*, sjaa **2 c** her nedanfor.

Merkn. 517. Urn. *ansu-* ein av æserne, aas, i fyrsteleden av personnamn hev i gamall islandsk mesta allstødt formi *Ás-* (ofte skr. *As-*): *Asgeirr* Mn Prest 12 *asgerðr* Kn Eg 326 15 ofl. *Aslaugh* Kn Ragn. Lodbr. 135 11 *Asmundr* Mn m. st. *Aasolfr* Flbk II 509 21 ofl. Ovleg sjeldan og berre i eldre skrifter *Ós-* (< *Ǫ́s-*) i eit par namn: *ǫsmundar* Mn gen. 1 g i Grimnesm. Edda (Bugges utg. s. 87 a note), avbrigde til *ásmundar* i hovudteksti; *Osvaldr*, konge i Northumberland Hbk 298 25 (E. isl. *osvald* akk.). *Osualldz* gen. Flbk III 493 17 o. fl. st., men *Asvalldz* gen. Hbk 426 24, namn paa ein egd, jfr. nyn. *Osvald* og *Aasvald* (*-ld* utt. *ll*) Tel. Formerne med *Ás-* høver med namni i Necr. under Hislant terra: *asegut*, *aslath* ɔ: *Ásgautr*, *Áslakr*. Dei islandske diplomi hev likeeins stendig *Ás-* i desse høvi, og soleis er det ogso i nyisl., der mange av dei gamle Ás-namni enno er i fullt bruk: *Ásbjörn*, *Ásgeir*, *Ásgrímur*, *Áskell*, *Ásmunaur*,[1] og kvinnenamn som *Ásbjörg*, *Ásdís*, *Ásfríður* (isl. nyform = nyn. *Astrid* < gn. *Ástríðr*, nisl. *Ástríður*), *Ásgerður*, *Áslaug*, *Ásný*; jfr. færøysk *Ásbjörn*, *Ásmundur* (utt. *åsbjödn*, *åsmundūr*). Dette likjest tilstandet no paa Sudvestlandet i Norig, der ogso alle desse namni — *Ásdís* undant. — enno er i bruk og fleire dilike: *Asgaut*, *Áslak* (til deils utt. *Atlak*,

[1] Sameleis i appellativet *asmundr* m. „raat Stykke Jærn" Haldors. t. d. *c. asmunda* pl. D. I. IV 656 5 (1440), *xx asmunda* ib. VI 299 12 (1480—1494), *lx asmundar* npl. VII 673 22 (1504); jfr. *osmwndejern* Norske Regnsk. og Jordeb. I s. 50 o. m. fl. st.

Aasolv (utt. åsouv Set.), *Asbera*, *Asborg*, *Aas(h)ild*, *Asleiv*. Av alle desse namni fraa det norske Sudvestland hev berre *Osmund*, *Osolv* (utt. *oso*) og *Osvald* ljodbrigda vokal, men ogso dei maa tevla med former av *Ás-*, som i Norig i slike namn no regelrett er stytt til *As-* (utt. *ass-*) framfor konsonant, so nær som i *Aasni*, *Aasvald*, og sumstad *Aasmund* (= *Asmund*).

ansu- hev me ogso i det norske bynamnet *Oslo*, som me ofte raakar paa i sogorne, t. d. *Óslo* Eirsp. 79 18 (< **ansulauh*, jfr. det nedert. namn *Anslo* paa Oslo i mange brev millom 1368—1535, ogso *Anszelow*, *Ahnnszlow* D. N. VI 710, kgbr 1530), *til Óslóar* Eirsp. 185 27, ogso *til Óslo* ib. 78 28, som kann vera etterlikning av lat. akkusativ etter *ad* liksom *til ælfi* Ol. Trygv. s. (Am 310 qv.) ved Groth, s. 57 24 og dilike ovringar i sume andre skrifter, men elles her kann hava sin grunn i mistyding av namneformi Oslo, som straks nedanfor skal umtalast. I dei isl. diplomi er Oslo sjeldan nemnt utan i kongebrev, kyrkjelege statuta o. d. utferda i Norig, og daa oftast skrive *Oslo*; soleis og D. I. VII 274 31 utferda av presten Gotskalk Niculasson a holum 1494. Ikkje sjeldan finn me i gamle isl. skrifter former som viser mistyding av siste stavingi i ordet, med di skrivarane hev teke *-ó* i *Osló* (ofte skrive *Oslo*) som bøygningsending av ein *ōn*-stomn og etter vanleg islandsk skrivemaate ofte umgjort *-o* til *-u*. *O-* i fyrsteleden av ordet synest dei daa ha meint var ein *u*-ljodbrigda *a* (*ǫ*). Soleis *Oslu*, *Óslu* dat. akk. Cod. Fris. 232, 252 o. fl. st. Eirsp. 164 3 361 8 o. fl. st. Skálh. an. ved aari 1184, 1190, 1223 (minst 14 g), *Avslo* dat. Mork. 122, *Auslu* akk. Eirsp. 492 9 o. fl. st., *Ǫslo* An. Resen ved aar 1254. Sjaa Finnur Jónss. Lexicon poeticum under *Óslo*.

Merkn. 518. Ogso i former av eigedomspronomenet *várr* finn me i dei eldste islandske skrifter (jfr. Larsson: Ordförrådet) *u*-ljodbrigde *á* > *ó* baade framfor burtfallen og halden *u* i andre staving, sers ofte med burtfallen *v* fyrst i ordi, t. d. *ór* nsf, npn og apn (ogso skr. *ǫr*, *or*, *ær*) = nyare maal *vár* (nyisl. *vor*); *ǫrom*, *órum*, ogso *vórum*, dsm og dpl; nyare maal *várum* (nyisl. *vorum*). Alle former av dette pronomen er framvaksne av *vár* gpl av det personlege pronomen *ek*. Um upphavet til *vár* sjaa nedanfor under **17 c**.

2 b. α.[1] I all islandsk — gamall og ny — er der merke etter innverknad fraa *u* (*w*) i trykklaus staving ogso paa ein palatal vokal i stavingi fyreaat, helst naar det umkring palatal-vokalen er labialiserande konsonantelement. I slike høve vert daa fyrrlitterær trong *e* til E. isl. *ø* (trong); fyrrlitt. **sekkwa(n)* v. intr. (jfr. got. *sigqan*) > E. isl. *søcqva*, nisl. *sökkva*; impf. *sökk* (got. *sagq*) med open *ö*; fyrrl. *e* (open) > E. isl. *ö* (open): fyrrl.: **sekkwian* v. tr. (jfr. got. *saggqjan*) > E. isl. *sœcqva*, nyisl. *sökkva*, impf. *sökti*. — Fyrrl. *i* > E. isl. *y*: **iðwar* pron. (= got. *izwar*) > E. isl. *yþvar* > nisl. *yðar* (utt. *īðar*); E. isl. *syngva* v. Gr.Ka 6 30 7 12 < **singva* (got. *siggvan*) = nyisl. *syngja*. Jfr. ogso E. isl. *ey*, *ei* adv. alltid, og i smstn. *eilífr* adj. evig (nisl. *eilífur*, hjaa Zoega ogso skr. *eylífur*) med got. *aiw* adv. (eigl. akk. sg.) av *aiws* f. tid. Sjaa Merkn. 519 her nedanfor, der fleire slike ordformer er umhandla, til deils henta fraa maalheimen utanfor hovudskrivi.

Serleg er nemnande innverknaden paa den umhandla vokalen naar det gjeng ein konsonant + *u* (*w*) framfor honom. Nokre ordformer av dette

[1] [Dette stykket til og med **2 c** er ikkje heilt ferdigt i ms. — *L. H.*]

slaget er umhandla i Merkn. 519. Um dei merkelege former *rero* > *røru* ofl. dilike sjaa Merkn. 520 og 521 her nedanfor. Den itakisme, som sermerkjer islandsken i vaare dagar, hev i talemaalet i stor mun teke burt verknaden av dette ljodbrigde, men i skrift held det gamle tilstand seg uppe framleides.

2 b. β. I sume av dei nedanfor nemnde ordi er den palatale vokal, som *u-* (*w-*)ljodbrigdet hev innverka paa, ein upphavleg, urnordisk eller endaa eldre palatal, som t. d. i *þrysuar* taladv. tri gonger, jfr. gr. τρίς med same tydning; i andre ord hev palatalen gjenom ljodyvergangar, eldre enn *u*-ljodbrigdet, t. d. ved *i*-ljodbrigde, vakse fram av ein upphavleg velar vokal som *e* av *a* i *gleggr*, eller ved samandraging av tviljod som *e* av *ei* i *engi* pron. Med di desse ymse ljodyvergangar ikkje hev vorte gjenomførde samstundes eller heilt paa same maaten alle stader i det vidstrekte norrøne maalvald, hev det kome upp tviformer, som me finn alt i den eldste skrifttid, og som der er merke etter i norrøne maalføre den dag i dag. Soleis er nemnande:

í gegn (= ght. *ingagini*) prp. og adv. imot Lhom 166 29. 31 167 23. Soleis ogso elles E. isl. undanteke H, som — umfram *í gegn* 49 g — hev *í gǫgn* 9 g og *í gogn* 1 g. Nyisl. *í gegn* (utt. *í gjęgn*)[1]; *í* kann utelatast baade i eldre og nyare maal, jfr. „*gagn*, contra, adversus" og „per" Haldors. Ordet er samansett av *í* prp. og substantivet *gagn* n. (pl. *gǫgn*), som i denne formi — *gagn* — er mykje vanlegt i fyrsteleden av samansetningar i gnorsk og enno paa Island — til deils med tydingi „igjenom". Dilike samansetningar hev ogso svensk og dansk, men døme paa formi med *a* finst berre att paa norsk maalvald. Soleis i gamalnorsk og nyisl. *gagnstaða* f. motstand, *gagnsær* adj. gjenomsynleg, *gagntak* n. reim millom sål og kvidgjord, shetl. *gaŋtak* (sjaa Jak. Etym.); nyisl. *gagnvaður* m. eit slag fiskelina, nyn. *gaŋva* (< *gagnvaðr*) Nordl.; gn. nyisl. *gagnvegur* m. nyn. *gjegneveg* (utt. *jęgnevęg*) Jedr., sv. *genväg*, da. *genvej*; nyisl. *gagnþurr* (ogso *gegnþurr*) adj. turr all igjenom, fær. *gagnturrur* d. s. Umfram *gegnþurr* hev nyisl. ikkje faa andre samansetningar med *gegn-* t. d. *gegnblautur* gjenomblaut, *gegnkalsa* gjenomkald, *gegnvert* (ogso *gagnvert*, *-vart*) prp. m. dat. midt imot, gsv. og gda. *genvart*, jfr. nynorsk ordelag *eit gaŋvaʼs troll* (*-vaʼs* < *-varðs* < *-verðs*) eit meinsamt, „trollut" menneske, Helg. Vokalskiftet *a*, *e*, *ǫ* i *gagn*, *gegn*, *gǫgn* hev sin grunn i ymse innverknader paa rotvokalen (*i-* og *u*-ljodbrigde, samandraging) i den tid daa ordet vart bøygt (jfr. *megin* n., i dat. *magni*, og sidan nye nom. *magn* og *megn*). Dei gamle islandske former *í gegn* og *í gǫgn* er utan tvil tvo gamalnorske dialektformer, som hev fylgt med utflytjarane til Island i landnaamstidi og tevla ei tid um herredømet til dess *ígegn* i vanlegt maal fekk yvertaket i 13. hundr.

---

[1] I norsk, svensk og dansk er *igjen* (*igen*) < *í gegn* som adverb enno til deils brukt som i den gamle tid, soleis i svar paa helsing: „*Goddag!*" „*Goddag igjen!*" (vel mest i Norig); norsk: *Bjod ikkje til deg rike grannar, som kannhenda skal bjoda deg igjen* Luk. 14,12; sv. . . . *bjuda dig igen* (Test. Stockh. 1891); E. isl. . . . *es þer bióþe í gegn* H 218 5.

i gognom prp. igjenom Kla c$_{27}$ (*i gǫgnvm* Ól. s. 167$_{37}$) *i gegnum* Rþ 80$_{13}$, E. isl. oftast *i gegnom*, men ogso *i gǫgnom*, eigenleg dat. pl. av *gagn* og *gegn*, ovanfor umrødde; nyisl. *ígegnum* (utt. *igęgnŷm*). Baade formi med *e* og den med *ǫ* hev etter alt likjende alt fraa landnaamstidi vore i bruk paa Island, der dei liksom dei ovanfor umrødde *gegn* og *gǫgn* hev tevla, til dess formi med *e* i 13. hundr. fekk yvertaket utanfor skaldemaalet. (Cod. reg. Edda hev mest alltid former med *ǫ*.) Heimstaden aat (*i*) *gǫgnum* (*-om*) maa ha vore Vest-Norig, helst daa dei nørdre bygder av Gulatinglag, der formi — til deils saman med (*i*) *gøgnum* — held seg til inn i 13. hundr. (sjaa NVestl s. 35$_{16}$, s. 60 Merkn. 4, s. 82 Merkn. 4); ei tilsvarande austnorsk form *gagnum* finn me i Kgs (51$_{18}$), som likevel oftare hev *gegnum* 49$_{4}$ ofl. og eit par gonger *gog(h)num* 102$_{16}$, venteleg merke etter eldre avskrivarar av fyrelegget fraa ymse kantar av det norske maalvaldet. I sudvestlandske skrifter er *gegnum* mykje vanleg i 13. og inn i 14. hundr. (Otra 93$_{3}$, Str. 50$_{4}$, Didr III 94$_{25}$, Elis 13$_{7}$, Hbv I 153$_{34}$, II 183$_{36}$). Kompromisformer som *igiagnum* Fagrsk J 76$_{12}$ (A, austl.), Ól. s. 71$_{37}$ (trøndsk), Delag. saml. 8 fol. bl. 16 a (Frostat. log, Nordmøre? 1350) *giaugnum* ib. 11 a, *i giog(h)num* Fagersk. J 164$_{5}$ 329$_{23}$, og som synest liggja til grunn for ymse nyn. maalføreformer (jfr. ogso fær. *uidjøgnun*), er ikkje uppteikna fraa islandsk.

gera v. syner mange skiftande former i den eldste islandsk. Dette hev mest sin grunn i verknader av ymse ljodskifte i hovudstavingi. Grunnlaget for ordet hev me i gn. *gǫrr* adj. — ogso brukt som particip til *gera* — < gnord. **garuʀ* (ght. gsaks. *garo*, reidug, ferdig) < urn. **ʒarwaʀ*, og paaverka av vokalen i *gørr, gerr* adv. komp. (< urn. **ʒarwiʀ*). Av hovudskrivi hev Lhom berre former med *eo, eó* (baae teikni for *ø*): *geora* 3 pp 163$_{10}$ *geórer* 3 sp 167$_{3}$ *geórþe* 3 sik 166$_{18}$ *geórasc* 3 pp 166$_{4}$ *georisc* 3 sp 163$_{15}$; *gort* 164$_{10}$ (jfr. *góþgeórníngō* dpl 166$_{26}$); dette skrivet hev aldri *gera*. Med *ø* (eller *o, ǫ*) er skrive: *gorir* Gstb$_{6}$ *Gǫrum* imperat. Kla a$_{45}$ *Gorði* 3 si Kla b$_{29}$ *Gorðo* 3 pi Kla d$_{10}$ *gorr* ptc. nsm Gsta$_{41}$ *gort* D. I. II 474$_{15}$ 484$_{52.74}$ A$_{10}$ 489 B$_{10}$. Med *gio-*, der *i* vel berre merkjer den palatale uttalen av *g* framfor *o* (ɔ: *ø*): *ver giorðum* D. I. II 484$_{44.47}$ (jfr. *giorð* f. gjerning ib. II 484$_{53}$ *giorðar* ib.$_{80}$) *giort* ptc. ib. II 397$_{11}$. Med *ey* (ɔ: *ø*, jfr. *eyxn* Egfr. 341$_{24}$ apl av *oxi*) *geyra* inf. Egfr 339$_{5}$ 341$_{21}$ 343$_{14}$ *geyrðir* ib. 342$_{17.21}$ *geyrði* ib. 3 si 339$_{7}$ 341$_{14}$ 343$_{21}$ *geyrðiz* 3 si 336$_{7}$ 340$_{5}$ (jfr. *sęttar geyrð* f. 341$_{31}$ 342$_{12}$) *gœyrande* npm II 489 A$_{4}$ *geyrz* Egfr. 335$_{16}$ (*ey* er her knapt anna enn ein skrivemaate for *ø*, jfr. *neyrðri* for *nœrðri* (Frump. s. 131)). Med *e*: *gera* GrKa 5$_{25.27}$ 6$_{8}$ *geri* 1 sp D. I. II 207$_{3}$ *gerir* 3 sp ib. 14$_{19}$ *gerom* ib. 484$_{2}$ *gerum* 1 pp II 415$_{2}$ 512$_{1}$ 523$_{1}$ *gera* 3 pp ib. 14$_{15}$ o. fl. st. *g*ᵉ*rþe* GrKb 192$_{4}$ *gerþir* 2 si Kla c$_{29}$ *gerðvm* 1 pi II 484$_{45.50}$ *gerþo* 3 pi Kla b$_{25}$ *gerðo* 3 pi ib. c$_{32}$ d$_{22}$ *gerande* ptc. II 489 B$_{4}$ 490$_{3}$ *gert* ptc. Kla b$_{15.38}$ D. I. II 466$_{15}$ 470$_{16}$ *gervar* npf Kla b$_{27}$ *geriz* 3 sp D. I. II 99$_{8}$ (jfr. *raðagerð* f. Kla d$_{14}$). Formerne med *ø* i dette ordet er i E. isl. i yvermengd i dei eldre skrifter, medan *e* hev yvertaket i dei

yngre. Dei mange skrivemaatar[1] me finn av dette ordet, t. d. i infinitiv, syner fulla fram berre tvo eldre uttaleformer: *gørva*, *gerva*, og tvo yngre: *gøra*, *gera* som no liver i nyisl. *gjöra* (helst Sud-Island) og *gera*, 3 si: *gjörði* og *gerði*, jfr. nyn. *(d)jera* Vestl., *jøra* mest Austl.

gløggr og *døkkr* hev alt i E. isl. desse formerne, som lever i nyisl. *glöggur* og *dökkur* (utt. *-ýr*); i nyisl. finn me ogso *snöggur*, knapp, snar, i hovudskr. *snøggvar* npf (snaudklipte) GrKb 195 1. *æy* i *glæyggr* Háv. 48 er vel berre ein sers skrivemaate for *ø* liksom *ey* for *ø* i *geyrva* for *gøra*, sjaa note nede paa sida, jfr. likevel nyn. *gløygg* Nhl. og *døygg* (*døkk*) NGbr. I næraste tidi fyre brigdet av rotvokalen til *ø* i desse ordi hev han vonleg vore *e* — i *gløggr* og *snøggr* av eldre *a*, jfr. got. **glaggwjana* asm og *glaggwuba* adv. og sameleis nysv. dial. *snagghårig*, stutthærd —; etter *e* er der merke i norrønt maal baade i gamal og ny tid, soleis *gleggvingr* Arinbj.kv. v. 1 (Egill Skallagr.), *glegt* Am. 625 qv. s. 26 3, og *decqvan* asm Kgs 61 35, og likeeins nyisl. *dekkja* f. dimma, jfr. eldre *deckiaz* v. dimmast = E. isl. *ðocquasc*. I Vest-Norig er *dekk*, *glegg* og *snegg* enno i fullt bruk i Sfj., Snm., ogso i Tel.; sjaa elles ISVestl. I Merkn. 198.

For pronomenet „nokon" finn me desse former i hovudskrivi: nsm *nacquerr* Rþ 390 8 *nacquarr* 390 13 (jfr. fær. *nœakar* < *nak(k)var)*, *nacquorr* 393 13; nsf *nac(-quer)* Rþ 383 13; nsn *neqvat* (< **ne wait ek hwat*, Bugge) Lhom 166 7 *nacquat* (jfr. fær. *nœaka* < **nak(k)vat)* Rþ 390 11 Akr 22 5 > *nockuot* D. I. II 415 14 > *noccot* Sæm 4; dsf *necquerre* Lhom 166 1 (jfr. E. isl. *necquerr* og *nøcquer* nsm sideformer til *nacquerr*); dsn *necque* Rþ 391 15 (< **ne wait ek hwe*); gpl *nacvera* Prest yverskr. Dessutan finn me gsm *nockors* (*konar*) D. I. II 484 62 dsm *nockorom* Egfr. 340 21 asm *nockorn* ibid. 343 7; asf *noccora* D. I. II 98 15; npm *nockorir* 344 17; dpl *nockorum* D. I. II 484 56; npm *nockorir* Egfr. 344 17; gpl *nockorra* Arn 23 26. Um E. isl. og nyisl. sjaa Merkn. 519.

nøcquiþr adj. naken, ogso *necqviþr* (jfr. got. *naqaþs*, gsv. *nakvidher*), framfor endingar som byrjar med vokal tidleg samandrege: *nøcþan* asm liksom i Norig, t. d. i gamal nordvestlandsk: *nøctan* Hom 110 26, G kap. 182 (men *nóckuiðu* Thomas 236 22 Shl?). Alt i 14. hundr. breider samandragingi seg til andre kasus: *nøktr* nsm Klm 55 13, som ei tid maa ha vore brukt jamsides med *nokkviðr*. I samsvar med participbøygjingi av linne verb som *vekja*: *vøktum* dsm og dpl, *vaktan* asm, *vaktr* nsm, lagar det seg sidan aat *nøktum* formerne *naktan* asm og *naktr*, *naktir* osfr. Og i samsvar med participformerne *vakiðr*, *-ið*, *-ið* = *vakinn*, *-in*, *-ið* lagar det seg ogso nye former i alle tri nominativar i eintal og i nom. og akk. plur. neutr.: *nakinn*, *nakin*, *nakið*, som me finn i 15. hundr. (*alnakinn* nsm D. I. VI 285 15 (1480), jfr. Ljósv. 18), og som saman med dei umrødde formerne *naktan*, *nøktum*,

[1] Av skrivemaatar for dette verbet i infinitiv i isl. nemner Konráð Gislason i Frump. s. 129: *gørva*, *gerva*, *geyrva*, *gøra*, *gera*, *geyra*, *gjøra*, *gjørva*, *gjeyrva*. Til desse kann endaa leggjast: *geora*, *geóra*, *giora*, *gæra*.

naktir osfr. i dei andre kasus er gjenomførde i GBib og deretter i seinare bibelumsetjingar. Døme er: *nakinn* nsm GBib 1. Moseb. 3,10, *naken* HBib 1644, *nakinn* B 1859, B 1866, B 1914; *naken* npn GBib 1. Moseb. 3,7 HBib 1644, *nakin* B 1859, B 1866; *nackter* GBib 2. Kor. 5,3, *nakter* HBib 1644, *naktir* B 1859, B 1866; *hina nøcktu* apm GBib Job 22,6, *hina Nøcktu* HBib 1644, *hina nøktu* B 1859, *hina nöktu* B 1866. Nyisl. *nakinn, -in, -ið,* utt. *nakinn,* men jfr. ordtøket: *nauðin kennir naktri konu að spinna.* Haldors. fører enno i 1814 upp: *Naktr,* vid. *nakinn.*

snøggr, sjaa ovanfor under *gløggr.*

einge pron. nsm (ingen) D. I. II 484 27 *eng:* nsf ibid. 98 5 *engi* apn Akr 51 8. Av former som inneheld *u* (*o*) i endingi, hev hovudskrivi umfram *engom* dsm Kla b 20 ogso *eóngo* dsn Lhom 166 34, der *e* hev vorte runda til *eó* (ɔ: *ø*), stundom ogso skriven *ø, ǫ, o* eller *au,* jfr. *ongu* dsn Akr 17 21. Alt i E. isl. hev denne runde vokalen breidt seg yver ei mengd med kasus av dette pronomenet og skapt ei rekkja med sideformer, so endaa nom. sg. m. kann heita *øngr* jamsides *engi.* Ordet hev dermed fenge ei bøygjing mykje i likskap med *þrǫngr* adj. og kann liksom det skjota inn *v* etter *ng* framfor endingar som byrjar med *a* eller *e* (*i*); akk. sing. f. kann soleis i E. isl. heita *enga, engva, onga, ǫngva, øngva.* I hovudskrivi finn me umfram dei fyrrnemnde, som hadde *u* (*o*) i endingi, ogso *avngva* asf GrKa 4 27 *aunga* apm Egfr 339 33 *aunga* apm D. I. II 523 (1349). *enskis* gsm og gsn, og *ekki*(*-e*) ell. *etke* er ikkje med i ljodbrigdet. Nyisl. hev enno mykje att av denne kløyvingi i formerne av *ęingun,* t. d. *öyngva* asf, sjaa nedanfor under Ordformer. Noko dilike former maa i det 14. hundr. ha vore kjende ogso sumstad i Norig. I ei norsk avskrift av Frostatingslogi i Delag. samling i Uppsala no. 8 fraa umkr. 1350 er skr. *aungum* dsm (for *engum*) bl. 34 a o. fl. st., men *æingi* npn (for *engi*) bl. 17 a, *angan* asm bl. 2 a (for *engan*) ofl., *angare* dsf bl. 26 b, *angar* npf 36 b osf. Maalet i boki (hand a og b) synest vera fraa Nordmøre eller Romsdalen; paa dei kantar vert det no sagt *ånkvar* for *einkvar* (jfr. ISVestl. I Merkn. 307, s. 96 7-9).

gnøru v. 3 pi, *snøru* 3 pi ofl. sjaa Merkn. nedanfor.

messa (av lat. *missa*) hev *e* i fyrste stavingi i alle kasus i islandsk, gamal og ny; nokor form med *ø* som *møssa, møssu* er ikkje uppteikna og hev vel vore sernorsk.

at ósøkiu (utan straffskyld) Rþ 384 10 < *at osekio* Gstb 24 (4 g).

fyrva v. fjøra, falla ut (um sjøen) *fyrvir* 3 sp Grg II 125 10; jfr. isl. *ørfiri* n. strandstykke som er turt i fjø etidi, og *avrfiris eyiar* D. I. I 150 2, sjaa sidan.

sex togo s. m. apl (seks tiarar) Rm II 25 *þriategu* apl (tretti) Rþ 404 20 med bøygjing av baae ord som vanleg i det eldste maal. I E. isl. øygnar me klaart den upphavlege bøygningi av *u*-stomnen *tøgr* s. m. (skrive *teógr, tǫgr* = got. *tigus*) i norrønt maal. Um endaa utjamningi av dei ulike vokalar i hovudstavingi alt den tid er byrja, og tevlingi millom dei nye og dei eldre former er sterk, er daa likevel dei gamle former tilstadar: i gsg *tegar,*

dsg *tige*, asg *tøg*, npl *tiger* (*-ir*), gpl *tega*, apl *togo* (ɔ: *tøgo*); dpl likevel oftast *tegom*, 1 g *tigom*. Vokalen i sisteleden av taladjektiv som *tuíteogr* (*tvitøgr* Rþ 404 31, *-tavgr* ib. 32) maa hava same upphav som i *tøgr* s. m. I E. isl. *tottogo* num. indekl. (tjuge) er utjamningsformi *-togo* = *-tøgo* apl; fyrsteleden *to-* kann vera av *tuá-* (jfr. got. *twans*, tysk *zwanzig*); men etter di me umfram *tottogo*, nyisl. *tuttugu* (utt. *tÿttÿgÿ*), ogso hev *tyttugu* og *tvittughu* i gnorsk (sjaa ISVestl. Merkn. 196 og 197), og med di alle desse formerne kann ha vakse fram av *tuítøgu*, synest denne vokstervegen, den same for baae, rimelegast (um styttingi av *í* og lengjingi av *t* ved denne yvergangen sjaa Axel Kock i Arkiv III s. 350; *ui* til *y* i slik stoda er ei vanleg ovring). Formerne *tottogo* og *tuttugu* er elles merkeleg tidlege utjamningsformer, kvar av deim med svip fraa sitt maalføre. Um maalvokstren sidan, og talordi i nyisl. sjaa nedanfor under **17**.

þrescauld m. asg (ɔ: *þreskǫld*, treskald) O. H. 244 18; nyisl. *þröskuldur*, i uttalen ikkje sjeldan utjamna til *þrösköldur* (*-yr*), finn me alt so tidleg som umkr. 1400, skr. *þròskòld* (ɔ: *þrösköld*) Heil. II 432 19 (hds. fraa umkr. 1400). *þreskiǫldinn* Flat. II 382 13 (parall. stad til O. H. 244 18) er liksom *þrepskjǫldr* folketym. former, framhjelpte ved den meir og meir *ḱ*-like uttale av *k* i den upphavlege dativform *þreskeldi*, som endaa hev skapt ein ny nom. *þreskeldr* Fóstbr. (1852) 68 2 liksom t. d. nyn. *tresḱill* Tel. Um upphavet til ordet sjaa Torp Nynorsk etym. Ordb. under *Treskald*.

E. isl. *þioccr* adj. nsm < **þekkwur*, *alþioct* nsn; med *io* ogso i 13. hundr.: *þioccr* Mork 45 35 (jfr. Flat. umkr. 1400 paa tilsvarande stad *þyckr* III 328 16), *þiocscipaþra* komp. Mork. 186 29, *þjokkliga* Bisk. 431 6 (norm. tekst); men alt i 13. hundr. tevlar *þioccr* med *þyckr* O. H. Munch 1853 s. 36 28, og Edda Rigsþ., utjamna etter *þykkvan* (< **þikkwian*), og *y* trengjer seg sidan inn i alle former. *þiukkr* er ikkje uppteikna fraa isl. skrifter, helder ikkje *þiokkr* fraa heimenorske. Nyisl. *þi'kkÿr* < *þykkr*; jfr. nyn. *tykk* (*-ə*, *-ę*) i sudvaldet av ISVestl. og i SAustl.; elles *tjukk* < *þiukkr* vanlegast i Norig, og soleis synest det ha vore her alt fraa 13. hundr.; fær. *ḱøkkur* < *þiukkr*.

For lat. *episcopus* hev E. isl. *byscop* og *biscop* liksom Rygjamaalet; jfr. ags. og gnt. *biscop*. Dei andre hovudskrivi: *byscop* Prest 33 35 ofl. GrKa 6 22 ofl. (yngre form *byscvp* ibid. 19 28), *Byscop* Akr s. 23 10, paa alle desse stader fullt utskrive, berre at *B* er burte i Akr. Elles er ordet i eldre skrift oftast avstytt til *bp* (eller *bp* med gjenomstroken *b*) gsg *bps* osfr.; jfr. *byscopan* f. asg (= *ferming*) Akr 22 14. I fyrsteleden synest *y* ha yvertaket til inn i 15. hundr.; sidan vert *biscup* helder vanleg, men formi med *y* (helst skr. *byskup*) held seg likevel framleides lenge og fær studnad m. a. i dei fyrste bibelumsetningarne Oddur i test. 1540, GBib og HBib 1644, t. d. 1. Tim. 3,2, Tit. 1,7. Svagingi er elles merkande heilt inn i 18. hundr. Tyro (1754) hev soleis oftast *Biskup*, men s. 9: *Biskops*, *Byskops*, *Biskups* og *Byskups*. Nyisl. *biskup* (utt. *biskÿp*).[1]

[1] Jamvel i den nyaste islandske bokheimen kann ein raaka paa formi *byskup*; sjaa Þorkelss. Suppl. III, 1ste deild, og Móðurm. s. 48 (64 gr.). Uttalen er sjølvsagt alltid *bĭskyp*.

Nyisl. *hý* (utt. *hī*) n. hy, tunt lag av dun, got. *hiwi* n. form, utsjaanad.

imbrodagar m. npl Akr 49 2 *ymbrodagar* Akr 48 7 (*-daga* gpl 48 26) ei fastetid paa 3 dagar 4 gonger um aaret (jejunia quatuor temporum), nyisl. *imbrudagar*, som vel alltid hev vore den islandske form, medan formi med *y* er sjeldsynt paa Island (jfr. *ymbruuiku* D. I. VII 305 1495) og synest ha vore mest utbreidd i Norig, der me finn baae former baade i gamal og ny tid, i aust og i vest; jfr. *ymbrudagha* Borg. kristenr. NgL III 20 1, *jmbrudagum* D. N. IV 6 (Aga i Hardanger 1293, gn. riksmaal); nyn. *imbre-* i *imbredagar* pl. brukt um dagarne i vika fyre jol Vald. Snm. ofl. (Iv. Aasen) og *imbrevika*, vika fyre jol (Wille, Sillegiord, s. 241), likeeins *ēmresōndag* og *embreviku* Tel. (Vinje). Ordet er vel ei ags. umtydning av *quatuor temporum* (ags. *ymbrynedagas* pl.).

mikit Lhom 167 19 *miclo* dsn ibid. *mîkil* npn ibid. 162 21 163 24; *micill* nsm Kla c 4 *micil* nsf ibid. 5; ogso elles i hovudskrivi alltid med *i* i fyrste staving (t. d. *miklom* dsm Akr 17 16) so nær som *mykils* gsn D. I. II 397 10 (avprentet i D. I. rangskrive *mikils*). E. isl. mesta alltid med *i* i hovudstavingi (*allmiclo*), berre no og daa *y* i *myklo* H, Ph II og 645. Nyisl. *mīkıdl̥* nsm, *mi'klý* dsn.

For „millom" i E. isl. *a miþel, a miþle, a miþlom* hev Lhom *a miþle* 162 16 *miþle* 165 32; *milli* Akr 19 19, *a milli* postp. ibid. 28 25; *i millom* ibid. 22 18 *millum* ibid. 19 20 D. I. II 470 8, 484 8 ofl. Nyisl.: *milli* (ogso *á m.* og *í m.*) og *millum* (ogso *á m.* og *í m.*), utt. *mıdlı, mıdlým.*

miscunnar gsg Lhom 162 18. 23 (alltid *mis-* i E. isl.).

sigvrþar Mn gsg Prest 7; alltid *Sig-* i eldre skrifter liksom enno i nyisl. Stundom i 15. hundr. *y* i fyrsteleden, t. d. *sygurdr* D. I. IV 625 14 (1412) o. fl. brev, norsk paaverknad.

smyrla apl Gstb 19 av *smyrill* m. (nyisl. *smīrıdl̥*) eit slag falk, steinfalk? jfr. ght *smirl* m. mirlus, lerchenfalke, upph. ital. *smerlo*, lat. *merula, merulus*; *y* i isl. kanskje fraa ei gamal sideform **smyrull* (jfr. isl. *brimill* m. „en Han-Selhund af egen Sort" Björn Haldórss., og norsk *brimul* m. „et Slags stor Sæl" Aasen).

E. isl. *þrysvar* adv. < *þrisvar.* Ogso *þrysvar* Akr. 20 6; nyisl. *þrisvar* jfr. ags. *þriwa*, eng. *thrice*; um *tysvar* her nedanfor.

yngibiorg Kn Rm VI 40 (umkr. 1225) for *Ingibiǫrg* med *y* for *i* i fyrste staving ved paaverknad fraa *Yngvi-*, *Yngi-*, same namn som *Ingi* av *Yngvi*; nyisl. *Ingibjörg*, nyn. dial. utt. *Iṇṇbjør* Trh. *Imbjør* og *Embjør* Gbr. *Yṇṇebjør* (< *Yngibiǫrg*) Ndm. *Ingibjörg* er enno eit av dei mest brukte kvendenamn paa Island.

Sømundar Mn gsg Sæm 1 < *Sæmundar*, som er den vanlegaste form, jfr. Lind.

Merkn. 519.[1] For *nǫckurr* hev E. isl. oftast former med *e, ø* eller *a* i fyrste stavingi, t. d. nsm *necqueʀ* (*ʀ*=*rr*), *nøcqeʀ, nacquaʀ*, neutr. *necquat, nacquat, necquert*, i gen. pl. *necquerra*; *o* i fyrste staving er ovleg sjeldsynt.

---

[1] [Merknaden er prenta etter det fyrste ms. *L. H.*]

I brevi etter 1350 er det — liksom i mannsalderen fyreaat — oftast *nockur* nsm, men *nakkvn* asm D. I. IV 686 (1443). I nyisl. er formerne *nokkýr* nsm og nsf, *nokkýð* n. (adjektivisk ogso *nokkýrt* Móðurm. 177 gr.), gpl *nokkýrra*.

Áli Mn skifter med *Óli* i det eldre maal (um upphavet til formerne, sjaa Noreen[3] § 118); nyisl. ou*lı* < *óli*.

Um *Ás-* og *Ós-* i personnamn og i *Óslo*, sjaa Merkn. 517.

E. isl. *hón*, *hon*; nyisl. *hun*.

E. isl. *hǫ́nom*, *hǫnom*, *honum*; nyisl. *honým*; *höným* Ndl (eldste slegt Þingeyjars.).

E. isl. *gera*, *geora* (*eo* er skrivemaate for *ø*), *gøra*; 1 sp: *gere*, *geore*, *gøre*; 3 si: *gerþe*, *georþe*, *gørþe*; præs. ptc.: *gerande*, *gørande*; perf. ptc.: *gerr*, *georr*, *gøʀ* (ɔ: *gørr*), *gǫrr*, *gorr*. I brevi etter 1350 oftast *giora*, t. d. D. I. VI 194 (1479). Nyisl. *gʲęra* og *gʲjöra*; 1 sp: *gʲęrı*, *gʲjörı*; 3 si: *gʲęrðı*, *gʲjörðı*; perf. pct.: *gʲęrðýr*, *gʲjörðýr*.

E. isl. *enge* pron. nsm og nsf hev i apm *enga* og *øngva*; nyisl.: *eiŋgʲın* m. og f.; apm: *eiŋga* og *öýŋgva*; jfr. *ongvan* asm D. I. VI 216 26 (1479), *eingva* asf D. I. VI 593 24 (1489).

E. isl. *biscop*, sjeldan *byscop*; nyisl. *bıskýp*, skr. *biskup*.

E. isl. *mikell* hev *i* i fyrste staving i alle bøygjingsformer, so nær som at det i dsn stundom heiter *myclo*, *mycklo* (jamsides oftast med det vanlege *miklo*); i nyisl. *i* i alle former. Former med *y* i brev fraa 15. hundr. er etterlikning av norsk, t. d. *myklu* D. I. VI 417 (1482).

E. isl. *a miþlom* (*-um*) prp.; nyisl. *au mıdlým*.

Av andre ord er nemnande i denne samanheng:

E. isl. *i gegn*, *i gegnom* (*-um*) prp., ogso — men ikkje so ofte — *i gǫgn*, *i gǫgnom*; nyisl. *i gʲęgným*.

E. isl. *þioccr* adj.; nyisl. *þıkkýr*, jfr. nyn. *tykkę* (-ə) VTel, Aust Agder, VAgder, og utanfor det eigenlege sudvestl. maalvald: ATel., Num., Vest- og Austfold, Modum og Romerike (til deils).

For *Sıgurðr* no og daa i brev fraa 15. hundr. *sygurdr* D. I. IV 625 14 (1412) *sygurdzson* VI 664 2 (1491) som vel er norsk paaverknad.

E. isl. *þrysvar*; nyisl. *þrīsvar*.

E. isl. *svefn* m.; nyisl. *svębn*.

E. isl. *kycr* adj. (*quict* 1 g hjaa Larsson) *kycna* v. *kyquende* n.; nyisl. *kvıkýr*, *kvıkna*, *kvıkındı*, innverknad fraa norske maalføre.

E. isl. *kyrr* (skr. *kvʀ* El.), nyisl. *kırr* (*kyrr*, ogso *kýrr* t. d. Austfj.).

Nyisl. *kırkja* v. kyrkja, kverka.

E. isl. *syllostockar* npl Larss., *syll* f. asg Sturl. II 88 25 (Fritzner); nyisl. *sıdla* f.; jfr. formerne i sudv. norsk, ISVestl. I Merkn. 198.

svipta v. (kasta, riva burt osfr.) Fm II 45 2 o. fl. st.; nyisl. *svifta*; nyn. *sviptə* YSogn, jfr. *svipt* f. (skimt av eitkvart som fer snøgt framum) Set.

E. isl. *tysvar*; nyisl. *tvīsvar* (jfr. *tuisvar* GBib t. d. Jud. XIII).

tuistr adj. (*harmtvister* npm); nyisl. *tvıstýr* adj.; nyn. *tvist* YSogn, og (utanfor det sudvestl. maalvaldet) Romsd. Ndm. Soløyr, men elles *tyst* Gbr., *ķust* Rbg. Tel. o. fl. st., og *ķusna* v. (< *tjustna*, *tystna*) VAgd. Dal. Ma. Rbg. VTel., jfr. isl. *tjúst* Fm. IX 510, not. 6 (fraa Am. 81 a fol. 15. hundr. og Am. 42 fol. slutten av 17. hundr.).[1]

E. isl. *-quǽme* f. i *hugquæme*, *framqvǽmt* adj. n. (*framqvęmþ* f.); nyisl. *framkvaimı* n. *framkvaimılęgýr* adj. *vıðýrkvaimılęgýr* (*uidrkuæmilegar* apf. D. I. V 562 8 (1471)), *framkvaimd*, jfr. nyn. *ǫvkvæmı* VTel.

[1] [Jfr. Jón Helgason i APhS 1931—32, s. 259.]

Nyisl. *kjaiva* v. (<*kœfa*). jfr. nyn. *kɔva* Berg. st. Rog. Tel. Rbg. Ndl. (*kvævə* Austl. Trh.).

E. isl. *svęfþi* 3 si av *svæfa*, faa til aa sova, roa: *Hǫgorma svęfþi hann* Am. 645, s. 71 1, med same tyding Flat. II 25 33 o. fl. st., medan *sæfa* i den eldre og eldste islandsk er bruka med tydingi drepa, slagta; nyisl. *svaiva* med baae tydingar; jfr. nyn. *svæva*, faa til aa sova, Berg. st. o. fl. st. paa Sudvestlandet, ogso med tydingi drepa, slagta: *svæva* og *svöva* Hard. *söva* Sogn. Sjaa meir um slike ordformer paa Sudvestlandet i Norig ISVestl. I, s. 26.

2 b γ. Reduplikasjonsverbi *róa*, *sá* og *snúa*, som me vel kunde venta hadde *e* i fyrstestavingi i impf. ind. sing. (*reri* 3 si, *seri*, *sneri*) og *ø* i plur. (*røru* 3 pi, *søru*, *snøru*), svagar alt i E. isl., med di *e* fraa eintal vert stundom yverførd paa fleirtalet, og *ø* stundom brukt i eintalsformer. I 645 finn me av *snúa* berre fortidsformer med *e*: *snere* 3 si (2 g, jfr. got. *saiso* impf.), *sneresc*, *-isc* (3 g), *snero*, *-osc* 3 pi (3 g), medan H, som er eldre, hev berre former med *ø*: *sneore*, *-esc* (3 g) *snoresc* (2 g), og *snórosc* (1 g). Den fylgjerette gjenomføringi av vokal-utjamning i hovudstavingi i alle former av imperf., anten til *e* etter den upphavlege vokal i eintal (*snere*, *snero*), eller til *ø* etter den upphavlege vokal i fleirtal (*snørisc*, *snórosc*), tyder her paa ein maalføreskilnad alt i E. isl. Av andre døme hev 645 *røro* 3 pi (1 g) av *róa*, og H med svaging millom *e* og *ø*: *sere* 3 si (1 g) og *søre* 3 si (1 g) av *sá*. I 13. hundr. er der framleides mykje svaging; men der er i skrifterne ein veksande tilhug til *e*-former gjenom heile fortidsbøygjingi av desse verb, di lenger det lid. Morkinskinna (1ste helvti av 13. hundr.) svagar millom *reri* 212 26 og *røri* 212 15, *rero* 14 31 220 10 og *røro* 205 31 *sneri* 208 24 213 15 (2 g i same rad) *snero* 156 28. Or Edda[1] (slutten av 13. hundr.) er berre uppteikna 2 former med *ø*: *snǫri* 3 si Þry 6 4 og *snoriz* 3 si Hhund I 30 5, medan alle former elles hev *e*: *rero* 3 pi Hhund I 27 4 *rǫro* Gri sid. 75 5 (prosa) *rero* Hym 25 2 *sęri* Akv 39 1 *sneri* Rígsþul 28 2 *snero* Hhund I 3 1 *snęro* ibid. 26 8. — I Rekstefja (12. aarh.) finn me 1 gong *sæði* 3 si v. 12 1.

Ei samanlikning av 30 slike former i OH (1ste helvti av 13. hundr. Cod. 2 qv. Kgl. bibl. Stockh.), valde paa eit raam, med parallelstader i Flat. (fraa umkr. 1400) hev gjeve dette utfall:

OH: *røri* 3 si 28 23 36 31. 32 *rørv*, *-o* 3 pi 36 25 41 14 73 9. 13 *snori* 3 si 116 21 *snøru* 3 pi 73 11 *snøruz* 10 16, tils. 10 stader *ø*, medan dei 20 andre hev *e*. Flatøyboki hev *e* paa alle 30 staderne. — Av dei hine verbi i denne klassa hev OH *gnera* 1 si 224 37 = *nera* Flat. 367 27, jfr. *greri* 3 si av *gróa* ibid. 447 27. Av *sá* finst *seri* OH 135 33; paa tilsvarande stad hev Flat. nyformi *sade* (ɔ: *sáði*).

[1] Sophus Bugges utgaava (1867) av no. 2365 i det kgl. bibliotek Kph., Codex regius. — I Lexicon poeticum av F. Jónsson er alle former normalisera til *ø*-former, sameleis i Hugo Gerings Glossar zu den Liedern der Edda (Paderborn 1907) so nær som 1 gong *reru*.

Merkn. 520. Etter dette synest trongen til ein og same rotvokal i alle fortidsformer av desse verb aa vera løyst i vanleg islandsk skrift umkr. 1400, og det soleis at vokalen *e* vart einraadig i baae tal. Dei fyrste prenta bibelumsetjingarne og — etter det eg hev kunna finna — alle dei seinare fylgjer denne vegen. Av *snúa*, som er det mest brukte i denne flokken, er uppteikna fraa GBib: *snerist* 3 si Matt. 16,23 *snere* Mark. 5,30 *sneru* 3 pi Luk. 2,20, og sameleis er det i HBib 1644; B 1859 og B 1866 (*snérist*, *snéru*); B 1906 og B 1914 (*sneri* og *sneru*). Av dei andre verb er uppteikna: *néru* 3 pi Luk. 6,1 B 1859 og B 1866, *neru* B 1906 og B 1914 (GBib: *aatu nuãde þaug mʒ høndum sier*; B 1644 sameleis, men *þau*); *réru* 3 pi Johs. 6,21 B 1859, B 1866, *reru* B 1906 og B 1914 (GBib og HBib 1644 hev her *foru*). Av *sá* er berre uppteikna *sáði* (*saadi*, *-e*) or desse og andre likso gamle skrifter; jfr. Oddur: *saadi* 3 si Matt. 13,39 *grerut* 2 pi 1. Pét. 2,1; B 1644 *sædu* 3 pi Dom. 6,3.

I det nyislandske talemaal lever det likevel fortidsformer av desse verb som ikkje hev fylgt same vegen som det vanlege skriftmaalet. I Vestfjordarne og paa Sudlandet er fulla *e*-formerne einraadige (jfr. likevel *røri* Vf. Blöndal), berre at *e* hev vorte lengd til *ē* og det paa ymse stader so tidleg at han — liksom den gamle *é* — hev vorte *ję*, so uttalen no er *grjęrɪ*, *njęrɪ*, *rjęrɪ*, *snjęrɪ* t. d. Isafj. Reykj.; men fraa Nordlandet er uppteikna *grørɪ*, *rørɪ* som mykje vanlege, og i Austfjordarne synest *grørɪ*, *rørɪ*, *snørɪ* (jfr. *nøri* Af. Blöndal) vera dei vanlegaste, i alle høve i Fljótsdalsherad (*røri* ogso i ASkaft. Blöndal). *njeri* vert likevel mykje ofte, vel helst paa Sudlandet, umbytt med *nuðɪ*. Avviki kjem, um enn ikkje ofte, ogso fram i prenta bøker, t. d. *røri* Pjet. 35 18 *snøri* ibid. 33 14, medan Inst. hev *reru* 107 20 og *rjeru* 105 10, *sneru* 150 18 og *snjeru* 109 30. *sá* (utt. *sau*) heiter i nyisl. i impf. *sáði*.[1]

Merkn. 521. Reduplikasjonsformerne i fortid *grera*, *snera* osfr. er ikkje funne i andre nordiske maal enn i norsk, jfr. *saþi* 3 si av *sá* i ei runinnskrift fraa fyrstningi av 11. hundr. paa ein stein i Sønder Vinge i Danmark. Med umsyn til ljodskiftet av *e* i eintal og *ø* i fleirtal er tilstandet i heimenorske skrifter fraa 13. hundr. mykje likt det, som i stykket her ovanfor er paavist for Island same tid. Til deils hev ein av vokalarne yvertaket i baae tal, til deils er der sterk svaging. I Kgs finn me oftast *œ* i *snœre* 154 4 (Mscr. Flom. bl. 118 28 *ſnœri*) ofl., men ogso *e (æ)*: *snæriz* 79 7; Am 310 qv. (O. Trygv. s.) hev *ø* i *røri* 108 1 *røru* 38 15, men *sneri* 12 35 ofl. *sneru* 72 27. Det er elles likt til at Austlandet og Trøndelag hev halde mest paa *e*, jfr. t. d. Fagrskinna[2] og Ol. s. Ups. Delag. 8, der formerne med *e* hev eit sterkt yvertak, medan dei sudvestlandske maalføri — i alle

---

[1] I isl. bøker til upplysning um maalformer (málmyndalýsing, málfræði) og rettskrivning (ritreglur, rettritunarreglur) og i ordlistor (orðakver) finn ein snart den eine, snart den andre av desse former sett fyrst. Wimmer (1885) skriv *néri* (*nøri*) osfr. Jón Ólafs.: *nøri*, *neri* osfr. Finnur Jóns.: „nú oftast *snjeri*", „nú *njeri*" osfr. Björn Jónsson (Stafsetningarorðabók 1906): *neri*, *greri* osfr. (liksom Rask 1811), OBl: *gnjeri*, *gnerɪ* (*gnøri*) under †*gnúa*, og *greri*, *grjeri*, *grøri* under *gróa*; *röri* (ASkaft. Af. Vf.) — alle dessverre utan aa upplysa um kvar den eine eller andre formi er brukt vanlegast i den daglege talen.

[2] Finnur Jónssons utg. Kph. 1902—03.

fall sumstad — hev havt mest *ø*. Kor rotfest reduplikasjonsformerne hev vore i austlandsk viser *sœre* 3 si D. N. II 448$_{11}$ (Oslo 1377); jfr. *saðe* 3 si Ngl. II 110$_{11}$ (umkr. 1320, nordvestl.).[1]

2 c.[2] Etterljodbrigde *á* < *o* etter kons. *u* eller *v* er der i hovudbrevi i *suo* (< *suá*) II 523$_{5}$ (1348), elles jamt skrive *sua* eller *sva* i desse brevi; *soluuoda* gpl (av *sǫluváð* f. vadmaal) II 415$_{10}$ (umkr. 1335); jfr. *votabergi* dsg III 19$_{9}$ (1351).

Merkn. 522. Yvergangen maa ha byrja med *uá* > *uǫ́*, og i dette høve hev vel kvaliteten av *ǫ́* i denne tviljoden vore svagande og nærra seg nyisl. *o*, um me skal døma etter tilstandet no. I *konarmundar* gsg V 190 (1460) < *kuánarmundar* er *u* burtfallen framfor *o*, jfr. *konga* v. (< *kuánga*) Fritzn. og det uvanlege *bukonarstofuo* i eit gnorsk brev fraa Sogn, sjaa ISVestl. I Merkn. 199. — Ljodbrigdet *-uá*, *-vá* > *-vo* — no alltid med open o eller *ó* — er i nyislandsk gjenomført aa kalla, t. d. *χwoftýr* m. < *hvoftur* < *huáftr*, kjake, *χwor* pron. < *huor* < *huárr*; *kvoŋgast* v. *svo* adv. (litterært, i talemaalet helst so, sameleis *sona* adv. soleis, skr. *svona*), *tvo* akk. m. (< *tuá*) *þvo* v. *þvottýr* m. *vo* f. ulukka (men *vou* 3 sp < gn. *vá*, til *vega*), *votriggja* v. (nytt ord)[3] trygda, *voð* f. klæde, *voga* v. < *vága* (heller nytt ord), *vogýr* m. (jfr. *jordina vóga* VI 108$_{17}$ (1477) *víkur oc vöga* ibid. $_{25}$), *volgýr* adj. lunka (jfr. nyn. *valg*, smaklaus, Ryf.), *volka* v. < *válka* (nyn. *valka*), *vor* n. < *vár*. Hit høyrer vel og *svolgra* v. svelgja, jfr. nyn. *svåg* m. svelg, Tel. Set. < **suálgr* < **sualgr*, sjaa ISVestl. I Merkn. 214. I *þvogla* v. (ogso *þvögla*)[4] vasa, tvagla, maa vel rotvokalen vera paaverka av *þvo* v. (< *þuá*), anten det er same ordet som gn. *þvagla*, skvampla, eller det er av eit eldre *þvǫgla*. Jfr. nyn. *tvoglę* Set. VTel. skvampla, vasa; den vanlege nynorske form er elles *tvagla*. Undantak er *χwau* v. frega uppatter, < *hvá*, og umfram det nemnde sterke impf. *vou*[5] ogso dei sterke impf. plur. *kvauðým*, *svauvým*, jamlaga etter *bauðým*, *gautým* ofl.

Dette ljodskiftet sermerkjer nyisl. mot nynorsk, der det fulla er vel kjent i nokre faa ord som *so*, *tvo* tal. *von* f. *vond* adj. (alle med trong *o*), men elles berre finst sporadisk i maalføri, t. d. *kvoa* f. VAgd. o. fl. < gn. *kuáða*, nyisl. *kvoða*; *voga* v. Tel. *vǒgs-is* f. veik is inne i vikar, Tel.

3 a. *i*-ljodbrigdet av *a* er i hovudbrevi mesta allstad skrive *e*, t. d. *helfninge* Rm I$_{9}$ *teken* ptc. ibid.$_{6}$ *stendr* 3 sp Rm II$_{27}$ *setta ek* D. I. 207$_{8}$ (*setti ek* D. I. II 397$_{11}$). Dei einaste undantaki som er uppteikna, er: *astsæmd* D. I. II 159$_{15}$ *vendę* 3 spk ibid.$_{14}$ *leikmænn* D. I. II 489 A$_{3}$ *sættum* 1 pi D. I. II 523$_{11}$ — i alle andre brev, der det finst, er det skrive *settum*. Grunnen til *æ* i dei 3 nemnde brevi er utan tvil paaverknad fraa norsk, som der ogso i andre stykke er far etter. Sjaa nedanfor under 7 og 9 a — *gera*, *gerum* osfr. alltid med *e* ikkje *æ* t. d. D. I. II 484$_{41}$, sjaa Merkn. 519 ovfr.

---

[1] Parallelstaden i Den eldre Gulatingslov (Ngl I, kap. 75 r. 18), i ei handskrift som er eit par mannsaldrar eldre, hev *sere*. Baae skrifter er nordvestlandske.

[2] [Herifraa etter det fyrste ms. *L. H.*]

[3] Oftast skrive *vátryggia* (og subst. *vátrygð*, no vanl. *vátrygging*); Jónasson (i Dansk-isl. ordb.): *votryggja*. Fyrsteleden hev eg høyrt uttala baade *vau-* og *vo-*.

[4] I ordbøkerne vert dette ordet skrive: *þvagla* (þvágla Jonsson), *þvogla*, *þvögla*.

[5] Skal ogso i nyisl. heita: ou og *vo* Móðurm. s. 140.

huer pron. apn Rm II 23 *hverr* nsm Sæm 10 *huerium* D. I. II 159 12 ofl. br. alltid med *e*; sameleis *hversv* Sæm 28. I E. isl. er regelen den same, at *i*-ljodbrigdet av *a* vert skrive *e*; heller sjeldan *ę* eller *æ* t. d. *ęlscar* 3 sp 237, *ǽlsca* f. nsg ibid. (sjaa Larsson).

Merkn. 523. Um tilstandet i nyisl. sjaa nedanfor under **3 c**.

3 b. *e*-ljod framvaksen av tviljoden *ei* er skriven *e*, t. d. *ecce* pron. Sæm 20 *Helgı* Prest 7 *helgom* dpl Rm II 27 *helguð* nsf Rm V 37. Undantak: *hælga* dsm b. f. Rm V 39. E. isl. sameleis *e*: *flestr*, *mestr*, *enge*, *helgı*, ovleg sjeldan *ę*: *ęlde* dsg 237 Larsson.

Merkn. 524. Um nyisl. sjaa under **3 c**.

3 c. Upphavleg *e* er jamnast skriven *e*, t. d. *berg* Rm I 5 *eða* D. I. II 397 1 *ek* ibid. 4 *es* 3 sp (av *vera*) Rm I 4 16 II 17 *er* pron. rel. Rm V 37 *meþ* prp. Rm I 1 *þesse* npn̄ Rm II 24 ofl. br. Undantak: *æða* Sæm 5. 19. 25 *ær* rel. ibid. 7 *meðr* D. I. II 159 15 *skæra* inf. D. I. II 523 5 *þæssar* apf D. I. II 159 10 (*þessar* 11) *þuæraar* gen. D. I. 470 (bakpaa brevet), men *þueraar* ibid. 9 o. fl. st., alt visseleg paaverknad fraa norsk.

E. isl. hev sameleis *e* i dette høve, ovleg sjeldan *æ*, t. d. *værkom* dpl Ph II (Larsson).

Merkn. 525. I nyisl. vert det i dei høvi som er nemnde under **3 a**, **b** og **c** — minder vokalen i gamall tid hev vorte lengd — skrive *e* og uttala open *ę* som i norsk *bęst*, *lęsa* (Sweet's mid-front-wide) millom *e* i vanleg norsk *tre* og *æ* i *læra*. Naar *ę* er stutt, synest han liggja noko nærmare *æ*. I denne utgreidingi vert det skrive *ę* baade for den stutte og den lange ljoden i nyislandsk: *bęst*, *męnn*, *lęsa*, *vęra*. Um nyisl. *ję* i *jęg̊* pron. (< *eg*), *jęta* ofl. sjaa nedanfor under Vokalyvergangar.

3 d. Upphavleg lang *e* er i diplomi oftast skriven *e*, ogso *é*, t. d. *her* adv. Rm I 14 *afretr* m. ibid. 9 *settungr* m. ibid. 6 *fe* Rm II 22 *bref* D. I. II 204 1 397 1 ofl. br., *let* 3 si D. I. II 416 4, *wer* pron. D. I. II 415 2 ofl. br., *ver* D. I. II 466 4 ofl. br., *lausaféé* D. I. II 415 9. Undantak er *vær* pron. D. I. II 159 13. 16 og *brief* D. I. II 484 21 med fleire dilike former, sjaa nedanfor under Vokallengjingar.

I E. isl. er lang *e* skriven *e* eller *é*: *fe*, *fé*, *tré*, *tre*, ovleg sjeldan *ıe* (*hıeroþ* Larss. <**hérap* < *herap*, sjaa s. 81).

Merkn. 526.[1] I nyisl. er uttalen *iję*, *ję* (*fję*) som dei fleste no (1907) skriv *je*, men sume ogso *é* (*fé*).

Merkn. 527. *fek* D. I. II 415 15. I E. isl. *fell*, *feck*, *geck*, *heck*, *helt* (1 gong *hélt* Larss.). Vokalen maa etter dette ha vore stutt i den tid. Um nyisl. *fjędl*, *fjękk* osfr. sjaa nedanfor under Vokalinnskot.

[1] [Seinare tilskrift:] Um *je* sjaa J. Þorkelsson, Breytingar s. 34; Dahlerup i Aarbøger 1889, s. 248.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* (vanleg gn. *ǽ*) er i brevi oftast skrive *æ* eller *ę*: *sæþe* Rm I 14 *þær* pron. apf D. I. II 159 15 *mælihlas* ibid. 45 *kærde* 3 si D. I. II 207 3, *skæcþi* 3 si Kla 11 av *skækja* (til *skák*, skakspel), *þęr* pron. apf Rm III 29 *sęmundar* gen. Prest 9, men ogso *e*: *tuer* num. Rm II 18 *tuér* num. D. I. II 159 5. I D. I. II 509 er skrive *iæ*, som vel berre er ein ulagleg freistnad paa aa merkja uttalen *æi*:[1] *kliæde* 12 *tuiærrar* (ɔ: *tvær*) 22 *viætt* 6 (ei viss vegt); det sistnemnde ordet er skrive *vęttir* D. I. II 159 34, men elles i diplomi *vettir* ibid. 31. 36 *vettum, uettum* ibid. 37. 38 *vetta* gpl Sæm 14. 31.

5 a. *i*-ljodbrigdet av *ó* er skrive *o* i *fort* ptc. (for *fœrt*) Rm I 14, *ø* i *kløingr* propr. Prest 23 (umkr. 1225), sameleis *ø* i: *fløðer* 3 3 sp *fløðum* 3 dpl *føra* 9 3 pp *fatøcum* 16 dpl Sæm (umkr. 1245), men i dette sistnemnde diplomet, som er sterkt paaverka av norsk, er der svaging millom *æ* og *ø*: *Somundar* 1 gen. I det næste diplomet D. I. II 159 (1295) er skrive *ę* og *æ* for *ǿ*: *saurbæiar* 17 gen. *lękr* 7 m. (= *lækr* 35), og likeeins *e* og *æ* i alle diplomi sidan, t. d. *bendr* D. I. II 470 3.

Um yvergangen *ǿ* til *ǽ* eller *e* sjaa nedanfor under Vokalyvergangar.

5 b. Hovudbrev II 512 17 hev *frialsaðe* 3 si (gjorde fri). E. isl. hev *frelsa* v. *frelsi* n., men *friáls* adj., og sameleis er det i nyisl. — *frialsa* v. og *frialsi* n. synest vera sudnorske former, medan trøndsk og nordvestlandsk hev havt det som paa Island, til deils endaa havt *fræls* adj. (jfr. *frælsan* adj. D. I. III 335 19, 1386, sernorsk form liksom *frialsaðe* i hovudbr.). Sjaa G. Tr. s. 48.

Av vanlege ord som ved utjamning millom *i*-ljodbrigda og ikkje ljodbrigda former i bøygjingi oftast finst i dubbelformer i heimenorske maalføre, er nemnande i islandsk m. a.:

E. isl. *bazt* adv. *bazt-* adj. sup. (berre i religiøs stil?) attmed *bezt* adv. *beztr* adj.; nyisl. *bęst, bęstýr*.

E. isl. *helzt* adv.; nyisl. *hęlst* adv. *hęlstýr*.

E. isl. *hvervetna* adv. og *horvetna, huǫrvetna* (<*hvarvetna*, som finst i annan gamall islandsk); nyisl. *xwęrvętna* og *xwarvętna* (Nordl. *kv-*).

E. isl. *eincanlega* adv.; nyisl. *eiŋkanlęga* adv. (*eiŋkęnnilęgýr* adj.).

E. isl. *i gǽr*; nyisl. *igjair*; *i gear* Flat. I 461 20 II 170 31 er vel norvagisme. Sameleis er vel *huenar* adv. D. I. III 109 (1360) norvag. for *hvenær*.[2]

E. isl. *quón* f., i andre eldre skrifter samansetningar som *kvánfang, kvánlauss* ofl.; nyisl. *kvonfauŋg*. Med *qvęn* i Edda (Ham. 8 o. fl. st.) jamfør heimenorsk *kvæn-* i sms. som *kvænfanghs* gsg D. N. I 160 4 (Agder 1320) jamsides med *kuanfangz* D. N. II 257 53 (Valdres 1343) o. fl.

E. isl. *sǽtt* f. og *sǿtt* f.; nyisl. *saitt* (og *sauʰtt*), i sms. oftast *sauʰttar-* og *sauʰtt-*. I Norig oftast *sætt* og i sms. *sættar-*, jfr. nyn. *sætt, sættamot* hjaa Aasen.

---

[1] Jfr. skrivemaatar i norske sudvestlandske diplom fraa slutten av 15. hundr. som t. d.: *thier* (for *their*) D. N. IX 387 9. 10 og *hyörer* (for *høyrer*) ibid. 1. Elles kann vel skrivemaaten *ie* her ogso hava ein annan grunn (paaverkn. fraa dsk.?).

[2] [Sjaa no m. a. Ivar Lindquist i Studier tillägn. A. Kock].

E. isl. *vesall*, i andre eldre skrifter ogso *vesæll*, t. d. Flat. I 547 32; nyisl. *vęsadl* og *vęsaidl* (< *vesæll*); jfr. gnorsk *vesæll* (*væsell* Thom. 138 16) *vesálz* gsg Hom. 31 5 *vesall* m. st. og nyn. *vesæl* (Aasen) og *vesål'ę* Tel. *vesadl* Nhl. o. fl. st.

I eldre isl. skrifter *bón* f. (= *bœn*), helst i sms. som *bónorð*, *bónhús* ofl.; nyisl. *boun* f. (= *bain*), og i sms. som *bounorþ*, *bounarbrjęv* o. fl. I Norig *bœn* i gamall og ny tid; av *bón* er der knapt merke.[1]

E. isl. *floþar* f. gsg (*iō*-stomn); nyisl. *flaiðar* (jfr. *flaiðarmaul*) av *flaiðýr* f.; sameleis gnorsk *flœðarmál* Gul. 23 4, nyn. *flōarmaul* Hard. *flømål* Shl. Jamsides med *flœðr* (nyn. *flo* f. Set.) hev det i Norig vore eit *flóð* f. (t. d. Hauksb. 157 19) som no er det vanlege nynorske ordet for sjøstigingi — motsett *fjora* („ebb") — og av dette *flóð* er nyn. *flo(d)mål* og *floarmål* Shl. o. fl. (gn. *floðarmal* Eids. I 50 19).

E. isl. *fundr* m.; nyisl. *fýndýr*; det gamle *fyndr* synest vera berre norsk.

E. isl. *várcynna* v.; i andre eldre isl. skrifter ogso *várkunna*, nyisl. *vorkęnna* (< *-kinna* < *kynna*). I Norig hev me baae formerne: *vårkunnə* Tel. Hall. Rom., medan det i vestnorsk heiter *vårkynna* Ryf. Shl. Hard. Set. (-*ę*).

E. isl. *varúþ* f.; nyisl. *varuð*, ogso i sms. *varuðlęgýr*; umfram denne formi finn me i eldre isl. skrifter *varhygð* f., nyisl. *varhıgð* f. I Norig *varygð* Berg. byl. IX 23 o. fl. st.; jfr. nyn. *varhygg*? adj. (mykje varsam) Shl. (etter Ross), og *vorig'ę* Set. Tel. VAgd. („betryggende, tryg" Ross, men til dømi han hev synest ogso høva tydingi „varsam") < *varúðigr*, som etter burtfallet av *ð* maatte verta *varug'ę*, *vorug'ę* ell. *varig'ę*, derav venteleg blandingsformi *vorig'ę* jamsides *varig'ę*.

E. isl. *þurft* f.; nyisl. *þýrft* (< *þurft*); *þyrft* synest elles vera bruka berre i Norig.

5 c. Etterljodbrigde ved *i* (*j*) er ukjent i hovudbrevi. Dette ljodbrigdet synest ogso vera ukjent i E. isl.

Merkn. 528. I nyisl. maa vel *fjair* adv. (skr. *fjær*) (jfr. sms. *fjairsıdn*, langsynt) og *fjairrı* adv. (< gn. *fiarri*) hava sin grunn i etterljodbrigde av *a* ved *j*[2], og desse formerne er visst heller gamle, med di me finn *fiærrı* alt i 1389 (D. I. III 370 18).[3]

Meir uvisst er det um nyisl. *sjö* num. hev vakse fram av *sıǫ* (Völs. 1400) < *sio* D. I. III 314 34 (1383) < *siau* paa denne maaten, eller hev fylgt *tuau*, som vel er rimelegast.

---

[1] I folkevisa um Haugebonden (Landstad, s. 339) lyder umkvædet:

Snillan du!
Deð lýdest út på Bonor,
kor haugebonden dansar og rimar.

Bonor stend uforklaara. Men meiningi synest vera, at haugebonden talar so fint (*Snillan du*) at det lydest som det skulde vera friarord (*bónorð*) slik som han dansar og rimar.

[2] [*fjær*, *fjærri* er sikkert umlaga etter *nær*, *nærri*. *J. H.*]

[3] [Seinare tilskrift:] Seyðisfj. Barð.: *fjair*: *nair o fjair. þvi fęr fjærrı* Barð., — — *fjarrı* Seyðisfj.

Merkn. 529. Fraa umkr. 1400 er der ymse døme. Soleis *ia* > *iæ*: *vatzfiærdar* gsg D. I. III 543$_{20}$ (1399); *þrætigher* apl (< *þriá-*) IV 539$_{7}$ (1432) *þrætighæ* IV 561 (1422) jfr. *þræ daga frest* IV 457$_{5}$ (1430), alt hjaa same brevskrivar, men hev visst ikkje noko med islandsk aa gjera (sjaa nedanfor). *kiꞓlarnesþingi* dat. VI 271$_{7}$ (1480) < *Kialar-*, *skiꞓl* ibid.$_{11. 16}$. *ió* > *iø*: *þrausku* (ɔ: *þrøsku* < *þriøsku* < *þriózku*) VI 651$_{43}$ (1491), jfr. likevel fær. *treyskur* adj.

Merkn. 530. I dei norske diplomi som er skrivne paa Island fyre 1350, er der ogso berre nokre faa døme paa etterljodbrigde ved *i* som *jerundr* D. I. II 341$_{12}$ (isl. *Iorundr* II 220$_{7}$) *jærðer* plur. D. I. II 389$_{19}$.

6. Allstad i diplomi *a* i *þan* (*þann* D. I. II 415$_{7}$ 484$_{6}$) *þat* og *þar*. Sameleis *þaðan* II 484$_{34}$ *þagat* II 159$_{16}$. I Rm. I$_{7}$ finn me *an* konj. for det vanlege *en* (qvam).

Merkn. 531. Ogso i dei norske diplomi, skrivne paa Island i dette tidarbilet, finn me *a* i slike ord, t. d. *þangat* D. I. II 519$_{5}$; berre i eit brev — II 529 — *þen*$_{12}$ *þet*$_{35}$.

Merkn. 532. Baade i E. isl. og nyisl. er der *a* i *þan*, *þar* osfr. Like eins E. isl. alltid *a* i *þaþan*, *þaþra* adv. *þangat*, *þanneg* (og *-ig*); mykje ofte i E. isl. *an* konj. (qvam), jamsides *en*; ogso (men sjeldan) *an* konj. (sed) = *en*. Naar me ein hende gong finn *e* i slike ord i isl. skrift (undant. i *en*) i 14. og 15. hundr., maa det vera norsk paaverknad, t. d. *þen* asm D. I. III 403$_{5}$ (1393, norsk brev) *þænn* IV 430$_{8}$ (1429, Jon Egilss.?) *þet* IV 524$_{7. 29}$ (1431). Nyisl. *þaðan*, *þangað*, *þannig*, *þaðra*; *an* hev vike for *en*.

7. Det privative præfiks er *ó-* i tvo diplom: Rm II (*omage*$_{23}$) og D. I. II 204 (*obrigdeliga*$_{18}$), men *ú-* i tvo diplom: Sæm (*vsciptv*$_{16}$) og D. I. II 159 (*ubrigdiliga*$_{12}$); i II 484 er der snart *ó-* (*ólogliga*$_{57}$), og snart *ú-* (*vrænt*$_{32}$). Dei andre brevi hev ikkje døme. Av dei 651 stader me finn det privative præfiks i E. isl. (under *ó-* hjaa Larsson), er der 649 gonger *ó-*, og 2 gonger *ú-*. Den eine av dei 2 gonger er *vvirðr* i Rm VII, som utvilsamt er norsk (sjaa Innl. til Vestn. maalf. s. 11); det andre høvet er *ubrot-* i Ph III 19$_{6}$, som ogso elles syner norsk paaverknad i skrifti, og som svagar med umsyn paa *ó-* og *ú-* i præfikset (*ogaumgæfer*$_{13}$).

Merkn. 533. I nyisl. alltid *ó-*. Av dette lyt me slutta, at det islandske maalføre alltid hev havt *ó-*, og at *ú-* i islandske skrifter er norvagisme,[1] t. d. *vfrida* IV 352$_{20}$ (1421).

8. Halvljoden er *u*, som syner seg i hovudbrevi fyrste gong i *klaustursins* D. I. II 159$_{12. 14}$ (1295), sjaa Merkn. 498 ovanfor (no. 17 og noten). Elles er han berre funnen i II 523 (1349): *okkur*$_{3}$ pers. pron. — *okkr*, *vetur*$_{9}$ m.; merk ogso skrivemaaten *ockr* II 417$_{9}$ poss. pron. (for *ockur*).

I E. isl. er ikkje funne døme paa halvljod. Elles er vel dei eldste merki etter denne ljoden[2] i islandsk skrift i Am. 623 qv. Der finn me *faugnoþor*

---

[1] Dette talar for at *ó-* hev vore mykje meir utbreidt paa det norske Vestland i eldre tider enn no, som der ogso er andre vitnesburdar um, sjaa Rygjam. Merkn. 33.

[2] Sjaa Jón Þorkelsson: „Um r og ur í niðrlagi orða og orðstofna í islenzku", Rvík 1863.

nsg, sjaa avprentet i Post. 462 14 *sonor* nsg Post. 458 23. 27 og avprentet i Heil. I 24 20 II 217 39 *dyrligur* nsm Heil. I 27 16 *vinno(r)* 3 sp Heil. I 25 12, og ikkje faa skrivemaatar som *fœþr* obl. *moþr* obl. *nœckr gœtr* pl. (av *gata*) *tungr* pl. (av *tunga*) ofl. t. d. Heil. I 24 27 II 9 14 236 20 239 18. 23 Post. 461 35 o. fl. st. som syner at *-r* maa ha vore uttala *or* eller *ur* i skrivaren sitt maalføre. Denne boki kann ikkje vera eldre enn fraa slutten av 13. hundr.

Am. 623 qv. hev mange gamle former: *-þ* for *-ð*, 1 gong *vas* 3 sp (av *vera*) Heil. I 260 16, 1 gong *vestu* (for *verþú*) Post. 463 16, refleksivendingar paa *-sk*, stundom *o* i stomnen for vanleg *u* som t. d. *foglinn*, endingsvokalar *i* og oftast *o* — men innimillom kjem det fram nye, til deils tvilsame former t. d. *tid*, *stadi* apl Heil. II 216 5 Post. 461 30, refleksiv paa *-iz* Heil. I 27 3, *monni* dsg (av *munnr*) Heil. II 216 18, *kirkiodyrom* Heil. I 24 36, og ei rekkja med ord, som hev *i* for *y*, *æ* eller *e* for *œ*, *ei* for *ey* paa nyislandsk vis, t. d. *fikr* 3 sp (for *fýkr*) Post. 463 3 *mirkvastofo* Heil. I 261 20 *bęn* (for *bœn*) Heil. I 24 31 *err* adj. nsm ibid. 266 15 *leisa* v. (for *leysa*) ibid. II 237 30, og med umvendt skrivemaate *lyf* n. (for *líf*) Post. 464 17. Norske former (trøndske) er der ogso t. d. *varþveitandr* npl Heil. II 216 38 *riddarom* Heil. I 263 13 *svaroþo* 3 pi Post. 465 25 Heil. II 9 25. 37, 211 18. 25 (7 g) *omn* Heil. I 264 3. Paa ein stad hev ei onnor hand løyst hovudskrivaren av og skrive nokre linor (sjaa Heil. I 259 25-30). I desse innskotne linorne er det gjort skilnad millom *þ* og *ð* paa vanleg vis (so nær som *meþ* 1 g), og *u* er brukt meir i endingarne for *o*. Denne samtidige skrivaren hev soleis brukt ei yngre skriftform enn den som er vanlegast hjaa hovudskrivaren. Handskrifti er difor visseleg berre ei isl. avskrift etter ei mykje eldre isl. handskrift med paaverknad fraa norsk, og er knapt eldre enn slutten av 13. hundr. Konr. Gislason og C. R. Unger sette den til umkr. midten[1] av 13. hundr.

Merkn. 534. Heilt maa vel halvljoden i uttalen vera gjenomførd umkring 1350, som D. I. III 21 (1351) torde syna, men elles varde det lenge fyrr *ur* vart vanlegt i skrift. I D. I. IV 686 (1443) er halvljoden mesta heilt gjenomførd.

I nyisl. no skriv dei halvljoden *u*. Han fell i uttalen paa dei fleste stader saman med nyisl. *u* for gamall stutt *u*, som er mest lik open norsk *y* (ẏ), t. d. *mẏnẏr* < gn. *munr*. Paa Austlandet er han mykje lik den opne norske *u* (ikkje u), helst etter velar konsonant: *tękür* (eller *tękur* Fljótsdalsh). At den nyisl. uttalen av den gamle stutte *u* paa 16-hundradtalet hev vore sameleis som no, torer me slutta av ei upplysning hjaa Runolphus i Rudimenta s. 4, der han segjer um den stutte *u* i *hlutur* at han hev „mixtum qvendam ex *u* communi et *y* sonum“. Ljoden maa ha svaga millom *u* og *y* daa som no, venteleg berre vore ein grand mindre framskoten.

Meir um halvljoden i Frump. 70—72, og Noreen[3] § 153 a med tilvisingar.

Merkn. 535. I brev fraa slutten av 14. hundr. og fraa 15. hundr. finn me no og daa halvljoden skriven *e*, t. d. *silfuer* D. I. III 235 37 (1374) *suder* III 393 13 (1392) *lofter* IV 366 2 (1423) *veter* V 35 s. 44 (1449) *brander* nom. ibid. s. 41; jfr. *arsgeresa* (for *Ásgeirsá*) D. I. III 327 14 (1385),

[1] [Finnur Jónsson, som gav ut handskrifti i 1927, segjer etter ei stutt utgreiding um rettskrivingi (s. III—VI), at boki er skrivi noko fyre 1250 etter eit fyrelegg fraa 12. hdr. aaret.]

og *e* for *u* i *Gizere* dat. III 353, s. 418_{21} (1388). Jamvel *a* kann me ein hende gong finna som halvljod: *skylldughar* D. I. III 403_{6} (1393, norsk br.), *okar* pron. (< *okkr*) IV 541_{14} (1432) *hæidarligur* III 638_{9} (1415) *hæidarligum* IV 568_{9} (1433) *hallar* VI 323_{3} (1481).

Alt dette hev sin grunn i norsk paaverknad. I D. I. III 397 (1392) er halvljoden skriven *o* i *lækor*$_{9}$ (< *lœkr*).[1]

Merkn. 536. Halvljoden fylgjer stundom med i den bundne formi av substantiv, t. d. *slatvrid* (< *slátr* n) IV 328_{15} (1418) *uetturen* VI 282_{4} (1480) *veturenn* VI 376_{5} (1481), jfr. *vetrenn* VI 401_{5} (1482).

9 a. Tviljodarne vert skrivne: *au* i alle dei diplomi der han finst, fraa det eldste, Rm I (*hlaupa*$_{4}$) til det yngste, D. I. II 512 (*klaustri*$_{7}$), med desse undantaki: *au* og *av* i Rm II (*tuau*$_{21}$ *siav*$_{20}$) og i Prest (*pauli*$_{34}$ *avstr*$_{2}$), *aſ* i Rm III (*paſ*$_{29}$), *au, aſ* i D. I. II 159 (*klaustr*$_{4}$ *gelltnaſt*$_{41}$) 509 (*saudanese*$_{2}$ *aſrum*$_{17}$).

ei i alle dei diplomi der han finst, t. d. *þeirre* Rm I$_{8}$, med desse undantaki: *ei* og *æi* i D. I. II 159 (*heima*$_{1}$, *kolbæins*$_{17}$, som i diplomatariet er rangskrive *-beins*) 415 (*kolbæirn*$_{1}$ *þeim*$_{5}$) 417 (*kolbæirn*$_{2}$ *þeim*$_{6}$) 470 (*þæim*$_{1}$ *geir*$_{2}$) 474 (*þeim*$_{9}$ *þæ[i]m*$_{1}$) 489 A (*þæim*$_{1}$ *þorgeir*$_{2}$) 509 (*æirlampr*$_{14}$ *þeir*$_{24}$) 523 (*þeim*$_{1}$ *æign*$_{10}$), og *æi* i II 465 (*ræikna*$_{2}$ *æirek*$_{2}$) 489 B (*æirekr*$_{2}$; diplomatariet hev *þorsteinn*$_{6}$, men upphavsbrevet hev berre *þorst* med eit avstyttingsteikn, som her maa uppløysast *þorstæinn*). Skrivemaaten *æi* er norsk (trøndsk) paaverknad.

ey er i det eldste diplomet Rm I skrive *aſ* i *raſkiaholte*$_{1}$ = *Reykiaholte*, dat. av *Reykiaholt* (ogso *Reykholt*); *rauþa vats*$_{7}$ vert vanleg teke for gen. av *Rauðavatn*,[2] men dersom dette er same vatnet som no er kalla *reiðarvatn* (*Reyðarvatn*), er det vel rimelegast at *au* ogso i *rauþa vats* stend for *ey*, og at namnet i gamle dagar var *Reyðavatn*. I Rm II finn me *av* for *ey*: *(r)avkialand*$_{20}$ *ravkiaholte*$_{23}$. I baae desse diplomi hev dei soleis bruka den ikkje ljodbrigda tviljoden for den ljodbrigda; jfr. skrivemaatarne *fúlger*$_{12}$ *fort*$_{14}$ *fvlgia*$_{22}$ for *fylger,ført, fylgia*. I dei andre diplomi vert denne tviljoden skriven *ey*, so nær som i 8; i 7 brev er han *æy*: D. I. II 159 (*ræynisnesi*$_{1}$) 417 (*husfræyia*$_{6}$) 470 (*hæyra*$_{1}$) 489 A (*hæyra*$_{1}$; ogso *þingæyrum*$_{2}$ *ræyneness*$_{9}$, der diplomatariet hev *ey*, som er rangt) 489 B (*ræynines*$_{5}$) 490 (*hæyra*$_{1}$) 509

---

[1] Fraa Skafts., der eg ikkje hev vore sjølv, vart det uppgjeve, at det sumstad umkr. Hornafjord og i Suðursveit austanfor Breiðamerkursand vert sagt *bautor*, *segørðor* osfr. for *bautyr*, *sigyrðyr*, men professor Björn Olsen meinte aa vera viss paa at denne uppgaava ikkje kunde vera rett. Fraa same sysla hev Gisli Sveinsson fortalt meg at dei sumstad (Skaftártunga) segjer klanglaus *r* (*r̥*) for endingi *-ur* ikkje berre i substantiv som *stokk'r̥*, *baut'r̥*, *máðr̥* og adjektiv (*laung'r̥*, *ung'r̥*) og verb (*tek'r̥*), men ogso i plur. av *ōn*-stomnar *göt'r̥*, *sög'r̥*, og i former som *mou'ðr̥* (for *móður*). Ordi er uppskrivne paa staden, som han sagde deim. No og daa høyrdest ein veik *u*-lita svip av ein glideljod millom *r* og konsonanten i fyrevegen, men *r* var i alle dei nemnde høvi klanglaus.

[2] Hoffory i Reykjaholts Máldagi, udg. af Samfund til udg. af gammel nord. litt. Kph. 1885; s. 21 og 34.

(*ræyda*$_{6}$ gpl); 1 brev II 397 hev *ey* i *heyra*$_{1}$, men *aey* i *aeyia firði*$_{12}$. Skrivemaaten *æy* er norsk (trøndsk) paaverknad.

E. isl. hev oftast *au*, *ei* og *ey*, men me finn ogso ymse andre skrivemaatar, sjaa Innl. til Vestn. maalføre s. 23—27.

Merkn. 537. I nyisl. uttale hev *au* vorte *öy*: *dröymýr* < *draumr*, og *ei* og *ey* hev falle saman til *ei*, so eldre *eira* v. og *eyra* n. baae hev vorte *eira*. Likevel vert enno jamt skrive *au*, *ei* og *ey* som i gamall tid; men for *ey* skriv sume *ei*. Um yvergangen i uttalen, sjaa nedanfor.

Merkn. 538. *ey* vert skrive *oy* i *vangoymslu* D. I. III 542 (1399; isl. med norsk hand). Sers merkeleg er skrivemaaten *eoi* for *ey* i *eoiulfsson* IV 462 (1430).

9 b. Dei stigande tviljodar er skrivne *ia*, *io*, *iu*, oftast ogso *ua*, *ue*, *uo*. Undantaki er ikkje mange so nær som i Sæm og Rm IV, der regelen er *va*, *ve* osfr. (t. d. *hvar*, *sva*, *þvi*); men desse diplomi skriv ogso *v* for den reine vokalen *u*, t. d. *erv* 3 pp av *vera* odl. For *iø* er skrive *eo* i *georande* D. I. II 204$_{3}$ (1311).

I E. isl. er den palatale fyrsteljoden i dei stigande tviljodar skriven *i*: *fiall*, *skiálfa*, *skióta* osfr., ovleg sjeldan *e* eller *j* (*hearta* n. *jordón* propr. Larsson); den velare fyrsteljoden er vel so ofte skriven *v*: *dvergom*, *hverr* pron., *svara* v., *tveir* num.

Merkn. 539. I nyisl. vert jamt skrive *j* og *v* i fyrsteljoden av desse tviljodarne: *björn*, *hvar*.

Merkn. 540. For *iá* vert til deils skrive *ea*, *eá*, *æa*, *æá* i diplomi etter 1350, t. d. *sea* (< *siá*) D. I. III 177$_{1}$ (1365) *seálft* ibid.$_{13}$ *hæa* (< *hiá*) ibid.$_{22}$ *sæálft* ibid.$_{17}$ *sæaunda* ibid.$_{6}$ *j hæa* III 638$_{6}$ (1415); ogso *eia*: *freials* VI 263$_{13}$ (1480) *seia* (ɔ: *siá*) VI 271$_{1}$ (1480), sjaa Merkn. 621.

10 a 1. Den palatale endingsvokalen er *e* i Rm I og II, baade i open og stengd utljod, t. d. i Rm I: *þeirre*$_{8}$ *sæþe*$_{14}$ *hluter*$_{3}$, i Rm II: *helfninge*$_{28}$ *vfer*$_{17}$ (ɔ: *yfer*). Som fyrr nemnt meiner dei um Rm II, at det er skrive umkr. 1206. I Rm III (umkr. 1225) er der berre eit døme paa denne endingi, som her er *i*: *Snorri*$_{30}$. Sameleis er endingi *i* i Rm VI (umkr. 1225), Prest (1225—50), Rm V (1260) og Rm IV (umkr. 1300), som hev mange døme. Endingi *i* er ogso einraadig eller mesta einraadig i D. I. II 159 (1295) 207, 397 (1330) 474 (1341) 512, 523 (1349).

Saman med desse kann ogso reknast II 466 og 484, der *e* og *i* er brukt villt aa kalla.

I Sæm (1245) og D. I. II 204 (1311) raader *e* for det meste i open utljod, men *i* i stengd, t. d. i Sæm: *tacmarce*$_{4}$ *meire*$_{18}$ *greinir*$_{27}$ *scorit*$_{28}$; i II 204 *gudmunde lœgmanne*$_{5}$ *fallinn*$_{6}$ *segir*$_{20}$. I ei rekkja med brev fraa tidi millom 1332 (?) og 1344 — D. I. II 415, 416, 417, 465, 470, 489 A og B, 490 og 509 — er *e* heilt eller mesta einraadig, helst i open utljod. Etter dette skulde den palatale endingsvokal i islandsk ha vore *e* til umkring

slutten av fyrste fjordeparten av 13. hundr. Fraa denne tidi kjem det upp *i*, til deils vel gjenomført, til deils mest i stengd utljod, medan *e* framleides heng i hjaa mange skrivarar. Svagingi millom *e* og *i* skulde ein helst tru hadde sin grunn i maalføre-skilnad, som vøre mykje naturleg i ei yvergangstid, med di vokalskiftet ikkje vel kann tenkjast ha byrja og slutta paa same tid yver heile det islandske maalvaldet. Men i det brevfanget me hev, er der ikkje grunnlag nok til aa segja noko visst eller endaa noko liklegt um ei avgrensing etter maalføre. Fraa Sudlandet hev me berre Rm (fraa Borgarfjordsysla) som syner sprang fraa *e* hjaa dei tvo fyrste hender (umkr. 1175—1206) til *i* hjaa dei tri siste (umkr. 1225—1300), og Sæm (fraa Skaftafellssysla), som hev nokorlund regelrett skifte av *e* og *i*. Um Prest veit me ikkje kvar det er ifraa (Viðey?). Alle dei andre diplomi er — merkeleg nok — fraa Nordlandet, og dei hev altslag skrivemaatar. Samstundes er der i mesta alle diplomi etter 1225 greidt paaviseleg innverknad fraa norsk skrift, som gjer spursmaalet endaa vandare.

10 a 2. E. isl. hev i det heile gjenomført *e* til endingsvokal; men i alle skrifter — so nær som i Rm I og II, som er umrødde ovanfor —, kann me ein hende gong finna *i*, helst etter *g* (*eigi*) og *k* (*ríki*, *licnesci*). I Am 237 fol. finn me *i* berre eit par gonger i *eigi* (umfram *eige*); avprentet i Leifar[1] hev ogso *georisc* 163₁₅, men her hev hds. *georesc*. Stockholms Homiliebok hev paa ymse stader *i* for *e*, naar *i* stend i stavingi fyre, t. d. *ríki*; sjaa fyreordet til Wiséns utg. s. VI. Sameleis er det i Rb, som dessutan hev eit lite stykke s. 7₈—8₆, der endingsvokalen regelrett er *i* (i same stykke ags. *ƿ* 2 g for fyrste gong i islandsk) jfr. Innl. til Vestn. s. 18, og sjaa Noreen[3] § 138 Anm. 1. — I andre eldre skrifter, fraa midten av 13. hundradaaret og frametter, hev *i* yvertaket, t. d. i Cod. Regius av den eldre Edda (slutten av 13. hundr.).

Merkn. 541. Fraa 1350 til burtimot 1400 er der mange diplom som hev gjenomført endingi *i*, men i sume, t. d. D. I. III 316 (1383), er *e* mesta einraadig. I nokre brev fraa siste fjordeparten av 14. hundradaaret skifter *i* med *e* og *æ*, og meir enn ein mannsalder inn i 15. hundr. kann me raaka paa slike diplom: D. I. III 231 (1373; *allær*, *myklær*, *æk hafdæ*) 235 (1374) 335 (1386) 342 (1387) 343 (1387) IV 514 (á Hólum 1431). At *æ* hev havt nokon studnad i uttalen paa Island i denne tidi, er ikkje rimelegt. Det er vel helst ymse millomnorske skriftmynster, som hev funne islandske etterliknarar. I det 16., 17. og langt inn i det 18. hundr. er den palatale endevokalen jamnast *e*. Han skifter stundom med *i*, mest framfor *s*: *fangelsis*, *ferdadist*. Elles er det noko ujamt i dei ymse diplom og skrifter. I Odd Gottskalksons umsetjing av Nytestamentet (1540) er der endaa ikkje lite av *i*, ogso i open utljod i bøygjingi av substantiv og verb (*husi* dsg, *kyni* dsg, *lagi* dsg, *lagdi* 3 si, *sagdi* 3 si, *vafdi* 3 si, og præs. ptc. som *dyrkandi*, *lofandi*; *hafit þier*; *drottinn*, *barnit*, *Einglinum*, *merckis* gsg osfr.,

[1] Leifar fornra kristinna frœða íslenzkra, eptir Þorvald Bjarnarson, Kph. 1878.

men *landstiornare*, *Einglarner*, *i Jotune* (krubba), *sinne* pron. dsf, *borginne* dsg, *hefer*, *Siaet* (ɔ: *sjáið þér*),[1] *mille* prp., *epter*, *yfuer*, *aller* npm). Men i bibelumsetjingarne fraa 1584[2] og 1644 er det mykje minder av *i*-endingar, so her hev *e* fullt yvertak, um me enn finn former som *giefit*, *grafit* ptc., *hann mintist*, *Ottist ecke* odl. Sameleis hjaa Runolphus (1651, ovleg sjeldan *i*: *Brennist*, *Brendist* jamsides *Brennest* og *Brendest*, former av *brenna*), og i Fiorar Ydr. pred. (1705) og Tyro Juris (1754). Grunnen til det sterke *e*-bruket i denne tidi er vel dansk innverknad, i fyrstningi av tidarbilet vel umveges gjenom dansk skrift i Norig. I slutten av 18. hundr. kjem endingsvokalen *i* uppatt i skrifti, soleis i Lærdómslistafélagsskrifterne, som byrja koma ut 1780; i vaar tid er han *i* i all islandsk skrift.

Uttalen av denne *i* er — sovidt det er kjent — yver heile Island den same som open *i* i norsk (*i*' hjaa Ivar Aasen, *ı* i vanleg norsk ljodskrift, Henry Sweet's high-front-wide), ein liten grand høgare (og slakkare) enn trong *e* i vanleg vestnorsk *kne*, liksom t. d. paa Voss i Norig, der gn. *biti* m., stykke, etter mitt skyn er uttala mykje sameleis som paa Island: *bītı* (eller til deils *bētē*). Ljoden er greidt utskild baade fraa *í* (high-front-narrow) og fraa *e* (mid-front-narrow), og kann ikkje siga ned til *e*-ljod i ljodlinn staving i islandsk. Um mogelegt er han i uttalen no endaa greidare utskild fraa ljoden *ę* eller *æ*, som i andre høve svarar til E. isl. *e*, sjaa ovanfor **3 c**. Jfr. ISVestl. Fyrste bolken, Merkn. 238,1.

10 a 3. Den gutturale endingsvokal er i Rm I og Rm II *o* — *nytiom* Rm I1 *kirkio* ibid.1 Rm II24 *tottogo* Rm II19 (nyisl. *týttýgý*<*tuttugu*); men elles i diplomi *u*, med faa undantak, helst i opi staving og i dei eldste brevi, t. d. Rm III: *messo*31 *betsto*32 (men *klukur*), Prest: *ero*1 *fosto*33 *lǫgsogo*2 *voro*27 *Gizorar*4, Sæm: *scolo*17 *þesso*4 *honom*8.9, og Rm V (1260): *meyo*4, men *helgv*40.

E. isl. hev i det heile gjenomført *o* som guttural endingsvokal (liksom Rm I og II som er nemnde ovanfor), so *u* er mykje sjeldsynt. Soleis hev Rb umkr. 600 g *o* og 40 g *u* (Larss. i fyreordet til utg. s. XII). Endaa i Cod. Regius av den eldre Edda er det oftare *o* enn *u* i utljoden. Tilstandet er soleis ikkje lite annarleis enn i mesteparten av dei brevi, som ligg til grunn for hovudutgreidingi.

Merkn. 542. Diplomi etter 1350 og frametter hev regelrett *u*; men *o* er ikkje sjeldsynt, t. d. D. I. III 305 (1380) *felldo*12; III 316 (1383): *audro*8 *klaustrino*13 *wauro*14; III 341 (1387) *nyio*5 *arom*10 dpl, *leigho*11 *keypto*16 *þessom monnom hiaverandom*17; III 354 (1388): *vinnomonnom* o. fl. Naar me endaa lenge etter denne tidi, i det 15. og jamvel inn i det 16. hundr., no og daa finn *o* for det vanlegare *u* i isl. skrift, er det vel helst innverknad fraa millomnorsken, t. d. D. I. IV 692 (1444) *at fornu oc nyio*12 *skylldo malnyto*16 *næstom*16 *petursmesso*22; VIII 212 (1508—9) *þesso uoru opno brefi*5 *eine alfos*8 *anare alfo*10 *greindri iordo*13 o. m. fl. Bibelumsetjingi fraa 1644, prenta paa Holar, hev berre *u*. Sameleis Runolphus.

[1] [J. H.: Málið i N. T. O. G., s. 20.]

[2] Den eldste islandske bibelumsetjing av bispen Gudbrandur Þorláksson. Paa titelbladet stend: *Biblia þad Er / Øll Heilôg Ritning / vtlôgd a Norrænu. Med Formalum Doct. Martini Lutheri. Prentad a Holum / Af Ione Ions Syne MDLXXXIIII.*

I nyisl. i vaare dagar er endingsvokalen skriven *u* og vanleg uttala *ẏ* (ɔ: open norsk *y* liksom halvvokalen): *götẏr*, *ködlẏðẏ*; sjaa ovanfor Merkn. 534. Der er likevel i eit einskilt høve ein grand svaging. I dativ pl. bundi form av substantivi kann ein umfram den regelrette endingi *-ẏnẏm* ogso høyra *-ønẏm* og *-onẏm*, t. d. *löndẏnẏm*, *löndønẏm* og *löndonẏm*, *mönnẏnẏm*, *mönnønẏm* og *mönnonẏm*. *ẏ* og *ø* ligg mykje nær kvarandre i isl. uttale og skifter ikkje so sjeldan, og ljodteikni for deim — *u* og *ö* — vert stundom jamvel i ljodsterke stavingar forbytte i skrift, t. d. *hnullungur* m. ein noko stor stein, og *hnöllungur*, *urmull* m. og *örmull* m. At *ẏ* (*u*) og *ø* vert samanblanda i ymse endingar, hev alt Rask gjort merksam paa i si islandske maallæra (Kph. 1811) s. 5: „Man finder — — ofte *o* for *u*, som *skyønum* for *skyunum* — — *hérød* for *hérud*." Denne svagingi er heller gamall. I Kyrk., prenta paa Holar 1635, finn me mykje ofte former som *døgunum* jamsides *døgønum*, *stødønum*, *kyrkiønum*, *Borgmeisturonum* og *Borgmeistørum*; i HBib. 1644 skifter *-unum* og *-ønum* alt i eitt, stundom i same lina, t. d. *Løndønum* og *Løndunum* Esth. 3, 12 og sameleis *ø* og *u* i *Ølmøsu* Math. 6, 2 *Ølmusa* ibid. 4. Kann me døma etter skrivemaatar i eit diplom fraa 1485 som *af eirne aalfuð* (for *hálfu*), *jaurdð*, *faustðdagenn*, *nyið*, *hundrðd*, *malnytð* (D. I. VI 481 s.13 o. fl. st.), maa yvergangen *u*>*ø* (eller *ẏ*) einkvarstaden ha vore uppe alt i slutten av 15. hundr.

Merkelegare er *-onẏm* for *-ẏnẏm* (skr. *-unum*) i nyisl. Rask hev ingi upplysning um denne formi paa den fyrr nemnde staden. I Frump. s. 199 segjer Konráð Gíslason: „Á líkan hátt segja Norðlendingar nú á dögum: *börnonum*, *mönnonum*" o.s.fr. I 1858 segjer han i Oldn. Forml., at „man vel almindelig skriver *-unum* — — — men næsten ligesaa almindelig udtaler *-onum*." Det torer vera ei aalmenn meining at det er eit eldegamalt *mǫnnonom* o.s.fr. som hev halde uppe klangen sin i andre stavingi.[1] Men noko underlegt er det daa at *o* berre hev halde seg i dette høve og ikkje i andre med same vokal- og aksentvilkaar, t. d. *kölluðum*. Merkelegt synest det ogso at formi, um ho er so ovgamall, i lange tider ikkje er aa sjaa i skrift utan i skaldskap, der ho gjev godt rim til pronomenet *honẏm* (*honum*) som det svagande *-unum* i dat. pl. for resten vel kunde tenkjast paaverka av.[2] Fraa slutten av 15. hundr. er uppteikna *dyronum* D. I. 503 7 (1486) *husonvm* ibid. 8, *dvronum* VI 647 (1491) s. 742, *erfingionum* VI 664 s. 761; fraa Nytest. 1540: *hirdoronum* Luk. kap. 2 18 (*Huat þm var af hirdoronū sagt*), som fulla kann syna fram ein uttale i bruk paa den tidi einkvarstad paa Island, men som ogso kann vera paaverknad av m.norsk skrivemaate. Syner dei fram ein islandsk uttale, ligg det nærast aa tru at me her hev fyre oss en sporadisk yvergang av *u*>o framfor *n*.[3]

10 b. Um palatal og guttural vokal i avleidsendingar er aa merka:

α. I hovudbrevi finn me avleidingar paa *-endi*, *-indi* og *-yndi*, som det i denne utgreidingi vil vera laglegast aa umhandla nedanfor under **16 d.**

β. Hovudbrevi hev substantiv paa *-ill*, *-inn*, *-ing(r)*, *-ull*, *-unn*, *-und(r)*, *-ungr*, *-urðr*. Høvi er: *egill* D. I. II 465 2 484 7 ofl. st. *eghils* 474 13 *ketill*

[1] Sjaa t. d. Móðurmálsb. s. 36.

[2] Fraa Eyfjord hev eg uppteikna baade *mönnonẏm* og *mönnønẏm*, og baade *honẏm* pron. og *hønẏm*.

[3] Prof. Björn M. Ólsen fortalde meg i 1907, at han hadde høyrt ei gamall kona i Vestfjordarne segja *vísona* asg (for *vísuna*). Ogso her hev me o for *u* framfor *n*.

Rm II$_{26}$ Prest$_{31}$ D. I. II 509$_{11}$ *ketils* Prest$_{26.28}$ *refuill* D. I. II 509$_{19}$ (2 g) *Biarnheþin* Prest$_{6}$ *þorarinn* Rm VI$_{38}$ (*-in* Prest$_{3}$) *vlfheþins* Prest$_{22}$ *almenning(r)* Sæm$_{1.6}$ (4 g) *flutning* D. I. II 159$_{38}$ *helfninge* Rm I$_{9}$ II$_{28}$ *helming* D. I. II 415$_{7}$ *islendinga* Prest$_{29}$ *kerlinga* D. I. II 474$_{10}$ *klofningar* Rm I$_{11}$ *kløingr* Prest$_{23}$ *leiglenndingr* Sæm$_{11}$ *lyktingar* D. I. II 397$_{10}$ *logfesting* II 484$_{54}$ *logryptinngar* II 416$_{6}$ *peninga* II 512$_{10}$ *reikninghe* II 397$_{9}$; merk ogso *eirikr* II 416$_{2}$ (3 g), *æirikr* 489 B$_{2}$; *hokull* nsg II 509$_{7}$ *iokulsa* II 204$_{11}$ ($_{12}$) *stvpul* asg II 159$_{29}$ *staupul* asg ibid.$_{6}$ *þorunne* dat. II 204$_{7}$ *auðunar* gen. II 397$_{9}$ *jorundr* II 159$_{3}$ *tiund(ir)* ibid.$_{18}$ *fimtvngr* Sæm$_{26}$ *fiorðvngr* Rm IV$_{35}$ (3 g) *gripungr* Rm I$_{2}$ *settungr* ibid.$_{6}$ *priðivngr* Rm IV$_{33}$ (3 g) *þriðiungar-* D. I. II 484$_{70}$ *sigurðr* ibid.$_{23}$ (2 g) *sigvrþar* gen. Prest$_{7}$ *Sigurdar-* D. I. II 204$_{7}$. Undantaki herifraa er berre *buneng* Rm II$_{17}$ *fiorþongr* Rm I$_{6}$ (*fiorgongr*$_{5}$). Serskilt er merkande: *fencels* gen. Prest$_{10}$ *þorkell* D. I. II 484$_{22}$ ofl. st. *kalekr* II 509$_{8}$ *noreghs* II 523$_{14}$ *gizo(rr)* Rm. II$_{26}$ *gizorar* gen. Prest$_{4}$. Um personnamn paa *-ólfr*, *-úlfr* sjaa nedanfor under **16 b**, Merkn. 567.

E. isl. er det ogso oftast *i* og *u* i *-ing(r)*, *-ung(r)*, *-undr*, men elles er det mest av *e* og *o*: *-ell*, *-enn*, *-oll*, *-on* f. (*skipon*) *-oþr* (*fǫgnoþr*) *-onn* (*morgon* asg); likevel er der svaging, t. d. *engill* ikkje sjeldan for *engell*, og alltid *ketill*, *kalec* asg.

Merkn. 543. I nyisl. regelrett *ı* og *ẏ*, som er skrive *i* og *u*. Um *-uður* og *-un* sjaa ovanfor s. 25. *morgẏn* er den vanlege formi, men dial. ogso *morgon* (vokaljamning). For *kalekr* vert no sagt *kaleikẏr*.

10 b γ 1. Hovudbrevi hev adjektiv paa *-igr*, *-ugr* og *-ill*, t. d. *kunnigt*, *kunnikt*, *kunigt* D. I. II 207$_{3}$ 204$_{3}$ 416$_{3}$ (i alt minst 13 g med *i*) *kunnugt* II 512$_{2}$ (1345) *tvıtygr* (ɔ: *tvitugr*) nsm Sæm$_{18}$ *þritvgt* ibid.$_{2}$ *mikill* D. I. II 397$_{10}$; undantak *kunect* II 523$_{2}$ (1349).

ı og *e* skifter i talordet *ellefta* dsm D. I. II 489 A$_{11}$ (jfr. *ellefu* II 523$_{9}$ *ellipta* II 489 B$_{11}$).

E. isl. hev adjektiv paa *-egr*, *-ogr*, *-ell* (*-ıll*), *-oll*, *-enn* (*-ınn*): *auþegr* (*-ogr*), *gœfogr*, *cunnegr*, *mǫ́ttogr* (*máttegr*), *suefnogr*, *þrıtogr* (*-tøgr*, *-tegr*), *verþogr* (*-ugr*), *vıtegr*, **heimill* (i *oheimıllt*), *lıtell* (*-ıll*), *mıkıll* (*-ell*), *huerfoll*; *fegenn* (*-ınn*), *openn*.

Merkn. 544. Nyisl. hev *ẏgẏr* (<*ugr*) baade for E. isl. *-ogr* og *-egr*: *öyðẏgẏr*, *gövẏgẏr*, *kẏnnẏgẏr*, *mauttẏgẏr*, *svę̈bnẏgẏr*, *þritygẏr* (tretti aar gamall), *vęrðẏgẏr*; jfr. ISVestl. I, s. 71.

For E. isl. *-ell*, *-oll*, *-enn* hev nyisl. *-ıdl̥*, *-ẏdl̥*, *-ınn*: *heimıdl̥* (i dette adjektivet finst ikkje avleidsending med velar vokal korkje i E. isl. eller i nyisl.), *lıtıdl̥*, *mıkıdl̥*; *xwęrvẏdl̥*; *feijınn*, *opınn*. Liksom *-ẏgẏr* i nyisl. hev trengt undan *-igr*, hev *ẏdl̥* trengt undan den gamle endingi *-all*: *ötẏdl̥* = gn. og nyn. *atall* (*atadl̥* nisl. med tydning „energisk, dygtig" Blöndal), *svıkẏdl̥* = nyn. *svikall*; av adjektiv paa *-ẏdl̥* er der ikkje so faa paa Island; velkjende er *sannsögẏdl̥* (nyn. *sannsogoll* Ork.) *þögẏdl̥* (nyn. *tagall* Bjørg. bp. ofl., *togoll*<*þagull* Ork.). Av adjektiv paa *-all* hev nyisl. no ikkje andre enn *gamadl̥* og *vęsadl̥*. E. isl. *ellefo* num. er no üttala *ędlęvẏ*, rekkjetalet: *ędlęftı* (i E. isl. *ellepte*).

10 b γ 3. Hovudbrevi hev *i* i endingi *-ligr* og *-liga* adv.: *frialsliga* D. I. II 484 32 *løgligha* II 466 13 *virðuligr* II 484 7 ofl. st. *opinberliga* ibid. 22 *æfinliga* II 159 12 ofl. døme; ingi undantak uppteikna.

E. isl. hev adjektiv paa *-legr* og adverb paa *-lega*, t. d. *mannlegr*, *openberlega*.

Merkn. 545. I brevi etter 1350 er skrive snart *-ligr*, og snart *-legr*. I GBib. 1584 fær *-ligr* yvertaket, men Kyrk., HBib. 1644, Ydr., Tyro hev regelrett *-legr*, sameleis Lærdomsl.

Nyisl. hev *-lęgÿr* (< *-legur*) og adverb paa *-lęga*, t. d. *mănlęgÿr*, *opınbęrlęga*.

10 b δ. Den etterhengde artikelen — substantivartikelen — er der faa døme paa i hovudbrevi. I Rm I hev han vokalen *e* og er i skrifti skild fraa substantivet: *fiorgongr en* 5 nsg, *ar ennar* gsg. Av former som viser vokalen i dei andre hovudbrevi, der han alltid er *i*, er uppteikna desse, nsm: *kongrinn* D. I. II 415 14, gsg: *biskupsins* II 484 63 *stadarins* II 207 5, asm: *gagndagin* II 470 6 *domin* 484 32 *stadin* II 159 5, asf: *losnina* II 484 64 *jardina* II 512 15, asn: *klaustrið* II 397 9, gsg: *klaustursins* II 159 14 (12), dsg: *lanndinu* II 416 8.

I E. isl. er denne etterhengde artikelen, som i det heile er lite brukt, *-enn*, *-en*, *-et*: *dagrenn*, *solen*, *vatnet*. Sumtid er artikelen skriven for seg sjølv liksom det er gjort i Rm I, t. d. *trua en* H.

Merkn. 546. I nyisl. no er denne artikelen *-ınn*, *-ın* og *-ıð* liksom i dei fleste hovudbr. fyre 1350: *dagÿrınn* (< *dagrinn*), *vatnıð* (ell. *vatnıþ*).

10 b ε. Fraa hovudbrevi er ikkje uppteikna akkus. eintals former av 1 og 2 personlege pron., heller ikkje akkus. av det refleksive pron.

I E. isl. er det alltid *mic* eller *mik*, *þic* (*þik*), *sic* (*sik*), aldri med *e*.

Merkn. 547. I nyisl. *mıg*, *þıg*, *sıg*, dial.: *męg*, *þęg*, *sęg* Reykjav. og umland, skr. *mig*, *þig*, *sig*.

Norig heiter i E. isl. *Norvege* dat.; — nyisl. *norvęgÿr* m. (skr. *Norvegur*), i dat. *Norveijı*.[1]

11 a. Den bundne adjektivartikelen er lite i bruk i hovudbrevi. I den eldste tidi er formi alltid *enn*; i seinare diplom (fraa tidi umkr. 1260) skifter *enn* og *hinn*. Høvi er: *enn* asm Sæm 8. 15 *envm* Rm V 39 *en* nsf Rm III 31 (2 g.) *ena* D. I. II 159 22. 23 *ennı* dsf II 523 4 (1349) *en* npn Rm III 31 *hinum* dsm Rm V 38 (umkr. 1260) D. I. II 415 10 *hina* asf II 204 9 (1311), som er fyrste gong *hinn* kjem fram i dagsett isl. dipl. (arnam. avskr. „ex originale"). I Rm V 40 stend *hennı helgv Barbare meyıo*, der *hennı*, um det ikkje er pers.

[1] [Det vanlege er no: Noregur (*noręgÿr*) dat. Noregi (*noreijı*). *J. H.*]

pron. (dat. til *hun*), vel er blandingsform av *enni* og *hinni*, jfr. *henni* i Didr.[1] Um *enu* asf II 474 15, sjaa nedanfor under Ordformer (17).

I E. isl. er adjektivartikelen stødt *enn*, *en*, *et* i alle skrifter so nær som i H og 645. I dei tvo sistnemnde finn me umfram *enn*, som ogso her er det vanlege, stundom *hinn*, t. d. *hinom helga anda* H 194 32 = *enom helga annda* ibid. 135 15 *hiner gøfgvsto hirþmen* 645, s. 115 11, stundom ogso *inn*, *in*, *it*, som i isl. synest ha vakse fram av *enn* med paaverknad paa vokalen fraa *hinn*, og som i dei nemnde tvo skrifter kann skifta med *enn*, men berre i einstavingsformer. (Sjaa Larss. under *enn* og *hinn*.) Samanblandingi av *enn* og *hinn* i skrift paa Island hev fulla etter dette byrja burtimot slutten av fyrste mannsalderen i 13. hundr. — samstundes med annan paaverknad fra norsk, som hev sett tydelege merke etter seg i islandsk skrift, men *enn* og det nye *inn* er i lang tid frametter det vanlegaste i bokheimen, t. d. i Edda, Morkinskinna ofl., og hev fulla ogso vore vanlege i talen, som vel aldri hev vore utan slike *h*-lause former.

Merkn. 548. I nyisl. i vaare dagar er denne artikelen i skrift mesta hjaa alle *hinn*, *hin*, *hið* (pronomenet: *hinn*, *hin*, *hitt*); men i den samanhengande naturlege talen er *h* mykje ofte burte, so artikelen lyder berre *ĭn(n)*, *ĭn*, *ĭt*, t. d. *þeir hinir sömu*, utt. *þeir inir sömý*, *sá hinn sami*, utt. *sau inn sami*, og i ordelaget *í hitt eð fyrra* (jfr. *þar ed næsta* D. I. IV 393 9 1427) utt. *i hitt ęð firra*, fyrre aaret, ifjor hitt aaret, vert *h* heller ikkje skriven.[2] Det er elles aa merka at adjektivartikelen er lite bruka i islandsk, helst um ein held det islandske bruket attaat det norske. Ordband i norsk som *det litle barnet*, *dei store steinarne* kann nok paa islandsk heita *hið litla badn*, *hinir stoury steinar* — endaa det vanleg vert sagt *litla badnið*, *stoury steinadnir*, — men ikkje paa nyisl. no: *hið litla badnið*, *hinir stoury steinadnir* med artikel baade fyre adjektivet og etter substantivet som i vanleg norsk, i alle fall ikkje utanfor reint høgtidleg tale, der ein stundom kann etterlikna det religiøse maal i 17. og 18. hundr.

Merkn. 549. Umfram E. isl. hev ogso rygjamaalet i Norig *enn* til adjektivartikel baade i fyrstningi av 13. hundr. (Hom III) og fraa umkr. 1300 og frametter (i ymse brev, sjaa Rygjam. s. 29—30). Aalmenn ISVestl. hev i dei fleste skrifter (Otrd, Otra, Str. o. fl.) og i hovudbrevi *hinn*; men i sume brev er der ikkje sjeldan *enn* (ISVestl. Merkn. 253). Didr. III hev oftast *enn*, sumtid *hinn*, no og daa *inn*.

---

[1] [Skr. II 1935 No. 1, s. 105].

[2] Or mine eigne uppteikningar paa Island sumaren 1907. Dette høver med Jón Ólafssons upplysning i Móðurmáls-bókin s. 7: „Í framburði heyrist enn í dag nær ávalt *inn*, *in*, *ið*, þá sjaldan greinirinn er hafður í tali. Menn segja: sá er maður inn sami; sá inn sami, ekki hinn sami. Ég hefi um langan aldur veitt þessu eftirtekt og sjaldan sem aldrei heyrt menn hafa *hinn* í tali, heldur *inn*; en þegar menn lesa, heyri eg menn oft segja *hinn* og þó ekki ávalt. Það er sýnilega in ranga stafsetning, sem hefir áhrif á framburðinn í lestri.“ Jón Ólafsson sjølv skriv alltid *inn*. Hev han rett i sin meining at *hinn* berre er ein „ritháttr“, kunde ein koma paa den tanken at *hinn* aldri hev vore brukt til artikel i isl talemaal. Mot denne meining strider likevel sjølve uttalen *inn*, som vel ikkje kann ha fenge sin *i* paa annan maate enn fraa *hinn*, som i isl. skrift kjem upp samstundes med *inn*.

NVestl. hev *hinn* fraa umkr. 1200 og frametter, men ogso i skrift fraa denne landsluten er der merke etter eit gamalt *enn*, helst i høgtidleg stil, sjaa NVestl. s. 96.

I trøndsk *hinn* fraa den eldste skrifttidi (umkr. 1150); i Olavs leg. saga og Didr. I *hinn* og *enn*, den sistnemnde formi venteleg fraa fyreleggi. — Austlandet *hinn* fraa 1224 (D. N. I 7, Oslo).

Skal ein døma etter dette, hev *hinn* som adjektivisk artikel vore sterkast i trøndsk og austlandsk. I austnorsk kann dette bruket av *hinn* anten vera ovgamalt eller innkome fraa austnordisk, helst svensk, der me elles finn far etter dei same tvo former *en* (*in*) og *hin* som i norsk (sj. Noreen: Altschw. gram. § 510₇, 511); *hin* finst alt paa Röksteinen (umkr. 900). Fraa austnorsk synest *hinn* ha breidt seg til dei vestnorske maalføre og trengt undan *enn*, som i alle høve maa ha havt yvertaket mangstad vestanfjells nokor tid fyre og umkring 1200. Ein slik tilgang vilde semjast vel baade med tilstandet i den eldre norske bokheimen og med maalvokstren i Norderlandi i ymse andre høve.

Det er elles aa merka at me finn baade *hinn* og *inn* som artikel paa runesteinsinnskrifter i vestnorske bygder alt fraa 11. hundr. I ei innskrift paa ein stein fraa Haa paa Jedren finst *in* asm.[1] På Otrenessteinen ved Kristiansand stend der *Olafs hins hala* (umkr. 1025—1050),[2] og i runeinnskrifter fraa Man (11. hundr.) les me *þurulfs hins rauþa*, jamsides med *Grims ins suarta*. Av desse tvo former *hinn* og *inn*, som soleis paa vestnorsk maalumkverve i vissa til deils hev vore brukte um kvartanna som adjektiv-artikel i det 11. hundr., maa formi utan *h* ei tid ha havt yvertaket i sum vestlandsk etter det som den eldste rygsk og islandsken fraa umkr. 1200 syner, der denne formi (*inn* ell. *enn*) er gjenomførd, liksom det i seinare vestlandsk, serleg i rygsk, og i islandsk endaa den dag idag i skrift og i tale, er merke etter henne. Formerne utan *h* syner soleis fram berre eit millombil i sum vestlandsk maalvokster. Naar alt dette vert lagt saman, kann det tala for den meiningi at me i *hinn*, *inn* og *enn* i grunnen berre hev ymse voksterformer av same ord.

11 b. Det dem. pron. *sá* synest ikkje ha vore brukt til artikel i E. isl. Men umkring midten av 13. hundr. eller noko fyrr viser det seg sumtid. Soleis i heilag Olavs hist. soga (Stockh. kgl. bibl. no. 2 qv[3]): *þa somo þionostv* 120₆ *þann helga mann* 246₁₂ *þeim uvitra manne* ibid.₁₅ *þeim goða konungi* 243₂₈ (jfr. parallelstaden *þæim halæita kononge* Hom 153₈, nordvestlandsk etter trøndsk fyrelegg). I Edda-dikti er *sá* ikkje bruka til artikel utan i Sólarljod, hds. fraa 17. hundr.

Merkn. 550. I fyrstningi av andre helvti av 14. hundr. ovrar det seg i dei islandske diplomi, t. d. *þvi sama klaustri* D. I. III 155₂₃ (1363), og sidan skyt det upp her og kvar og skifter med dei eldre former for artikelen, t. d. i Vǫls. (umkr. 1400): *þat mikla gull* 64₁; Mariu soga 1 (fyrstn. av 15. hundr.): *þeim gamla einsetumanne* 742₁; i brevi: *þann gamla reikningskap* D. I. VI 466₆ (1484); *þess myckla framgangs* VIII 253₂₉ (1510).

I slutten av 16. hundr. er *sá* — visseleg etter paaverknad fraa dansk — i fullt bruk i den eldste bibelumsetjingi (1584), t. d. *sa fyrsti dagur* 1

---

[1] Nicolaysens fornlevninger s. 293.

[2] Magnus Olsen i Sprogl. hist. afh. viede Sophus Bugges minde, Kr.a. 1909.

[3] Utgaava av P. A. Munch og C. R. Unger, Chr.a. 1853.

Mos. 1, 5 *þann eina strycktu þeir* Matt. 21,35, og sameleis er det i utgaava fraa 1644. Ogso i det 18. hundr. vert *sá* brukt paa denne maaten, t. d. *fyrer þann Himneska Føduren* Ydr. 11 11 *i þad ringasta* Tyro 212 1 *þad riki dæmi* Lærdomsl. B 14, s. 254 7. Eit merkelegt undantak i denne vegen er Paradísar missir, Jón Þorláksson's umsetjing av Miltons Paradise lost;[1] her er *sá* ovleg sjeldsynt som artikel (t. d. *þess ósköptu eðlis megni meirr enn möguligt meðverkaði* 245 34 2dre teigen), medan *enn* og *hinn*, sjeldan *inn*, er dei formerne som raader.

Um *sá* og *hinn* segjer Rask i Veiledning til det isl. eller gamle nord. Sprog (1811) s. 99: „begge disse Ord ere tillige Artikler, dette (ɔ: *hinn*) især hos de ældre, hint (ɔ: *sá*) især hos de nyere." Men dei nyaste islandske maallæror godkjenner berre *hinn* som artikel.[2]

I Norig finn me i gamall trøndsk *sá* ender og daa brukt til adjektivartikel i staden for det vanlege *hinn* fraa fyrstningi av 13. hundr., t. d. *þat sama haust* D. N. I 8 3 Nid. 1225. Sameleis i den nordvestlandske handskrifti Hom II (1210—25) i homilia In die sancti Olaui regis et martiris med Olavs jartegn, s. 146—168, der det er ei mengd med døme. Det upphavlege fyrelegget til denne homilia hev visst vore trøndsk, jfr. NVestl. s. 55 nede paa sida. Like eins vert *sá* stundom brukt i staden for det vanlege *hinn* som artikel i ymse sudvestlandske skrifter fraa 13. hundr., t. d. Str. Otra Didr. III og Kgs, til deils ogso i diplom fraa denne landsluten, som er umtala ovanfor i hovudutgreidingi; sjaa t. d. ISVestl. I, Merkn. 253. Soleis og i rygske hovudbrev fraa umkr. 1300 jamsides med *enn*. I austlandsk er *sá* brukt no og daa i staden for *hinn* fraa fyrstningi av 14. hundr., t. d. *þann nya bruar staden* D. N. I 130 9 Upplandi 1310—11. Det er elles ofte vandt aa avgjera, um *sá* er artikel eller demonstr. pronomen.

Med di *sá* som artikel viser seg seinare i islandsk enn i andre norske maalføre, er vel dette maalbruket paa Island kome fraa Norig. For dette talar det ogso at *sá* paa Island jamt hev lote tevla med dei andre eldre former for artikelen, og i seinare tider hev vorte drive ut att or maalet, som ein gong fulla bruka det mykje i skrift, men vel aldri hev nytta det mykje i talen.[3] Um det i vaart land nokonstad (t. d. i Aust-Norig eller Rogaland?) er eldegamalt eller hev vakse fram or slike ordband som *sá enn góði*, *þat et sama* ved burtfall av artikelen *enn*, eller um det er kome til Norig fraa austnordisk, er vandare aa avgjera. Men tilstandet i tidi ved 1200 — daa me ikkje finn *sá* bruka paa norsk maalumkverve i det heile —, samanlikna med tilstandet umkr. 1300, daa det ovrar seg mange stader, ja i Rogaland endaa tevlar sterkt med *enn*, kunde tala for, at det eigenlege tildrivet til det sterke bruket av *sá*, som i Norig jamvel kom til aa driva den eldre artikelen ut or maalet, er kome utanfraa, og daa vel helst fraa Sverike og Danmark. I den eldste svensk er *hin* og *þæn* artiklar (Noreen: Altschwed. gr. § 508 Anm.), og slik er det ogso i den eldste dansk. Handskrifterne i desse tvo maali er fulla ikkje eldre enn

---

[1] Utg. Kaupmannahöfn 1828. Jón Þorláksson var fødd 1744, døydde 1819. Fyrstningi av umsetjingi var prenta fyre 1800.

[2] Wimmer, Finnur Jónsson (K. Gíslason i Dönsk orðabók), Jón Ólafsson i Móðurm.-bókin. I det religiøse maalet held *sá* seg lengst. I bibelumsetjingi 1859 finn me: *þeir æðstu prestar* Matt. 21 v. 15, i umsetjingi 1866: *æðstu prestarnir*; i den fraa 1906: *æðstu prestarnir*.

[3] [*sá* hev ikkje vorte drive ut att or målet; ein høyrer det ålment i tale, men *hinn* vert no meir nytta i skrift. *J. H.*]

fraa slutten av det 13. hundr., so me kan ikkje her draga nokon trygg slutnad; men tilgangen vilde høva med ymse andre ovringar.

At dei nordiske maali, som hadde valt *hinn* (*inn*, *enn*) til artikel, sidan hev gjenge yver til *den*, som alle dei andre germanske maali hadde valt, hev vel mykje sin grunn i paaverknad fraa desse vidgjengde maal. Og vegarne for denne paaverknaden kann ha vore mange. I vaare dagar er det berre paa Island og til deils paa Færøyarne, at *hinn* enno liver som bunden artikel.

12 a. Den klanglause dentale spirant er i alle brevi skriven *þ*, t. d. *þrır* Rm I 4. Ein hende gong finn me *th*, t. d. *thomas* D. I. II 489 A 3 (etter latin), *thingæyrum* II 489 B 2. I *samdycke* II 484 30. 42 o. fl. st. for *samþykke* hev den klanglause spiranten etter *m* gjenge yver til klangfør, her skriven *d*, eller rettare *ð*, som brevet jamt brukar for *d*. Um *-þórr* > *-dorr* i siste samansetningsled av personnamn sjaa nedanfor.

Den klangføre dentale spirant er skriven *þ* i Rm I og II, t. d. *griþunger* Rm I 2 *skruþe* dsg Rm II 15, sjaa Merkn. 551 her nedanfor. Men i Rm III (umkr. 1225) er der kome umskifte i denne skriveskikken, og me finn *ð* (*staðar* 30) som i vanleg norsk (etter trøndsk). I hovudbrevi etter denne tidi er *þ* for den klangføre spirant sjeldsynt. Mest er der av *þ* i Prest (1225—1250), som skifter med *þ* og *ð*, t. d. *Þorvarþs* 3 *þorvarðs* 6 *svðr* 8 *sagþi* 34 o. s. fr. Elles er det berre nokre faa brev som ber merke etter den eldste isl. skriveskikken: *þrıþıvngr* Rm IV 34 *sagþa ek* D. I. II 466 12 *nægþı* II 523 6 *aþr* ibid. 9.

I staden for *ð* hev D. I. II 159 (1295) alltid *d* (skr. *ð*), og dette er det vanlege i dei fleste brevi etter den tid, anten heilt gjenomført: D. I. II 204, 207, 363 (norsk), 415, 416, 417, 465, 474, 490, 509, eller *d* (*ð*) er bruka til skiftes med *ð*: D. I. II 397, 484, 489 A og B, 512.[1] Denne skrivemaaten byrja i trøndsk fyre 1250, men tok fyrst fart burtimot 1300, sjaa G. Tr. § 39 Merkn. 2.

Etter skrivemaatar som *andaþiz* Prest 32 *Svarthofði* ibid. 11 *sagþı* ibid. 34 *marþar* 5 gen. *talðer* Sæm 14. 15 *nemð(r)* ibid. 18, set i samanheng med skrivemaaten i den gamle islandske bokheimen elles, maa uttalen i alle slike høve ha vore spirantisk.

ð etter *n* i stutt staving er der i hovudbrevi ikkje døme paa. No og daa finn me *ð* for *d* etter *n*, der me ikkje skulde venta det: *Gvðmvnðr* Prest 24 (umkr. 1240) *lanð* Rm IV 33 *Vnðer* ibid. 32 *lanð* D. I. II 397 5 *synðez* 470 13; ogso 1 gong uppteikna etter *l*: *skullð* II 397 8, der diplomatariet hev *skulld*, men sjaa ovanf. s. 6. Denne skrivemaaten ovra seg i trøndsk alt umkring 1200: *Strinð* D. N. XIII 1 12 (*Strind* 10) og finst sidan sporadisk vidt utyver det norske maalvaldet (G. Tr. § 18,7).

Bruket av *þ* til ogso aa merkja den klangføre dentale spirant liksom i Rm I og II er gjenomført i E. isl.; sjaa Innl. t. Vestn. maalf. s. 15—16

[1] I avprenti i D. I. stend det ikkje sjeldan *ð* for *d* i hds., og til deils *d* for *ð*; noko av dette er medteke i rettingarne her ovanf., Merknad 498; men diplomatariet hev dessverre endaa fleire villor.

Merkn. 551. I islandske skrifter fraa umkr. midten av 13. hundr. tevlar *þ* i dette høve sterkt med *ð*, t. d. i Morkinskinna (oftast *þ*) og i Edda (ofte *þ*, stundom *ꝺ* umfram *ð*). I 14. hundr. vert *þ* for klangfør spirant sjeldnare, men finst endaa no og daa t. d. i D. I. III 402 (1392): *feþrs iorþina* ofl., sameleis i Flatøyboki og Volsungasoga (umkr. 1400), og ein hende gong endaa seinare i brevriket t. d. *kiærþe* D. I. V 318 (1462).

12 b. Spursmaalet um kva teikn dei skulde bruka til aa løysa av *þ* som klangfør spirant synest ha skapt vanskar for islendingarne. Det er likt til at ymse skrivarar i den eldste tidi ikkje hev skyna eller ikkje lika teiknet *ð*, som — visseleg fraa Norig — kjem upp i islandsk skrift i fyrstningi av 13. hundr. Desse skrivarar hev helst set eit avstyttingsteikn i denne typen (jfr. *haralð* Ágrip 68 3. 25 = *haraldr*)[1], og hev heller bruka *ꝺ* (oftast jamsides med *þ*) til klangfør spirant, medan dei — i alle fall til deils — skriv *d* for den stengde ljoden. I Am. 677 qv. (den fyrste yngre deildi) er *ꝺ* det regelrette teikn for spiranten, *d* for den stengde ljoden, og i sume andre skrifter finn me noko av det same.[2] Men *ð* vert likevel vanlegare burtimot midten av 13. hundr., og dei som skriv *ð* for spiranten, skriv daa *ꝺ* for den stengde ljoden. Denne samanblandingi av teikni *ð* og *ꝺ* i lag med paaverknaden fraa Norig, der *ꝺ* i skrifti i staden for *ð* vert meir og meir aalmenn umkr. 1300, er truleg grunnen til at *ð* heller ikkje i lengdi held seg i islandsk. Stemneleidi i bøkerne i det 14. hundr. er i alle fall tydeleg den aa løysa av *ð* med *ꝺ*. Alt i fyrstningi av 14. hundradaaret finn me her og der, t. d. i Eirspennill (Am. 47 fol.) *ꝺ* for *ð*, og av dette vert det meir og meir burtimot midten av hundradaaret, t. d. i Sturlunga soga. Fraa tidi umkr. 1400 kann ein segja at *ꝺ* (baade for *ð* og for *d*) raader grunnen aaleine.[3]

Merkn. 552. I diplomi fraa 1350—1400 er *ð* berre aa sjaa ein einskild gong eller so i eit og anna brev, t. d. no og daa i *eðr*, ovleg sjeldan i noko mange ord i same brev, og daa likso gjerne i staden for *d*, t. d. D. I. III 380 (1390) 566 (1402) 618 (1412).

I nyisl. skrift i vaare dagar er *ð* paa nytt i fullt bruk etter vokalar, og etter *f*, *g* og *r*[4] i samhøve med ein mykje vanleg uttale no, som skal verta umrødd i Merknaden her nedanfor.

---

[2] Innl. t. Vestn. maalføre s. 16.

[3] Celander: *ð* > *d* i fornisl. og fornno. s. 43 oflg.

[3] Kålund: Pal. Atl. Ny Serie (Oldn. isl. 1300—1700) i innleidingi s. V.

[4] Fraa fyrstunne av 15. hundr. til burt imot slutten av 18. hundr. skreiv dei paa Island *ꝺ* baade for *d* og for *ð*; og same skikken fylgjer dei bøker, som vart prenta i dette tidebilet, oftast med fraktur. Island fekk prenteverk kring 1530. I siste helvti av 18. hundr. syner det seg dei fyrste teikn til at *ð* skal koma i bruk att; han vert daa t. d. bruka i utgaava av Njaals soga (Kph. 1772), endaa ho er prenta med fraktur. Eggert Ólafsson, fødd 1726 og daaen 1768, vert nemnd som den fyrste upphavsmannen til denne umboti i islandsk skrift. I fyrste mannsalderen av 19. hundr. fær *ð* saman med latinsk skrift yvertaket, ikkje minst ved prof. Rasks hjelp, og hev sidan vorte aalmenn. Av merkebøker som kan gjeva eit bilæte av yvergangstidi er nemnande: Kongs-Skugg-Sio (Sorøe 1768) hev *d* (lat. skr.), den fyrrnemnde Njaals soga

12 c. Liksom i dei eldste skrifter fraa Sudvestlandet i Norig hev spiranten ogso i dei eldste islandske skrifterne eit større raaderom enn i seinare tider, og stend der regelrett etter *l* og *n* i ljodsterk stutt staving — med burtfallen eldre vokal framfor dentalen — og etter *lf, lg, ng* og *m*, t. d. *talþe* 3 si *vanþe* m. (*skelfðu* 3 pi Edda) *telgþo* 3 si *tengþr* ptc. nsm *dǿmþo* 3 pi, der *þ* allstad er teikn for *ð*. Yvergangen *ð* til *d* i desse høvi hev gjenge for seg i fyrste tidi etter 1300, sjaa Celander: Om övergången av *ð*>*d* s. 57. Den eldste handskrifti som hev gjenomført yvergangen, er Am. 748 qv. (1300—1325).

Merkn. 553. I nyisl. er *ð* klangfør spirant (= *th* i eng. *father*) millom vokalar; sameleis etter *f, g* og *r* framfor vokal allstad paa Island, so nær som i Vestfjordarne (fraa Breidefj. til Húnaflói), der han i denne sistnemnde stoda hev gjenge yver til *d*. For det skrivne *hafði, sagði, ferðir* hev eg soleis uppteikna uttalen: *havðı* (og *haƀðı*), *sagðı, fęrðır* Reykjav. Arness. *haƀðı* (*havðı*), *sagðı, fęrðir* Austl. *haƀðı, sagðı, fęrðır* Eyjafj. *havdı, sagdı, ferdır* Arnarfj.[1] Etter *lf, lg* og *ng* vert i nyisl. skrive og allstad uttala *d*; *f* og *g* i denne stoda fell burt i talen: *hvolfdi, fylgdi, hengdı*, utt. *kvoldı(xw-) fıldı, heıṇdı*. I utljod er spiranten i dei nemnde høvi meir eller minder klanglaus, naar ordet endar setningi eller vert nemnt aaleine, t. d. *haið* (<*hæð* f.) *börıð* ptc. n. *hövð* ptc. f. *bıgð* (<*bygð*) *fęrð*; dette synest koma tydelegast fram paa Nordlandet med ein uttale, som helst maa skrivast *þ*, t. d. *ęþ* (namnet paa ð) *haiþ, börıþ, höfþ, bıgþ* eller *bĭkþ, fęrþ, borþ* (men *borðıþ*) *bliþ* adj. f. (men *bliðyr* nsm).

I pronomen og pronominale ord vert *þ* uttala klanglaust, naar ordi hev ettertrykk, t. d *þū þvī*. Men naar eit slikt ord er ljodlint i setningssamanhengen, vert *þ* til *ð* i dei same høvi som maalet elles hev klangfør spirant, t. d. *han au að finna ðıg*; *au'-ðjęr* (ell. *au'-ðır*)<*á þér*; *ķau'-ðjęr*<*hjá þér*; *han kom frau ðęssym mannı* (med vegt paa *kom*; men: *han kom frau þęssym mannı*, med vegt paa *þęssym*; *hav-ðy*<*haf-þú*; *av'ði*, men med vegt paa pronomentet *av-þi'*<*af þ(v)í*; *sęg-ðy*; *sjęr-ðy*; *han văr'-ðar*, i Vestfjordarne *han var'-dar*<*var þar*. Likevel heiter det *vęr-ty* baade av *vęra* og

(1772) hev *ð* (fraktur), Gerh. Schønings Heimskringla (Hafniæ 1777) hev *d* (lat. skr.); Rasks Veiledn. til det isl. Sprog (Kph. 1811) hev *ð* (fraktur); Björn Haldórssons isl. lexikon ved Rask (Havniæ 1814) hev *d* (lat. skr.); Rasks umarbeidde svenske utgaava av den isl. gramm. (1818) hev *ð* (lat. skr.); Rasks oldn. læseb. (Kbh. 1832) hev *ð* (lat. skr.). I religiøse bøker (med fraktur) heldt *ð* seg lengst. Bibelumsetjingi 1859 (fraktur) hev enno *ð*; men i umsetjingi fraa 1866 (lat. skr.) hev *ð* vunne fram ogso paa dette umkvervet.

[1] Yvergangen *ð* til *d* skal ogso finnast i Fljót paa Nordlandet. I Eyjafjord hev dei ei herming etter maalet paa Fljót:

gjörd au bardı gjekk ı skard' au gardı;
au hana hordı (ɔ: *horfði*) *hringa jörd*,
o *hreibdı* (ɔ: *hreyfði*) *ordym böyxs við njörd.*

Gjörð er kvendenamn; *Barð* er namnet paa ein gard i Fljót; *hringa jörð*, umskrivning for kona; *hreyfa orðum við*, gjeva seg i prat med; *haugs Njörðr*, umskrivning for mann.

Etter det avlidne rektor Hjaltalín paa Akureyri fortalde meg sumaren 1907, skal yvergangen *ð* > *d* ogso vera kjend i Vopnafjorden. Det vert elles sagt at det i bygdi millom Reykhólar og Staður i Bardastrandar sysla berre er eldre folk, som no segjer *rd* for *rð* osfr., medan dei yngre hev spirantisk uttale; det same er meg fortalt fraa Isafjord. Men i fjordarne lengst vest: Patreksfjord, Arnarfjord og Dyrafjord skal uttalen med *d* enno vera den vanlege.

vęrða og *ęrtú þádna*? *xwað ęrt'að gjöra*? (Fljótsd.). Etter *lg, ng, l, m* og *n* vert *þ* i same høvi til *d*: *fil-dý mjęr<fylg þú mér*; *fęl-dý*, baade av *fela* og av *fella*, som ogso kann heita *fél-tý* i same høve, liksom det i impf. kann heita *fęldı* og *fęltı*; *hriŋ'-dý*; *kōm-dý* (oftare *kon-dý*)<*kom þú*; *gleim-dý<gleym þú*; *finn'-dý*; i *mb* fell *b* burt: *kęm-dý<kemb þú*. Etter *ld, k, f* (av *p*), *s* og *t* vert *þ* i slike dei same høvi til *t*: *hǎl'-tý* (*hǎl-ty xwoftı* (Fljótsdalsh. finare enn . . . *kjaftı*)<*halt þú*; *sax-tý<sæk þú*; *sŭf-tý<súp-þú*; *glaŭf-tý<gláp þú*; *aĭft'ekkı* so *hau'tt<æp* (rop) *þú ekki svo hátt*; *lis-tý<lýs þú*; *skjoŭt-teim<skiót þeim*. *ð+þ* vert *dd*: *bíddý<bið þú*.

Er det ein præposition med endingi *ð* fyre pronomenet, fell *ð* i præpositionen burt, t. d. *a'-ðjęr<að þér, mę'-ðjęr<með þér, vi'-ðjęr<við þér*, allstad med ettertrykk paa præpositionen — sterkast kannhenda vestpaa, t. d. Barðastr.-sysla — som likevel hev stutt vokal.[1]

I ord som *blíðka, maðkur* odl. er uppteikna fraa Sudlandet: *blaþka*, blokka, lauvsblad, *maþkyr, buþkyr* Borgarfj.; *blaþka, bliþka, maþkyr, viþka* (og *vikka*), men *síðka* (og *sikka*) Reykjav. *maðkýr* Austurl.

Burtfall av *ð* etter vokal i ljodlinn staving er i sume høve ikkje so sjeldhøyrt, t. d. *var ða hann*? *þa var hun*, med vegt paa siste ordet i baae setningar; *bęrja dırým<berja að dyrum*; *xwa* eller *kva<hvað, eitxwa<eitt-hvað*; ogso *kadla, kasta* osfr. ptc. for *kadlað* kann ein stundom høyra, jfr. *uilia* ptc. D. I. VI 651₄₂ (1491). [I 2 pers. plur. *komı-ðıð ekkı, köddl'ý-ír< kölluðuð-þér, hᵉırðy-ír<heyrðuð-þér*. Millom vokalar ogso i stadnamn, t. d. *Kagarhoudl<Kagaðarhóll* Húnavatnss. 132; *Kaldarnes* ogs. skr. *Kaldaðarnes<Kallaðarnes* fl. st.][2] Um andre burtfall av denne spiranten sjaa nedanfor under Konsonantburtfall.

Merkn. 554. For *ð* er skrive *dz* i *gudz, gudze* D. I. IV 569 (1433, Jon Egilss.).

I *suejustoðum* grdsn. dat. D. I. VI 134₁₃ (1478) er vel *ð* burtfallen (ved misskr.?) framfor *j*; jfr. *sueijdiustadi*₅ akk. *sueidiustadi*₁₉ akk.; no skr. *Sveðjustaðir* Húnavatns s. 302 (til *svað*?).[3]

13. Hovudbrevi hev *fn* i slike ord som *efni, -e* D. I. II 474₁₄ (3 br.) *helfninge* Rm I₉ II₂₈ *hrafn* D. I. II 417₂ (propr., elles skrive som i heimenorsk *Rafn* II 470₁₂ 484₁₁ ofl. *Rafns* 470₇) *jafnmikla* II 489 A₆ *klofningar* Rm I₁₁ *nafne* dsg D. I. II 415₁ 484₁ *nefndr, -nefnndr*, (-)*nefnds* II 397₈ 416₅ 204₆.₁₆ 159₂₀ *-nefndan* II 484₆₀ *-nefnder* npm II 415₁₇ 416₉ 489₁₀ ofl. br. *-nefnda* II 417₆ *stefnu* II 204₅. I *-nefder* II 466₁₄ er vel berre strik yver *e* burte, so det stend for *nēfder* ɔ: *nemfder*. Undantak er *helming* II 415₇ *iamnaðe* Sæm₉ *nefmdar* apf II 159₁₁ (1295) *nemðr* ibid.₁₈.

I E. isl. oftast *fn* (ɔ: *ƀn*), stundom *mn* (helst i 645), til deils ogso *mfn*. Av undantaki er merkande *helming* av det eldre *helfning*, der *n* kann ha vorte labialisera av den spirantiske bilabialen *f*, som sidan hev falle burt millom tvo konsonantar. For *iafn* stend ofte *iam-*, helst i neutrum (*iamt<iamnt<iaƀnt*) og i samansetjing. Støyter *m* ved vokalburtfall i bøygjing saman med *n*, vert det i E. isl. jamt skrive *mn*, t. d. *gamne, himne* dsg av *gaman* og *himenn*. Like eins stend *mn* i *samna* v. I det 13. hundr. og

---

[1] Uttalen kunde difor vel skrivast *aðj'er, meðj'er* o.s.fr.

[2] [Stykket i klomber er teke etter kladden].

[3] [Merknaden um Sveðjustaðir finst berre i kladden.]

sidan ei tid finn me i slike høve stundom *fn*, t. d. *hifnescre* dsg Ágrip 35_{12} *hifna-* i samansetn. (sjaa Fritzner[2] under *hifna-* og *himinn*), *safnaþi* 3 si Ágrip 38_{14}, *gafne* Vǫls. soga 59_{6}.

Merkn. 555. I nyisl. vert skrive *fn*, medan uttalen no er *b* + *n* i utljod, t. d. *nafn*>*nabn* (eller *nabpn*), og *b*+*n* millom vokalar, t. d. *nefna*> *nębna* (eller *nebbna*); *b* er, helst i det fyrste høve, noko meir eller minder klanglaus og nærrar seg til *p*, jfr. *Rapnns* propr. gen. Sturl. I 166_{20} (Kph. 1906); men etter mitt skyn skil han seg fraa norsk *p* og maa merkjast som halvt klanglaus.

Framfor *d* og *t* vert *fn* uttala *m* (*m̥*), t. d. *jamt* Nordl. *jam̥t* Sudl. *hęmdi* 3 si<*hefndi*. Meir um *fn* nedanfor under Konsonantyvergangar.

Merkn. 556. For *fn* er skrive *fm* i *Rafm* av *raƀn* der *ƀ* hev labialisera *n* D. I. III 356_{3} (1388); *nfn* i *ænfni* n IV 459 (1430) 471_{10} (1430), *stenfna* IV 459, og soleis i fl. br. (fraa Jon Egilsson?); *ek vthnefndi* III 623_{7} (1412).

Merkn. 557. *ofnu* dsn (for *opnu*) D. I. VI 148_{3} (1478) er vel berre ein skrivemaate for uttalen o'*pnu* (med pust framfor *p*, burtimot *obpnu*) og tyder i det fall paa at *fn* hev vore nemnt eller uttala sameleis aa kalla i det 15. hundr. som no.

14. For spirantisk *g* (*g̨*) er skrive *g* i alle dei eldste hovudbrevi. I II 397 (1330) finn me *h* etter *ng* i *reikninghe*; i II 466 (1339) er spirantisk *g* skriven *gh* utan tvil etter norsk mynster: *lœgligha*₁₃ *deghe*₁₇, og sameleis i II 474, 484 (1 g) 509 og 523 (1349). Dei andre hovudbrevi fraa tidi 1330—1350 hev *g* liksom dei eldste.

E. isl. hev *g*, som raader gjenom heile det 13. hundr.; naar Ágrip (1225—1250) hev *maıgNhuſ* 56_{10} (for *Mǫghnus*), er vel den skrivemaaten eit av dei merki denne boki her og elles ber etter norsk fyrelegg. I Hauksbok (fyrstningi av 14. hundr.) vert skrive *gh* av „den anden sekretær" (t. d. *eighe* s. $441_{23.\,47}$), og avskrivaren av Elucidarius (t. d. *dagha* 495_{23}); men desse skrivarar maa anten ha vore nordmenner, eller islendingar som hev vore sterkt paaverka av norsk.

Merkn. 558. Fraa 1350 frametter til ei kort tid etter 1400 er *gh* mykje vanlegt i isl. diplom, t. d. D. I. III 109 (1360) 174 (1365) 240 (1375) 327 (1385) 596 (1408) VIII 14 (1411)[1], og finst ogso i sume større skrifter fraa dette tidebilet, t. d. Stjórn fraa umkr. 1350, og Vǫls. fraa umkr. 1400. Sidan vert *gh* meir og meir sjeldsynt, um det endaa kann finnast no og daa gjenom heile det 15. hundr. t. d. D. I. IV 497 (1431), og fraa slutten av hundradaaret VI 599 (1489) 622 (1490) 648 (1491). Men med det 15. hundr. kverv *gh* burt or islandsk skrift. Test. 1540 brukar *g*.

Merkn. 559. I nyisl. vert det alltid skrive *g*, endaa uttalen skifter mykje etter den stoda *g* hev. Soleis er han:

1. Klangfør stengd bakgomljod (velar eksplosiv) som fyrste ljod i ordet framfor gamle indre vokalar (*a*, *á*, *o*, *ó*, *u*, *ú*, *au* og *ǫ*); like eins framfor konsonantar og inne i ordi etter *ð*, *f*, *l*, *n* og *r*, naar ein

---

[1] Sjaa Innl. s. 13. Det eine av dei brevi med *gh* som er nemnde der, D. I. II 220, gjeng ut, med di maalet i det brevet er norsk.

indre vokal kjem etter, t. d. *garðýr, gripa, hęlgan*, med ein *g* mest som i norsk *gār* = gard.[1]

2. Halvt klangfør stengd bakgomljod (velar eksplosiv), som byrjar med klang og endar klanglaust — her skrive *g̊* — i utljod etter gamall *l, n* og *r*, t. d. *bęlg̊, hrịng̊, bęrg̊*. Sameleis naar han er lang: *ęg̊g̊* eller *ęgk* < *egg* n. *vag̊g̊a* f. vogga, og naar han stend i utljod framfor *l* og *n*, som i denne stoda vert klanglause, t. d. *sęg̊l̥, ręg̊n̥*; kjem det vokal etter *l* og *n* i dette høve, vert klangløysa mindre, og her er daa skrive *g̊l* og *g̊n*: *sıg̊la, rıg̊na*.

3. Klangfør stengd framgomljod (palatal eksplosiv) som fyrsteljod i ordet framfor gamle fremre vokalar (*e, i, í, y, ý, æ, ei, ey*) og *j*, t. d. *g̡ęra, g̡ıl, g̡jaita* < *gæta, g̡eit* < *geit* f., *g̡jadna* < *giarna*.

4. Klangfør open bakgomljod (velar spirant) millom vokalar, naar vokalen fyre *g* ikkje er *á, ó* eller *ú*, og vokalen etter *g* ikkje er *i*, t. d. *dagýr, ęiga, öyga* < *auga*. Um *g* millom vokal og dental spirant, sjaa Merkn. 560.

5. Halvt klangfør open bakgomljod (velar spirant) i utljod etter indre vokal, som ikkje er *á, ó, ú*, t. d. *dag̊* asg av *dagýr*, med *g̊* mest som i tysk *tag*; jfr. E. isl. *dak* asg Rb 21 12 (1 g, misskr.?) etter fremre vokal, t. d. *vęg̊*, asg av *vęgýr*, ligg *g̊* sjølvsagt noko lenger framme, mest som i tysk *weg*, jfr. Rygjam. Merkn. 61.

6. Klanglaus open bakgomljod (velar spirant) i innljod millom indre vokalar og dei klanglause konsonantarne *s* og *t*, t. d. i *laxs* gsg av *lag* n., *laxt* ptc. < *lagt*; etter fremre vokalar ligg ljoden noko lenger framme, t. d. *vixt* ptc. av *vigja, laixt* ptc. < *lægt, hęppılęxt* adj. n. Uttalen av *g* i desse høvi fell saman med den islandske uttalen av *k* framfor *s* og *t* (sjaa s. 104 nedanfor). Ljoden er den same som i tysk Bach.

7. Klangfør open framgomljod (palatal spirant, = norsk j) i endingi *-gi* etter upphavleg lang vokal, t. d. *laujır* adj. npm < *lágir, vījır* 3 sp < *vígir, noujır* adj. npm < *nógir, mūjı* dsg < *múgi, drijır* 3 sp < *drýgir*; *baijır* 3 sp < *bægir*; *aijır* m. < *ægir* (hav, gn. *ægir*), *höyjı* dsg < *haugi, eijı* adv. < *eigi, heijır* 3 sp < *heygir*. I ord med upphavleg stutt vokal hev det framfor *-gi* vorte innskote ein *i*, so den upphavleg stutte rotvokalen hev halde seg stutt i mange høve som fyrsteled i tviljodar, t. d. *haijı* < *hagi, daijınn* < *daginn, feijınn* adj. < *feginn, boijı* m. < *bogi, hýijı* < *hugi, löyjın* n. npl < *lögin*; var rotvokalen *i* eller *y*, hev *ii* og *yi* vorte lang *i*: *sījıð* ptc. < *sigið, līji* f. < *lygi*. Ogso framfor *gj* millom vokalar hev det vakse fram ein *i*, t. d. i *segja*, som sidan etter burtfallet av *g* hev fenge uttalen *seija*, liksom *slægjur* hev vorte *slaijýr*. Sjaa Merkn. 560 nedanfor og under Innskot av vokal **16 h** *ı*.

8. Lippe-bakgomljod (velar labial) i utljod etter *á, ó* og *ú*, og sameleis i innljod millom desse vokalar og ein annan vokal enn *i*, t. d. *lauw* adj. < *lág*; *w* er elles hjaa mange uhøyrleg, so ein kann skriva uttalen: *lau, nou* < *nóg, mu* < *múg, lauým* < *lágum, skoua* < *skóga*.

9. Umfram i dei høvi, som er nemnde ovanfor i 8, fell *g* burt jamt i uttalen etter *l, n* og *r*, naar det etter *g* kjem ein dental konsonant, t. d. *fıldı* 3 si < *fylgði, hrịndı* 3 si < *hringði, mart* adj. n. < *margt* (konsonant

[1] I fyrstningi av ordi synest elles baade *b, d* og *g* i isl. aa vera ein grand meir stengde enn i norsk, t. d. i *gauŋga*, der den fyrste *g* er uttala hardare enn den siste, som er lik norsk *g* paa Vestlandet i same høvi. Ved uttalemerkjingi her vert ikkje teke umsyn til dette.

millom konsonantar); sameleis fell *g* burt imillom *r* og *n* i *mornar* pl. av *morgẏn.*

Sjaa elles um *g* under Konsonantyvergangar lenger ute i boki, der ogso uttalen *gvẏð* < *guð* er umhandla under Innskot av konsonant.

M e r k n . 560. Millom vokal og dental spirant, t. d. i *sagði*, vert *g* uttala paa noko ulik maate i landsluterne: *săgðı* Austfj. Sudl. *sagdı* Vestfj. *săg̊ðı* Nordl. Framfor den dentale spirant i utljod, der spiranten er heilt eller mesta klanglaus, vert *g* paa Nordlandet uttala so klanglaust at han for eit norsk øyra lyder som *k*: *bikþ* < *bygð*, baade som substantiv og som particip av *byggja*. I desse siste høvi nærrar uttalen andre stader seg meir eller mindre til den nordlandske.

M e r k n . 561. At den tviljoda uttalen av vokal framfor *-gi*, som er umrødd i merknaden her ovanfor under 7, er helder gamall paa Island, syner skrivemaatar som *Eigils* i eit av hovudbrevi fraa 14. hundr.; men ogso i ord med andre vokalar enn *e* i rotstavingi, og framfor *-gıa* er der ymse merke etter tviljoding i fornbrevi. Soleis *dæginn* D. I. IV 318 4 (1417) *laugardægin* V 363 13 (1464) *miðkudæginn* VIII 307 (hds. fraa 1604), som alt fulla skal lesast *-daıjınn*. Det er liksom naar me i nyisl. kann raaka paa ein skrivemaate som *vatnsægi* for *vatnsagi*, for uttalen er den same i baae høvi (*vassaijı*) for islendingen. Av andre eldre skrivemaatar er nemnande *seigia* Nytest. 1540, *seier* 3 sp (< *segir*) D. I. VI 454 21 (1484) o. fl. br., *slæiur* (< *slægiur*) IV 483 10 (1431), skr. *(ut)slægiur* ibid. 11; jfr. ogso rangskrivningi *eygiolfs* D. I. III 599 30. I andre skrifter finn me denne ovringi, som ogso er kjend i heimenorske maalføre, alt i 13. hundr. Sjaa ISVestl. I, s. 134—35.

M e r k n . 562. Ulikskapen millom skrift og tale er orsak til ymse range skrivemaatar sumtid i nyisl., t. d. *lálendi* (for *láglendi*), *lár* adj. (for *lágur*), *Lárkot*, grd. Snæfells. (*Lágarkot*), *fara í noskó* (< *hnotskóg*). Den ulike uttalen kjem fram i bøygjingi av ordi, t. d. *dagur*:

		Skrift	Uttale
Eintal	nom.	*dagur*	*dāgẏr*
	gen.	*dags*	*dăxs*
	dat.	*degi*	*deijı*
	akk.	*dag*	*dāg̊*
Fleirtal	nom.	*dagar*	*dāgar*
	gen.	*daga*	*dāga*
	dat.	*dögum*	*dögẏm*
	akk.	*daga*	*dāga*

Her er bøygjingi av adjektivi *lágur*, laag, og *hægur*, lagleg, spak:

		Mannkyn	Kvendkyn	Inkjekyn
Eintal	nom.	*lau*$^{(w)}$*ẏr*	*lau*	*lau'tt (xt)*
	gen.	*lauxs*	*lau*$^{(q)}$*rar*	*lauxs*
	dat.	*lau*$^{(w)}$*ẏm*	*lau*$^{(q)}$*rı*	*lau*$^{(w)}$*ẏ*
	akk.	*lau*$^{(w)}$*an*	*lau*$^{(w)}$*a*	*lau'tt (xt)*
Fleirtal	nom.	*laujır*	*lau*$^{(w)}$*ar*	*lau*
	gen.	*lau*$^{(q)}$*ra*	*lau*$^{(q)}$*ra*	*lau*$^{(q)}$*ra*
	dat.	*lau*$^{(w)}$*ẏm*	*lau*$^{(w)}$*ẏm*	*lau*$^{(w)}$*ẏm*
	akk.	*lau*$^{(w)}$*a*	*lau*$^{(w)}$*ar*	*lau*

Eintal	nom.	*haigẙr*	*haig̊*	*haixt*
	gen.	*haixs*	*haigrar*	*haixs*
	dat.	*haigẙm*	*haigrı*	*haigẙ*
	akk.	*haigan*	*haiga*	*haixt*
Fleirtal	nom.	*haijır*	*haigar*	*haig̊*
	gen.	*haigra*	*haigra*	*haigra*
	dat.	*haigẙm*	*haigẙm*	*haigẙm*
	akk.	*haiga*	*haigar*	*haig̊*

15. I hovudbrevi vert oftast skrive *pt* i slike ord som *eptir*. Høvi er: *aptr* D. I. II 415 8. 13 *ellipta* 489 B 11 (*ellefta* 489 A 11) *eptir*, *epter* Prest 30 Sæm 23 II 159 13 207 6 415 7 417 7. 10 474 7 523 58 (*eftir*, *efter* Sæm 22 II 204 13 397 9 470 6 484 20. 52) *opt* II 484 60 (*oft* 204 16) *logryptinngar* II 416 6 *scipta* Sæm 9. 17 *script* Rm III 32. Berre med *ft*: *Loftr* Prest 8 *Scafti* ibid. 12; med *fst*: *scalatofst* Rm I 11. Av dei 26 brevi hev 9 *pt*, 4 *ft*, 3 *pt* og *ft*, 1 *fst* (det eldste), i 9 brev er der ikkje døme. Me raakar *ft* og *pt* baade i dei eldste og yngste brevi, og etter di me ogso stundom finn *pt* og *ft* hjaa same skrivaren, hev uttalen venteleg vore klanglaus bilabial spirant + *t*, og det ei tid yver heile Island. I *scalatofst* hev det vakse fram *s* millom *f* og *t* av glidingi millom desse ljodarne, noko lik pust.

I E. isl. finn me ogso svaging millom *ft* og *pt*, og ikkje sjeldan vert skrive *fst*. At uttalen av *f* hev vore bilabial spirant, kann me vel slutta ogso av det at me sumtid finn skrive *fpt* (*efpter*). Høyrer *t* til bøygjingsendingi og ordet hev *p* i stomnen, vert det oftast skrive *pt* t. d. *ǫ́pt* ptc. av *œpa*, men ogso i slike tilfelle kann me finna *ft* og *fst*, t. d. *éfþe* 3 si (= *æfþe* < *æpþı* < *œpþe*) 645 s. 13 6 jfr. her nedanfor under nyisl., *kevfst* ptc. nsn (= vanleg gn. *keypt*) El. 48 10. Hev ordet *f* i stomnen, vert skrive *ft*, soleis alltid *haft* ptc. av *hafa*.

I større skrifter fraa 13. hundr. er der ogso nokor svaging millom *pt* og *ft*, men *pt* torer vera det vanlegaste baade daa og sidan, jamvel so lenge som inn i det 19. hundr.

Merkn. 563. I det 15. hundr. kann me endaa raaka paa ei form som *hapt* ptc. (av *hafa*) D. I. VI 434, s. 490 6. 10 (1483); Test. 1540 hev *pt* og *ft*: *aptur* og *aftur*.

I nyisl. skrift i vaare dagar synest *ft* ha fenge yvertaket (*skaft*, *oft*), soleis at *pt* berre vert skrive, naar *t* høyrer til bøygjingsendingi (*glapti*, *keypti*). Men sume skriv enno *pt* i alle høve.[1]

Uttalen er no *ft* yver heile landet aa kalla med labio-dental *f*: *skaft*, *aiftı* 3 si (< *æpti* < *œpti*). Fraa Fljótsdalshérad (Austfj.) er likevel uppteikna *ft* med bilabial *f*: *lopt*, *skopt* — som truleg er vidare utbreidt — og fraa

[1] *ft* er soleis brukt i dei nyaste isl. ordbøker (ved Jónas Jónasson 1896, G. T. Zoëga (ensk-íslenzk) 1896, Zoëga (íslenzk-ensk) 1904, Jón Ólafsson 1912), i Ljóðmæli eftir Matthías Jochumsson, i Nýja testamentið 1906, Sálmabók 1903 o. m. fl. *pt* finn me i Þjoðsögur og Munnmæli ved Jón Þorkelsson 1899, Í apturelding av Guðm. Hannesson, 1906 ofl.

Garður i Svalbarðs hreppur i N. Þingeyjar sýsla er uppgjeve uttalen *pt* (*lopt*) av ein innfødd, som sjølv tala so,[1] og denne uppgaava hev sidan vorte styrkt fraa anna hald med umsyn til eldre folk paa dei kantar. Um yvergangen *pt* (*ft*) til *tt* sjaa nedanfor under Konsonantyvergangar.

fs er uttala *ffs* i *ýffsı* m (skr. *ufsi* Gadus carbonarius = nyn. *ufs* m. Nordl.) Eyjafj. *ýpsı* (og *ýfsı*) Austfj. For *refsa* er berre uppteikna *fs*. Fraa Nordlandet er uppteikna desse bundne genitiv: *hrăpsıns*, *năpsıns*, *ŏpsıns*, *svępsıns* og *svęfsıns* for *hrafnsins*, *nafnsins*, *ofnsins*, *svefnsins*; fraa Austlandet: *răfson*, og endaa *skĭfsıns* og *stjŭfson* for *Rafnsson*, *skipsins* og *stjúpson* (i Fljótsdalsherað likevel ogso *năpsıns* og *jăbsnęmma* for *jafnsnimma*). Fraa Sudlandet: *'răfsuŋgı* (< *hrafnsungi*) *skĭfsıns*, men *năbsıns*.

Grunnen til svagingi synest ogso her aa vera at *f* ei tid hev vore uttala bilabial, som han til deils vert enno. Jfr. *brvllavfs* D. I. VI 598₇ (1489), *brudlaufs* Vǫls. 8₂₆. Sjaa under Konsonantyvergangar lenger ute i boki.

Merkn. 564. *Uppsalir* (ogso *Uffsalir*) grdn. i Húnavatns sýsla 149 hev gjenge yver til *Umsvalir*; jfr. *imsadropə* m. (for *ufsardropə*) ISogn, sjaa ISVestl., fyrste bolken, Merkn. 348.

16. Former av ymist slag.

a. Til former med fyrrnordisk ljodskifte *e* ∼ *i* kann i hovudbrevi reknast *hingat* (i *hingatburð* D. I. II 397₃ II 470₁₇), som det er likt til er den ser-islandske form, medan *hegat-* (i *hegatburð* D. I. II 512₃, 2 br., og *hegaðburð* II 484₅) vel er paaverka fraa norsk, der *e* og *i* i dette ordet skifte i maalføri, sjaa her straks nedanfor; *togo* m. apl Rm II₂₅, vel for *tøgo*, elles med *i*: *tigr*, *þrirtigir* D. I. II 397₄ *fiora tigu* apl II 484₂₂ *sex tigi* apl II 466₁₁; *þrim* dpl II 417₁₀. Med lang vokal: *tuevetr* Rm I₂ *tuitygr* Sæm₁₈ (jfr. *tvitygr* Ágr. 88₁₇).

E. isl. hev *hingat* (*hingatburþr*) og sameleis *þingat* (og *þangat*), medan dei i Norig hadde *hingat*, *hengat*, *hegat* og *higat*, *þingat*, *þengat*, *þegat* og *þigat* (D. N. II 231₈ Voss 1339) sjaa m. a. NVestl. s. 46₅; s. 61₅; s. 83₅; s. 95₅; s. 104₅; Rygjam. s. 20₆; ISVestl. I Merkn. 271; *teogr* ɔ: *tegr* m. nsg, *tiger* npl, *tego* apl; *þrimr* dpl (*þrim* 1 g). Merkande er ogso i E. isl. dei mykje vanlege former *fingo*, *fingit*, *gingo*, *gingit* sida um sida med *fengo* osfr. — Av ord med *e* i E. isl. er endaa nemnande: *bregþr* 3 sp *rennr*[2] 3 sp *hvervetna* adv. *clefa* m. dsg, *vega* v.; med *i*: *ifa* v. *ife* m. *iflauss* adj. *oifanlega* adv., i seinare skrifter fraa 13. hundr. og frametter ofte *efa* osfr.; med *e* og *i* skifter i E. isl.: *snimma* (*snima* 1 g) og *snemma*, og i ei hds. (645) *snema*; *tuenn* adj. apn og andre former av **tueþr*, ogso *tuinn*; *þrenna* apm og andre former av **þreþr* (1 gong *priþr*), og sameleis oftast med *e*: *þrenning* f. (sjeldan *þrinning*). Med lang vokal *tuævetrer* npm, og med *i*: *tuiteogr*, *tuiskift*, *þriteogr*; *þrefald(r)* og *þrevetr* hev havt stutt vokal.

---

[1] *pt* er ogso uppgjeve fraa Skagafjord, men dette hev eg ikkje fenge stadfesting paa.
[2] Larsson fører ogso upp *brenner* 3 sp fraa Ph I 1 : 2; men dette er liksom *brenna* i same lina hjaa Larsson transitivt, og er kome inn paa eit rangt rom i Ordförrådet.

Merkn. 565. I nyislandsk er det *hiŋgað, þauŋgað, -tīẏ* (*fımtīẏ* osfr.), men *þręm(ẏr)*. Av dei andre ovanfor nemnde ordi hev desse *ę* (< upph. *e*) i nyisl.: *feiŋgẏ, feiŋgıð, ǥeiŋgẏ, ǥeingıð, bręgðẏr* 3 sp *ręnnẏr* (og *bręnnẏr*) 3 sp *hvęrvętna* adv. *klęvı* m. *vęga* v., *ęva* v. (*efa*) *ęvı* m. *ęvalöys* adj. ofl. samansetningar, *snęmma, tvęnnẏr, tvęnniŋg* f. *þręnnẏr, þręnniŋg* f.; sameleis *skręv* n. (stig, fet). Med *i* er nemnande: *Girði* grdn. (for vanlegt *Gerði*) Snæfells. 106, nyisl. *ǥırðı* n. gjerde, *ǥırða* v. gjerda. *sılı* m. (= nyn. *silı, sılı, -e* m. VTel. Rbg. VAgd. for vanleg norsk *sele*). Med lang vokal *dvina* v. (dvina, kverva); *tvı-* i sms. t. d. *tvibẏrı* m. *tvitẏgẏr* adj., men *tvai-* (< *tvæ-*) i *tvaivętla* f. (= nyn. *tvivøtra* f. Hard.) og *tvaivętẏr* adj., *tvö* i *tvöfalda* v. *tvöfaldẏr* adj.; *þrı-* i sms.: *þritẏgẏr* adj. ofl., men *þrę-* i *þręfalda* v. *þręfaldẏr* adj. og *þręvętẏr*. Sjaa nedanfor s. 133.

16 b 1. Av former som gjeng inn under ljodskiftet *o* og *u*, er uppteikna fraa hovudbrevi med *o*: *-konar* (i *nockorskonar*) D. I. II 484_{62} *konu* II 415_{8} *kongrinn* (i vissa med lang *o*, nyisl. *kouŋgẏr*) II 415_{14} *son* $Prest_{8}$ ofl. br. (alltid med *o*, like eins *sonum* II 512_{13}) *tofst* (< *toft*) i *scalatofst* propr. Rm I_{11}; framandordet *fontr* II 509_{10}.

Med *u*: *guds* gsg II 415_{1}. Snart med *o* og snart med *u* vert skrive: *klukkor* Rm II_{15} *klukur* Rm III_{29} (*klockur* D.I. II 509_{9} er vestlandsk norsk, sjaa G. Tr.s. 46 noten under teksti); personnamn med endingi *-ólfr* og *-úlfr*: *bryniolfr* II 470_{3} 484_{77} (3 g), *Eyiolfr* $Prest_{9}$ (*eiulfr* II 416_{2}) *Rvnolfr* $Prest_{17.25}$. Sjaa Merkn. 567.

Med upphavleg lang vokal: *bonde* (*-ı*) $Sæm_{10}$ D. I. II 207_{4} 465_{3} 474_{2} 484_{18} $510_{14.17}$; *bær<bør* (i *saurbæiar* gsg) II 159_{17}; *or* prp Rm I_{11} $Sæm_{30}$ *or* II 204_{11} *orskurdi* dsg II 207_{6} (i alt 6 g med *o*), men *vr* $Sæm_{26}$ II 523_{10}.

I E. isl. finn me for dei former som er nemnde ovanfor: *-conar* (i *þesconar*) *kono* obl. *conungr sonr* (oftast; men ikkje sjeldan *sunr* i H og 645; jfr. *skeggia sun* III 393_{2} 1392); *guþs* og *goþs*, *kluccor* (alltid med *u*) *-olfr* i *þorolþs* gen., *bør* (i *børenn*, gsg: *boiar*) *ór* prp. (oftast), men ogso *ẏr* (sjeldan) og *ẏr* (ofte), *ør* 1 g. Ordet *fontr* er ikkje funne i E. isl. — Av andre ord som i norske maalføre skifter med *o* og *u*, er nemnande fraa E. isl. med *o*: *boløx* f. *fogl* m. *goll* n. (sjeldan *gull*) *hlotet* ptc. (3 g, *hlutet* 1 g) *loken* ptc. npn (*luken* 1 g) *oxe* m. *stofn* m. *hertoge* m. (1 g, skrive *ertoge*) *þocke* m. *ologe* m. (ɔ: *ǫlhoge=alhuge*); — med *u*: *numen* ptc.; med *u* og *o*: *mune* m. apl (*mone* 1 g) *muna* v. minnast (sjeldan *mona*) ofl. sjaa **16 b** 2 nedanfor.

Med lang vokal (*ó*): *hógværr* adj. *hogværi* f. *corono* asg *sótt* f.; med *ú*: *buande* m. (i *hvsbvande*, dpl *húsbuondom*), *hiú* n. (gpl: *hiuna*, dpl *hióm* og *hiúm*; *hión* n. og *hiúna* n. finst ikkje), *hiúscapr*; *rúm* n., *rúmaborg rúmsborg*, *rumveria*, apl *rvmverscr* adj. sjeldnare med *ó*: *rómaborg* ofl.

Merkn. 566. I nyislandsk hev dei ordi som er uppteikna ovanfor fraa hovudbrevi, desse formerne: *nokkẏrskonar, kona, kouŋgẏr, sonẏr, fontẏr* (som synest vera serisl., nyn.: *funt*, gn. *funtr*); *touft* el. *toutt* (<*tópt*), nyn. *tuft* Sogn ofl. *toft* og *topt* Hordl. Ryf. sj. Rygjam. Merkn. 69, og ISVestl. Merkn. 275; *gvẏþ* (skr. *guð*), *klẏkka* (jfr. nyn. *klukka* Austl. *klokka* Vestl. og Fær.), personnamn paa *-ólfr*: *brınjoulvẏr, eioulvẏr, grimoulvẏr* ofl. sjaa

næste Merknad; med upphavleg lang vokal: *bair* m. (gsg: *baijar*)<*bœr*, sjaa Merkn. 568, *ur* prp. *urskýrðýr*. Held me desse nyislandske formerne saman med deim i hovudbrevi og i E. isl., samsvarar alt vel, so nær som at hovudbr. hev 1 gong *-úlfr* (*eiulfr*) for *-ólfr* (sjaa Merkn. 567 nedanfor), at *gu* i *guð* hev vorte *gvý* i nyisl. (sjaa nedanfor s. 122), og at baade diplomi og E. isl. hev oftare *ór* prp. enn *úr* medan nyisl. hev *ur*. *or* — ein gong i den ljodbrigda formi *ør* — er so riv i den eldste islandsk, at me lyt fyresetja at desse formerne hev gjenge jamsides med *úr* og *ýr* i den eldste litterære tidi paa Island, og at dei vel hev sin grunn i ein maalføreskilnad, som i dette høve liksom i sume andre kann vera likso gamall som sjølve folkesetnaden i landet. Um tilstandet med *ór* og *úr* i nyn. sjaa ISVestl. I s. 67.

Dei hine ovanfor nemnde ordi i E. isl. som ikkje er funne i diplomi, hev i nyisl. desse formerne: *bolöxı* (buløks; jfr. nyn. *boløks* VAgd., STrh.), *boundı*, *fýgl*, *gýdl*, *hęrtoijı*, *ku* n. tenar, *koun* npl hjon, mann og kona, *kuskapýr* m. *hlotıð* (-*þ*) *hougvair* adj. *kruna* f. (undir Dana krúnu; *krouna* um mynt) *lokınn*, *mýnýr* m. *mýnýð* (-*þ*) *mýna* v. *nýmınn*, *ýxsı*, men *Öxnafell* grd. i Eyjafjord sysla no. 32 (jfr. nyn. *okse* og *ukse*, sjaa ISVestl. I s. 67), *Rōmaborg*, *Romvęrjı*, *rūm*, *soutt*, *stŏbn*, *þo˚kkı*. Ogso dette samsvarar daa med E. isl., berre at nyisl. hev *ý* (<*u*) for o i *fýgl*, *gýdl*, *mýnýð*, *mýna*, *ýxsı* (*oxar* D. I. IV s. 373 11, umkr. 1430?) og o͡u (<*ó*) for *ua* i *boundı*.

[Merkn. 567.[1] Av *-ulfr* og *-olfr* i mannsnamn er *-olfr* (*-ólfr*) einraadig aa kalla i islandsk, gamall og ny, utan umsyn til vokalen i fyrsteleden av namnet. Døme er: gisl. *Heriólfr*, *Ingólfr*, *Grímólfr*, *Þórólfr*, *Runólfr*, *Bryniólfr*, *Steinólfr*, *Eyiólfr*, *Biǫrgólfr*>nyisl. *Herjólfur*, *Ingólfur*, osfr. *Björgólfur*, endingi *-ólfur* utt. *oulvýr*. Alle desse namni, som er i bruk paa Island ogso i vaare dagar saman med ymse andre av dette slaget som *Ísólfur*, *Snjólfur* (<*Snæúlfr*, sjaa Lind), *Örnólfur*, endar i nyislandsk utan undantak paa *-ólfur*, aldri paa *-úlfur*, jfr. Landsh. á Ísl. 1858 s. 514—540. *-úlfr* for *-ólfr* er i gisl. i det heile ovleg sjeldsynt, men finst ender og gong i sume skrifter, t. d. i Flateyboki, i annalar og diplom. *-úlfr* i slike høve hev visseleg sin grunn i einkvar paaverknad utanfraa, t. d. at fyrelegget eller kjelda ikkje er islandsk, eller at namneigaren ikkje er islending, eller at islandsk skrivar vil etterlikna norsk mynster. Ein hende gong kann vel ogso ei latinisera form paa *-ulphus* ha freista til aa bruka *-úlfr*. For romet skuld vere det her nok aa syna fram tilstandet med umsyn til dei fyrste fem namni her ovanfor i dei brevi som er prenta i Dipl. Islandicum B. I—IX. *Heriólfr* finst i 10 brev i alt, det er skrive *heriolf-* i 7 brev, t. d. III 599 32 (1409, i same brevet ogso *eygiolf-* 30), *heriolfsviik* IV 14, s. 19 27 (1391, avskr. um 1730); i dei 3 andre brevi endar det paa *-ulfr*: *meistara heriulfs* II 233 A, s. 413 (Tunsberg 1318, med seinare tillegg *Herivlfs* bref B s. 414), avskrift av norsk rettarbot; *gæirmunðr heriulfsson* IV 312 2 (1417), — brevet er paaverka av norsk rettskrivning; *geirmundur heriulfsson* IV 349 3 (1421; jfr. *Geirmunde heriolfssyne* IV 584 24 (1444). *Ingólfr* er i diplomatariet skrive *jngolfi* dat. VI 13 27 (1362, avskr. um 1600), men finst elles i diplomatariet berre i stadnamn som *Ingolfs hofda* dat. I 44 s. 248 3 (1179, avskr. 15. hundr.), II 500 3 (1343, dipl. avskr.), *jnngolfsfirdi* II 39 4 (1354, avskr. 1601), *ingolfsfiordr* VI 240, s. 256 2 (1480), i det heile *Ingolf-* i 15 brev, aldri *-ulf-*.[2]

---

[1] [Seinare tilskrift i kladd].

[2] I Landnámabók (Hauksbók, Sturlubók, Melabók) utgjevi av Det kgl. nord. oldskriftselskab ved Finnur Jónsson, finst dette mannsnamnet yver 100 gonger og er alle stader skrive *Ingolf-* so nær som s. 51 30, der me i Hauksb., som elles hev ordet mange gonger med *-olf-*, raakar burt i eit uventa *Ingvlfr*, *Ingulfsf(iorð)*.

Grímólfr finn me i (*Ketill*) *Grimólfsson* i 60 à 70 brev i diplomatariet; det er i alle brevi skrive med *-olf-* (t. d. V 320 5 1462, VI 71 2 1476, baae prenta etter upphavsbrevi), so nær som at eit brev hev (*ketel*) *grimulfsson* V 318 3 (1462, prenta etter ei avskr. „ex originale" av Jón Magnusson), venteleg urett avskrive liksom (*gunar*) *eyulfsson* 4 i same brevet (jfr. *Gvnnar eyiolfsson* V 82 2 (1452, etter upphavsbrev). *Þórólfr* endar paa *-olf-* i umkr. 115 brev, t. d. *þorolfr* III 11 A s. 22 12 (um 1312) *þorolfsstadi* III 269 2 (1377, avskr. 1601), *þorolfur* VI 225 2 (1479); undantak paa *-ulf-* er uppteikna fraa 4 brev: *þorulfuer* III 36 (um 1336, namn paa ein Oslo-biskop i „norskt biskupatal"; *þorulfur biarnarson* III 545 1 (um 1460; brevet er skrive „með norsku handarlagi"); (*Brandr*) *þorulfsson* V 431 3-4 (1467); (*magnus*) *þorvlfsson* V 586 2 (*á þingeyrum* 1472), ogso skrive (*magnus*) *þorolfsson* V 587 2 (*á þingeyrum* 1472). *Runólfr* finn me i meir enn 150 brev i diplomatariet med *o* i sisteleden t. d. *Runolfr* III 114 s. 154 (1360) *rvnolfr* IV 335 3 (1420) *runolfsson* V 98 2 (1453) 598 3 (1503) *Rvnollfvr* VIII 603 2 (1521) *Rwnolfur* IX 540 3 536 (1530), jfr. *runolbr* VI 252 6 *runolbur* ib. 13 (*aa siofuarborg i skagafirdi* 1480) ofl.; undantak med *-ulf-* er funne i 8 brev, t. d. *Runulfur* V s. 290 (1460), men desse undantaki kann i islandsk ikkje hava nokon samanheng med valet av *-olfr* og *-ulfr* og skal verta umhandla sidan under jamning og utjamning av vokalar.

Held ein dette saman med det som er upplyst i tidlegare utgreidingar um *-olfr* og *-ulfr* i vestnorske maal, maa *-olfr* endaa inn i det 14. hundr. ha vore einraadig aa kalla i vestnorsk, paa Island og i heimlandet fraa og med Nordvestlandet til og med Rogaland, medan tilstandet i Agder hev vore so uklaart at det treng ei serskild umrøda. (Um tilstandet med umsyn til same endingi i vestnorsk utanfor Island, sjaa NVestl. s. 13 Merkn. 23 a; Rygjam. s. 27, Merkn. 46; ISVest. I s. 51—53; ISVestl. II s. 32 og 33 (jfr. s. 38), s. 83 Merkn. 439).

Av dei 6 gnorske upphavsbrev fraa Agder (ISVestl. II blk. 1 s. 2) er berre eit paa egdamaal (D. N. IV 232, VAgd.), og det inneheld ikkje namn paa *-olfr*. Hine brevi er paa kancellimaal med til deils egdske og til deils austnorske merke. I eit brev av det sistnemnde slaget finn me *Botolfs* D. N. I 81 30 (VAgd. 1292), det einaste døme paa *-olfr* i desse brevi; paa *-ulfr* er der ingi døme. I dei mnorske brevi fraa Agder er der mest av *-ulfr*, medan *-olfr* jamnast berre vert bruka etter *o* i fyrsteleden som i *þorolfuer* (D. N. XV 21 6.10 VAgd. 1358) *Tiostolfson* X 264 3 (AAgd. 1487). Likevel er der den skilnad i bruket av desse endingar i vest og i aust, at brevi fraa VAgder hev døme paa *-olfr* ogso etter andre vokalar enn *o* liksom i islandsk og annan regelrett vestnorsk som *Bærgolff* (< *Bergólfr*) D. N. V 716 15 (VAgd. 1443, jfr. *Börgolf* i rygske grannebygder: D. N. IV 957 11 Ogna 1465 4 g, IV 959 5 Ogna 1465), *Leidolff* (< *Leiðolfr*) ibid. 13, medan det fraa AAgd. berre er uppteikna 1 g eit tvilsamt *Sondolfsson* I 427 2 (1374), elles jamt *u*. I vaar tid er der i desse maalføri, som det fyrr er utgreidt (ISVestl. II), regelrett u (-u, -^{e}u(*v*), -u*l* < -*úlfr*), men helst *o*, naar fyrsteleden inneheld *o*. Eit merkelegt undantak fraa regelen er *åsouv* Set. < *Ásolfr*, men ogso osou VAgd. og Aamli, *osul* Aamli. Alt dette minner so sterkt um tilhøvet med det gnorske *-olfr* i Rogaland at det truleg er ein nærre skyldskap i denne vegen millom den eldste islandsk og rygsk i den eldste skrifttid enn millom islandsk og hine vestnorske maalføre. Og dersom ein held dette saman med andre ljodovringar, som i desse tvo gamle maalføre syner fram stor likskap, serleg i yvergangen fraa *e* til *i* og fraa *o* til *u* i endingsvokaler og til deils i avleidsendingar i det 13. hundr. og frametter (sjaa upplysningar ovanfor under **10 a**), og som paa den andre sida

syner fram greid skilnad fraa andre gamle maalføre i Norig, ikkje berre fraa austnorske maalføre med ljodsamhøve millom vokalar i hovudstaving og ending, men ogso fraa andre gamle nordvestnorske maalføre, daa vil det liggja mykje nær aa koma til den meining, at i alle fall den eldste skriftform paa Island hev sitt grunnlag fraa ei sudvestnorsk skriftform, bygd paa maalføre serleg fraa Ryfylke og tilgrensande bygder i Hordaland og Agder. Medverkande hev vel vore tyske misjonærar (dei fyrste lærarar i skrift) baade vestanfjells i Norig og paa Island, og islandske studerande i Tyskland. Det tyske maal (t. d. saksisk), som sjølvsagt heller ikkje var ukjent paa Island, hadde mest *e* og *o* (til deils skifting med *u*). Etter ei maalform med *e—o* i endingar finn me paa Island ei maalform med *i—o*, deretter *i—u* gjenomført. Det er utenkjelegt at islendingane i det heile skulde havt maalføre umkr. 1200 med endingsvokalar *e* og *o* i talen, og so paa eit par mannsaldrar skift ut desse endingar i talen med *i* og *u*. Døme i den leid er vel elles ukjende. *e* og *o* maa difor i dette høve berre ha vore ei kunstig skriftform, som sidan maatte vika for dei naturlege uttaleformer med *i* og *u*, som islendingar fraa andre bygder i Norig maa ha havt med seg i talen og hev det den dag i dag].

Merkn. 568. *Byjasker* (grd. i Gullbrs. no. 22, er oftast i dipl. fraa 14. og 15. hundr. skrive *Biasker*, t. d. D. I. IV 702 s. 659_{2} (1444), *Byiaskerium* III 182 s. 221_{13} (1367, men etter avskr. fraa 1650). I Landn. (Isl. sög. I s. 317) vert det skrive *Bearskeria*, *Bœarskeria* gen., som utan tvil er den upphavlege islandske form. *Byja-* maa vera paaverka fraa austn. liksom *kirkivby* D. I. IV 651_{3} (1440), *Byen* Kyrk. Namnet *Tomas* er i E. isl. skr. *þomás* (fraa 13. hundr. og frametter ogso med *th* eller *t* for *þ*). I slutten av 15. hundr. viser det seg i nyformi *tumas* D. I. V 179_{13} (1459) *thvmas* VI 546_{5} (1487) som skifter med formi med *o*, (t. d. *tomaass* VI 569_{15} (1488), nyisl. *Tómas*, *Tómás*. *Tumás* er ser-islandsk i bokheimen; men uttalen *tommas* i mange norske maalføre peiker ogso paa eldre *tumas* (i Set. *tōmås*).

Merkn. 569. *or-* i nyisl. *orsaka* v. *orsök* f. er vel fraa nyare tid, liksom *or-* (og oftare *ór-*) i same ordi i nynorsk (fraa tysk gjenom dansk ?). — Med nyisl. *fulga* f. jamf. nyn. *folga*, Rygjam. s. 37 og s. 93; ISVestl. Merkn. 275. — Nyisl. *glýva* (< *glufa*) sprunga, nyn. *glu(v)a* Ryf. VAgd. (Mandal); — nyisl. *gola* f. spak vind, nyn. *gola* Sogn, Ryf. (*gōla* Nhl. < *gola*); andre stader vestanfjells og nordanfjells *gula*, *havgula*; sameleis med o *gol* m. kortvarig gola, Nhl. (Hamre, Ask) = gn. *gol* n., andre stader *gul*.

16 b 2. *u* og *o* skifter i E. isl. i ymse ord som byrjar med *mun-* og *mon-*, umfram i dei ovanfor nemnde *munr* og *muna*, ogso i *muno*, *mono* v. skula, præs. *mun*, *mon*; *munoþ* (*-uþ*) f. og *monoþ* (*-uþ*). E. isl. *monvit* n. finn me ogso i den norske Kgs., t. d. 4_{21} (Brenner) uppt. 13 g, og der skifter det med *munwit* 121_{32} o. fl. st. og *manwit* 18_{13} o. fl. st., alle med same tyding (*Đat er oc monwit* 111_{25} *þat er oc manwit* $111_{28.30}$), liksom me finn *manwit* i Otra 29_{12} Hávam. 6_{9} 10_{3} Sigrdr. 4, Stjórn 551_{11}, allstad med stutt *n*. Upphavlegt *manvit* (jfr. got. *manaseþs*) synest samanblanda med *monvit*, *munvit* (= *hugvit*), jfr. *munr* m. hug, og *vit* 3 hjaa Fritzn. Merkelegt er det elles at me ogso for E. isl. *munoþ*, *monoþ* (< *munhugð*) lyst, fysna, finn *manugð* Barl. 147_{32}, og sameleis i ei gnorsk vestlandsk gildeskraa *mangate*

n. dsg for det vanlege *mungát*,[1] øl, sjaa NVestl. s. 97 Merkn. 18. Ljodskiftet *u*, *o*, *a* i desse høvi minner um ljodskiftet i dei gnorske verbalformerne *munu*, *monu*, *manu* — *mun*, *mon*, *man* — *skulu*, *skolu*, *skalu*, *skal*.

Merkn. 570. For *miskunn*: *miscon* E. isl. (H 1 g) *misconn* Akr. s. 23 2 40 23.

16 c. Frumnordisk *aiw* hev i hovudbrevi vorte *æ* (*ǽ*), skrive *ę* i *sęmundar* Mn gen. Prest 9 (2 g); i Sæm 1 er same formi skrivi *Sømundar*, truleg ved samanblanding av *ǽ* og *ø*; *æv-* i *æfinliga* D. I. II 159 12 o. fl. br. *eif-* i *eifinliga* adv. D. I. II 470 14.

I E. isl. finn me *fręǽ* n. apl, *frævasc* v. — *hræ* n. — *mior* adj. nsm, *mio* nsf (og sms. *miohundr*), sameleis i skaldemaalet oftast *mior*, men ogso *miár* og *mǽr*, Skjaldespr. s. 69. — *slélegar*, adj. komp. avleidt av *slǽr*. — *snǽr*, *sner* m. nsg, ingi andre former. — *sę́r* m. nsg, gsg *sęvar*, dsg *sé*, ogso 1 g *sø* Ph II 9 3 (i utgaava V 3), asg *sę*, *sæ*, i sms. *sę́var-* og *sæ-*; umfram desse vanlege former (*sæ-* 25 g, *sø-* medrekna) finn me 1 gong *sea* asg og sms. *sıaborg*, og *sió* (*sio*, *seo*) dsg og asg 7 g, *sionom* dsg 1 g, *sıøvar* gsg 1 g, dei tvo siste berre i det noko seine 645, som stundom ogso elles brukar *ø*-teiknet for *o*-ljoden. Dativformer paa *-ve* (*sǽve*) osfr. finst ikkje i Ordförrådet, endaa der er ikkje faa døme paa dativ; i skaldemaalet *sævi*, men ogso der oftast *sæ*. Det er elles merkelegt kor sjeldsynt *sio-* og allerhelst *sıá-* er i E. isl. mot *sæ-*; og i det eldste skaldemaal er det sameleis etter Finnur Jónssons utsegn i Skjaldespr. s. 29: „For den ældre tids vedkommende (til c. 1100) synes formerne med *sæ-* at være eneherskende.“ Um formi *sø-* i *Sømundar* sjaa under Vokalyvergangar (runding) 16 h α. — Andre former av upphavlegt *aiw* er i E. isl. *ei* adv. alltid, m. st., ogso *ev* (ɔ: *ey*) 1 g i El., *eyfet* adv. 1 g i 645, *eılífi* n. *eilífr* adj. *eilíflega* adv.; men *æ* i *æfe*; samansetningar med *æfin-* (*æfinlega*) er ikkje funne.

Merkn. 571. I nyislandsk møter me *frai* n. <*fræ* (til deils *frag̊* Reykjav.,[2] jamlaging etter *drag*, *lag* og andre vanlege inkjekynsord paa *-ag*, som i den bundne form i nom. og akk. eintal fell saman i ljod med den bundne formi av *fræ*: *draijıð*, *laijıð*, *fraijıð*) i sms.: *fraikodn*, *fraireitýr*, *fraibęlgýr* ofl.; *fraiva* v. og *fraivast*. v. men ogso former av eldre *frió-*: *frjour* adj. *frjousamýr* adj. *frjo*ᵘ*vga* v. — *hrai* n.<*hræ*. — *mjour* adj. og i samansetning *mjou-*. — *sljour* adj. og *slair*, oftast med *jou*, liksom det heiter *sljo*ᵘ*vga* v. og *sljou-* i samansetning, jfr. *slja*ᵘ*kka* v. (<*sljákka* til *sliár*). *snjour* m. i samansetning *snjou-* (sjeldan *snjoua*), *snjoua* v., medan *sniár* ikkje er lenger i bruk i talemaalet, og *snær* synest berre brukt i nokre faa samansetningar (*snaibloum*, *snailjous*, *snaiýgla*, *snaiþakınn* = *snaivı þakinn*) utanfor gamle propria som *snaifedl̥* (*Snæfell*). *sjour* m. gsg: *sjouar*, dat. og akk. sing. *sjou*, i plur.: *sjouar*, *sjoua*, *sjouým*, *sjoua*. Umfram desse former, som er dei vanlege og i plur. dei einast brukelege, høyrer ein mykje ofte sagt *sjauvar* (<*sıávar*) i gsg for *sjouar*. I samansetning vert brukt *sai-*<*sæ*

[1] Visseleg til *munr*. Soleis ogso Torp i Nyn. etym. ordb. under *Mungaat*; forklaaringi i Etym. Wörterb. under *Godte sig* kann ikkje vera rett.

[2] Skal vera kjent og brukt ogso vidare utyver paa Sudlandet.

(ikkje sjeldan), *saivar-* (sjeldan), *sjauvar-* og *sjouar-* (ikkje sjeldan, oftast det fyrste), men alleroftast *sjou-*; utanfor desse høvi er *sæ-* og *sjá-* or bruk i islandsken i vaare dagar so nær som i skaldskap.[1] — *ei* adv. er i nyislandsk berre brukt for *eigi*; „alltid" heiter *ai* (<*æ*) *aitið* < *ætið* (vanleg *altaf*); *aivinlęgýr* adj. æveleg, som vel er kome fraa Norig i det 13. hundr., vert framleides brukt saman med det eldre *eilífr* (*eilífliga* adv.). — *vei* interj. = got. *vai*; jfr. *væi er oss* Fag. s. 274₈; *væ* er ikkje funne.[2]

Held me desse gamle og nye islandske formerne attaat dei heimenorske fraa gamall og ny tid, syner det seg ein merkeleg likskap i maalvokstren paa det norske Vestland, helst SVestlandet, og paa Island. Av dei islandske skrifterne kann me draga den slutnaden at formerne med *æ*: *snær*, *sær* osfr. hev vore mesta einraadige paa Island i den eldste skrifttidi eller langt inn i det 12. hundradaaret. Sidan hev dei i stor mun vike for former med *ió* (til deils *iá*), so *mión* og *snión* hev trengt undan *mær* og *snær*, og sameleis hev *sión* (til deils *siár*) trengt ut *sær*, so nær som i samansetningar, medan *fræ* og *hræ* held seg, og sameleis mykje godt *slær* attmed *sliór*. I gnorsk sudvestlandske skrifter er formerne *fræ* og *ræ* (< *hræ*) einraadige. Me finn ogso *slær*, *snær*, *sær* i gnorsk sudvestlandsk, um endaa ikkje ofte, for det vanlege er *sliór*, *snióir* (*sniar* Hauk. 180₂₁, norsk hand) og *siór* (*siár* i *sealand* propr. Didr. III). *mær* adj. ligg til grunn for gardsnamnet *a Mæstodum* B K 75 b, no *mæsta* (skr. *Mæstad* matr. 21 Ævang paa Voss), elles berre *mjár* og *mjór*. Formerne med *æ* finn me i regelen — utanfor fyrsteleden i namn som *Sæheim* odl. — berre i sudvestlandske skrifter og noko i skrifter fraa dei næraste grannebygderne paa Nordvestlandet. Ovrar dei seg i austnorske skrifter, t. d. i loger, er dei fulla komne dit ved vestlandsk paaverknad, so som ved avskrift.

Merkn. 572. Nynorsken paa Sudvestlandet hev, som det er nærmare utgreidt ovanfor (Rygjam. Merkn. 72, lSVestl. I Merkn. 279) *æ*-former i *fræ* (aalm.) *ræ* (allstad der ordet er i bruk) *slæ* adj. (sjeldan *sljo*). Men elles hev slike former her som paa Island vike undan for former av eldre *ió* og *iá*. *mær* og *snær* er burte og heilt avløyste av *mjå* (til deils *mjo*) og *snjo* (eller *snø*). Og her som paa Island hev *sjó-* avløyst *sæ-*, som no berre finst i nokre samansetningar her og kvar (*sæmigje*, *sævarkongje*, *Ormsæ*) liksom *sjå*. Alt peikar soleis ogso her i den leid at *æ*-formerne i eldre tider hev havt eit mykje større raaderom, ja heilt rimeleg vore einraadande i nom. sg. og fleire bøygjingsfall. Maalføri i vaare dagar vitnar i sumt klaarare um dette enn dei gamle skrifterne. Soleis syner det mykje utbreidde *slæ* i sudvestlandske maalføre, at *slær* i gnorsk tid maa ha vore den vanlege sudvestlandske formi; og naar handskrifterne so likevel hev oftare *slió-*, maa dette hava sin grunn i bokleg paaverknad fraa andre kantar, t. d. trøndsk.

Utanfor Sudvestlandet finn me i vaar tid *æ* i *fræ* i dei vestlandske grannebygderne Sunnfjord og Nordfjord, i grannebygdi VTelemark, der *fræ* kann reknast med til det eldre (vestlandske) lag av former, og framleides paa Helgeland (*fre*), der nordlandsmaali med sin sterke vestlandssvip nettupp byrjar og løyser av dei austnorske trøndske maalføri. I alle andre bygdemaal brukar dei former av eldre *frió* (*frjo*, *fro*, *frjø*, *frø*).

[1] Jón Ólafsson: Móðurmáls-bókin s. 55. *sjauvar* (attmed *sjouar*) hev eg uppteikna i Austf. Vestf. og Nordl., men det er truleg endaa meir utbreidt.

[2] Noreen[3] § 102 reknar ogso fuglenamnet *skiór* f., som isl. hev uppteke fraa norsk, med millom dette slag ord. Fuglen finst ikkje paa Island.

I den øvste bygdi i Numedal og i NAurdal i Valdres er der nokre gardsnamn paa *-senn*, t. d. *tunn'senn* i Num. (Nore) og *ætt'ensenn* i NAurdal, som etter alt aa døma inneheld ei form for „sjø" i siste leden. Desse bygderne hev liksom VTelemark tydelege merke etter eit eldre vestlandsk lag med former i maalføri sine (sjaa ISVestl. II s. 36 under 4, og 420), og det ligg daa nær aa tru at *-senn* her er av eldre *sær*: **þundarsær*, *Etnusær* (sjaa NGn. V s. 459 og IV, Anden Halvdel s. 252), liksom der er *-sæ* i same høvi i VTelemark og Setesdalen sunnanfor Numedal (sjaa den cit. Merkn. 279). Likevel er dette noko uvisst, med di det ikkje er umogelegt at ogso *-sjoen* kunde verta *-sen(n)* i slik aksentlaus staving, og at der soleis hev vore ei millomtid med former av *sjór*.

Av dei andre ordi er det ikkje funne former med *æ* utanfor Sudvestlandet.[1] Heller ikkje av *iá*-former er der mykje utanfor Sudvestlandet. *mjå* (sumstad *mjåg*) er det einaste som hev nokor større utbreiding, med di det finst i Hallingdal, Telemark og Austfold og dessutan paa Sunnmøre og i Romsdalen; i Nordland sume stader *mjåg* og andre stader *mjog*. — *sjå* i vatnenamn finst — utanfor Robyggjelag — berre i grannebygdi Telemark og i Vestfold, men kann vel i eldre tid ha gjenge lenger aust, jfr. nyn. *sjaakonn* = *sjökonn* (ɔ: salt) Rom. hjaa Ross, og *Seaar yxnum* grdn. i Ránríki D. N. III 110₂₂ Oslo 1317. *sljå'ę* (og med burtfallen *l*: *sjåg*) vert brukt berre i Telemark. Dei faa *jå*-formerne hev soleis sin styrke i Telemark. Med desse avgrensingar er det *ió*-former, som i dei her umrødde ordi raader yver heile det austlandske og trøndske maalvaldet, og sameleis for det meste paa Nordvestlandet, former som: *frjo* (*frjö* osfr.), *mjo*, *sjø* (*sjy*, *sy*), *sljo* (*sljø*, *slø* ofl.), *snjo* (*snø*, *sny* ofl.).

Det er likt til at der etter yvergangen fraa *aiw* til *ǣw*, daa bøygjingi sidan kom til aa faa sume former med *æ* og sume med *ió* (dsg *snæve*, men asg *snió*), hev vorte ei utjamning paa Vestlandet til bate for *æ*-former gjenom heile paradigmaet (*sær*, *sæ* osfr.), og i Trøndelag og paa Austlandet til bate for *ió*-formi (*siór*, *sió* osfr.). Og skal me døma etter tilstandet paa Island i den eldste skrifttidi og etter skaldemaalet, samanhalde med dei upplysningar dei heimenorske maalføri gjev, synest det som denne utjamningi maa ha teke til fyre den islandske landnaamstidi. Sidan hev daa former med *ió* fraa det austnorske maalvaldet sige inn smaatt um senn yver det vestnorske umkverve baade til Vestlandet og til Island, til det sistnemnde landet kanskje mykje paa litterær veg. *iá*-formerne er visst yngre enn hine og synest ha kome upp lengst sud og aust i det norske maalvaldet av *ió*-former ved jamlaging, t. d. *siór*: *siávar* liksom *spónn*: *spánar*, *miór*: *miáver* liksom *hór*: *háver*, sjaa Noreen[3] § 420.

16 d α. Hovudbrevi hev avleidingar paa *-ende*, *-inde* og *-ynde*. Høvi er *hogende* Rm II₂₀, *sannenda* gpl D. I. II 415₁₇ i 3 brev, *hlunnendum* II 415₆ i 2 br.; *likindum* II 484₅₆; *sannynda* II 204₁₉ i 8 br.

E. isl. hev oftast *-ende*: *heilende*, *glíkendom* dpl, *rettenda* gpl, alt i alt yver 100 gonger *-ende*. Umfram denne endingi finn me ogso *-ande* 2 g, 1 g *i sannondom* dpl 645 og 1 g *óhogǫndom* i H; dessutan *-ynde* (*rangynde*, *hógynde*, *fagryndom*, *rettyndom*) tils. 10 g, av deim 1 g i 237 og 9 i H.

[1] Til avleidingar som *mæna* (NVestl.) eller til fyrste samansetningsled i sernamn (*Sæheim* osfr.) er her ikkje teke umsyn.

Merkn. 573. I nyisl. er endingi *-ındı*: *harðındı* n. pl. ou*hręinındı* n. pl. *rauŋgȷındı* n. pl. *rjęttındı* n. pl. *sannındı* n. pl. Med di den eldste islandsk hev *-ende* — liksom sudvestlandsk norsk (sjaa ISVestl. I s. 70) — er det rimelegast at *-ındı* i nyisl. hev vakse fram av *-endi* av eit eldre *-andi*. Ogso eit gamalt *-yndi* vilde i nyislandsk verta *-ındı*.[1] Men det er i det heile tvilsamt um *-yndi* i dei nemnde høvi eigenleg hev aatt heime i den eldste islandsk. Av dei 9 dømi i H finn me att 3 (70 1 186 1. 3) paa parallelstader i den nordvestlandske Gammel norsk Homiliebog (115 16 87 25. 28), der *-yndi* helst er innkome fraa trøndsk. Til *hógynde* H 100 15 i den velkjende Kyrkjedagshomilia er der parallelstad baade i Am 237 og i Gam. homiliebog. Den sistnemnde, som ogso i denne homilia sumstad syner paaverknad fraa andre maalføre, hev her den regelrette nordvestlandsform *høgiende* 132 30, som me i denne boki skulde venta. Men 237 hev *hǫgynde*. Kyrkjedagshomilia, som hev til fyresetnad for si skildring den vanlege norske stavkyrkja, er utan tvil upphavleg heimenorsk. Og etter di alle tri teksterne ber merke etter aa vera avskrifter, kann *hógynde* i dei tvo islandske tekster — saman med sume tydelege trøndske merke i Gam. homiliebog — tyda paa trøndsk grunntekst til denne homilia. I Trøndelag var *-yndi* nettupp den regelrette formi, sjaa G. Tr. s. 21, og jfr. nyn. *höyönn* n. i b. f. *höyönde* STrh. (Orked. Rennebu) < *høgyndi* ell. *hógyndi*. Til dei 5 andre staderne i H, der resten av *-yndi*-formerne i E. isl. finst, veit eg ikkje um parallelstader i norske handskrifter.

16 d β. Um endingarne *-igr*, *-ugr* og *-ill*, *-ull* er det gjeve upplysning ovanfor under **10 b γ**.

16 d γ. Endingi *-óttr* er der ikkje døme paa i hovudbrevi.

I E. isl. er berre paavist eit døme paa *-óttr*: *bollot* adj. nsn (ɔ: *bǫllótt*).

Merkn. 574. I nyisl. -ou*ttýr* (skr. *-óttur*), som krev *u*-ljodbrigde av rotvokalen *a* liksom i E. isl., t. d. *bröndouttýr* < *brǫndóttr* (= nyn. brandut, dial. *bråndutt* Tel.), *fjödlouttýr*, fjellutt (*fjöllutt* Tel.), *sködlouttýr*, skallut (*skollutt(a)* Agd. Tel. Vestfold). Døme fraa 15. hundr. er *bleikalottan* asg D. I. VI 74 (1476). Til isl. *-óttr* svarar i Norig i vaare dagar best det trøndske *-ått* (< *ottr*); um formerne paa Vestlandet i Norig, sjaa m. a. Rygjam. Merkn. 75, ISVestl. I Merkn. 287.

16 e. Ljodbrotet av *e* til *ia* og *io* er i hovudbrevi i det heile gjenomført i same høve og paa same maate som i vanleg sudvestlandsk gnorsk. Det er likevel merkande at ljodbrotsproduktet *io* alt i dei eldste islandske skrifter ikkje sjeldan er skrive *iǫ*: *goþspıǫll* Lhom. *bıaʊrn* Egfr. 339 3 *mıaʊk* ib. 336 5 o. m. fl. so me lyt fyresetja, at *io* i dette høve alt i den eldste skrifttid eller endaa fyrr hev gjenge yver til *iǫ* og maa ha byrja paa den vis at ord, der ljodbrotsproduktet *io* ljodrett skiftest med *ia* i bøygjingi (*fiorðr* nsg, *fiarðar* gsg; *fiall* nsg, *fioll* npl) hev jamlaga seg etter dei ordi der *ǫ* og *a* ljodrett skiftest i bøygjingi (*vǫrðr* nsg, *varðar*

---

[1] Um upphavet til denne avleidsendingi sjaa Noreen Altisl. u. altnorw. gram.[3] § 167, Anm. 2. Noreen hallar her til den meiningi at *-inde* i isl. hev vakse fram av eldre *-yndi*.

gsg; *fall* nsg, *fǫll* npl). Sidan maa yvergangen ha breidt seg ogso til andre ord, som hadde ljodbrotsproduktet, t. d. *miǫk* < *miok*, kanskje ogso *í fiǫrð* (ifjor), som me i gamall tid finn i ymse norske skrifter, helst i austnorsk, alltid skrive med *io*, men som i islandsk knapt finst anna enn i ei lausvisa av Tjodolv Arnorsson, kvedi paa ei herferd til Fyn med den norske kongen Magnus den gode 1044, i formi *fiorð* (utan præp. *í*), normalisera i utgaava til *fiǫrð*. Sjaa Den norsk-isl. Skjaldedigtning ved Finnur Jónsson, A 2. hæfte, s. 378, jfr. B, 2. hæfte s. 348; ordet synest ukjent i nyisl.

Avvik fraa det vanlege eller av annan grunn serleg merkande er: *felli* dsg (= *fjalli*) i gardsnamnet *felli ytra* Rm IV 32 *ytra felli*, *iðra felli* ibid. 33. 34, no i nom. *fẹdḷ* (skr. Fell, t. d. Ánes hr. matr. no 19 i Strands.); sameleis *-fellz* i *mẹlefellzdalr* i Skagafjorden D. I. II 204 8, jfr. *Mælifell* grdn. Skagas. — Um *Berguin* og *gerð* f. i hovudbrevi, sjaa næste Merknad.

Merkn. 575. Det ubrotne *fell* med upphav fraa dat. eintal og samansetningar i ljodlinn stoda liver enno paa Island, ikkje berre i samansette stadnamn som *Fellsmúli*, *Fellsskógar*, *Helgafell*, *Mosfell*, men ogso ofte usamansett liksom i det alt nemnde *Fell*. Det vert endaa uppført i ordbøkerne som samnamn med tydingi eit lite berg, men synest i daglegtalen berre vera brukt som avstytting av ei samansetning, t. d. *Lágafell*, *Tungufell*, naar eit slikt namn er nemnd i fyrevegen i røda. I E. isl. er samnamnet alltid *fjall*, som er bøygt regelrett. No er ogso *Fjall* stadnamn, t. d. i Þings. (2), sameleis *Fjöll* pl. (Þings. 295), og i sms. som *Fjallsel* (NMúlas. 103). I Norig finst den ubrotne formi av dette ordet ovleg sjeldan, og berre i stadnamn, helst samansett, sjaa ISVestl. I Merkn. 289.[1] Den brotne formi hev her avløyst *fell*, ogso i ord som elles hev ein mykje gamall svip, t. d. *Mosjẹll* grdn. (matr. 51, 52 i Birkenes, Aust-Agder), skrive *Mosfjeld*, visseleg same namn som isl. *Mosfell*.

Berguin dsg D. I. II 466 8 er trøndsk, sjaa G. Tr. s. 60—61. Den vanlege islandske nemningi paa denne byen i Norig var *Biorguin*, t. d. Cod. Fris. av Heimskringla s. 256 29 D. I. II 42 s. 109, eller vel so ofte *Biorgyn*; men i diplomi ogso etter 1350 hev islandsken ofte den trøndske formi, t. d. *bergvin* D. I. III 600 44 (1409) 602 5 (1409) 622 3 (1412) jamsides med den vestnorske *biorgvin* IV 598 (1436) VI 511 10 (1486) ofl. br. Nokon gamall gard med namnet *Biǫrgvin* er der ikkje paa Island. Hovudbrevet Rm I 5 hev *berg* i *miþberg*, eit berg midt i Grimsaa; men *biarg* finn me i sms. *biargfestr* f. (tog eller fester til bruk ved veiding i fugleberg) D. I. II 509 5. I E. isl. finn me *berg* i g som samnamn, elles heiter det *biarg*. Som stadnamn er det bruka, umfram i det nemnde *miþberg*, ogso i *lǫgberg*. Nyislandsk hev baade *bẹrg* og *bjarg* som samnamn utan nokon merkande skilnad i tydning.

I stadnamn synest *bẹrg* vera mykje sjeldan bruka usamansett, t. d. *Berg* grdn. (SMúlas. no. 14), medan *bjarg* og *björg* ikkje er sjeldsynte, t. d. *Bjarg* Húnas. no. 318, *Björg* Þings. no. 203 ofl. Med umsyn til *Björg* kann det vel stundom vera tvilsamt, um det er fleirtal av *bjarg*, eller um eit anna ord er det eigenlege upphav til namnet, t. d. *björg* f. berging, livekaar. Der er eit *Björg* i Eyjafj. (no. 203), som ogso vert kalla *Bjargir*, som kann tyda paa eit upphavlegt *björg* f., men *Bjargir* kann vera jamlaga

[1] I den citera Merkn. maa *fẹḷḷ'ə* rettast til *fẹḷḷ'a* (< *Fellinu*), og „Samansett“ til „Usamansett“.

etter namn som *Tjarnir*; i *Bjargarstaðir* Þings. no. 332 talar formi greidt nok for *björg* f. som her maa vera kvendenamnet. I samansette namn stend *bęrg* baade i fyrsteled og i sisteled, t. d. *Berghylr* Árness. no. 9, *Bergvað* Rangs. no. 131, *Bergsendi* D. I. II 124 (Gullbrs.); *Setberg* m. st. I fyrsteleden kann likevel *Bergs-* i ymse samansetningar likso gjerne vera mannsnamnet *Bergr*, t. d. i *Bergstaðir* (for *Bergsstaðir*?) Þings. no. 242, *Bergsholt* Snæfs. no. 8. Ogso *bjarg-* er ofte brukt i fyrsteleden, t. d. *Bjargtangar* Barðs., *Bjargshóll* Þings. no. 319, og sameleis gen. plur. i *Bjargabrú*, *Bjargastaðir*, *Bjargasteinn* ofl. Som siste samansetningsled finn me *-björg*: *Hrafnabjörg* NMúlas. no. 141 ofl. *Skuggabjörg* Þings. 60. I personnamn alltid formi *Berg-* som fyrsteled: *Bergfinnr*, *Bergljót* ofl., so nær som i *Björgolfr*; det sistnemnde namnet kjem fyrst i 14. hundr. upp paa Island og er vel laant fraa Norig, sjaa *Bergúlfr* hjaa Lind, og ISVestl. I s. 53, note 2. Etter dette synest daa *berg* paa Island vera avgrensa i bruket til eintal som samnamn, fyrsteled eller sisteled i stadnamn, medan *bjarg* hev eit vidare bruk og synest ha vore einraadigt i fleirtal. Jfr. med dette upplysningi um tilstandet paa SVestlandet i Norig i Rygjam. Merkn. 76, ISVestl. I Merkn. 290.

gerð f. er i hovudbrevet II 484 57 bruka jamsides med den ljodbrotne formi *giorð* (<**gerðu*) ibid. 53 o. fl. st. Ogso i E. isl. finn me baae former; nyisl. oftast *gerð* (skr. *gerð*), men ogso *gjörð*; i samansetningar oftast *gerð*: *aðgerð*, *meingerð*, *tilgerð*; eit anna *gjörð* i *ýmgjörð*, raama.

Merkn. 576. Av andre ord som i norske maalføre kann svaga millom ljodbrotne og meir upphavlege former, er nemnande fraa islandsk: E. isl. *biarga*, nyisl. *bjarga*; jfr. nyn. *bjarga* VAgd. *bjęrga* Nhl. ofl. *bærgə*, *bærjə* Austl. *bærg* Trh.

E. isl. *eta* f. krubba, H 6 21 48 19 177 5; til det fyrste og det sistnemnde citat er der parallelstader i Gammelnorsk Homiliebog 170 30, 73 28, og med H 48 19 jfr. Hom. 67 23; paa alle desse 3 staderne er den ubrotne formi bruka; nyisl. *jata* (*jötý* osfr.), jfr. nyn. *jøta* f. Nhl., men elles ofte *eta* i nyn., sjaa Rygjam. Merkn. 77, og ISVestl. I Merkn. 290.

Nyisl. hev *ę* i *fęlintýr* m.

fer- i *ferfaldr* osfr. finst enno i alle dei ord, som er upprekna i Ordförrådet (*fertogonde* heiter no *fęrtýgasti*) og dessutan i mange andre, t. d. *fęrhindýr* adj. (<*ferhyrndr*), *fęrairingýr* m. baat med fire aarar, nyn. *færing*; *firmenning* heiter *fjourmęnningýr*; jfr. færøysk, ISVestl. II Merkn. 454.

E. isl. *giarna* hev vorte nyisl. *gjadna* (i daglegtale ofte *gjadnan*); um dei andre norske former i dette ordet og i nyisl. *kaulpa* v. (<*hiálpa*), *jaksl* m. (<gn. *iaxl*) og *kjaftýr* (Ordförrådet berre *keptr*) sjaa dei ovanfor nemnde citati.

Nyisl. *kelta* f. fang hev sideformi *kjalta*.

Um nyisl. *męlra'kki* m. og *mjaka* v., sjaa ISVestl. I, Merkn. 290.

Nyisl. *mjaltir* f. pl. mjølking, mjølketid, finst ogso i Eb. (sjaa Fritzner), nyn. *mjeltir* f. pl. VTel., *mjalt* f. Set. med same tydning allstad.

Nyisl. *Mjöl-* i *Mjölbrigðastaðir* grd. i Skagas. (no. 20) er ei keltisk form *mel-*, som hev vorte jamlaga etter *mjöl* (*miolbrigdastadir* D. I. V 565 6, 1471), jfr. *Melkolfr* Mn hjaa Lind; gardsnamnet vert ogso skrive *Melbreið*.

Nyisl. *sjatna* v. leggja seg, minka; nyn. *setna* VAgd. Rog., *sjet'n* Trh.

E. isl. *spell* n. (sg. og pl.) skade; i sms. *beina spell*, *cristne spell*; *kirkiuspell* D. I. III 552 11 (1401) 580 27 (1405), *spell* apl V 562 9 (1471) *frændsemisspellum* ibid. 9. Nyisl. *spędl* n. i plur: *spjödl*; jfr. nordnorsk *spell*, sudnorsk *spjall*, sjaa ISVestl. Merkn. 290.

Eit anna *spiall* er der i E. isl. *guþspiall* n., pl. *-spiǫll*; nyisl. sameleis med *ia* (*gvyðspjadl*), og dertil verbet *spjadla* røda.

Nyisl. *spelka* f. sjaa den nemnde Merkn. 290.

Nyisl. *stærtýr* m. hale, ogso i eldre isl. (sjaa Fritzner) = nyn. *stert* m. (aalm., men *s(t)jart* Hall. Vald. Set.). — Nyisl. *stjakı* m. stake, paa nyn. *stjake* Nhl. Hard., synest liksom verbet *stjaka* vera sudnorsk og meir utbreidd i fyrre tider enn no (*stiaka* asg D. N. II 561 17 (Austfold 1399).

Merkn. 577. E. isl. *kiot* n. (ogso i sms. *kiǫtbite*), *smior* i *viþsmior*; *miol* er der ikkje døme paa. Fraa brevi etter 1350 er uppteikna *kiotzs* D. I. III 235 55 (1374) *smjør* III 392 21 (1392) IV 377 19 (1424); *smer* III 235 53 (1374). Dessutan finn me i brevi *smyr* IV 391 18 (1427) *smæyre* IV s. 374 (umkr. 1430) *smeyr* IV 471 20 (1430). Nyisl. *kjöt, mjöl, smjör* Austf., men elles *kęt, mjęl, smjęr* Nordl. Vestf. Sunnl. I Reykjavik, der uttalen ofte og hjaa mange er *kęd* osfr., vert formerne med *ę* haldne for vulgære;[1] dei høgre samfundslag brukar *ö*. I Árness. er det likt til at *ö*-formerne breider seg hjaa dei yngre. Fraa Borgarfjorden, der *ę* er det vanlege, er likevel uppgjeve *ö* i *rumjöl* (paaverknad fraa Reykjavik?). Formerne med *ę* synest helst vera utslag av den sterke islandske itakisme. Um formerne i Norig sjaa ISVestl. I, Merkn. 288, 290.

Merkn. 578. For *i* i *Sigurðr* finn me *iu* i *sira siugurdi* D. I. IV 441 5 (1430) som vel er norvagisme. Elles finn me stundom ogso *iu* for *y* i isl. skrift fraa midten av 15. hundr. og frametter, mesta berre etter *k*, t. d. *skiulldugur* VI 323 14 (1481) *skiylldugan* ibid. 45 *skiunsaumum* ibid. 23 *Domkiurkiunne* dsg. Kyrk. Skrivemaaten med *iu* i slike høve hev visst samanheng med yvergangen *y* til *i* og *u* til *ý*, som sjølvsagt ikkje hev vorte gjenomførd yver det heile med ein gong, men smaatt um senn, snart her og snart der. Skulde dei einkvarstad, der den nemnde yvergangen *y*>*i* for det meste var gjenomførd, t. d. i *bigð*, men enno ikkje framfor *ld*, daa skriva *skyldugr*, som dei venteleg uttala *skyldugur* ell. *skýldýgýr* (nyisl. *skıldýgýr*), er dei ovanfor nemnde skrivemaatar lett forklaarlege. Yvergangen *y*>*i* er den dag idag ikkje gjenomførd yver heile Island i alle ord, sjaa s. 94 nedanfor, og naar islendingen vil skriva slike ord, brukar han sin *u* til aa merkja den opne *y*-ljoden, t. d. *kjur* adj. utt. *kyr(r)*, sideform til *kır*, som han skriv *kyr*. Yvergangen gn. *y*>nyisl. *iu* er soleis i slike høve nærmast grafisk.

I *sampiukkum uij* (for *sampykkium* —) D. I. V 80 9 (1452) er *i* komen inn paa rang stad, fyre *kk* i staden for etter.

16 f. Vokallengjing.[2]

α. Um lengjing av vokal framfor *l*+labial konsonant i hovudbrevi vitnar *half* adj. nsf (utan ljodbrigde) D. I. II 509 3. 6, og sameleis det aksentuera *tálma* v. D. I. II 220 34, som evelaust er ein av dei ikkje faa islandismar i dette austnorske brevet. Um skrivemaatarne *hælga* dsm b. form Rm V 3 (jfr. *helguð* ibid., *helgv* ibid. 4) og *fúlger* Rm I 12 (for *fýlger*?

[1] Bjørn Jónsson: Íslenżk stafsetningarorðabók (Reykjav. 1906) segjer: *ket, mél, smér* „rangt eða miður rett".

[2] Ei stutt utsyn yver tilgangen med vokalvokstren paa Island fraa det 12. hundr. til vaar tid, serleg med umsyn paa ljodhaatten, vil ein finna nedanfor under 16 h i Innleidingi.

jfr. *fýlct*, particip av same verb i E. isl. 645, mot ei mengd med andre former av dette ordet utan aksent) hev sin grunn i vokallengjing framfor *l*+velar konsonant, er det uraad aa avgjera med vissa. Formerne *sealfum* dsm D. I. II 220 36 og *halfuu* f. dsg II 518 2 hev her ingi vegt, med di skrivemaatarne høver i baae dei heimenorske maalføretypar som grunnmaalet i desse brevi syner fram.

Etterdi aksentbruket i hovudbrevi er mykje ustødt gjenomført, kann me heller ikkje paa hi sida slutta, at ord som *dalcs* Mn gen. Prest. 17, eller *sialfr* nsm ibid. 35, hev havt stutt vokal nokon stad paa Island.

Fullnøgjeleg upplysning um vokallengjingi i gamalnorsk tid paa Island i dei her umhandla høvi, som hovudbrevi med sine faa døme ikkje kann gjeva, og like eins i ymse andre, som er umtala nedanfor under β, finn me likevel i andre kjeldor, sjaa nedanfor.

Um yvergang av einskild vokal til tviljod, sjaa nedanfor under γ, s. 81.

I E. isl. maa dei upphavleg stutte velare vokalar *a*, *ǫ*, *o*, *u*, og sameleis *i* ha vore lengde framfor *l*+labial eller velar konsonant, og framfor *l*+*s* (i *hals*), som me ser av ymse gamle skrivemaatar med aksent yver vokalarne i slik stoda: *hálfr* adj. *hiálpa* v. *sálm* m. asg, *háls* m. *siǫ́lfom* dsm, *gólf* n. *fólc* n. *fólgen* ptc., *v́lfliðar* m. gsg, *ílm* m. asg.

Merkn. 579. Nyislandsken vitnar um det same, med di dei nemnde upphavleg stutte vokalarne i denne stoda her hev fare same vegen som dei upphavleg lange vokalarne i andre stodor. Upphavleg *a*, *ǫ* og *o* i *kalfr*, *siǫlfum* og *folk* hev soleis i nyisl. alle stader vorte etter fylgd *au* og *ou*: *kaulvýr*, *sjaulvým*, *fou̦lk*, liksom upph. *á* og *ó* i gisl. *kátr* adj. *ótti* m., som no er uttala *kautýr*, *outtı*; sjaa Merkn. 591 nedanfor, og nyisl. *ulvýr* og *ilmýr*[1] vitnar um gamall lengjing ved det at u og *i* hev same ljodhaatt som gamall *ú* og *í*, medan gamall *u* og *i* i desse ordi maatte i nyisl. ha vorte *ý* og *ı* liksom i *skýld* f. og *vıldı* av gisl. *skuld*, *vildi*.

Dette slag vokallengjing, som vel hev sin næraste grunn i ein sterkt atterdregen *l* og kann ha byrja framfor *l*+ velar konsonant, hev vore gjenomførd i all sudvestlandsk aa kalla, og maa vera ovgamall i vestnorsk. Sjaa lSVestl. I, s. 75 oflg., II, s. 41 og 97 oflg.

16 f β 1. Um det i noko høve hev vore vokallengjing framfor *rn*, kann me ikkje prova av hovudbrevi; i Rm III 30 stend *arna*, gen. av *Arni* Mn, men stykket hev heller ikkje annarstad aksent yver lang vokal, so me kann ikkje slutta noko um vokallengdi av skrivemaaten.

Lengjing av *a* framfor *ng* er der ikkje far etter i hovudbrevi; men sjaa næste Merknad. Um *e* framfor *ng* og ymse dilike høve, sjaa nedanfor under Innskot av vokal.

Vokallengjing i siste stavingi hev mannsnamni *stephán* D. I. II 397 2 og *nikolaas* II 509 15.

Merkelege er nokre aksentuera former som *dógvm* dpl av *dagr*, *són* (filius) ofl. som kann tyda paa ei tidleg innleiding einkvarstad til umbrøyte i den gamle stavingslengdi.

---

[1] [Blöndal nemner i si ordbok berre uttalen med *ı*].

Desse høvi er serleg umrødde nedanfor i Merkn. 586, der finnestad er citera.

I E. isl. er ein upphavleg stutt vokal ein hende gong lengd i ljodsterk staving framfor *rn*, naar vokalen byrjar ordet, soleis: *árnaþar* m. gsg (1 g) *ǿrn* m. (1 g). Dessutan finst *iárn* ikkje sjeldan med lang vokal (5 g). Men alltid *barn*, *giarna* osfr.

Merkn. 580. I nyisl. viser tviljoden *a*u (gn. *á*) i *aurd̥na* v. *aurdnaðýr* m. og *jaudn* n. enno attende paa lengjingi av den upphavleg stutte vokalen i desse ordi, medan *ödn* (ørn) peikar attende paa gnorsk stutt vokal (*ǫ*), som me ogso elles stendig finn i dette ordet i gnorsk. Stend *a* ikkje fyrst i ordet, er han enno framfor gnorsk *rn* uttala *a*, som syner at han i dette høvet ikkje hev vore lengd i gnorsk tid; *badn gjadna* osfr. Mannsnamnet *Arne*, i den eldste tid skrive utan aksent som ovanfor paavist, vert likevel paa Island no allstad uttala *audnı*, *aurdnı*. Den lange vokalen i dette ordet syner seg i skrift i fyrstningi av 14. hundr. paa Island (Jomsvik. saga i det kgl. bibl. Stockh. no. 7 qv. (utg. Cederschjöld 1875), s. 27_{26}), i Norig umkr. 1340. Yver heile det sudvestlandske maalvaldet, i heimlandet og utanfor, syner uttalen av dette ordet gamall lang vokal, og uttalen fell i sume bygder i Norig (Sogn, Voss, Hardanger) saman med uttalen paa Island (sjaa ISVestl. I Merkn. 296, og II s. 53, og s. 98 under β); jfr. skrivemaaten *aárni*, dsg av *arinn*, i Rigsþ. v. 2, som no i isl. er *arnı* (*ardnı*).

Um vokallengdi framfor *rn* og *nn* i yvergangstidi seinare til *dn*, sjaa nedanfor s. 111 oflg.

16 f β 2. I E. isl. er der regelrett ingi lengjing eller innskot av vokal framfor velar eller palatal nasal (*ng*). Nokre faa undantak her og kvar i dei eldste skrifter tyder likevel paa at der alt umkring 1200 einkvarstad hev vore ein tilhug til slik lengjing, t. d. *gango* f. asg (utan *u*-ljodbrigde) Rb 8_{23} *gánga* inf. 645 120_{6} *lángviþir* m. plur. 237 2_{5} *hríng* m. asg Rb 35_{23} o. fl. st. *þíngs* 645 44_{10} *ayngver* for *ǫngver* (av *engi* pron.), sjaa her straks nedanfor. Jfr. skrivemaatar som *þaangat* D. I. III 109_{16} (1360, isl.-norsk), *laangan* adj. asm (av *langr*) III 174_{5} (1365, norsk-lita br.).

Merkn. 581. I nyisl. er der framfor *ŋg* og *ŋk* lengjing av *a* til *a͡u*, *e>ei*, og *ö* til *öy* yver heile landet so nær som i Vestfj. (millom Breidefjord og Hunafloe), der dei enno hev *a*, *e* og *ö*. I vanleg isl. er det soleis *la͡uŋgýr* adj. *leiŋgýr* adv. *löyŋg* adj. f. *kra͡uŋ̊kýr* adj. *höyŋ̊k* f. skr. *langur*, *lengur*, *löng*, *krankur*, *hönk*. Men paa den nemnde halvøyi er det *laŋgýr*, *læŋgýr*, *löŋg*, *kraŋ̊kýr*, *höŋ̊k*.[1] Etter det som er meg uppgjeve, held den vanlege islandske uttalen paa aa trengja seg inn ogso paa desse kantar, helst *ei* og *öy* for *e* og *ö*. At der i gamalislandsk hev vore lengjing av *i*, *u* og *y* framfor *ng* og *nk*, syner den islandske uttale i vaar tid: *þiŋg* n. *þuŋgýr* adj. *muŋ̊kýr*

[1] Uttalen i Vestfirzka vert etterhermd i ei regla som synest kjend yver heile landet: *það er straŋgýr gaŋgýr fırır hann svaŋga Maŋga að flīdja þaŋg i faŋgı fram au laŋga taŋga.* *aŋg* i denne hermingi er gjerne uttala med noko lang *a* (mesta *a͡*). Eg hev ogso høyrt eit avbrigde med *aiŋg* (<*æng*): *það er straiŋgýr gaiŋgýr* o. s. fr. som heimelsmannen min sagde skulde vera fraa Isafjord einkvarstad, men eg hev ikkje fenge det stadfest, og det er knapt aa festa lit til. Jfr. Buergel: Det isl. ljudsystemet s. 108.

m. *liŋg* n. (lyng); *kouŋgýr* hev vel lang vokal paa grunn av samandragingi av *konungur.*[1] Jfr. ISVestl. Merkn. 296,4 og 341,2.

16 f β 3. Lengjing av vokalen i siste stavingi av mannsnamn er der ymse døme paa i E. isl.: *adámr, dauíð, þomás, michaél, satán.* Ogso i nyisl. *Davíð, Nikulás, Markús, Kristján* ofl. (men *Adam, Tómas* el. *Tómás Mikael; Satan*). Um same ovringi i heimenorske maalføre, sjaa ISVestl. I, s. 85.

Merkn. 582. At ein upphavleg stutt vokal kann verta lengd, berre for di han stend fyrst i ordet i ljodsterk stoda, og ordet er av deim som gjerne vert brukt med ettertrykk, er fyrr paavist i andre vestnorske maalføre; sjaa t. d. ISVestl. I s. 82, der det er nemnt døme paa lengjingar, som me til deils kann fylgja attende til umkr. 1200. Til lengjingar av dette slaget kann i nyisl. reknast: *aulnar* gsg, i nom. pl. *aulnır* (gpl *aulna* osfr.) av *alin* f. alen, i gnorsk *ǫln*, i gsg *alnar*, nom. plur. *alnir*; — framandordi *aulun* n. alun, og *auma* f. fat, tunna; — *aut* (<*át*) impf. av *eta* hev lengjing i alle norrøne maal, gamle og nye, alt i E. isl. ogso ofte i former utanfor impf.: *éta* inf. *étr* 3 sp. 645, som hev sett merke etter seg i nyisl. *jęta*, liksom E. isl. *éç* 1 pers. pron. Am 645: 45 16 (elles i E. isl. med stutt vokal ec, ek) hev sett merke etter seg i nyisl. *jęg*, sjaa nedanfor under γ; — *ídlýr, ílt* adj. Nordl. (Nþingeyj.s), i E. isl. *illr, ilt*; fraa Sudlandet er uppteikna *ídlýr, ílt.* Dei nynorske dømi paa lengjing av dette slaget, som er nemnde i ISVestl. I s. 82: *ål-*, t. d. i *ålsvart, åt* prp., *åv* adv. *åkər* m. *orm* m., syner enno paa Island gamall stutt vokal: *alsvartýr, að, av, akýr, ormýr.*

16 f β 4. I E. isl. raakar me no og daa paa same lengjingi i mest alle desse ordi: *ál-* (for vanlegt *al-*) i *álgæpt* adj. n. H, *álmenneleg, álmáttegr* ibid.; *át* prp. 645: 2 18, adv. 645: 12 23 og i ymse samansetningar som *átgirne, áthæfe, átlát* ofl., *áfrapa* dsg av *afhrapi* m., *hǫgórmonom.*

I E. isl. hev upphavleg *e* etter *h* vorte lengd i nokre høve, men mykje sjeldan: *hélt* impf. (av *halda*) 645: 18 2, *hér* H 160 22 El. 41 14.

Merkn. 583. I nyisl. hev denne *é* fylgt same vegen som upphavleg lang *e* og vorte *ję*, sjaa nedanfor under γ.

Hit høyrer truleg ogso lengjing av *e* i *herað* n., sidan det i nyisl. hev vorte *ķęrað*, som me finn alt i E. isl. i *hœroþ* apl Ph. II og *hœrøþom* dpl 645.

Nokre faa vokallengjingar som er audkjende i Norig, helst paa Sudvestlandet, til deils fraa ovgamall tid (ISVestl. s. 81—85), er framande for islandsk i vaare dagar. Naar me daa likevel i eldre islendske skrifter finn nokre døme paa slike lengjingar, maa dei der hava sin grunn anten i norsk paaverknad, eller i ein maalvokster jamlines med den heimenorske, men som paa Island i desse høvi stadna i bryddingi, so han no med naudi er paaviseleg i gamle skrifter.

---

[1] I ei gamall regla (húsgángur) eg høyrde paa Island, lyder det:

Hanı, krýmmı, hýndýr, svın,
hæstýr, mus, tıtliŋg'ýr
galar, kruŋkar, gęltır, rin,
gnæggiar, tistır, siŋg'ýr.

krýmmı m. ramn (= *krump* m. Nhl. Shl.); *gnæggjar*, no alltid *ŋæggjar*. — I *tıtliŋg'ýr* hev andre stavingi ettertrykket, naar verset vert framsagt.

Framfor gn. *rð*, der lengjingi av gamall stutt vokal er gjenomførd yver heile Norig aa kalla (gn. *orð>ōr, norðr>nōr*), finn me soleis ender og daa i E. isl. skrivemaatar som *órþom* dpl H 29 7 *nórþrs* n. dpl Rb 31 8 *lannórþre* n. dsg Rb 31 13 *utnórþre* Rb 31 16 o. fl. døme, som kann tyda paa gamall lengjing einkvarstad. I nyislandsk er der stutt vokal i dette høve (*orð, norðÿr*). ISVestl. I, s. 81,2.

Merkn. 584. Framfor gn. *-ld* (*-lð*) er der skrive *aa* i *taaldi* D. I. III 398 19 (1392), som minner um uttalen i vaare dagar i dei indre bygder av Agder i Norig, der dei hev gamall lengjing framfor *ld* og segjer *tålde, fortålde* Set. ISVestl. I s. 81,3. I islandsk er slik lengjing framand; men um ikkje *taaldi* er misskrift, kann det hava sin grunn i nyare lengjing einkvar staden (=*tāldı*). Sjaa Merkn. 586 her nedanfor.

Lengjing av vokalen i siste stavingi av tvostavingsord paa *-all* syner formi *gamaal* D. I. IV 585 11 (1434). Denne lengjingi fell saman med det heimenorske *gamål'e* i VAgder, der slik lengjing er mykje vanleg (ISVestl. I s. 84).

Merkn. 585. I det gamle tilstandet med vokallengd hev det vorte det same store umskifte i nyislandsk som i det heile i dei andre nye norderlendske maali. Ogso i nyisl. er vokalen i ei staving med ettertrykk no jamstødt lang, naar han stend i utljod eller framfor ein stutt konsonant, og det anten vokalen var lang eller stutt i gamlemaalet, t. d. *sjau* v. *trję̄* n. *sī og ai*, stødt og stendig, *klou* f. *þöy* pron. *grei* n. hund, <*sjá, tré, sí ok æ, kló, þau, grey*; *fār* n. skip *dāgÿr, bautÿr, līta* v. lita, farga, *līta* v. sjaa, *rōt* n. rōt, *rout* f. rot, *mÿra* f. mura (planta), *mūra* v. *hīlÿr* m. *höykÿr* m. *bein* n. *gleima* v. < *far, dagr, bátr, lita, líta, rot, rót, mura, múra, hylr, haukr, bein, gleyma*. Og sameleis som i dei hine nemnde maali er vokalen, anten han i gamall tid var stutt eller lang, no i nyisl. jamstødt stutt, naar han stend framfor ein lang konsonant (tvifelt kons.) og oftast ogso framfor ein samansett, t. d. *găbba* v. *gĕdda* f. *glöggÿr* adj. *hattÿr* m. *hăuttÿr* m. *lĭffs* gsg av *līf* n. *sŏutt* f. *făḍḷ* n. *făḍla* v. *hudn* m. handtak paa dør, *se'dn* adj. *heitt*, adj. n. *ăbla* v. *hębna* v. *obn* m. *oft* adv. *toulg* f. talg, *văgn* m. *sĭgla* v. *lixt* adj. n. *săxt* ptc. av *segja, ĭsland, kăsta* v. *öÿtt* adj. n. <*gabba, gedda, glǫggr, hattr* (gn. *hǫttr*), *háttr, lífs, sótt, fall, falla, húnn, seinn, heitt, afla, hefna, ofn, oft, tólg, vagn, sigla, líkt, sagt, Ísland, kasta, autt*. Stutt er ogso vokalen i *ÿm* og *frăm*, som berre av praktiske grunnar liksom i nyn. er skrivne *um* og *fram*. Framfor den klangføre spiranten *ð* er likevel vokalen vanleg uttala lang endaa um det kjem ein eller fleire konsonantar etter, t. d. *bāðmÿr* m. tre, *bīðla* v. fria, *īðka* v. driva paa med, *rōðna* v. *rīðga* v. rustna *öÿðga* v. (<*auðga*). *bīðst* 3 sp (<*býðst*, byd seg). Vanlegast halvlang er vokalen framfor dei spirantiske konsonantlagi *fð* og *gð*: *hăvðı* 3 sp (av *hafa*) *krăvðı* 3 si (av *krefja*), *ḷīvðı* 3 si (av *hlífa*) *līvðı* 3 si (av *lifa*) *lăgðı* 3 si av *leggja*, *săgðı* 3 si (av *segja*), *sĭgð* f. sigd, *beıgðı* 3 si (av *beygja*). Sameleis er vokalen uttala lang framfor *fr, pr, tr, gr* og *kr*, t. d. *ākrı* dsg (av *akur*) *fāgrır* npm.

Stundom synest likevel her som i nynorsk samanhengen med andre former av same ordet aa hava verknad paa uttalen imot den ljodlege grunnregelen, som naar *holt* adj. n. av *holur* vert uttala med lang ō, medan o i *holt* n. skogholt er stutt etter grunnregelen. (Sjaa Móðurmálsbókin s. 15.) Reglarne som her er uppsette, gjeld nærast for Austl.; dei er ikkje gjenomførde like eins allstad i landet. Paa Nordlandet gjeld helst den regelen, som er uppsett i Wimmers formlæra (Reykjav. 1885), at vokalarne i stavingar med ettertrykk er lange, naar dei endar paa vokal eller ein einskild konso-

nant eller fleire (men ikkje duble) konsonantar, naar den næstfyrste av deim er *r*. Paa Nordlandet der *hafði*, *sagði* er utt. *hăbðı*, *săgðı*, gjeld daa soleis hovudregelen i dette høve.

Merkn. 586. Kor gamalt dette skifte i vokallengd og stavingslengd er paa Island, er det vandt aa faa nokor full vissa um.[1] Men merki der synest eldre enn dei som til dessa er uppteikna fraa diplom i Norig. I hovudbrevi les me soleis *són* asg (av *sonr*) Prest.$_{20}$ *dógum* dpl (av *dagr*) ibid.$_{22}$ (umkr. 1240), *Hóf* II 159$_{38}$ *handsaal* II 415$_{16}$; dessutan er der eit *vár* 3 sp (av *vera*) II 159$_{21}$, men straks etter stend *górt* ptc. (av *gera*), so ein kann ikkje leggja nokor vegt paa det. Merkelegare er det at Ágrip hev ei heil rekkja med skrivemaatar som *uéra*, *dáli*, *scvtil* osfr., i det heile 38 i slike høve (sjaa Dahlerups utg. s. VII). Ogso i E. isl. finn me ender og daa slike former, t. d. *dógom* dpl (av *dagr*) Rb 8$_{19}$ 30$_{7}$, *dág* asg ibid. 11 g, *dǫ́gom* dpl 645, *hlútr*, *hlút*, *hlúte* apl Rb, *són* *sv́n* H, *sónr* *són* 645. Kann me døma etter dette, som fær nokor stadfesting ved dei dømi som ovanfor er uppteikna fraa diplomi, maa det store umskifte i vokallengjingi sumstad paa Island ha vore i alle fall byrja i fyrste helvti av 13. hundr. Med di det ikkje vel er tenkjande at den nye taleskikken er komen til Island fraa andre stader enn Norig, maa det daa alt paa den tidi ogso ha trengt inn her einkvarstad.[2] Sjaa ISVestl. I, Merkn. 296, 7 og 297, og Rygjam. Merkn. 83 og 180.

Naar det lid inn i det 15. hundr., er der skrivemaatar i dei islandske brevi av same slaget som i dei samtidige norske, og som vitnar tydeleg nok um yvergangen, t. d. *huaalreka* D. I. IV 427$_{7}$ (1428, Jón Egilss.) *faardaga* pl. IV 430$_{14}$ (1429) IV 459$_{29}$ (1430) *raak* 3 si IV 511$_{7}$ (1431) *gaaf* 3 si IV 584 (1434) *sijdur* m. sed VI 216$_{11}$ (1479) o. fl. døme. I dette hundradaaret er daa vel paa Island som for det meste i Vest-Norig den nye ljodlogi i nokon mun gjenomførd.

16 f γ. Aksentar yver lange vokalar er sjeldsynte i hovudbrevi. Dei fleste brevi nyttar ikkje aksentar. Uppteikna er *fúlger* 3 sp. (for *fylgir*) Rm I$_{12}$ *sęmundar* Prest.$_{9}$ *Selá* D. I. II 159$_{7}$ (1293) *laxár* dal ibid.$_{39}$ *hól* ibid.$_{6}$ *tuér* ibid.$_{5}$ *ioculsár* II 204$_{14}$ (1311) *kniuká* ibid.$_{9}$ *á* ibid.$_{13}$ *ór* ibid.$_{13}$. *ór skurde* ibid.$_{17}$ *rettsýne* ibid.$_{18}$ *tálma* II 220$_{34}$ (1315); *á* II 397$_{9}$ (1330) som ogso skriv: *áára*$_{4}$ gpl, *ábotí*$_{7}$ *seá*$_{2}$ *stephán*$_{2}$; *lausafeé* II 415$_{9}$ (1332) *dóme* II 466$_{7}$ (1339). Stundom vert vokallengdi merkt med dubbelbokstav: *gooz* II 397$_{10}$ *boonda* 474$_{10}$ (1340) *doom* ibid.$_{12}$ *paall* 489 B$_{8}$ (1343) *aa* ibid.$_{10}$ o.fl.st. *aa* er stundom samanskriven, t. d. II 466$_{6}$, ogso *aaa* (for *á* prp.) II 470$_{6}$ (1340). Yver stutt vokal stend aksent i *Fóss* II 159$_{34}$ umfram i dei høvi som er nemnde i Merkn. 586. Lang vokal med dubbelbokstav er skriven for gamall stutt i *faasta* adj. apf (for *fastar*) II 484$_{61}$ *boorg* II 474$_{9}$ *utfaall* ibid.$_{10}$.

I E. isl. er der jamnast aksent yver lang vokal, um det endaa kann vera noko ymist med gjenomføringi hjaa dei ymse skrivarar.

---

[1] [Sjaa no Björn Þórólfsson: Kvantitetsomvæltningen i islandsk. Ark. nord. fil., 1929.]

[2] Grunnen til at der ikkje er ettervist tidlegare merke etter denne lengjingi i Norig, kann vera noko den, at aksentar vart meir sjeldan brukte her, og noko den, at um ein aksent (eller endaa dubbelskriven vokal) er funnen paa ein annan stad enn der som han etter egt gamalnorsk regel skulde vera, hev han vorte rekna til misskrift, sjaa t. d. Rygjam. Merkn. 180 um Hom. III. Ein nøgjare etterrøknad av dette vigtuge spursmaal er naudturveleg.

Merkn. 587. I det 14. hundr. minkar aksentbruket og sluttar mesta reint i det 15. hundr. Soleis var daa tilstandet til etter midten av det 18. hundr. Daa tok islendingarne uppatt aksentbruket (Kongs-Skugg-Sio 1768), som i fyrstningi av 19. hundr. snart vart vida utbreidt i bokheimen og no er fullt gjenomført.

16 f γ 1 a. Yvergang fraa gamall einskild lang vokal til tviljod er der i hovudbrevi nokre faa døme paa. Soleis:

gn. *e*>*ie*: *brief* (<*bréf*) D. I. II 484~21~ (1341) *fie* ibid.~38~ *liet* ibid.~7. 22~ o. fl. st. i same brevet; *vier* pron. pl. II 523~11~.

Yvergangen *é* til *ie, je* er ikkje paavist i E. isl., um ikkje *hierοþ* Ph II og *hierøþom* 645 hev sin grunn i tidlegare lengjing av *e* i *herað* til *é*, som synest mykje rimelegt, jfr. Merkn. 583 ovanfor. Yvergangen maa i alle høve ha vorte sterkt utbreidt i 13. hundr., daa me finn mange døme paa denne tviljodingi, t. d. i Ólafs saga ens helga (2 qv. i det kgl. bibl. Stockh.), der 2. persons pronomen *ér* mange gonger er skrive *ier*, t. d. *giorþuz ier* 238~22~ *Erot ier* 240~36~ i Munch og Ungers utgaava, Chr.a. 1853.

Merkn. 588. I nyisl. hev gn. *é* gjenge yver til *ję* i alle høve so nær som etter gn. *hu*, der han hev vorte *ę*, t. d. *fję, brjęv, vjęr, ljęttýr, kvę (xwę), kvęl (xwęl)* < gn. *fé, bréf, vér* pron., *léttr, hué, huél.* Um ein dilik yvergang, men berre sporadisk, i Norig, sjaa ISVestl. I Merkn. 300,2. Jamfør hermed tviljodingi av gamall stutt *e* i visse høve paa islandsk, som er umhandla her nedanfor under 2.

16 f γ 1 b. Gn. *ǽ*>*ei, æi* (skr. *iæ*): *þeir* pron. (for *þǽr*, jfr. E. isl. nedanfor) Rm II~16~ (umkr. 1206) *eifinlinga* adv. (for *æfinlega*; jfr. *eæfinlig* D. N. VI 359~15~ Agder 1481) D. I. II 470~14~ (1340); *biækr* II 509~20~ (1344), *tuiærrar biækr* ibid.~22~ < *tuær bœkr, kliæde* ibid.~12~ *viætt* ibid.~6~ (<*vætt* f.), der *iæ* allstad visst ikkje er anna enn ein uhjelpeleg skrivemaate for *æi*.

Gn. *œ* (ɔ: *ǿ*)>*æi* (skr. *iæ*) i det straks ovanfor nemnde *biækr* < *bækr* < *bœkr* (um yvergangen *œ*>*æ* i isl. sjaa nedanfor s. 94).

Gn. lang *æ* (*ǽ*) er i E. isl. skriven *æ, ǽ, ę, ę̇, ae* (sjeldan). Det er mest likt til at uttalen fraa fyrstunne hev vore ein mykje open *æ*, skild fraa *e*-ljoden, um endaa skrivarar som ikkje er grannvare nok, kann bruka *e* for baae ljodar. Umfram dei nemnde skrivemaatar finn me i den eldste islandsk denne ljoden nokre gonger skriven paa ein maate som gjev tilføre til aa tru at han einkvarstaden eller i sume munnar hev teke til aa tviljoda seg alt tidleg i den fyrste mannsalderen av 13. hundr. Soleis vert det skrive *hęitti* (<*hǽtti* dsg av *hǿttr* m.) H, *mæinleitom* dpl (<*meinlǽtom*) ibid. *þęir* pron. (for *þǽr*) Rb 25~7~ *þeir* (for *þǽr*) ibid. 13~15~ (jfr. same skrivemaaten i hovudbr. Rm II~16~), *tveír* (for *tvǽr*) H 123~4~; hit høyrer kanskje ogso *veilenndi* (velende, strupe)[1] H, jfr. *vælındi* Bj. Haldors. og nyisl. *vailındı* =

[1] Der er tale um *lǽknar*, som *skera synþa veileNde várt meþ tungo knıfenom*. Um ordet *velendi* sjaa elles noten paa s. 86 her nedanfor.

vjelındı. Merk ogso umvende skrivemaatar med *æ* for *ei*: *þær* (for *þeir*) H 137$_2$ og *tvær* (for *tveir*) ibid. 206$_1$ *þer* (for *þeir*) Ph I (5$_7$). Lite seinare finn me fleire døme paa det same som *greitr* 3 sp (for *grǽtr*) *hreiþisc* (for *hrǽðisk*) *þeir* (for *þær*), sjaa Frump. 36 og 184—185, *bæinar* f. gsg (<*bænar*<*bœnar*) Didr. 187$_{31}$ (isl. hand). I den andre mannsalderen av det 13. hundr. (umkr. 1250) er truleg yvergangen til tviljod *æi* for det allermeste gjenomførd, men skrivemaaten hev i lang tid til deils vore noko svagande, med di sume skrivarar anten i vankunna eller for di dei ikkje alltid hev vore nøgde med aa skriva *æ* etter det gamle mynster, hev freista etterlikna tviljoden i skrift. Ei god prøva paa det hev me i hovudbr. D. I. II 509, der skrivaren ved bokstavumkasting hev kome til aa skriva *iæ* for *æi* (*kliæðe* for *klæiðe*, nyisl. *klaiðı*).

Merkn. 589. Det same hev me ogso døme paa i seinare diplom fraa 14. og 15. hundr., soleis *viære* 3 sik (<*væri* av *vera*) D. I. III 111, s. 146$_3$ (1360), *j saurbiæ* (<-*bæi*<-*bæ*<*bǿ*) III 535$_5$ (1399) (*siængh* <*sæng*) IV 512 (1431, norsk?) *liækiargil* (<*lǿkiargil*) V 108$_{11}$ (1454). Um ein annan freistnad til aa syna fram denne tviljoden i skrift vitnar kannhenda skrivemaatar som *mickla beyr*, *micklabey* (<*miklabei*<*Miklabæ*) D. I. III 226$_{8.11.20}$ (1371), no *Miklibær* i Tungusveit (Skagafj.);[1] *aakeyrolavsa* adj. asf III 611$_{14}$ (1410); *dæymdom* 1 pi (<*dæmdom* < *dǿmdom*) IV 499$_{25}$ (1431, norsk?) *dæymdo* 3 pi (<*dæmdo*<*dǿmdo*) IV 540$_2$ (1432); *ey* og *æy* i desse høvi maa fulla mangstad paa denne tidi ha vore uttala *ẹi* med di *y* og *i* hadde teke til aa falla saman. Det er likevel aa merka at desse teikni (*ey* og *æy*) ogso stundom hev vore bruka til aa merkja ein *ö*-ljod, t. d. *othbieyrgu* Kn. dat. (ↄ: *Oddbiörgu*) III 305$_8$ (1380), so skrifti i dette høve er utrygg aa byggja nokon dom paa, sjaa s. 33. Paa Austurlandet synest *æ* ikkje ha vore tviljoda fyrr langt fram i tidi. Arne Magnusson upplyser etter fraasegn fraa eldre samtidige at det der i fyrstningi av 17. hundr. vart sagt *reður* for *ræður* (*rœður*) og *mer*, *sker* for *mær*, *skær*.[2] I nyisl. er uttalen av den gamle *ǽ* yver heile landet *ai*: *laira* læra, *sa'dḽ* adj. sæl. Yvergangen *ǽ* til *ai* er sermerkjeleg for islandsk.

Merkn. 590. Merkelegt er det kor ofte me finn skrive *ei* for *é* i noko seinare islandske diplom, helst fraa det 15. hundr. Soleis *breif* (for *bréf*) VI 328$_{20}$ (1481) *breifi* ibid.$_2$ *heir* adv. (for *hér*) V 605$_{22}$ (1472) *leit* 3 si (for det vanlege *lét* av *láta*) V 384$_{20}$ (1465) V 560$_6$ (1471) V 602 (1472) V 629 (1473) V 674 (1474), ogso skrive *leitt* 654 (1474), jfr. E. isl. *leit* 645 113$_{18}$ og Noreen[3] § 166, 2, *reittum* (for det vanlege *réttum*) III 543$_{17}$ (1399) *reitt* (for *rétt*) V 597, s. 672$_{14}$ (1472) V 705$_{10}$ (1475) VI 593$_{27}$ (1489) VI 644 (1491) VI 649$_{20}$ (1491) *reittur* (for *réttur*) V 605$_{22}$ (1472) *reitti* dsg (for *rétti*) V 667$_7$ (1474); *logreittunne* dsg V 674 (1474); *seir* pron. (for *sér*) III 567$_{7.14}$ (1402) 568 (1402) V 119 (1455) VI 584$_{8.23.25}$ (1489, men skr. *sier*$_{10}$) *þeint* ptc. (for *þent*) V 71$_3$ (1451); *ueir* pron. (for *vér*) V 676$_7$

[1] Konr. Gislason meiner at *ey* her stend for *ý* (Frump. 195) og byggjer sin meining paa skrivemaaten *mikla by* D. I. III 280; men dette diplomet er eit transskript fraa 1385 med ei hand fraa 1640. Garden er elles jamt i dei eldre dokument skriven -*bær*.

[2] Finnur Jónsson: Málfræði íslenzkrar túngu, Kaupmannahöfn 1908, s. 14. [Sjaa no: Arni Magnússons Levned og Skrifter. 1930.]

(1474) VI 282$_{1.6}$ (1480). Sameleis er fraa desse seinare brevi uppteikna ymse gonger *ei* for nyisl. *ję* eller *jæ* (skr. *é*) i lengjing av gn. *e* i fortidsformerne *feick* (for *fékk*) D. I. V 228$_{8}$ (1479) VI 341$_{7}$ (1481) VI 479$_{11}$ (1485) VI 504$_{11}$ (1486) VI 509$_{11}$ (1486) o. fl. st.; *feill* 3 si (for vanleg *féll*) VI 409$_{19}$ (1482). Desse formerne hev — so vidt det er kjent — ingen studnad i uttalen paa Island no, og dersom *ei* i desse høvi ikkje berre er framkome ved eit uvitugt skrivarlag i og umkr. 15. hundr. — umkasting av bokstavarne liksom *kliæðe* (for *klaiðı* < *klæði*) — men skulde hava rot i talen i eldre tid einkvarstad paa øyi, er i alle høve merke etter slike maalformer ikkje finnande no. Fraa same tidebilet er uppteikna *í* > *ey* (for *ei*?) i *þeyngeyrum* IV 730$_{8}$ (1446), *ú* > *au* i *lauka* v. (for *lúka*) IV 12$_{11}$ (1388), *ý* > *ey* i *feylger* V 218$_{13}$ (1461) *leysaa* v. (for *lýsa*) VIII 165$_{14}$ (1508) *leysti* (for *lýsti*) ibid.$_{7.13.19}$ og *y* (*ý*?) til *ui* framfor *ng* i *sujngia* v. V 363 B$_{9}$ (1464).

Det er mogelegt at me i desse sporadiske ovringar hev merke etter eldre paaemningar til andre vokstervegar i ljodverket enn dei islandsken kom til aa fylgja fram igjenom tiderne. Me kann i allefall finna sume av dei same ovringarne att her og kvar annarstad i det vide sudvestlandske maalvaldet, der dei til deils fekk ein hepnare lagnad, so dei raader i sume maalføre den dag i dag, t. d. tviljodingi av *ý* i eit stort umkverve i Norig og paa Færøyarne. Sjaa ISVestl. fyrste bolken, Merkn. 300 og andre bolken s. 97.

Merkn. 591. Dei gamle lange vokalar som i nyislandsk vart tviljoda, er — umfram dei ovanfor nemnde *é* > *ję*, og *ǽ* (i lag med *ǿ* som fall saman med *ǽ*) > *ai* — dei tvo vokalarne *á* og *ó*.

Gn. *á* hev i nyisl. — so nær som etter *v*, der han gjekk yver til *o*, sjaa **16 h** α — vorte *au* (elder *ao*[1] liksom i Sogn, Voss og Hardanger i heimlandet, t. d. *fau* v. < *fá*, *maul* n. < *mál*, *lauta* v. < *láta*. Framfor lang konsonant vert han stytt i uttalen til *a*^{u} i *ha*^{u}*ttýr* m. < *háttr*. Kor gamall denne tviljodingi er, gjev ikkje skrifterne upplysning um, med di den lange og den stutte vokal alltid er skrivne anten *á* eller *a* etter g.norsk skikk (sjaa ovanf. s. 80 um aksentar). At uttalen fyre midten av 17. hundr. hev vore tviljod som no, ser me av denne setningi hjaa Runolphus: „*A* longum prorsus ac Latinorum dyphtongus *Au* effertur, ut *haad*, irrisio" Gram. Run. s. 4, som daa maa ha vore uttala *hauð* liksom no.

Gn. *ó* er i nyisl. tviljoda til ou sameleis som i mange sudvestlandske bygder i heimlandet (Sogn, Voss, Hard., Setesdal o. fl.) og paa Færøyarne t. d. *bouk* f. < *bók*, *njouta* v. < *nióta*; *houpýr* m., *liouma* v. *þrouast* v. < *hópr*, *hljóma*, *þróast*. Naar vokalen er stytt, høyrer ein mindre av u-ljoden: *ljo*^{u}*tt* adj. n. < *liótt*, *fo*^{u}*lk* n. < *fólk*. Heller ikkje denne tviljoden hev vore skriven med meir enn eitt ljodteikn (*ó*, *oo*, *o*) i eldre skrifter, so det er uvisst kor gamall tviljodingi er. Det skulde daa vera um skrivemaaten *sovr* (for *sór* 3 si av *sueria*) D. I. IV 652$_{4}$ (1440) hev sin grunn i tviljoda uttale, no *sour*. Det vilde daa høva noko til den tidi daa tviljodingi av denne vokalen hev sett dei fyrste merke etter seg i heimenorsk skrift (1408; sjaa ISVestl., fyrste bolken, s. 90).

Den islandske tviljodingi av gamle lange vokaler hev mykjen likskap med den paa Sudvestlandet i Norig; men *ú*, *í* og *ý* hev ikkje vorte tviljoda paa Island, og *ǽ* hev ikkje vorte tviljoda i Norig, heller ikkje *é* anna enn sporadisk. Sjaa ISVestl., fyrste bolken, s. 86—87.

[1] Um uttalen sjaa ISVestl. I, Merkn. 300 og note 2 paa s. 88 ibid. I denne utgreidingi um islandsk høver det betre aa merkja uttalen med aa skriva *au* enn *ao*, etter di norsk trong *o* elles er ukjend i islandsk.

16 f γ 2 a. Eit døme paa tviljoding av gamall stutt vokal er der i hovudbrevi i *gæyrde* 3 si (av *gera*) II 470₁₅ (1340). Det er likevel tvilsamt um ikkje tviljodingi her berre er grafisk, med di *æy* kann vera skrivemaate for *ö*, sjaa Merkn. 592 her nedanfor. — Um *e* > *ei* i *Eigils* sjaa Merkn. 561, i *eingi* ofl. sjaa s. 34 og 37.

Merkn. 592. For *ö* er det stundom i dei islandske diplomi skrive *au*, *æy* eller *ey*, t. d. *gavrer ek* D. I. IV 339₁ (1420) *giaurandi* (ɔ: *görandi*) VI 395₆ (1482) *aul* n. (ɔ: *öl*) IV 469₄ (1430) = *eyl* IV 436₇ (1429) IV 469₁₁ (1430), *eyfri* komp. (øvre) IV 308₄ (1416) *geyrdum ver* (ɔ: *görðum* av *gera*) III 226₂₃ (1371) *smeyr* IV 471₂₁ (1435); jfr. *micklabeyr* III 226 (1371), der *ey* likevel helst stend for *ai* (< *æ*).

16 f γ 2 b. I E. isl. er der nokre døme paa tviljoding av upphavleg stutt *e* til *ie*: *ietr* 3 sp (av *eta*) *hieraþ* n. herad, baae dømi i Ph II umkr. 1200, *hierøþom* dpl 645 108₁₃. I *eta* v. kunde *e*, som byrjar ordet og hev ettertrykk, hava lett for aa verta lengd, jfr. *éta* inf. og *étr* 3 sp i 645; og i *herað* kann stoda etter *h* ha hjelpt til aa lokka fram ein palatal glideljod millom *h* og *e*, jfr. uttalen av *k* og *g* framfor *e*. Lengjing av *e* til *é* i nett same stoda er fyrr paavist (jfr. s. 41)) i *éc* 1. pers. pron. og *hélt* 3 si (av *halda*) og i *hér* adv.

Merkn. 593. I nyisl. hev upphavleg stutt *e* i dei her nemnde dømi mesta undantaksfritt[1] fare same vegen som upphavleg *é* og vorte *ję*: *jęg*, *jęta*, *jętyr*, *ķęlt*, *ķęr* (*hier* D. I. III 518₂₂ 1397), *ķęrað*. Likeeins nyisl. *ķęðan* adv. *ķędna* adv. < *heðan*, *herna*, og nyisl. *ķęri* m. hare, < *heri*, jfr. *ķęrvidla* f. < *her(a) villa*, error pavidorum (Haldors.). Dei gamle fortidformerne *fekk*, *fell* og *hekk* hev halde fylgje med *helt* og vorte *fjękk*, *fjędl* og *ķękk*, venteleg fyrst etter lengjing av vokalen (*fékk* o. s. fr.). Lengjingi i desse verbalformer hev endaa vorte yverførd til fleirtalet av dei fleste: *fjędlym*, *ķeiŋgym*, *ķęldym* (skr. *féllum*, *héngum*, *héldum*), og til former, laga av fleirtalet. Jfr. skrivemaatar i diplomi som *fieck* VI 148₆ (1478) *fiell* ibid.₁₃ *fiellzt* 3 sik VI 632, s. 721₁₈ (1490), *hielldu* 3 pi III 541₅ (1415, avskr. 1445) *hiellde* (-*i*) 3 sik VI 134₃₃ (1478) 372₁₄ (1481) 489 s. 548₁₇ (1485) 546₁₂ (1487). Ei tid maa tviljodingi ogso ha vore yverførd paa imperf. plur. av *fá*, etter di me finn *fieingu* 3 pi V 686₁₈ (1474), og i imperf. konj. *fiengi* (-*e*) V 580₁₆ (1471) VI 250₉ (1480) 318 s. 339₂ (1481) o. fl. st., no i nyisl. *feiŋgy*, *feiŋgı*. Det er endaa likt til at *ję* einkvarstad hev truga med aa trengja seg inn i præs. sg. av *falla*, med di det vert skrive *fiellur* 3 sp VI 495₁₂ (1485).

Ogso i fortidformerne *greri*, *neri*, *reri* og *sneri* hev rotvokalen *e* vorte *je* sumstad, sjaa Merkn. 598.

Merkn. 594. Gamall stutt *e* hev vorte *ei* i nyisl. *kaleikyr* m. kalk, staup, < E. isl. *calec(r)* av lat. *calix* (jfr. nyisl. og nyn. *harpeis* m. sv. *harpojs* < holl. *harpuis*; sisteleden av lat. *pix*, bik). Formi *kaleikur* er gamall, soleis

[1] Jamsides med *jeg* er enno i sume høve brukt *eg*. Soleis i ei barneregla eg hev uppteikna fraa Reykjavik (s. 110).

gullkaleikar pl. D. I. III 235 9 (1374) *kaleikar* III 379 21 (1390) o. fl. brev. I eldre tider synest det etter skrivemaatar sumstad i brevi aa ha vore noko meir av dilik lengjing, t. d. *noreighs* gen. III 341 22 (1387), elles skr. *norœghs* III 337 (1386) og oftare *noreghs* t. d. III 325, 327, 361 (1385—88), *þorkeilsson* nom. VI 479 11 (1485), *þeitta* pron. VI 328 20 (1481). I ljodsterk staving er der *ei* for *e* framfor *ðr* i *leidr* VI 418 2 (1483) < *leðr* (jfr. *leır* d. s. Set.) og framfor *ð* i *heidinshaufda* V 705 10 (1475), no skr. *Héðinshöfða*.

Merkn. 595. *i* > *ei* i ljodsterk staving finn ein stundom i nyisl. i *heimbrımı* m. imbre (Colymbus glacialis) for det vanlege *himbrimi* (folkeumtyding av g.isl. *himbrin* n.), ogso *meiga* v. for *mega*, paaverka av former som *megi*, *megir* (utt. *meijı*, *meijır*) osfr.

Reint uvanleg tviljoding er *u* > *au* i *savdr* adv. IV 532 (1431) *skaulu* v. IV 568 (1433) *Braullaups* Kyrk., der *au* synest vera skrivemaate for ljoden *ö*, som ein ofte høyrer i talen den dag i dag paa Island i skifte med *ý* for gamall stutt *u* i slike ord: *sýðýr*, *skýlý*, *brýdlöýp* (< *brúðhlaup*) for det vanlege isl. *bruðköyp*. Jfr. *y* < *ey* i *-seyne* dsg < *-syni* (av *sonr*) V 218 11. 16 (1461).

16 g. Stytting av vokal. I hovudbrevi er der ikkje mange greide døme paa vokalstytting. Uppteikna er *grenum* dpl (< *greinum*) II 474 11 *þæm* dpl (< *þæim*) ibid. 1 *heþe* dsg (< *heiþe*) Rm I 9 *oveþe* dsg (< *ǫveiþe*) ibid. 8 *i brott* adv. (< *í braut*) Sæm 22. 24 *i brot* Kl c 14 *losnina* asg (< *lausnina*) II 484 64 (jfr. *lausnar* gsg ibid. 53). *e* for *ei* i *heþe* og *oveþe* er merkeleg, og denne ovringi er ikkje reint uvanleg i eldre islandske skrifter, sjaa Frump. s. 138—141, der det er upprekna mange døme. Ein uttale *heðe* for *heiðe* strider so sterkt mot maalbruket baade i ny og gamall vestnorsk og islandsk, at det er mest rimelegt aa tru at *e* paa dei citerte staderne hev sin grunn i noko serlegt ved eldre islandsk skrivemaate. Av di *e* kunde vera teikn for lang *æ* (*ǽ*), og denne *æ* og tviljoden *ei* paa ei viss tid maa ha vore noko like kvarandre i uttalen — utanfor Austfjordarne (Merkn. 589) — ligg det nær aa tenkja seg at *e* ogso stundom kunde koma til aa verta brukt som teikn for tviljoden *ei*. Hovudbrevet Rm I hev dessverre ikkje meir enn eit døme med lang *æ*, og der er skrive *æ* (*sæþe* 14); i Rm II, som hev likso gamall skrivemaate aa kalla, er lang *æ* derimot jamnast skriven *e*, men ein gong *ei* i *þeir* (for *þær*) liksom tviljoden *ei* (*breiþabolstaþar* 19). Dette *þeir* (etter rettskrivingi i Rm II for *þer* = *þær*) tarv ikkje vera eigenleg misskrift, men kann visa ein tviljoda uttale av den lange *æ*-ljod hjaa skrivaren, ein uttale som hev lege nær den vanlege tviljoden *ei*. Men naar han hev kunna brukt teiknet *e* for tviljoden *æ*, kann han ogso ha brukt *e* for den vanlege tviljoden *ei* i *heþe*, *oveþe*. Styttingi *ei* > *e* skulde daa i desse ordi berre vera grafisk, og soleis er det truleg med fleire *e* for *ei* i eldre islandsk, endaa um der hev vore ein tilhug til aa gjera den vanlege tviljoden *ei* trong, so han kunde skiljast ut fraa tviljoden *æ*. At yvergangen fraa *æ* til tviljod i det heile hev gjenge for seg utan samanblanding med *ei*, hev sin grunn i det at der alltid maa ha vore nokon — og det stendig veksande — skilsmun millom ljodarne,

og at yvergangen hev gjenge for seg ujamt med umsyn til tid og stad. Til dette kjem ogso den litterære tradition, som paa Island hev so mykje aa segja. Nokre faa døme paa samanblanding er der likevel fraa eldre tid (som til deils ovanfor paavist s. 81), og fraa nyare tid kann paavisast fleire. *vælindi* n. i *kviðvælindi* (mage-veikleik) Heil. I 381 1. 2. 5 — etter Cod. Holm. 2 fol. fraa umkr. slutten av 14. hundr. — maa soleis vera ihopblanda med *veilende*,[1] og i nyisl. er *ásælast* v. gjera seg rik paa annan manns kostnad, og *ásælinn* adj. hækjen, blanda saman med ord av anna upphav: *áseilast* og *áseilinn* (Jón Ólafss. orðab. som meiner at formerne med *æ* ikkje er rette).

I sume ord som me i E. isl. stundom finn med stytt vokal, hev nyisl. i vaare dagar gjerne framleides den upphavlege lange vokal i skrift, t. d. E. isl. *sǫrgvn* f., *frestni* f., *endeme* n., nyisl.: *saurgun*, *freistni*, *eindæmi* (ogso skr. *endemi*, *endimi* etter uttalen).

Merkn. 596. I nyisl. tale vert alle vokalar stytte framfor lang eller samansett konsonant liksom i dei andre norderlendske maali: *dăgur*, men *dăxs* gsg, *a^u tti*, 3 sp av *eiga*, *rixt* adj. n. av *ríkur*, *bo^u ndi* m. *a^i tt* f. (ætt), *rö^y tt* adj. n. av *rauður*, *ste^i ddn̥* (stein), *þiŋg* (av eldre *þíng*), *uŋg̊t* adj. n. av eldre *úng(u)r*, sjaa Merkn. 585.

Nokre styttingar i nyisl. treng ei serskild umrøda:

á > *a* i *bleik`alo^u ttýr* adj. blakk med myrk ryggaal, *mou`alo^u ttýr* adj. graa med myrk ryggaal, < *bleikálóttr*, *móálóttr* (til *áll*, aal, rand), og (fraa gamall tid) i nyisl. *forað* n. faarleg stoda, jfr. nyn. *forrå* n. d. s. Shl., og nyisl. *foraiði* n. d. s. < **forræði*, og sameleis *ḳerað* n. < **herráð*.

a framfor *ng* i Vestf. (t. d. *laŋgýr*) er eldgamalt (sjaa s. 77).

é > *ę* i *vęttvauŋgýr* n. draapstad, stridsvoll, < *véttvangr* (til *vega*, drepa) jfr. *uiettfange* D. I. VI 95 28 (1477); nyisl. ogso *va^i ttvauŋgýr* liksom i gamall tid (sjaa Noreen[3] § 105). Um gn. *é* > nyisl. *ę* etter *hv*, sjaa s. 81 ovanf.

Gamall *æ*, no uttala *ai*, vert framfor lang konsonant uttala *a^i*, men ikkje sjeldan soleis at ein høyrer berre *a*: *la^i knir* og *lăknir*, *a^i tla* og *atla* (< *læknir*, *ætla*); *atla* kann elles vera ei sjølvstendig form, jfr. *atla* Jedr. i Norig, sjaa Rygjam. Fraa denne styttingi kjem slike svagande nyisl. skriftformer som *lagni* f. og *lægni* (hagleik),[2] *sexahringur* og *sexæringur*. Denne ovringi er heller gamall, for me finn *tolfaring* (< *tólfæring*) D. I. V 434, s. 488 25 (1467, hds fraa 1476) *teinaring* (< *teinæring*) ibid. 29 jamsides med *sexæring* ibid. 20; jfr. *sangur* pl. (< *sængr*) V 497 22 (1470) og *kraklingahlid* VI 663 6 (1491) for *Kræklingahlíð* (i Eyfjord). I nyisl. *endimi* sidef. til *endemi* av gn. *eindæmi*, er upph. *æ* i andre stavingi alt i gn. vorte *e* og sidan *i* ved utjamning.

---

1 Gn. *vélendi* n. (luftrøyr, strupe) heiter i nyisl. *vailęndi* og *vjelęndi*, som viser til eldre *vælendi* og *vélendi*. Dei fleste norske maalføri hev likeeins former som viser attende til *vélendi* og *vælendi*. Men *vailen* m. b. f. Vald. peikar paa upphavlegt *veilende* (samanblanding av *vélendi* og *veilendi* som paa Island?), medan *vaulende* Sogn (Vik) og *vålaŋŋ* Ndm. peikar paa upphavlegt *válendi*. Dei norske former (sjaa Aasen og Ross) fyreset soleis eldre *vél-*, *væl-*, *vál-* og *veil-*.

2 Zoega fører upp *lægni* i si ordbok; Björn Jónsson i Íslenzk stafsetningarorðabók vil ha *lagni* og meiner at *lægni* er „rangt eða miður rétt". Uttalen gjev ingi rettleiding, for han er *lăgni* i baae høvi, tydingi hev nærast samanheng med *laginn* adj., velskikka, hag, men ein skulde daa helst venta *legni*; jfr. likevel *forsjálni* f. (til *forsjáll* adj.).

Merkn. 597. Gn. *au* (> *öy* > *ö*ʸ) > *ö*. Samandragingi av den gamle tviljoden framfor lang eller samansett konsonant eller i ljodlinn staving kann gaa so vidt at ein til deils berre høyrer *ö*-ljoden. Denne uttalen skal i vaare dagar koma sterkast fram i Skaftafells-sysla: *höst* for *haust*.[1] At det er ei gamall ovring paa Island, ser me av Am 645, som hev mange døme: *höste* dsg *löst*, *öþsynt* o. fl. Samanblanding av *au* og *ö* er vel grunnen til skrivemaaten *haustmagi* i Grettis soga (hds. fraa 15. hundr.) for *hösmagi* (ɔ: *hǫs*-), ein vêr med graa mage, og i nyisl. *Gunnlögur*, *Guðlög* (sporadisk i skrift) for *Gunnlaugur*, *Guðlaug*. Jfr. Merkn. 589 ovanfor.

Gn. *au* hev i nyisl. allstad vorte *ö* i talordi *sjö* (< *siau*), skr. *sio* D. I. III 314$_{34}$ (1383), *siǫ* Vǫls. 146$_{20}$ (umkr. 1400); framleides i nyisl. *sjötiy*, *sjötygyr*, *sjö-yndı* (< *siautiu*, *siautugur*, *siaundi*), og sameleis i *tvö* (< *tuau*), skr. *tuo* D. I. III 201$_{35}$ (1369; Jón Magnuss. avskr.; i same radi *tuau*) III s. 392$_{3. 4. 6}$ (1386) III 351 (1387) III 380 (1390) o. fl. br. Styttingi av tviljoden hev fulla byrja framfor den samansette konsonanten i *sjaundi*, som er skrive *siönda* gsm i Am 645, *sioonda* dsn D. I. III 362 (1388), jfr. ogso *siondar* gsg (av *siaund* f. sju i talet, vika) V 629 (1473) o. fl. br., og *siotigir* og *siau* (*aar*) VI 94$_{5}$ (1477) o. fl. br., sjaa ISVestl. I Merkn. 305.

Gn. *au* (> *u*) > *ẏ*, som i sume høve vil falla saman med *ö*. Denne styttingi finn me framfor *m* i nyisl. *flýmousa* (-*i*) adj. braad, hastig (ogso *flýmusa*) < *flaumósa*, som hev samanheng med nyisl. *flým* („*flum* v. *flóm* n. torrens, rapiditas fluminis Bj. Hald.)[2]; jfr. nyn. *flöm* m. vatsflod, vatsvokster i elv, Øystred. ofl. for vanleg nyn. *flaum* < gn. *flaumr*; — *rýmýr* m. ovstort menneskje < *raumr*; — nyisl. *rýmska* v. vera uroleg i svevne, halda paa aa vakna < *raumska*, nyn. *raumskę* Rbg. *raunska* Hard. Ogso i nokre andre høve framfor lang konsonant; soleis i nyisl. *ýrrıðı* m. skr. *aurriði* og *urriði* < gn. *aurriði*, aure (Salmo fario), ogso i ymse stadnamn, elvar, vatn og gardar, som me ser av skrivemaatarne: *Urriðavatn* grd. i NMúla-sysla (Nr. 106), skr. *avridavatne* dat. D. I. VI 508$_{13}$ (1486), og *Urriðaá* grd. i Húnavatns-sysla (Nr. 316), jfr. nyn. *órje* m. Nhl. < *órrie* < *aurriði*; — *gýpnır* f. pl. < *gaupnir*, *horva i gýpnir sjęr*, halda henderne for augo, i nyn. ogso i eintal: *gaupn* f. (liksom i gnorsk) hol hand med innbøygde fingrar; — *ýslı* m. skade, < *ausli* < *auvisli*, alt i gnorsk samandrege til *usli*. Sume range skrivemaatar i eldre og nyare tid hev vel sin grunn i denne styttingi; soleis t. d. *brudgaumi* (for -*gumi*) i Bósa soga (Am. 586 qv.), og nyisl. *raumungur* m. skarns menneskje (jamsides *rumungr*) Bj. Jónss.

For *au* finn me ogso *u* i *siu* num. D. I. IV 708$_{4}$ (1444), jfr. *sju* i norsk og svensk.

ei (og *ey*) > *ı* i nokre ord; soleis nyisl. *hımleiðıs* adv. < *heimleiðis* (jfr. umvendt *him*- > *heim*- i *heimbrimi*, sjaa Merkn. 595); *kvımleiðýr* adj. < *hveimleiður*, leidsam for alle, sjaa Rygjam Merkn. 89; *hauhstýr* m. < *háleistr* sokk; *Indrıðı* Mn < *Eindriði*; *Indriðakot* grd. i Rangárv. (Nr. 22 k), med gamall samandraging, jfr. *Indridi* D. I. IV 302$_{2}$ 1398, og nyn. *Îndre* Shl. (ISVestl. II s. 93); *svıtı* m. < *sveiti*; *vıklegýr* adj. < *veiklegr*. Av desse hev sume kome inn i vanleg nyisl. skrift: *hvimleiður*, *Indriði*, *sviti*; det sist nemnde

---

[1] Upplysning av professor Björn Ólsen.

[2] Zoëga hev: *flaumur* m. eddy, medan Halldór Friðriksson segjer at formi med *au* (*flaum*) „mun nú vera með öllu úrelt". Isl. Rjettrit. s. 123. — Det islandske *flaum(r)* synest skilja seg noko ut fraa det norske *flaum* i tydning; islendingen tenkjer mest paa fart og straumkvervlar, me mest paa yverfløymingi.

ordet kann vera ei gamall form, men det finst ikkje i fornskrifterne og heller ikkje sovidt det er kjent i norske maalføre. I eit brev fraa 1489 finn me denne same styttingi *ei* > *i* i *jlifsson* (< *Eilifsson*) VI 597 1 (1489).

Ogso i styttingi *e'* av *ei* kann sisteleden av tviljoden stundom koma reint burt i talen, soleis i fiskenamnet *steinbítur* m. utt. *stĕmbitýr*, og i denne formi endaa uppteke hjaa Zoëga (skr. *stembítur*); *endemi* hev *e* i fyrste-stavingi alt fraa g.norsk tid, sjaa elles um dette ordet her ovanfor under *æ*. — I brev fraa slutten av det 15. hundr. finn me *e* for *ei* i ymse høve, der det visseleg aldri hev vore uttala i islandsk: *enne* (<*einni*) dsf VI 461 28 (1484) *helagri* (< *heilagri*) VI 455 17 (1484) *tvemum* (< *tveimum*) VI 134 29 (1478); det er merke fraa slik norsk som den gong var paaverka av svensk og dansk.

16 h. Ymse vokalhøve. Innleiding. Med umsyn til ljodhaatt eller vokalkvalitet skil nyislandsk seg i ymse maatar heller sterkt ut baade fraa det gamle maalet og fraa nynorsk. Etter dei forvitnelege upplysningar ein lærd islending i slutten av det 12. hundr. gjev oss i ei fonetisk-ortografisk utgreiding[1], hadde islandsken paa hans tid desse ni vokalarne:

	Innljodar		Framljodar	
	urunda	runda	urunda	runda
høg:		*u*	*ı*[2]	*y*
millom:		*o*	*e*	*ø*
laag:	*a*	*ǫ*	*ę* (ɔ: *æ̆*)[3]	

Tviljodar: *au*, *ei* og *ey*.

Alle desse vokalar vart i visse høve framborne med nasalering („*ı nef*"), og med di dei alle kunde vera stutte eller lange, hev forfattaren i det heile sett upp 36 vokalteikn utan aa rekna med tviljodarne, som ogso kunde nasalerast og alltid var lange. Lengdi merkte han med ʹ yver vokalen (*á*), og nasaleringi med ein prikk (*fràmr* adj. *fę̇r* 3 sp av *fá*, men *fęr* n. saud, sjaa Noreen[3] § 50). Dette vokaltilstandet maa endaa umkr. 1200 ha vore slik som det er skildra i den nemnde utgreidingi, og vore eins aa kalla paa Island og i Norig etter alt det me kann vita av skrivemaatarne i dei gamle skrifterne og døma av dei nynorske maalføri i vaar tid. Sidan hev

[1] V. Dahlerup og F. Jónsson: I og II gramm. afhandl. i Snorres Edda, Kph. 1886. Etter avskrift i Codex Wormianus (Ormsbók) Am. 242 fol. fraa slutten av 14. hundr. Upphavsskrifti er burtkomi; forfattaren er namnlaus. Um dette arbeidet sjaa „Vestnorske maalføre. Innleiding: Latinsk skrift i gamalnorsk maal," Kra. 1906. S. 27—32.

[2] Forfattaren skriv den stutte *ı* utan prikk (*ı*); nasalera stutt *ı* skriv han *ı̇*; lang *í* skriv han *í*, og set ein prikk ved sida av aksenten, naar *í* er nasalera. Um det vanlege bruk av prikken yver den bokstaven i islandsk, sjaa Rygjam. s. 12 note 1.

[3] Forfattaren gjer skilnad millom stutt *e* og stutt *æ*, som han skriv *ę*: *vęnez* præs. konj. misskrift av avskrivaren i Cod. Worm. for *ųęnesc*, venje seg til; i den restituera teksti i utgaava er denne og andre openberre avskrivarvillor retta, og me brukar denne teksti i utgreidingi her, naar ikkje anna med reine ord er sagt.

ogso maali fylgst i det, at nasal-uttale av vokalar hev falle burt baade paa Island og i Norig, der nasale vokalar no berre finst paa eit lite strok (Selbu) i Trøndelag, helst etter *a*: *seã* adv. < *siðan*, *sǫ̃ḷã* f. < *sólen*, men ogso etter *å*, *o* og *i* (*mårå̊* < *morgon*, *hõ* < *hon*, *mĩ* pron. < *min*)[1]. Men elles hev det paa Island vorte ei sterk forskyving av vokalarne med umsyn til ljodhaatt, so nyislandsken i denne vegen skil seg meir ut fraa det gamalnorske maalet soleis som dette er skildra i den nemnde utgreidingi, enn noko kjent maalføre i Norig. Etter at forfattaren hev greidt ut um klangen eller ljodhaatten i alle vokalarne, ogso um nasaleringi, segjer han at det dessumfram er noko anna aa merka, som brigdar tydingi av ordet („*grein sú es mále scipter*"), nemlig um ein *stafr* (bokstav, det er her vokal) er lang eller stutt. Av dei dømi, som han deretter set upp, ser me at paa hans tid hadde *far* n. skip, og *fár* n. ulukka, same ljoden *a*, og at tydningsskilnaden kom fram ved det at *a* i *far* var stutt (*făr*) og i *fár* lang (*fār*). Me ser at ljoden var ein og den same i *dura* v. banka paa døri, og i *dúra* v. sova; sameleis i ordpari *goð* n. gud og *góð* adj. nsf. god; i *ǫl* n. øl, og *ǫ́l* f. band, reim; i *uil* n. ynskje, og *uíl* n. møda; *seþo* imper. sjaa du, og *séþo* 3 pi av *sýia*, binda ihop; *uęr*, asm mann, og *uę́r* adj. nsf vyrk for; *flytr* 3 sp av *flytia*, og *flýtr* 3 sp av *flióta*; *goþrøþe* dat. Gudrød, og *góþrǿþe*, gode aarar; (1. afh. s. 27—32).

Paa s. 90—91 er ei tavla som syner kva dei vokalarne, som forfattaren av 1. ath. sette upp for det gamle maalet, hev vorte til i nyislandsk, som det vert uttala i vaar tid; me tek med lange og stutte, men berre unasalera, og brukar elles same skipnaden som ovanfor. Til samanlikning er uppførd vokalyvergangen i eit sudvestlandsk heimemaal, nemleg Voss.

Som den tavla viser, finst det baade i gamalt og nytt maal berre innljodar (velare vokalar) og framljodar (palatale vokalar), ingi midljodar (mixed sounds). Berre um tvo lange vokalar i nyislandsk er det grunn til aa tru at dei hev den same klang som i det gamle maal, nemleg den høgste innljoden *ū* (= europ. ū) < gn. *ú*, og den høgste framljoden *ī* < gn. *í*. Dei hine gamle lange vokalarne er i nyisl. anten tviljoda, innljodarne med tilstudnad fraa den høgste innljoden *u*: gn. *á* (*ǫ́*) > *au*, *ó* > ou, framljodarne med tilstudnad fraa den høgste framljoden gn. *i*: *é* > *ję* (< *ie*), *ǽ* > *ai*, — eller dei er delabialisera: *ý* > *ī*, *ǿ* > *ǽ* > *ai*. Av dei gamle stutte vokalar synest berre *a* og *ø* enno hava sine gamle rom; elles er gn. *ǫ* framskoten til *ö*; gn. *o* hev vorte lægd og framfor lang konsonant ein grand framskoten (o el. *ȯ*); gn. *u* hev vorte framskoten til det romet g.norsk *y* fyrr hadde, og er vorten lægd (*ẏ*); gn. *i* og *e* hev vorte lægde: *i* > *ı* (*ė*), *e* > *ę*; gn. *æ* hev falle saman med gn. *e* til nyisl. *ę*; gn. *y* hev vorte delabialisera og lægd til *ı*. Hovudstemna for forskyvingi hev vore uppetter og frametter i munnromet med innljodarne, nedetter og innetter med framljodarne.

---

[1] Sjaa Ross: Norske Bygdem. VIII, 24, 27 med tilvisning, og A. Larsen: Selbygmålets lydlære i Norvegia II.

Gamalnorske vokalar fraa 12. hundr. og islandske fraa

	Innljodar	
	urunda	runda
høge		u>*ȳ*, *ẏ* (el. *ü*); (Voss ū, ŭ: *fūrȧ*, *fŭdl'*u, *ŭdl*) fura f.>*fȳrȧ*; fullr>*fẙdl'ẏr*, ull>*ẙdl* ú>ū, ŭ; (Voss: *ᵉū*, *ū*, *ŭ*: *hᵉūs* ell. *hūs*, *trutt*) dúra>*dūrȧ*, hús>*hūs*; trútt adj.>*trutt*
millom-høge	a>*ā*, *ȧ*; (=Voss)[2] far n.>*fār*, fara>*fārȧ*; fall>*fȧdl* á>*ȧ*u (*ȧo*), *ȧ*ᵘ; (=Voss) sár n. sg.>*sȧur*; átt ptc. >*ȧ*ᵘ*tt*	o>ō, ŏ (*o*); (Voss ō, ŏ: *skōt*, *ŏfta*) goþ n.>*gōð*, skot>*skōt*; oft>o*ft* ó>ou, oᵘ; (=Voss) góð adj. f.>*gouð*, bót>*bout*; sótt>*so*ᵘ*tt*
		ǫ>*ō̈*, *ŏ̈*; (Voss *sog*, *ȫl*, *strånd*) sǫg f.>*sȫg*, ǫl>*ȫl*; strǫnd >*strŏ̈nd* ǫ́ etter 1200 samanfalle med á til á (=Voss) skǫ́l f.>(skál>) *skȧul*; sǫ́r n. pl.>(sár>) *sȧur* (etter v til o: vǫ́n>*von*; Voss: *vouṅ*)

Dei gamle fallande tviljodarne au, ei, ey er paa Island no uttala *öy*, *eı*, *eı* (Voss: *ęu*, *ȧ*u < gn. á, ou<gn. ó (Voss 5 nye: *a*u < á, ou < ó, *ᵉī* < í, *ᵉū* < ú, *ᵒ̈ȳ* < ý; i dei 3 sistnemnde

---

[1] Gamalnorsken er sett med antikva, nyislandsken og vossemaalet med kursiv. Yver dei I dei ordi som er upptekne fraa 1. afh., er paa tavla skrive *v* framfor vokal (*víl*), men gnorsk stutt *i* — forfattaren skreiv *ı*.

[2] Alle desse dømi paa urunda millom-høge innljodar høver ogso paa Voss, berre at *dl* ljodskrift) skrive *a*; sjaa stykket um Ljodteikn s. 10.

---

16 h α. Runding. Utanfor det vanlege *u*-ljodbrigdet finn me i hovudbrevi, som fyrr nemnt, runding av *á* til *o* etter *v* (*suo*, *solüŭoda*), som etter dømi i diplomi maa ha gjenge for seg i fyrste helvti av 14. hundr., sjaa ovanf. s. 40: *jordina vóga* D. I. VI 108₁₇ (1477), *vikur ok vöga* ibid.₂₅. At *á* ei tid heng att i skrift og i skaldemaalet, er ikkje anna enn ventande, helst naar me tek umsyn til den sterke paaverknaden fraa norsk, som hadde *á* i mange av høvi. *vó-* gjekk sidan yver til *vo* (i 16. hundr.? sjaa Konr.

vaar tid (samanlikna med vokalarne i nyn. vossemaal).[1]

Framljodar		
urunda	runda	
i>*ī* (*ē*), *ĭ* (*ė*); (=Voss) vika>*vīkȧ* (*vēkȧ*); vil 3 sp >*vīl*; mitt>*mĭ't*	y>*ī* (*ē*), *ĭ* (*ė*); (Voss *ȳ*, *ẏ*: *mẏsȧ*, *spẏrjȧ*) mysa f.>*mīsȧ*; flytr>*flītẏr*; spyrja>*spĭrjȧ* (*spẏ̆rjȧ*)	høge
í>*i̇*, *i*; (Voss *ᵉi*, *i̇*, *i*: *vᵉisȧ*, *vidd*) vísa>*vi̇sȧ*, víl n.>*vi'l*; vídd f.>*vidd*	ý>*i̇*, *i*; (Voss *ᵒȳ*, *ȳ*: *lᵒȳsa*, *lȳst* ptc.) lýsa>*li̇sȧ*; flýtr>*fli̇tẏr*; lýst ptc.>*list*	
e>*ę̄*, *ę*; (=Voss: *bęrȧ*, *hęst*) bera>*bęrȧ*; hestr>(*hestur*>) *hęst'ẏr*	ø>*ȫ*, *ö*; (=Voss) kiøt>*kjöt*; søkkva>*sökkvȧ*	millomhøge
é>*ję̄*, *ję*; (Voss *ę̄*: *tręę*, *lętt'*u) tré>*trję*; léttr>*ljętt'yr*	ǿ>(ǽ>) *ȧı*, *ȧ'*; (Voss *ȫ*, *ö*: *föra*, *född'*u) føra v.>(færa>) *fȧırȧ*; føddr >*fȧ'ddẏr*	
ę (=gn. æ) samanfallen med e til *ę* (=Voss) vęrr m.>(ver>) *vęr*; hęldr >*hęld'ẏr*		
ę́ (=gn. æ)>*ȧı*, *ȧ'*; (Voss: *ę*, *ǣ*, *æ*) fręę n.>*frȧı*; vęrr adj.>*vȧır*; ętt f.>*ȧ'tt*		

ai, *ǫy*); dessutan hev nyislandsken fenge 4 nye tviljodar *ję* < (*ie*<) gn. e, *ȧı* < gn. æ, er fyrsteljoden knapt høyrande).

endingsvokalar som i isl. og norsk alltid er stutte, er ikkje sett styttingsmerke ˘ (*farȧ* = *fara*).
berre naar *v* byrjar ordet — forfattaren skriv *u* i alle høve; sameleis er det her skrive *i* for

her er klangfør (*fadl*), og at *tt* i *autt* ikkje er aspirera. For *a*, *ȧ* er i denne boki (ogso i

Gislason i Aarbøger s. 363—64. I nyisl. *vo* t. d. *vo* f. *vor* n. *þvo* v.[1]

e>*u* framfor *m* i *hvart svm*, partikel, Sæm5, elles *sem* t. d. *hvart sem* ibid. 10—11. I nyisl. daglegtale ogso ofte *sẏm* (*sẏm sję*<*sem sé*, hjaa Zoëga skr. *sumsje*.).

Merkn. 598. I nyisl. er der noko meir vokalrunding, som er merkande. Soleis: *e*>*ö* i fortidformerne *gröri*, *nöri*, *röri*, *snöri*, Austurl. Der

[1] Zoëga fører upp i ordboki si *vátryggja* v. (med avleidingar og samansetningar); men Jónasson (Dansk-isl. ordb.) hev *votryggja*.

Dei nyislandske vokalarne kann me skipa soleis;[1]

		Tronge	
		Innljodar	Framljodar
Urunda	høge		*ī*, *ĭ* *vísa*, *þing*; *lýsa*, *lyng* l. *vīsȧ*, *þĭŋg*; *līsȧ*, *lĭŋg*
	millomhøge		*e* (i *ei*) *veit*, *heitt*; *heyra*, *heyrt* l. *veıt*, *he'tt*; *heırȧ*, *he'rt*
Runda	høge	ū, ŭ (ogso i *ȧu*) *hús*, *úlfur*, *trútt*, *þungur* l. *hūs*, ŭ*lvy̆r*, *trutt*, *þuŋgy̆r*	
	millomhøge	o (i ou) *bót*, *sótt*, l. *bout*, *so*ᵘ*tt* o (ofte *ǫ*) *sonur*, l. *sōny̆r*	

raader ogso *jö* i *kjöt*, *mjöl*, *smjör* og *gjöra*. Paa Sudurlandet og Vesturlandet hev dei *ę* i alle desse formerne, soleis *grjęrı*, *rjęrı* osfr. (Sudurlandet ogso *gręrı*, *ręrı* osfr.) *kęt* osfr. I desse landsluterne fylgjest daa vokalarne i alle desse ordi; um *e*>*ö* i *hvör* pron. ofl. sjaa ndf. Jfr. *æ* > *ø* framfor *r* i *þør* pron. apf (<*þær*) D. I. III 111 (1360; norsk brev) og den sudvestl. yvergang *e*>*ö* umtala ISVestl. I s. 96.

Paa Nordurlandet er det annarleis, der hev dei òg *ö* i *gröri*, *nöri* osfr., men *ę* i *kęt*, *mjęl*, *smjęr* og *gęra* (i Eyjafjord ogso *gjöra*[2]) Ogso *e*>*ø* i *þröskyldy̆r* m. (<*þrösköldür*<*þresköldr*), *ję* (upph. *ė*)>*jö i sjötti* num. (<*setti*) *sjöttuŋgy̆r* m. *siottung* asg III 580$_{17}$, 1405 (<*settungr* Rm I$_{6}$) *þjöl* f. (<*þel*) fil. Aalm.

hve (upph.)>*hvo* framfor *l* + kons. i *hwolva* v. (<*hvelfa*) jfr. nyn. *hólva* Nhl. Jed. ofl. *hwolpy̆r* m. (<*hvelpr*), jfr. nyn. *kvólp* Nfj. *kvölp* Shl.

hve (upph.)>*hwy̆* i *hwy̆r* pron. (<*hverr*) og alle samansetningar som *einhwy̆r hwy̆rgi hwy̆ddnig hwöddnin hwy̆ssu* (ogso *ky̆ssy̆*) av eldre *einhverr hvergi hvernig hvernin hversu*, sameleis *hwy̆ndags* — (jfr. *hversdags*) jfr. *hvonar* D. I. III 631$_{8}$ (1414) *huørnen*, *huørke*, *huørsu* Kyrk., *Huornen* GBib. (Jud. XII), *huernen* GBib. (Mat.) nyisl. *hvenær*? Ogso denne yvergangen er

[1] Av praktiske grunnar er i teksti helst brukt *a*, *au*, *aı*, *eı*, *öy* for *ȧ*, *ȧu*, *ȧı*, *eı*, *öy*.

[2] Sira Jonas Jónasson fortalde meg i 1907 paa Akureyri at dei fyrst i dei seinste tider hadde teke til aa segja *gjøra* for *gęra* i Eyafjord, og at det var ei lærarinna som hadde byrja med det.

skriftformi stend fyrst, og deretter uttale (*l.* = *les*):

Opne (lægde)			
Innljodar	Framljodar		
	ī, ĭ *vika, mitt; mysa, skyrta* l. *vīkȧ, mĭtt; mīsȧ, sķĭrtȧ*	høge	Urunda
ā̊, ă̊ (ogso i *ȧu, ȧı*) *fara, fjall; nál; læra, ætt; færa* l. *fárȧ, fjă̊ḍḷ; nȧul; lȧırȧ, ȧ'tt, fȧırȧ*	*ē̜, ĕ̜* *bera, verða; fé, léttur* l. *bē̜rȧ, vĕ̜rðȧ; fjē̜, ljĕ̜ttẏr*	millomhøge	Urunda
	ȳ̇, y̆̇ (ogso i *öẏ*) *muna, fullur; haukur* l. *mẏnȧ, fẏdlẏr; höẏkẏr*	høge	Runda
	ȫ, ö̆ *sögur, kjöt, sökkva* l. *sȫgẏr, ķjȫt, sö̆kkvȧ*	millomhøge	Runda
o *gott, korn*, l. *gŏtt, kŏdn̥*			

aalmenn. Paa Sudurlandet og fleire stader[1] vert ofte sagt *ö* i desse ordi: *hwör* eller *xwör*.

kve (upph.)>*kvö* i *kvöld* n. *kvölda* v. *kvörn* f. *kvorn* D. I. V 724 26 (1476, transskr. fraa 1480), jfr. *kvern* D. I. V 723 (1475). Sameleis *tve*>*tvö*. *tvöfaldẏr* adj. *tvöfalda* v. ofl. Aalm.

ı (eldre *i*) >*ẏ* framfor labial konsonant i *hwẏmpinn* adj. (< *hvimpinn*, skjerr, kveppen) jfr. nyn. *kvimpen* adj. „hastig, opfarende" Aasen. *hwẏmsa* adj. (< *hvimsa* nyn. *kvimsen*). Aalm. *i* i slike høve er vel fyrst lægd til *e*; *hwẏmleiðẏr* (< *hvimleiður*). Upphavleg *y* held seg enno i nokre faa ord her og der i maalføri (sjaa nedanfor under Vidking). Yvergangen *i* til *y* framfor *rð*, *lf* ofl. som er so vanleg i Norig, finn me ikkje paa Island, som berre kjenner *ı* i slike ord som *vırða*, *sılfẏr* osfr.; *vyrðuligs* D. I. II 470 7 er norsk, sameleis *sylfr* III 511 s. 612 5 ofl. (1396) og fulla ogso *y* i slike former som *talknafyrde* IV 323 14 (1418) *hyrdstiori* IV 324 2 (1418; same brevet hev *allungis* 9) *hyrdingia* dsg IV 456 6 (1430 Jon Egils.) *wyrdt* IV s. 374 (umkr. 1430?).

ei>*öy* (*öi*): framfor *m* i *þöym* pron. Isafj.

Merkn. 599. *æ* til *ø* i *nøsta* superl. IV 625 22 (1439) norsk paav.?

---

[1] Det er ofte vandt aa segja kvar ei form ikkje finst. Og det er ikkje lettare på Island enn annarstad.

16 h β 1. Vidking av runde vokalar, som er so sermerkeleg for islandsken i vaare dagar, finn me teikn til i hovudbrevi. Soleis:

ø > *e* framfor labial konsonant i *kemr* 3 sp Sæm (1245).

E. isl. *keomr, kømr,* sjeldan *kemr* Ph og Pl, som syner at formi med *e* hev vore til paa Island fraa fyrstningi av 13. hundr.; sameleis hev E. isl. *søfr* 3 sp.

Merkn. 600. I nyisl. *ķemýr, sęvýr* og likeeins *ʻrękkýr, stękkýr, sękkýr, hęggýr* av *hrökkva* osfr. Um *kjöt* og *ķęt* ofl. sjaa s. 92.

16 h β 2. *œ* > *æ*. Det fyrste teikn til svaging i *œ*- og *æ*-bruket i hovudbrevi er *Sømundar* gen. (< *Sæmundar*) Sæm 1 (umkr. 1245). Sidan finn me ikkje *œ* i desse brevi anna berre *æ* (*ę, e*) baade for *œ* og *æ*, t. d. *lękr* m. (< *lœkr*) I 159 7 (1295) — *lækr* ibid. *dæmdr* II 466 7 *bendr* pl. II 470 3.

E. isl. skil i regelen millom *œ* og lang *æ*. Likevel ser ein alt daa likt til skipling i bruket. Soleis finn me *œ* for *æ* i *meólge* f. (< *mælge*) H, *sø* (for *sæ*, sjø) Ph II *bǿþe* (< *bæþe*) *flørþ* f. (< *flærð*) *hrøþasc* (< *hræðask*) ofl. Am 645 og umsnutt: *sete* f. (< *sœte*) Ph I, *bréþr, bræþra, græþa, hrærasc, sęmþ, þolenméþı, þętte* ofl. (< *brœðr* osfr.) Am 645. Sistnemnde handskrift er knapt yngre enn 1230, og daa maa yvergangen ha kome godt i veg. Fraa 1246 hev me heilrim paa *æ* og *œ* i Brandsflokkr, og Sturla Þórðarson, fødd 1210, rimar *œgiligt* og *frægi* Fornm. s. X, s. 83, sjaa Kålunds innleiding til Pal. Atl. I s. VI og VII. Samanfallet synest ha byrja i fyrste mannsalderen av 13. hundr. i Sturla Þórðarsons og Olafr Hvítaskálds uppvokster, og hev fulla for ein god mun vore gjenomført umkr. 1250.[1] Den litteræere tradition hev likevel kunna halda att ein grand i skrift. Dømi fraa E. isl. tyder paa at yvergangen hev teke til i ord med labial konsonant nær vokalen (*meólge, bǿþe, bréþr*). For det same talar rimpari fraa skaldemaalet i den fyrrnemnde innleidingi til Pal. Atl.; dei hev alle labial konsonant fyre ein av vokalarne i rimet.

Merkn. 601. Som det fyrr i denne boki er paavist (ISVestl. I s. 100), kunde ogso i Norig *æ* og *œ* i dilik stoda ein hende gong umbytast. Men i Norig vart det berre ein reint sporadisk yvergang (liksom *e* > *je*), medan *æ* paa Island trengde seg fram, til han raadde grunnen aaleine. Naar me i islandsk endaa ute i 14. og 15. hundr. kann finna *œ* (for det vanlege isl. *æ*), er det sjølvsagt anten arkaiserande skrivemaate eller paaverknad fraa norsk, t. d. *grœnahlid* D. I. III 397 (1392) og mange døme fraa dei islandsk-norske brevi D. I. III 507, 508, 511 (1395—96) *bœkr, dœghr, lœk* (og *læk*), *spœner* ofl.

Merkn. 602. *e* er attskoten eller opna til *a* i *nafndr* ptc. (< *nefndr*) V 565 (1471); i brevet er der nokre norske merke.

---

[1] Konr. Gislason i Oldn. Forml. (Kbh. 1858) § 68 meiner at *œ* „var ganske gaaet over" i *æ* „allerede ved aar 1200." Finnur Jónsson i Málfræði (Kph. 1908) § 7 meiner at umbrøytet i desse ljodarne *„fór at koma um miðja 13 öld."* Mot Konr. Gislasons meining strider millom anna at Snorre Sturlason, som voks upp i slutten av 12. hundr., skil millom *æ* og *œ* i Háttatal.

16 h γ 1. *y* > *i* i ljodlinn staving i hovudbrevi i: *firir* II 159 12. 18 (1295), som vert skriven med *i* i alle brevi etter den tidi, so nær som: *fyrer* II 484 16 (*firer* ibid. 53. 74) 489 7 (men *fırer* ibid 10); formi *fyre* (utan *r*) 1295 finst i 2 brev (Rm I og Sæm), — *ifuer* II 509 8 (*yfir* II 204 9. 15 *yfersyn* 484 71), — *skillde* 3 si (av *skulu*) II 415 7 470 10; brev II 484 svagar her som med *firir* og hev *skillde* 19 *skyllde* 69. Yvergangen *y* til *i* i slike høve er vanleg ogso i dei gamle maalføri i Norig. Større ugreida i *y*- og *i*-bruket syner *logryptinngar* (for *-riptingar*) II 416 6 (1332) og *syðan* adv. (< *siðan*) 484 39 (sjaa Merkn. her nedanfor).

E. isl. hev mest *y* i *fyrer* (*fyr*, *fyre*) og *yfer*, so nær som Am 645, som hev mest *i*; *skyllde* hev alltid *y* i E. isl. so nær som i Am 645, som hev oftast *y*, men 2 gonger *i*. Av andre ord som høyrer hit, hev E. isl. *herbirge* H, *herbergi* Am 645, som er den vanlege formi ogso sidan i diplomi og i nyisl. (undt. *hærbyrghi* IV 492 14 (1431, Jon Egilss.?) *hærbyrgæ* 556 17 (1432 Jon Egils.), *hibýlom* dpl 645; *þyckia* er alltid skriven med *y*, berre at 645 hev *þikistv* 1 g. Nokon vanleg yvergang fraa *y*-ljod til *i*-ljod er der ikkje i E. isl. I Am 623 (fraa slutten av 13. hundr.) er der mange døme paa *i* for *y* (*ahiggio*, *mirkr*, *kindilmesso* ofl.), *í* for *ý* (*lisir* 3 sp for *lýsir*, *hlıþa* for *hlýða* ofl.), *y* for *i* (*ryddara*, *scypt* ofl.), og *ý* for *í* (*skynn* 3 sp av *skína*, *rykis* gsg for *ríkis* ofl.), sjaa Frump. 43 oflg. I umrøda av hovudbrevi er det ogso nemnt eit par døme paa svaging fraa fyrste helvti av 14. hundr. Men likevel synest det ha vart lenge fyrr yvergangen hev vorte fullførd yver det heile (umkr. 1500 etter Finnur Jónss. i Málfræði § 7 [1]).

Merkn. 603. I diplomi fraa 13.—16. hundr. no og daa, t. d. *firr* (<*fyrr*) D. I. III 403 15 (1393 norsk brev) *jtra* (<*ytra*) D. I. III 505 15 (1395) *þirfti* 3 si III 631 8 (1414), *grıtubaka þingum* IV 709 13 (1445).

I nyisl. hev alle gamle *y*-ljodar, baade stutte og lange, vorte *i*: *dılja* v. (< *dylja*) *tína* v. (< *týna*). Sume ord som i gamall tid var vel skilde i ljod, og enno er det i Norig, hev dermed vorte einslydande paa Island: t. d. *bil* n. og *byl* m. asg, *bíðr* 3 sp og *býðr* 3 sp, *bíta* v. og *býta*. Det er vel mykje dette som er grunnen til at dei allerfleste islendingar i skrifti enno held uppe dei tvo teikni *i*, *í* og *y*, *ý*; men det er daa igjen orsak til mykje vingl i skrifti, som naar det vert skrive *ísa* f. for *ýsa*, *kýma* v. for *kíma* ofl., og endaa ordbøkerne mistek stundom i dette stykke, t. d. *kingja* v. (*kyngja*), jfr. ogso skrivemaatarne *Skynþúfa* og *Skinnþúfa* for grd. no. 279 i Skagafj. sysla.

Merkn. 604. I nokre ord hev *y* halde seg her og kvar paa Island heilt til vaare dagar. Fraa Sudurlandet er soleis uppteikna: *drýkkýr* m. (jams. med *drıkkýr*) *ýkkýr* pers. pron. Árness. *i strýklotý* (i eit renn)[2] Borgarfj. *fyssa* v. Reykj. (elles *fossa*) utskilt med *y*-ljod fraa *fýssa* v. (segja *fy*). Fraa Vesturlandet: *flýdja* v. (flytja) *smýrja* v. Fraa Nordurlandet: *drýkkýr* m. *ýkkýr*, *smýrja*, *spýrja*. Fraa Austurlandet: *drýkkýr*, m. *blöndý-drýkkýr*, etter *drýkkla*ᵘ*ŋga stýnd* (etter so lang tid som ein treng til aa drikka) *ýkkýr* (dei eldste folki) *kýr*(*r*) adj. *kýssa* v. *ývr'ým* (< *yfir um*) *smýrja*,

[1] [Sjaa no Bj. Þórolfsson i Studier tillägn. A. Kock.]

[2] Hjaa Zoega skrive *striklota*; men ordet heng vel saman med gn. *strykr* m. vind.

spýrja. Naar islendingen skal skriva slike ord etter uttalen, skriv han *u* (t. d. *kjur, ufr'um,* jfr. grdn. *Hrufla* i Þingeyjars. no. 144, ogso skrive *Hrifla*), som er mykje lik open norsk *ý* som han vert uttala t. d. i Nfj. I *nýddluŋgýr* m. (noko stor stein), helst skrive *hnöllungur,* ogso *hnullungur* (= nyn. *knylling,* i Set. og Tel. *nyddiŋg, nydduŋg*) hev *ý* (skriven *u*) halde seg ogso litterært.

16 h γ 2. *ey* > *ei* i *eiulfr* t. d. II 416 2 (1332) og umvendt *ey* for *ei* i *Geyr* propr. (< *Geir*) II 484 3 (1341).

I E. isl. er der gjenomførd skilnad millom *ei* og *ey.* Am 645 hev 1 gong *hvsfreia* (yvergang i ljodlett staving). Am 623 hev mange døme, som syner svaging, sjaa Frump. s. 44 og 46.

Merkn. 605. Yvergangen til det tilstandet me finn i nyisl., der alle stader *ey* hev vorte *ei* (*leisa* < *leysa*), hev vel fylgt yvergangen *y* > *i,* og um so er, byrja burtimot 1300. I diplomi finn me ogso merke etter yvergangen, men sjeldnare enn ein skulde venta, so det hev visst teke lang tid fyrr skiftet heilt vart gjort. Døme fraa diplomi er *gæima* (< *geyma*) D. I. III 566 36 (1402) *heirda eg* VI 96 4 (1477) *heirdum* 1 pi VI 411 3 (1482) *sislumadur* VI 461 29 (1484). Dei allerfleste islendingar gjer likevel i skrift enno skilnad millom *ei* og *ey;* men der vert sjølvsagt stundom vingl, soleis ofte *heyló* f.[1] for *heiðló* (Charadrius apricarius) og jamt *leyti* n. for *leiti,* stundom ogso *Eyríkur* propr. *Eyðar* for *Eiðar, fornleyfar* osfr.

16 h δ. Opning, lægjing og framskot av vokal.

1. *e* > *æ* i *vær* pers. pron. D. I. II 159 13. 16 (1295); i dei andre hovudbrevi *ver* II 466 4 ofl. br. *wer* II 415 2 ofl. br. *vier* II 523 11. E. isl. *vér, ver, wér, wer,* aldri *vær.* Formi med *æ* syner seg tidlegast i heimenorsk skrift fraa midten av 13. hundr.; soleis i Elis s. *vǽr* 18 1 ofl. *vær* 20 4 ofl. *vær* D. N. I 59 15 (Ned. 1263—64) *uær* D. N. I 80 3 (Stav. 1292) og er den regelrette formi i Saudabrevet (1298). I Norig hev denne formi aatt heime paa Sudvestlandet, helst i dei egdske bygder. At ho ogso hev livt utanfor Norig er utvilsamt, med di det er denne formi som er grunnformi til færøyformi *væar,* som vert skrive *vær* paa Færøyarne den dag i dag. Ho kann ogso ha livt paa Island eller ha vakse fram der einkvarstad parallelt med maalvokstren andre stader i det 13. hundr. Men rimelegast er det vel aa tru at denne formi liksom so mykje anna hev kome fraa Norig til Island paa litterær veg i slutten av 13. hundr. Kor det no er med dette, hev *vær* fraa det 14. hundr. og lange tider frametter tevla med *vjer* i islandsk skrift, og som det synest ogso til deils i talen, endaa det no ikkje nokonstad i det livande maalet er funne merke etter det.[2] I skaldskap hev ho livt til dei seinste tider.

---

1 Underleg nok er der ogso i Sunnhordland *öy* i dette fuglenamnet (*höylona* f.). Ogso for *leite* hev me *löyte* i sume austnorske maalføre, venteleg fordi ordet hev falle saman med gn. *hleyti.*

2 Palmi Pálsson (lærar paa latinskulen i Reykjavik) fortalde meg i 1907 at han hadde høyrt ein gamall mann i Eyjafjord segja *vair* for *við.* Sira Jónas Jónasson sa meg at *vair* hev vore brukt (for *við*) i Borgarfjorden inn i fyrre hundradaaret. Millom desse bygderne hev det vore mykje samferdsel, og maalet i Borgarfjorden ber ymse merke etter paaverknad fraa Nordurlandet. I ei røda med rektor Hjaltalín paa Akureyri (1907)

2. *i* hev vorte *e* i *æirek* akk. (< *eirík* < *eirík*) D. I. II 465 2, oftast *eirik(r)* II 416, men *æreksðætur* IV 352 14 (1421); jfr. E. isl. og g.norsk *andlet* < *andlit*, og E. isl. *calekr* av lat. *calix* (nyisl. *kaleikur*). Sjaa merkn. um lægjingi av *i* i nyisl.

3. Gamall stutt *u* er framskoten til *ö* i *tutaugu* (ɔ: *tutögu* < *tutugu*) D. I. II 523 8; *au* er vanleg skrivemaate for *ö* i dette brevet, t. d. *blaundudal* 4 *aunga* 3 pron. Framskotet av *u* til burtimot *y*- og *ö*-stoda maa vera mykje gamalt paa Island, jfr. skrivemaatar som *gızørr*, *sylgıøna*, *elscøþo*, *møndo* (< *munt þú*) Am 645.

Merkn. 606. I nyisl. er stutt *u* framskoten til *ü* eller ein ljod som eg ofte ikkje kunde skilja fraa open vestnorsk *y* (*ẏ*) t. d. *hlẏtẏr* m. < *hlutur*, *mẏnẏr* m. *stẏttẏr* adj. Liksom *ẏ* i Norig nærrar han seg open *ø* (*ö*) og vert ikkje sjeldan uttala soleis: *mönẏr*; paa Sudurneset kann han endaa verta lægd til ein laag rund open framljod (*œ* som i austnorsk *kœt*, *dœr*) t. d. *gœlür* adj. for *gulur*, *atlað' ikki sœðẏr* ɔ: etlar du deg ikkje sudetter, ogso naar vokalen er stutt, t. d. *œpp* < *upp*; *tönnunum*, dpl av *tönn*, skriv borni stundom *tunnunum*.[1] I endingi *ur* er han paa Austurlandet stundom uttala mykje lik norsk eller svensk *u*, t. d. *tekur*. Framfor *ng* hev *u* same uttalen som *ú* (europ. u) paa grunn av eldre lengjing: *þungẏr* adj.

4. For *ǫ* hev tvo hovudbrev *ø* i: *øllum* D. I. II. 204 1 (1311) *vøru* II 509 3. Dette ljodframskotet maa vera mykje gamalt, for endaa i E. isl. kann me raaka paa *ø* for *ǫ* i sume høve, sjaa Noreen[3] § 110, 1 og 2; i Am 645 er der jamvel meir *ø* enn *ǫ*. I nyisl. er der open *ø*: *öddlẏm*, *vörẏ*, sjaa Merkn. 608.

Merkn. 607. Um nyisl. er dessutan merkande:

Den gamle stutte *a* er no uttala liksom høg *a* (*à*) paa Vestlandet i Norig: *tàkà*, *bràttẏr*. I *haueddla* f. < *haferla* (til deils skrive *háerla*, *háverla*) hev *af* (ɔ: av) vorte *au*, nyn. *hāvella* Ndl. Um *a* > *au* framfor *ng* sjaa ovanfor Merkn. 581.

Gamall stutt *e* (ogso *e* i ljodbrotsproduktet *je*) hev vorte lægd til *ę*, som er mykje lik vanleg norsk *æ* i *rædd*, naar han er stutt, t. d. *tęnnẏr*, men likevel ligg ein liten grand høgare, helst naar han er lang, t. d. *tękẏr* 3 sp og sameleis i ljodbrotsproduktet *ję*, naar det i notidmaalet er langt t. d. *fję* (men *fjekk* er utt. *fjækk*). Eg tykte at denne vokalen laag høgast

fortalde han meg til eit døme paa „*tæpitunga*" ei gamall remsa, der det er brukt *vær*. Naar nordurlendingen i gamle dagar med sine fulle smørambarar kom til Sudurlandet og skulde fiska, og det kunde vera retteleg smaatt for sudurlendingen, hermde nordurlendingen etter honom: *gję mę a hmakka hmję*, *kjerð-ana*, *ęn 'kavð ękkjı* ɔ: *gef þú mér að smakka smjör*, *sker þú hana* (*smjör sköfuna*, smørflisi), *en skaf þú ekki*. Men naar sudurlendingarne um sumaren hadde vore paa Nordurlandet og arbeidt og for heim med pengar i lumma, var det annan laat i bjølla. Daa hermde nordurlendingen etter deim: *Nu vıljẏm vair ękkjı smjer*, *hęldür beinharðar spásıẏr* (ɔ: spesiur) *og vaðmaul i bẏxsẏr handa sonẏm vorẏm*. Det var ikkje *tæpitunga* daa.

[1] I ei stilebok til ein gut i Reykjavik var slike villor som *neður* for *niður*, *óvenum* for *óvinum*, *mönurinn* for *munurinn* dei vanlegaste, sjølvsagt saman med forbyting av *i* og *y*, *ei* og *ey* som *til sýn* for *til sín*, *reina* for *reyna* og dilikt. Um den som i talen brukar mykje slik lægjing, segjer islendingen at han er *flámæltur*.

paa Austurlandet og laagast paa Sudurlandet, næsta *tēkur* Austurl. *tæ̃güir* Sudurl. (Reykjav.). Um *e*>*ei* framfor *ng* sjaa ovanf. s. 37 og Merkn. 581.

Gamall stutt *i* (og *y* av *i*) er lægd til *ı*, det er open *i*, som t. d. *vīt* n. (<*vit*) *mıtt* pron. (<*mitt*) *bılȳr* m. (<*bylur*, vindflaga, byevér). Uttalen i *vīt* og *mıtt* er den same som paa Vestlandet i Norig. Ljoden ligg millom norsk *i* i *is*, *vin* og *e* i *smed*, og i mange høve og mange munnar lyder han som vanleg norsk trong *e* i *kne*, t. d. *tvēsvar*, *þrēsvar* (skr. *tvisvar*, *þrisvar*); jfr. skrivemaaten *kvartél* for *kvartil*, og *síra* eller *sira* m. (prestetitel) jamsides med *séra*, utt. *sję̄ra* (i 14. hundr. *sira* t. d. D. I. II 465 2; i fyrstningi av 15. hundr. *sera* (*sera jon* III 579 3, 1405), som sidan skifter med *síra*, t. d. *siera þorkell* V 152 44 (1458) *sera biarne* IV 642 19 (1439) 651 1 (1440) V 508 10. 12 (1470). *sıra*, *sera* IX 384 6. (1528) *siera* 316 12 (1526). Jfr. ogso *eirecur* VI 551 1 (1488) *einarssene* dat. (<-*sini*<-*syni*) V 231 2. 8 (1461) jfr. nyn. *sæne* (<*soner*) pl. Snm. (Aasen). Paa Sudurlandet er *i* ofte lægd mykje meir, so ein i Reykjavik[1] i vulgær tale kann høyra *vę̄t*, *mę̄tt* og *bę̄lȳr*, ja endaa *bǣlȳr*, jfr. skrivemaatarne *menjar* for *minjar*, *reklingur* for *riklingur* ofl. Fraa diplomi etter 1350: *ynguelldarstadar* gen. D. I. III 364 17 (*ynguilldarstodum* ibid. s. 410 9) *filepus* propr. III 611 3 (1410) *fijlepus* 15 jfr. *fylipus* 10 *elefu* VI 410 (1482) vanleg *ellefu*, nyisl. *ellefu*; *ferer* prp. VI 575 18 (1489) *mellum* III 337. 24 (1353) ofl., norsk? *segh* pron. III 637 14 (1415) *viseterade* IV 399 15 (1427). Framfor *ng* lyder vokalen *i* paa grunn av eldre lengjing, t. d. *þing*.

Gamall stutt *o* er lægd til o eller ein open *o*-ljod (midhøg open innljod) som ein vel kunde skriva ǫ, ein liten grand høgare enn vanleg norsk *å* i *båt*, t. d. *brǫt* n. *stokkȳr* m. Paa Sudurlandet er han noko lægre og kann — i alle fall i Reykjavikmaalet — vera *å*: *ståkkȳr*, *bråd̥*, *Kåtströnd*, grdn.

Gamall stutt *u* hev vorte framskoten til *y*-stoda (medan gamall lang *ú* hev halde si stoda som høg trong innljod, europ. u) — her skrive *ẏ*. Han fell i nyisl. til deils saman med *ö*, t. d. *kvör* og *kvẏr* (sjaa s. 92). Av samanblandingi er der heller gamle merke: *jllògahasonar* gen. III 628 3 (1414). Jfr. skrivemaatar som *fur* (<*fyrr*) III 637 18 (1415) *furnefnder* ibid. 17 *furr* II 523 8 (1349) *heimaugliga* V 362 22 (1464) løynleg — og *hundraud* pl. VI 94 (1477), skrive *y* i *fyllilega* adv. VI 348 (1481) s. 383 31. Umvendt finn me skrive *u* (*v*) og *au* for *ö*-ljoden i: *hvrvade* 1 si (<*hörfaða*) V 375 8 (1464) *jllavgi* VI 599 3 (1489); nyisl. *Illugi* (mest Snæfells. og Þingeyj., men ikkje mykje vanlegt). Jfr. ogso *savdr*<*suðr* D. I. IV 532 4 (1431) jfr. *kvikur* apf (for *kvígur* ibid. 3. 4 (sudvestl. merke).

Merkn. 608. Gamall stutt *y* hev etter yvergangen til *i* fare same vegen som denne ljoden og vorte lægd til *e* (og *ę*). Um dei faa ordi som enno sumstad hev gamall *y*, er fyrr skrive, sjaa s. 95.

Gamall stutt *ø* og *o* av eldre *ǫ* hev falle saman til ein midhøg rund open framljod, som er mest lik vanleg norsk *ö* i *sött*, *smör*, t. d. *dökkȳr* adj. *sögȳr* pl.

[1] Det er serleg den lange opne *i* som vert lægd so sterkt i Sudurlandsmaalet, ikkje berre i Reykjavik, men ogso elles paa Sudurneset, t. d. i Vogur og Grindavik, og i Árness., i Rangárvallas. og paa Vestmannøyarne, og nordetter til Borgarfj., sporadisk ogso vest i Húnavatnss. og til deils i Skagafj. — til desse tvo sistnemnde grender er der gamle fjellvegar fraa Sudurlandet. Um lægjingi av stutt *i* fortalde ein lærar i Reykjavik, at skuleungdomen mistok stendigt i skrift vokalarne i *ferr* 3 sp (av *fara*) og i *firr*, komp. av *fjarri*. Lægjingi gjeld berre ordstomnar, ikkje endingar: *hāni*.

Den gamle tviljoden *au* vert framleides skriven soleis, men hev i talen vorte *öy* eller *öi*: *höikyr* m. < *haukr*, *kröyp* 3 si < *kraup*, *dröymyr* m. < *draumr*, framfor lang konsonant *öy*, sjaa ovanf.

I Norig hev me paa VAgder ein dilik yvergang, men berre framfor labial konsonant *dröym* m. *kröyp* 3 si;[1] yvergangen synest i Norig ha vore *au* > *ǫu* > *öu*, og so hev den labiale konsonanten drege *u* fram til *y*-stoda: *öy*. Difor er ogso i VAgder yvergangen avgrensa til ord med labial konsonant etter tviljoden, so eit og det same bygdemaalet hev *hauk*, men *dröym*. Paa Island synest derimot *u* aaleine ha vore orsak til yvergangen, som difor i islandsk hev rive med seg heile *au*-flokken. Den lettaste vegen for yvergangen skulde ogso her tenkjast aa vera: *au* > *ǫu* > *öu*, og at *öu*, paa grunn av den tilhug stutt islandsk u alt fraa 13. hundr. hev havt til aa verta *ý*, gjekk yver til *öý* eller *öi*. Det er vel ogso det rimelegaste at so hev det gjenge. Men merkelegt er det at det i E.isl. mesta aldri vert skrive *ǫu* eller *ou* for *au* (Plac. hev 1 gong *-lovn* for *-laun*), medan me paa hi sida no og daa finn gamle former som *sajr*, *ayga* (< *saur*, *auga*) ofl. Ágr. og *siay* for *sjau*, *tvaꝏ* for *tvau* (sjaa ovanf. s. 46), som kunde tala for at *au* paa Island gjenom *aý* (ɔ: *a* + open *y*) hev naatt fram til *öý*. Jfr. *aystrvm* (< *eystrum*) VI 372₁₅ (1481). Dei gamle handskrifterne blandar i det heile sjeldan saman teikni for *au* og *ey* — undanteke Rm I og II, som er mykje ufullkomne, naar det gjeld aa merkja *i*-ljodbrigda vokal, og Ágrip. I brevi etter 1350 finn me *seytigher* III 226₇₀ (1371) *seytianda* III 228 (1372) *manndeyda haustit* III 615₃ (1411) *læyn* (< *laun*) IV 449₃ (1430) IV 549₁₀ (1432, Jon Egilsson norsk?), jfr. *skadaleyst* IV 609 (1437) i eit norsk brev, paaverka av islandsk; umvendt *au* for *ey* i *kauptu* 3 pi (for *keyptu*) IV 12₂₂ (1388).

I det nye maalet er der heller ikkje tydelege merke etter slik blanding. Naar det i notidmaalet vert sagt *öir* — *han aᵘ ękkı öýr i býddýnni* — er *öýr* ikkje det gamle *eyri*, men ei form, som er jamlaga etter fleirtalet *aurar*, utt. *öýrar*. Merkelegt er elles *Kleifastaðir* Bardastr. sysla 52, ogso skrive *Klaufastaðir*, som venteleg er den upphavlege — av mannsnamnet *Klaufi*; men *Klaufa-* kann her ha vorte *Kleifa-* ved dissimilation. Same grunn hev vel notidformi *seitjaun* (skr. *seytján*), i III 96₁₁ (1359) skrive *seaytean* < E. isl. *siautján*.

rs > *ss*, *þosteins* III 225_3 (1371) *þosteinn* VI 202 (1479) ofl. br. *fossvar* (< *forsvar*) IX 429_{28} (1530); *timbus* gsg (< *timburs*) VI 439 s. 494_{12} (1483). I nyisl. er denne jamningi gjenomførd aa kalla, t. d. *Bessı*, *fıstı* (< *fyrsti*), *fjaska* (< *fjarska*) adv. uhorveleg, *foss*, *postę'dn*, *vęss* (< *vers*) n. osfr., ogso etter lang vokal i *staistÿr* superl. (< *stœrstur*), uppteikn. i Eyjafj. og sameleis i *kaldavęsl* n. kaldvesl, kaldkjelda, av *kaldavermsl*, der *m* hev falle burt millom tvo konsonantar og *rs* sidan er utjamna til *ss*. Jfr. nyn. *kaldvesl* hjaa Aasen og Ross; i Telemark *kall-vetstøi* n. (ɔ: *kaldvetr-støde*, folkeumtyding). Høyrer *r* til stomnen og *s* er ending, vert *rs* uttala supradentalt (*r̨ş*) i alle fall paa Austurlandet og Sudurlandet[1]: *aur̨ş* gsg (< *árs*) *vęr̨ş* gsg av *ver* m. (mann), sameleis *hęr̨şır*. — Yvergangen *rs* > *ss* er mykje gamall og finst alt i E. isl.

Naar me i brevi fraa umkr. 1400 og frametter stundom finn *rs* for upphavleg *ss*, t. d. *þersum* pron. dpl D. I. III 538 (1399) *þerssara* gpl III 602_4 (1409) *tyrsdagh* III 613 (1411), er vel dette berre ein umvend skrivemaate,

---

[1] Etter upplysning av professor Björn Magnússon Ólsen *r̨ş* i Skaftfells sý. Denne lærde og beinsame islending er eg takkskyldig ogso for andre gode upplysningar.

som hev fenge studnad ved paaverknad fraa norsk skrift, der slike skriftformer ikkje var uvanlege. Jfr. *þiorstolfs Aslasunar* i Flat. II 446_{14} (Orkn. s. 155), som ogso maa vera etter norsk mynster. I *arsgeresa* D. I. III 327_{14} (1385) for *Ásgeirsá* (skr. *aasgeirsaa* III 96_{6}, 1354) og sameleis i *karlsgautu* II s. 91 (1270, hds. 1386) for *Kálfsgǫtu* (skr. *kalfsgautu* II 163 A_{11} 1296 hds. 1386 ofl. st.), der *l* i *karls-* og *f* i *kalfs* millom tvo konsonantar truleg ikkje vart uttala, er det likevel mogelegt at *rs* og *ls* kann tyda paa supradental uttale av *s*, som her kom til aa staa millom *á* (ↄ: *a*u) og *g* (her utt. *k*).

kf > *ff* i *kuiffæ* IV 550_{11} (1432; *quikfæ* ibid.$_{14}$).

16 i δ. Etterjamning av konsonantar (progressiv assimilation).

lr vert i hovudbrevi til *ll* etter lang rotvokal og i avleidsendingar, t. d. *pall* nom. *(Páll)* D. I. II 490_{4} ofl. br. *Egill* II 484_{7} *ketill* Rm II_{26} *refuill* II 509_{19} *þorkell* II 484_{22} *hokull* II 509_{7} *litill* ibid.$_{14}$, altsaman nom. sing. (mask.). — Etter stutt rotvokal held *lr* seg: *hvalr* nsg $Sæm_{18}$ *selr* 3 sp II 415_{5} (umkr. 1332).

nr etter lang rotvokal og i avleidsendingar vert *nn*, t. d. *einn* nsm $Sæm_{4}$ *þorsteinn* D. I. II 477_{3} *Kolbeinn* II 466_{2} *þorarinn* Rm VI_{2} *lesinn* nsm II 417_{9} *cynborinna* gpl Prest (yverskr.). Etter lang rotstaving er stundom skrive *rn* for *nn*: *suæirn* II 415_{3} *kolbæirn* ibid.$_{2}$. Sume tider stend der i staden for *nn* berre *n* baade etter den lange rotvokalen og i avleidsendingi, men dette er helst gaaløysa av skrivaren: *kolbein* nom. II 489 A_{5} *teken* Rm I_{6} *han* ibid.$_{9}$ *Biarnheþin* $Prest_{6}$; sameleis med *n*: *jon* nom. II 417_{2} 470_{2} og *Ioan* $Prest_{24}$ (eldre form for *Jón*). — Etter stutt rotvokal finn me alltid *n* aaleine i *son* nsg t. d. II $474_{2.\ 3}$ (*són* nsg $Prest_{20}$), men ordet er ofte avstytt.

m + *v* hev vorte *m* + *m* i *settum mid* D. I. II 204_{19} (1311) *uorum mer* (< *vorum vér*) II 474_{7}, visseleg etter norsk mynster.

I E. isl. er det like eins med *lr* og *nr* som i hovudbrevi, berre med den skilnad, at me stødt finn *ioan*, *iohan* for *Jón*,[1] og at *son* hev formi *sonr* (sameleis *vinr*, ein ven).

sr > *ss*: *lauss* adj. nsm, *víss* adj. nsm, oftast skrive *s*, t. d. *ís* m. *kýs* 3 sp *laus* adj. nsm *vís* adj. nsm *les* 3 sp (av *lesa*), *lios* nsm, *lẏs* (ↄ: *lýs* for *lýss* pl.), *ósenn* nsg (bundi form) *ses* m. *ǫ́s* m. (gud) *hres* nsm, *rís* 3 sp (og *riss*), *hvas*; *fús* (8 g med *s*, 1 g *ss*).

Merkn. 629. Um *ft* (*pt*) > *tt* sjaa ovanf. s. 115.

Merkn. 630. Nyislandsken held uppe i skrifti mesta det same tilstandet som fyrr med etterjamningi av *lr* og *nr*, men uttalen hev fylgt maalvokstren. Soleis hev nyisl. *ddl̥* (< *ll*) etter lang rotvokal og i avleidsendingar: *pauddl̥ ha'ddl̥ kętıddl̥ gamaddl̥*; etter slutt rotvokal hev halvljoden *ẏ* vakse fram millom *l* og *r*: *kvalẏr*, *sęlẏr* 3 sp (undantak *kell* Málfr. s. 48). Sameleis *ddn̥* (< *nn*) etter lang rotvokal: *e'ddn̥*, *sve'ddn̥*, *va'ddn̥* (< *vænn*), men *kvīn skīn* (skrive *hvin skín*) 3 sp av *hvína skína* for E. isl. *hvínn skínn*; dessutan hev nyislandsk i avleidsendingar berre *n* i *aftan*, *jötẏn*, *morgẏn*,

[1] Den samandregne formi *Jón* synest ha vore bruka tidlegare i Norig enn paa Island. I Norig møter me tvo gonger *Jon* i D. N. I 7 (Oslo 1224).

men *nn* i *drottinn, himinn, býndinn* osfr. sjaa nedanf. s. 123 under stytting og lengjing av konsonantar; *Jón*, det mest utbreidde karnamn paa Island,[1] er utskilt fraa *Jóhann* og *Jóhannes*, som ogso er vanlege namn. Etter stutt rotvokal er det kome halvljoden *ý* millom *n* og *r*, t. d. *vęnýr* 3 sp av *venja*; E. isl. *sonr*, i hovudbrevi *son*, hev sidan helst formi *sonur*, t. d. V 297 (1449) og bibelumsetjingarne fraa 16. og 17. hundr., ogso *sonr* D. I. III 3273 (1385) i nyisl. *son* og *sonur*, liksom *vinur* og *vin*.

sr vert i nyisl. *s* etter lang rotvokal og i avleidsendingar: *ís* m. *ós* m. *fús* adj. nsm, *laus* nsm *vís* nsm *ýmis*; etter stutt rotvokal snart *ss* som i adjektivi: *hress, hvass, viss* adj. (= *vís*), men oftast *s* som i *þys* m. *ys* m. I 3 sg. indik. av sterke verb som endar paa *s*, vert *sr* jamt til *s*, t. d. *les* 3 sp (av *lesa*) *kýs* (av *kjósa*) *eys* (av *ausa*).

Merkn. 631. *ld* > *ll* i *skyllugur* V 725 (1476) maa vera paaverknad utanfraa.

16 j. Konsonantburtfall.

α. I framljod er burtfallen i hovudbrevi: *h* framfor *l* og *r* i nokre faa høve: *lvt* asg Sæm 8. 15 (norsk paaverkn.), *liþ* i samansetningi *þuerarliþ* Rm I 13, *roardalr* II 159 44 (*hroasdal* ibid. 8), og mykje ofte i *Rafn* propr. II 470 12 (1340) ofl. br. (*hrafn* propr. II 417 2). Framfor *n* er ikkje uppteikna noko døme paa burtfall. Elles held *h* seg jamt i denne stoda og skil ut islandsken fraa andre norske maalføre; døme er: *hluter* pl. Rm I 3 *hlunnendum* D. I. II 415 16 *hnudnes* II 159 7. 36 (skr. *hnudsnes* II 220 13, norsk brev) *hrutafiarþar* Rm I 9.

I andre samansetningsled er *h* burtfallen etter *g* i *siguatz son* D. I. II 489 A 3 (*sighuatz* II 489 B 3) og etter *s* i *þusundrat* II 474 6.

g hev falle burt framfor *l* i *likt* adj. Rm IV 34.

I E. isl. er *h* ovleg sjeldan burtfallen framfor *l*, *n* og *r*. Uppteikna er berre *lioþum* dpl Ph II *lutti* apl Ph I *ræcþan* ptc. asm H *ręþesc* El. og andreleden i samansetningarne *vagnslase* H *áfrapa* dsg (av *afhrape*) H. Framfor *v* er *h* burte 1 gong i *vas* nsm (for *hvass*), som venteleg er misskrift. Ein rang *h* er innkomen i *hríke* (< *ríke*) n. H 47 1.

g held seg framfor *l* i *glícr* (lik) adj. og avleidingar av det, med faa undantak som *huílícr* og *þuílícr*, sjaa Larsson. Sameleis held *g* seg framfor *n*: *gnauþa* v. *gneiste* m. *gnísta* v. *gnyia* v. og i *gnógr* med alle sine avleidingar.

Um burtfall av *v* i E. isl. sjaa nedanfor under δ.

Merkn. 632. I brevi etter 1350 og i det 15. hundr. er *h* ein hende gong burtfallen framfor *l* og *r*, t. d. *lutum* D. I. III 155 6. 11 (1363) *rossum* III 203 12 (1369) *luta* III 312 14 (1382; *hluta* 9) *lutæ* apl IV 435 B 12 (1429) *lunnindom* V 394 8 (1465), altsaman etter norsk paaverknad; det sistnemnde brevet er næmast norsk, paaverka av islandsk. Sameleis er *h* no og daa burte i andre samansetningsleden, t. d. *afendha* v. IV 404 27 (1428) ofl. br. *Reykiolum* IV 349 5 (1421). I *hálfa* med tyding sida, vegner, er *h* ofte burte alt i 14. hundr. *af annarre alfw* III 319 8 (1384; jfr. *af beggia þeira alfv* Maríu s. 466 7 fraa fyrstn. av 14. hundr.), og denne skrivemaaten er den vanlege i 15. hundr.

[1] Settekvar mann paa Island heitte *Jón* umkr. midten av fyrre hundr.

Rang *h* framfor *r* i *Hrunolfr* IV s. 378_{16} (um 1430), *hrunolfsson* IV 324_{4} (1418) og s. 378_{5} (um 1430) *hrunolfson* IV 330 s. 269_{7} (1419), og framfor vokal i *hester* (ɔ: Ester) propr. V 363 A_{6} (1464). Merk *jmnario* III 550, s. 657_{11} (umkr. 1400). — I nyisl. held *hl*, *hn* og *hr* seg i all skrift og vert uttala — etter fylgd — klanglaus *l*, *n* og *r*. Svaging i bruket er mykje sjeldsynt; *naskur* adj. (hag, hæv) og *hnaskur*, *hnesla* f. (knappe-snor) og *nesla*. *álfa* f. er no brukt med tydingi jorddeild, kontinent.

gn synest i nyisl. allstad vera uttala i *gnýr* m. *gnótt* (ogso skr. *gnógt*, sjaa s. 111) f. og *gnægð*. Men i andre ord er *g* burte framfor *n*, og det vert skrive *naddur* m. pinn (jfr. nyn. *gnadd* og *gnadde*, Ross) *naga* v. gnaga, *neisti* m. gneiste, *nísta* v., *nugga* v. (jfr. nyn. *gnugga* hjaa Ross) *núa* v. gnua, *nurla* v. (jfr. nyn. *gnura*) *næða* v. blaasa kaldt (jfr. *gnæ(d)a* v. VAgder Dal.) *nægja* v. nøgja, *nöldra* v. gneldra, og like eins er *g* gjerne burte i *(g)nadda* v. murra, *(g)nauða* v. jfr. nyn. *gnaula* (um vinden), *(g)nógr* nog, nok, *(g)nyðja* v. gryla. Jfr. det nynorske burtfallet av *g* framfor *n*, ISVestl. I, s. 153.

Um burtfallet av *v* i nyisl. sjaa nedanf. s. 120.

16 j β. Millom konsonantar er stundom ein konsonant burtfallen i hovudbrevi, soleis: *n* i *vatsose* (<*vatnsóse*) Rm I_{7}, *fyrnefder* (<*fyrrnefnder*) npm D. I. II 466_{14}; *d* i *brannsson* (<*brandsson*) II 523_{2} *hannlagt* (*handlagt*) ptc. II 484_{19} *munnlaugh* II 510_{12} for *mundlaug*.

Dette burtfallet er vel kjent i all norsk baade i Norig og paa Island, baade i gamall og ny tid. Fraa den eldste islandsk hev me umfram dei nemnde dømi fraa Rm former som *ıafnę́r* for *iafnnær*, *lannorþrs* for *landnorþrs* ofl.

Merkn. 633. Her er nokre døme fraa 14. og 15. hundr:

ð er burtfallen i *sigursson* VI 552_{4} (1488) *suo uorna* (< *suo uorðna*) apm VI 408_{19} (1482) *þyskum* VI 593_{14} (1489) *nortungu* V 198 (1460) 355 (1465);

f: *runols* VI 252_{4} (1480) *randid* propr. VI 285_{27} (1480) < **rangdid* < *rangrið* (ved dissim.) Flat. III 170_{6}, um 1390, < *ragnriðr* < *ragnfriðr* (sjaa Lind), *haldan* propr. VI 655 (1491) *hals* (<*hálfs*) VI 71_{28} (1476) *sialls* (<*siálfs*) VI 550_{19} (1488);

g: *fylt* (<*fylgt*) VI 333 (1481) *berþor* nom. III 225_{16} (1371);

n: *hrafshaug* (<*Hrafnshaug*) III 313_{17} (1385) *rafsson* (<*Rafnsson*) VI 425_{2} (1483);

p: *altanese* (< *Álptanese*) V 599 (1472) jfr. VI 409_{17} (1482) *altafirdi* (< *Álptafirði*) V 662_{17} (1474, transskr. 1492);

t: *pansetia* VI 142 (1478).

Her er nokre døme fraa nyisl. talemaal:

b fell burt i: *lams* (<*lambs*) *kę́mdýr* (*kembdur*);

d: *sýnla* (*sundla*, svimra) *vins* (*vinds*) *sýmma'jı* (< *sunmagi* < *sundmagi*, stundom skr. *summagi*);

ð: *vęrgauŋgýr* m. (tigging, til *verðr* m. mat)

f: *hault* (<*hálft*) *hort* ptc. (<*horft*);

g: *filt* (<*fylgt*) *filsni* n. (ogso i skrift) <*fylgsni*; *mart* (<*margt*) *modnar* (<*morgnar*);

k: *velt* (<*velkt*), *norst tımbýr*, *sa'nst* (<*sænskt*, svensk);

n: *tıl gaxs* (ɔ: *gagns*) *bassıns* (*barnsins*) *hossıns* (*hornsins*) *bjösson* (*Björnsson*) *hrokkelsı* (i skrift) for *hrognkelsi* n. rognkjeksa (*rognkölsa* Ryf.);

t: *svarbakýr* m. svartbak, havmaase.

I nyisl. vert ordi for det allermeste skrivne etymologisk i den eldre fulle form. Endaa um ordet som t. d. *vatns-* hev mist ein ljod (*n*) for

meir enn 700 aar sidan, og alt daa kunde hava ei skriftform (*vats-*) som skulde liggja nær uttalen i notidi (*vass-*), vert det likefullt enno skrive *vatns-*. Like eins vert helst skrive *kaldavermsl*, utt. *kaldavęsl* og skrive soleis (*kaldavesl*) av Bj. Hald. Ukjennskap til upphavet av ymse ord hjaa aalmenta fører daa sjølvsagt til ikkje faa mistak i rettskrivningi, t. d. *dýrðlingur* (*dýrlingur*) *kostning* (*kosning*) *orðlof*, skr. *ordlof* alt i GBib. Jud. XII (*orlof*) *ordsök* (*orsök*) *úlfbúð* (*úlbúð*) osfr.

16 j γ. I utljod er burtfalle i hovudbrevi:

b i *um*, *um fram* Rm III$_{29}$ (1225) og i alle brev som er yngre enn dette skriftstykke. Rm I hev *umb*$_{10}$, og Rm II (1206) hev *vmbfram*$_{18.\,28}$; burtfallet av *b* hev vel byrja i ei dilik stoda som i *vmbfram*.

m i 1 pers. plur. av verb straks framfor pronomenet: *vissu vid* D. I. II 523$_{6}$.

r i nom. sing. av mannkynsord og adjektiv i mannkyn, naar stomnen endar paa *r*: *Geyr* (< *Geirr*) D. I. II 484$_{3}$ *hver* Sæm$_{14}$ (*hverr* ibid.$_{10}$) *huer* pron. nsm ibid.$_{43}$; i nom. sing. av fleirstavingsord: *bauðuar* II 484$_{77}$ *þorgeir* II 489 A$_{2}$ *-gæir* B$_{2}$ *gæir* ibid.$_{2}$ (*þorgeirr* Prest$_{21}$) *Einar* II 466$_{2}$ 484$_{4.\,75}$. *einar* II 474$_{3}$ 489 A$_{3}$ (*Einarr* Prest$_{15}$ *einarr* II 416$_{2}$ 470$_{2}$ *æinarr* II 415$_{2}$ 489 B$_{3}$ norsk paav.) *halldor* II 489 A$_{3}$ B$_{3}$ (*arnorr* II 415$_{5}$ 417$_{5.\,8}$); jfr. *prior* nsg II 489 A$_{2}$ B$_{2}$. Undantak umfram dei nemnde er berre *Ásgeirr* Prest$_{12}$. Sjølvsagt er ogso *r* i nom. sing. m. burte i dei vanlege høve der han fell burt i all gamall og ny islandsk, so som etter *l*, *n* og *s* med konsonant fyre (*fugl*, *hrafn*, *diákn*, *háls*).

r i *viþ* Rm I$_{12}$ *við* Prest$_{35}$ Sæm$_{5}$ D. I. II 484$_{53}$, men *viðr* II 415$_{12}$ II 470$_{12}$ II 484$_{59}$; *við* er vel laga etter *með*, som i dei eldste skriftstykki er utan *r*: *meþ* Rm I$_{1}$ Rm II$_{22.\,27}$ *með* Rm III$_{31}$ Rm V$_{38}$, og sameleis D. I. II 470$_{7}$ 484$_{42}$ 509$_{7}$ ofl. br., men *mędr* II 159$_{15}$ *medr* ibid.$_{10}$ II 207$_{5}$ ofl. *meðr* II 512$_{8}$ (*með* ibid.$_{6}$).

r i nom. sing. av *biscup* i alle brev der ordet finst, t. d. II 484$_{7}$.

E. isl. hev *umb*. — *r* fell ikkje burt i mannkynsformer i nsg, um stomnen endar paa *r*: *fiotorr*, *gizorr*, *pettarr*, *nafarr*, *hverr* pron. nsm (sjeldan *hver*) *hvárr* pron. *gerr* adj. *herr* (og *her*) m. Undantaki er faa. *meþ* og *viþ* er dei vanlege former (sjeldan *viþr*).

Merkn. 634. Nyisl. alltid *um* prp.; alltid *-um* i 1 pers. plur. av verb: *vissum við*; *-r* fell burt i nsm av subst. og adj. og sameleis elles naar det er ending, dersom roti endar paa *-r*, t. d. *Einar*, *Haldór*, *hver*, *meir* adv., *ber* 3 sp av *bera* osfr. Undantak *kyrr*, *þurr*.

Merkn. 635. I diplomi fraa 15. hundr. er der ikkje faa døme paa burtfall av konsonant i utljod i høve der han enno stend i nyisl.

Soleis er *r* i ljodlinn staving no og daa burtfallen, t. d. *greniadastad* (< *greniaðar-*) D. I. III 587$_{4}$ (1406) *laugadaginn* IV 412$_{4}$ (1429) *huerra stettar* IV 518 (1431) *heilagra* gsf V 153$_{32}$ (1458) *þorda sonar* V 205$_{7}$ (1460) og umvendt med *r* der han ikkje eig heime: *skylldughar* asf IV 412$_{18}$ (1429) *modruuallarstad* IV 458 (1430).

m er burte i *vorv vier* VI 578$_{5}$ (1489) *uoru* pron. dsm i *af uoru nadhuga herra konunginn* VI 466$_{11-12}$ (1484) *munu vier* GBib. *t* er burte i verbet straks fyre pron. *þer*, t. d. *hafe þier*, *giøre þier* GBib., *skulu þier*

ibid. Men dei brevi som hev slike former, er gjerne ogso i andre maatar paaverka av norsk eller skrivne av nordmenn. I *oskurd* (< *órskurð*) III 624 7 (1412) IV 405 12 (3 g; 1428) ofl. br. hev vel *rs* fyrst vorte jamna til *ss*, som sidan er stytt framfor samansett konsonant.

Framfor den etterhengde artikelen er ogso stundom *s* burtfallen i genitiv av substantivet, helst naar det endar paa *st*, t. d. *prestins* IV 541 16 (1432), *biscupens* IV 520 10 (1434) *biskupins* VI 649 14 (1491).

16 j δ. Andre burtfall: *v*, kons. *u*; *j*, kons. *i* ofl.

I hovudbrevi er *v* burtfallen i *noreghs* D. I. II 523 14 < *norvegs*. I E. isl. er moderlandet kalla *Norvegr*, som i formi *Norvegur* er mykje brukt paa Island ogso i vaare dagar i lag med *Noregur*.[1] *v* er ogso burte i *nockora* apm D. I. II 484 34, *nockurum* II 484 56, men stend i *nacvera* Prest 1 *nockuot* D. I. II 484 34.

Elles er *v* burtfallen i dei vanlege høve framfor *o* og *u*, t. d. *orðit* ptc. II 474 11, so nær som i *vorðit* ptc. II 484 (1341) der *v* maa vera norsk paaverknad paa skrifti, sidan han ikkje finst korkje i den eldste islandsk eller i nyislandsk.

I E. isl. er *v* nokre faa gonger burtfallen i impf. plur. av *vera*: *orvm* 1 pi *óro* 3 pi. Um dei pronominale former *órom*, *órer* osfr. (til *várr*) sjaa Noreen[3] (registret med tilvisingar).

Merkn. 636. I nyisl. er *v* i framljod jamnaste burte framfor upphavleg *o* og *u* liksom i E. isl.: *ollinn, oltinn, orðinn* ptc. av *vella, velta, verða*, i impf. plur.: *ullum, ultum, urðum*. Ogso i *Ossabær* grd. i Rangárvalla sý. no. 49, skrive *Vorsabæ* dat. D. I. I 106 8 (um 1220, avskr. 1598) *Vorsabæ* dat. Ísl. sög. I 300 3.

Sumtid er likevel *v* innkomen atter ved jamlaging etter andre former, t. d. i *vóð* impf. sing. *vóðum* 1 pi (av *vaða*) *vóxum* 1 pi (av *vaxa*).[2] So er ogso *v* etter konsonant (kons. *u*) burte framfor *o*- og *u*-ljod, t. d. *sór* 3 si (av *sverja*) *kómu* 3 pi (av *koma*) *hurfu* 3 pi (av *hverfa*) osfr. Eldre *vá* hev vorte *vo*, t. d. *vogur* (< *vágr*) *von* f. (< *ván*) *vopn* (*vápn*), *hvor* pron. (< *hvárr*) *kvoða* f. (< *kváða*), *svo* ell. *so* < *svá*, *tvo* < *tvá*.[3]

Framfor endingar paa *a* (og *i*) vil ein *v*, som høyrer til stomnen, enno i sume høve halda seg, som t. d. *söngvar* m. pl. *örvar* f. pl. *höggva* n. gpl *glöggvan* asm *þykkvan* asm *höggva* v. *höggvinn* ptc. *myrkvi* m. I mange høve er likevel det gamle tilstandet skipla, med di *v* til deils hev falle burt i det nye maalet, t. d. *søngi* dsg *fræi* dsg *höggi* dsg *lyngi* dsg *fölan* adj. asm *fölir* npm *yðar* pron. (jfr. *ydvar* gen. D. I. IX 318 26, 1527) og til deils ved jamlaging med andre former innkome framfor *u*, t. d. *söngvum* dpl *möskvum* dpl *völvu* cas. obl. (eldre *vǫlu*) *fölvum* (og *fölum*) dpl. — Naar *v* stundom er burte i eldre brev i slike høve der han er enno uttala paa Island, er det vel paaverknad utanfraa som er grunnen t. d. *havgga* v. VII 224 18 (1492).[4]

[1] Zoëga i Ísl. ensk orðabók fører berre upp *Norvegur*; sameleis Bj. Hald. Av andre ord som vedkjem Norig, hev Zoëga: *Norðmaðr* (Norwegian) *Norræna* f (Norse tongue) *norrænn* (Norse, Norwegian) *norska* f (Norwegian) *norskur* (Norwegian, Norse).

[2] [Det heiter *óð*, *uxum*; men dei andre formene finst og. *J. H.*]

[3] Ved yngre yvergangar hev det vakse fram *ö*- og *ý*-ljodar, som er skrivne *u*, t. d. *hvumpinn* < *hvimpinn*, *svunta* (forklæde) f. < *svinta*, jfr. nyn. *svinta* f. stor klut Shl. sjaa ovanf. s. 93.

[4] [*högga* er vanleg form no. *J. H.*]

j (kons. *i*), som høyrer til stomnen, hev ofte i nyisl. halde seg i bøygjingsformer framfor endingar paa *-a*, *-u*, t. d. *bekkja* gpl *bekkjum*, *engjar* pl. *eggja* gpl (av *egg* n.), *netjum* dpl *miðjum* adj. dsm og dpl, og alltid etter *ý*, *æ* (upph. *ǽ* og *œ*), *ey* framfor *a* og *u*, t. d. *hlýjan* adj. asm (varm, ly) *hýjaður* ptc. (hya, loden) *klæja* v. *bæjum* dpl (< *bœjum*) *meyjar*, *treyja* f. Men ogso her er det gamle tilstandet i mange høve skipla, med di *j* til deils hev falle burt, t. d. *bryta* cas. obl. (av *bryti* m.) *veða* gpl *veðum* dpl (av *veð* n.) *frægan* adj. asm *ríkan*, *sterkan*, dialektisk ogso i *sıda* (for *sitja*, sjaa ovanf. s. 110) ofl., og til deils kome inn framfor *i* ved jamlaging med andre former, t. d. *vilji* m. nsg (eldre *vili*) *steðji* m. (gn. *steði*) med *j* fraa dei oblike kasus *vilja*, *steðja*; *þriðji* (gn. *þriði*, gsg: *þriðja*) *hverjir* pron. (gn. *hverir*) *viljið* 2 ppk *vilji* 3 ppk (av *vilja*) med *j* fraa *vilja*, *viljum*; *telji teljir telji* præs. konj. i eintal av *telja*. I dei sistnemnde høvi hev *j* vore innsett alt i 15. hundr., soleis *þridie* nsm D. I. V 654 s. 740_{20} (1474) jfr. *þridie* nsf II 500_{8} (umkr. 1343, men hds. truleg fraa 15. hundr.) *þeir vilie* 3 ppk IV 337 s. 277_{15} (1420).

j er i nyisl. burtfallen etter *s* ved dissimilation i *seytján* eller *sautján* (eldre *sjautján*) og *seytjándi*. Dette burtfallet viser seg alt i 14. hundr. *seytianda* D. I. III 228 (1372) *seytian* V 442 (1467); i diplomi ogso *seytigher* (nyisl. *sjötíu*) III 226 (1371) og *sæyndar* gsg (ɔ: *sjaundar* av *sjaund* f.) 336_{23} (1386), jfr. nyn. *sęuⱪan* Voss, Sogn, *söuⱪå* Nhl. ofl. sudvestlandske former, sjaa ISVestl. I s. 198.

Av andre konsonantburtfall i nyisl., som ikkje fyrr er umrødde, er nemnande:

l fell stundom burt etter *f* i *fjo*ᵘ*tt* < *fljótt*, jfr. burtfall av konsonant millom konsonantar.

g fell burt etter ein velar vokal, t. d. *bou* asg (< *bóg*) *rū* (< *rúg*), *tau* (< *tág*).

Merkn. 637. I brevi fraa 15. hundr. finn me nokre burtfall av konsonantar som sidan til deils er komne innatt, som det synest, allstad. Soleis:

v (kons. *u*) er burtfallen framfor *o* i *hortth* (< *hvort*) D. I. V 321_{16} (1462) skr. *hœrt* V 358_{4} (1463) *konarmundar* gsg (< *kvonar-* IV 571_{4} (1434) < *kvánar-*) V 190_{7} (1460) jfr. *bukonar-* Sogn s. 40, *tau* (< *tvau*) IV 514 (1431) IV 541_{6} (1432) VI 550_{16} (1488) o. m. fl. brev, *teimr* (< *tveimr*) dpl IV 355_{19} (1421) *saurt* adj. f. (< *svǫrt* av *svartr*) VI 418_{23} (1483).

Sameleis er *v* (kons. *u*) stundom burtfallen framfor endingsvokalen *a*, t. d. *mioabol* D. I. IV 446_{9} umkr. 1430, no skr. *Mjófaból* (Dala sý. no. 51), men utt. *mjouaboul*; *þyckabæ* VI 613_{37} (1490) *þyckaby* ibid. 6, jfr. *þyckuabænga* gpl IV s. 237_{5} (umkr. 1430); *havgga* gpl (av *hǫgg* n.) VII 224_{18} (1492). Elles held *v* seg i slike høve godt i skrifti i det 15. hundr.

j (kons. *i*) er burtfallen etter *h* i *hórsey* (< *hiǫrsey*) VI 243_{32} (1480), etter *sn* i *snoolfur* (< *sniolfr* < *snæúlfr*) VI 584_{1} (1498) 635_{4} (1490); sameleis framfor endingar med *a* og *u*, t. d. *erfingum* V 509_{16} (1486) *skilrikum* VI 334_{21} (1481) *ledrleingr* (< *leðrlengjur*) pl. V 497_{27} (1470) *til fiska* (< *til fiskjar*) IV 331_{8} (1419; norsk? utferdar: *arnfinnr þorsteinsson hirstiore*), og heller ofte i former av *kirkja*, t. d. *kirkan* IV 419_{14} (1429) *kirkonar* IV 421_{13} (1429)[1] *kirkunnar* V 498 (1485) *kirku* VI 105_{39} (1477) o. m. fl. br., etter paaverknad fraa austnordisk skrift?

---

1 *kirka*, *-u* osfr. er mykje vanlegt i dei mange brevi som Jon Egilsson, skrivar hjaa Hola-bispen Jon Vilhjalmsson, hev skrive umkr. 1430. Hjaa denne skrivaren er der so mange norvagismar og uislandske former, at maalet maa næmast kallast norsk-islandsk. Sjaa s. 136 oflg.

l er burtfallen framfor *f* i *vfagil* grd. III 384_{24} (1391), no skr. *Úlfagil* i Húnav. sý., *hafkirkia* (< *hálf-*) IV 550_{22} (1432); framfor *g* i *fygt* ptc. (<*fylgt*) IV 736_{14} (1447); framfor *k* i *taknafirdi* dat. IV 323_{15} (1418), skr. *talknafyrde* ibid. $_{14}$, no *Tálknafjörður*.

Um burtfall av *g* millom *æ* og *i* s. 61 ovanfor.

Merkn. 638. *Vomúlastaðir* i Rangárv. sý. (no. 50) vert i dat. skrive *vamulastodum* D. I. II s. 688_{18} (1332, hds. fraa 1598), og *vomulastodum* III s. 269_{22} (1371, transskr. fraa 1412) o. fl. brev, men ogso (*a*) *aamulastodum* II 428_{2} 1332, hds. fraa 1598) *amulastoðum* III 218_{26} (1367, hds. fraa 1640) ofl. Um ikkje denne siste skrivemaaten er ei upphavleg misskrift, som hev vorte breidt vidare utyver gjenom avskrifter, er burtfallet av *v* her merkelegt. „Ný Jarðabok" skriv *Voðmúlastaðir*, som utan tvil er rangt. I Skýrslur um Landshagi á Íslandi I 1858 stend *Vomúlastaðir*.

16 k. Konsonant-innskot.

I hovudbrevi hev *v* fraa dei formerne i pron. *várr*, som ljodlogrett hadde *v* ogso i E. isl., breidt seg utyver dei hine formerne: *uorum* dpl D. I. II 204_{5} *voru* dsn II 484_{68} ofl. — *v* er komen innatt framfor *o* i *vorðit* II 484_{9} (etter norsk mynster, sjaa ovanf. s. 120).

r er innkomen i *meðr* II 512_{8}, oftast skrive *medr* II 159_{10} 207_{5} $466_{6.\,16}$ $474_{9.\,10}$, ogso *mędr* II 159_{15}, medan andre brev hev *meþ*, *með* eller *med*, som nemnt ovanfor under **16 j** β; *meðr* er vel eigenleg laga etter *viðr*, men i dei islandske diplomi er det venteleg innkome fraa norsk, der formi synest tidlegast ha vore brukt aust i landet, sjaa ISVestl. I, s. 168 oflg.

k er vel innskoten millom *s* og *l* i *sclakkagile* dat. Rm I_{10} (no *Slakkagil*); jfr. under *slett* f. og *slind* f. hjaa Ross, og grdn. *Sklet* og *Sklinden* i NG XV, s. 292 og 372.

h etter *t* i *thala* v. II 523_{3} (1350) og etter *d* i *sunnudhagen* II 477_{7} (1340) hev knapt nokon fonetisk grunn.

Merkn. 639. Av konsonantiske innskot i nyisl. er nemnande:

v er komen inn etter *g* i *gvýð* ell. *gvöð* for *guð*, og sameleis i samansetningar som *Guðrún*, *Guðný* utt. *gvýðrun*, *gvýðnı*, og i avstyttingi *gvęndyr* for *Guðmundur*; jfr. *gvodna* (ɔ: *gvýðna*? for *guðna* < *Guðina*) D. I. IV 524 (1431, yverskr. fraa 17.? hundr.). Det synest vera den gutturale konsonant saman med den gutturale vokal, som er grunnen til ovringi, jfr. *kuor* adj. nsm (for *kurr*) IV 525_{16} (1431); *kvonu* gsg (for *konu*) V 508 (1470) kann vera paaverka av *kvon* (<*kván*). *øngvan* asm g.isl. *ongvarrar* gsf *øngvarri* dsf (av *engi*) synest framkomne ved paaverknad av *nakkvarn*, *nakkvarrar*, *nakkvarri*.

j er innskoten framfor *ú* i *sjúga* v. og *ljúka* etter jamlaging med ord som *fljúga*, *rjúka* ofl. i same bøygjingsklassa. *j* i *bjyggi*, *hjyggi* impf. konj. hev sin grunn i *bjuggum* og *hjuggum*. *j* synest ogso innsett i *smjatta* v. (nyn. *smatta*), *gljúpna* v. (ogso *glúpna*) og *Strjúgstaðir* grd. i Húnav. sý. no. 84, som i diplomi er skrive *strugi* dat. III 384_{21} (1391) V 203_{10} (1460), jfr. *strugsbref* med gamall hand i yverskrifti til det sistnemnde brevet. Formi med *j* finst i diplomi fyrsta i ei onnor yverskrift til det sistnemnde brevet: *Striugur* med seinare hand (biskop Gudbrands) og i VII 362_{8} (1497, hds. 1500). Gardsnamnet etter diplomi er soleis *Strúgr*; *Str(j)úgstaðir* er ikkje aa finna der, men er nemnt i Landn., jfr. *Strugstad* i Trøndelag (N. G. XV s. 220). Snart med og snart utan *j* finn me i nyisl. umfram det nemnde

gljúpna ogso *hnúkur* m. og *hnjúkur* (eldre *knjúkr*, jfr. *kniuka* D. I. II 204$_{9}$, 1311). — Um *j* i *vilji* nsg *hverjir* pron. npm sjaa ovanfor under δ.

f er innkomen etter *io* i *fniofskadal* V 493$_{4}$ (1469) *hniofskadal* ibid.$_{5}$.

r er innskoten i *eckert* Kyrk. etter jamlaging med neutr. *nokkur* eller *hver*(?), jfr. *nockurt* VI 510 (1486) ofl., nyisl. *nokkurt* adj. (*nokkuð* subst.). *r* er stundom i nyisl. innskoten etter *ll* i adjektiv paa *-all*, *-ill*, *-ull* framfor *a* i gpl t. d. *gamallra*, *litillra*.

g er innskoten etter *u* framfor endingi *-legr*, *-ligr*: *nauðuglega* adv., ogso skr. *nauðulega*, med di *-ug-* ikkje er lika i ny skrift. I diplomi fraa 15. hundr. og frametter er der fullt av slike former, t. d. *fulligliga* VI 274$_{9}$ (1480) *reidugliga* VI 487 s. 546$_{3}$ (1485).

g er innskoten etter *au* i *þaug* Kyrk. Um innskot av *g* framfor *i* (*ja*) millom vokalar sjaa ISVestl. I 134—5.

16 l. Konsonantlengd.

α. For stutt konsonant hev hovudbrevi stundom lang, t. d. *huerrt* D. I. II 488$_{21}$ *Gotta* II 466$_{16}$ *Arnnfride* II 466$_{6}$ *eignn* II 204$_{7. 18}$ *oss* asg II 207$_{4. 6}$ *ǒfuann* II 415$_{12}$ *finnbiornn* II 474$_{3}$ *æfinnlik* II 484$_{41}$ *skilrikiss* ibid.$_{72}$ *vllogliga* (<*úlǫgliga*) ibid.$_{54}$ *fimm* II 397$_{6}$ 484$_{67}$ (*fim hluter* Rm I$_{3}$); jfr. *Brokkarlækr* II 159$_{35}$, *brokar lękr* ibid.$_{7}$, *brókarlæk* akk. II 220$_{14}$ (1315), no skr. *Borgarlækr* i Skagafj. sý. no. 346.

l vert lengd framfor *d* (og *t*) i dei brevi der det er slike høve, t. d. *scalahollti* Prest$_{32}$ *recalld* Sæm$_{3}$ (likevel *talðer* Sæm$_{14}$) *reykiahollte* Rm V$_{37}$ *gelltnavt* D. I. II 159$_{41}$ *mękefellzdalr* II 204$_{8}$ *hilldibrandr* II 207$_{4}$ *fellz* II 170$_{1}$ *Skillde* 3 si II 415$_{7}$ *Eigilldarholltz* II 470$_{10}$ *egilldar hollte* II 484$_{13}$ *halldor* II 489 A$_{3}$ B$_{3}$ *alltteri* II 509$_{13}$ *tallda ek* II 523$_{9}$. Undantak er berre: Rm I t. d. *Salds*$_{13}$, Rm II t. d. *kugilde*$_{21}$, Rm III, VI, VII, D. I. II 417, 466, 474, 490.

n vert jamnaste ikkje lengd framfor *d* (og *t*), t. d. *land* Rm I$_{1}$ *hogende* Rm II *sęmvndar* Prest$_{9}$ *hundrat* D. I. II 159$_{25}$ *hand-* II 170$_{1}$ *sender* II 397$_{2}$ *fundit* II 484$_{27}$ *stendr* II 519$_{13}$ *sanynda* II 523$_{11}$. Undantak er desse brevi: Sæm. som hev *nd* og *nnd*, sameleis D. I. II 204 (*sannynda*$_{13}$ *oftnefnndr*$_{16}$) II 415, 416, 465, 474; for *nd* er skrive *nð* i Rm V (*lanð*$_{33}$) D. I. II 397 (*lanð*$_{5}$).

E. isl. hev jamnast *ld* og *nd*, for resten med ikkje so faa undantak i sume skrifter, helst H og 645. Fraa tidi noko fyre midten av 13. hundr. hev stemneleidi i den isl. rettskrivningi vore *lld*, men *nd*.

Merkn. 640. I diplomi etter 1350 i 15. og 16. hundr. er det vanlegast aa skriva *ll*, men *n* framfor *d*, t. d. *hallda*, *land*. Soleis ogso Flat. Vǫls. (Magn. Ols. utg.) med ikkje so faa undantak paa *nnd*; sameleis *lld* og *nd* GBib. (1584) Kyrk. (1635) Ydr. (1705) Tyro (1754) utgaava av Kgs (Soröe 1768) Njála (1772). I slutten av 18. hundr. tek islendingarne til aa skriva *ld* og *nd* (t. d. Lærdómsl. 14. band 1796), som dei gjer no.

I nyisl. er i uttalen *m* lengd i *fram* og *um* og i endingar paa *-um*: *steinum*, *hofðum*, *kostuðum*.

n er lengd etter stutt vokal i ljodlinn staving: *þaðan*, *eyrun*, *góðan*.

16 l β. For lang konsonant vert stundom skrive stutt. Dette er gjenomført framfor konsonant i det eldste skriftstykke Rm I: *ligr*$_{1. 3}$ 3 sp (av *liggia*$_{15}$) *alrar*$_{3}$ *alr*$_{4}$ adj. (*allr*) *afretr*$_{9}$ *fialsbrun*$_{12}$. Døme fraa andre diplom

er: *hrepstiorar* Sæm$_{16}$ *legr* 3 sp (av *leggja*) D. I. II 159$_{11}$; i utljod: *up a* Rm I$_{12}$ *þot* konj. Sæm$_{26}$ *leit* ptc. (av *leiða*) D. I. II 466$_{9}$ *sat* adj. n. II 484$_{63}$; millom vokalar: *klukur* Rm III$_{29}$ *kunigt* D. I. II 470$_{5}$ *kunect* II 523$_{2}$ *crosar* Rm III$_{32}$ *þesv* pron. Sæm$_{15}$. Serleg merkande er burtfallet av endingi *r* etter *r*, sjaa ovanfor under burtfall av konsonant i utljod.

Merkn. 241. I nyisl. vert det ikkje skrive lang konsonant framfor ein annan konsonant i same stavingi — stavingi i isl. tydning endar framfor vokalen, — soleis: *feldi* 3 si (av *fella*) *kendi* 3 si, *bygð*, *fanst* osfr. Undantak er gjort framfor bøygjingsendingar som byrjar med *r*, *s* og *n*, t. d. *allra*, *all-s hvass-ra*, *fall-nir*, ptc. npm. I samansetning og framfor den etterhengde artikelen held den lange konsonanten seg: *glöggsýnn* adj. *sekknum* dsg, like eins framfor *-legr*, *-lega*: *sannlega*.

16 m. Ymse konsonanthøve.

k-ljoden er i Rm I skriven *k* i framljod og innljod, og i utljod etter konsonant, t. d. *kyr*$_{2}$ *klofningar*$_{11}$ *rœkiaholte*$_{1}$ *mark*$_{11}$; etter vokal i utljod stend *c*: *itoc*$_{9}$ *oc*$_{2.5}$ ofl., *ok*$_{12}$ 1 gong; for *sk* stend *sc*: *Scogr*$_{10}$; lang *k* er skriven *kk*: *sclakkagile*. I Rm II finn me allstad *k*, *sk* og *kk* (ogso framfor kons. *u* i *kuenngildr*$_{22}$), so nær som i *oc*, *licneske*$_{16}$ *mercr*$_{18}$; sameleis i dei høvi med *k* som me finn i Rm III (utan *crosar*$_{23}$ pl. *script*$_{32}$) IV, V og VI. Prest hev *c* i alle høve, t. d. *cara*$_{4}$ gen. *cristz*$_{31}$ *Scafti*$_{12}$ *starcaþar*$_{7}$ *Sceggi*$_{10}$, so nær som i *koðrans*$_{14}$ og i namni *ketill*$_{23}$ (4 g) og *þorkels*$_{8.17}$. I Sæm. stend *k* i framljod (*kœpe*$_{10}$ *kemr*$_{19.31}$), elles allstad *c*, t. d. *tacmarce*$_{4}$ *scolv*$_{2}$ *ecce*$_{20}$ *noccot*$_{4}$. I D. I. II 159 (1295) stend *k* i alle høve, t. d. *klaustursins*$_{14}$ *kyreldi*$_{23}$ *Brokkarlækr*$_{35}$, og sameleis er det i brevi sidan, berre at sume brev hev *oc* (II 474, 509), at lang *k* oftast er skriven *ck* (*nockuot* II 415$_{14}$ *ockr* II 417$_{9}$ *ecke* II 484$_{16}$ *klockur* II 509$_{9}$), og at *kt* ein hende gong er skriven *ct* (*kunect* II 523$_{2}$).

z = *ts*, t. d. *-hollz* D. I. II 484$_{27}$ (jfr. *en betsto* Rm III$_{32}$); = *ds*, t. d. *gooz* (< *góðs*) II 397$_{10}$ *branz* (< *Brands*) D. I. II 416$_{4}$ *lanz* II 484$_{25}$; = *s*: *cristz* Prest$_{31}$.

v i framljod vert i Rm I skriven *v*: *vatsose*$_{7}$ *viþ*$_{12}$; upph. bilabial er skriven *f*: *huerfa*$_{3}$ *af*$_{6}$; etter konsonant i framljod (kons. *u*) stend *u*: *huerfa*$_{3}$ *þuerar*$_{13}$. Vokalen *u* er alltid skriven *u*: *umb*$_{10}$. Men alt i Rm II er det noko annarleis, med di baade kons. *u* og vokalen *u* kann skrivast snart *u* (*tuer*$_{18}$; *buneng*$_{17}$) og snart *v* (*þvi*$_{22}$ *hvndraþa*$_{25}$).

Endaa større brigde vert det i Prest (og Rm IV, som er mykje yngre); der er brukt berre *v* i alle høve, so nær som at bilabialen er skriven *f*, t. d. *vestr*$_{14}$ *avstr*$_{2}$ *Gvðmvndr*$_{18}$, men *Svarthofþi*$_{11}$. I Sæm. er *v* i framljod skriven *v* (ags. *v*), t. d. *við*$_{5}$, *vera*$_{6}$; bilabialen er skriven *f*, t. d. *gefa*$_{15}$; kons. *u* er skriven *v* (lat.), t. d. *hvalr*$_{6}$ *hverr*$_{10}$ *sva*$_{12}$, medan vokalen *u* kann skrivast *u* (*Somundar*$_{1}$) eller lat. *v* (*scolv*) eller ags. *v* (*vm*$_{1}$). I alle desse brevi, og sameleis i dei smaa skriftstykke Rm IV, V og VI — so vide som dei hev døme — stend det daa alltid *v* i framljoden av ordi, og bilabialen er alltid *f*, medan det er svaging med umsyn paa skrivemaaten av kons. *u* og vok. *u*.

I II 159 (1295) finn me *u* til deils ogso i framljoden (*uær* 17) og som bilabial i *paua* 5. 24, og i II 204 (1311) er endaa *u* gjenomførd baade for *v* i framljod (*uestr*), for kons. *u* (*kuediu*) og for vokalen *u* med eit einaste undantak: *tungvsueit* 5. Men elles er det vanlege i resten av diplomi til 1350, at for *v* i framljod stend *v* (sjeldan *w*, t. d. *wer* II 416, 1332), for bilabialen stend *f*, for kons. *u* stend *u*, og sameleis *u* for vokalen *u* (sjeldan *v*).

E. isl. hev ofte *c* i staden for *k*, helst framfor velare vokalar (*casta*), ofte ogso framfor *l* og *r* (*clæþe*, *cross*; jfr. *sclakkagile* Rm I), men mesta alltid *k* framfor *n* (*kné*); framfor kons. *u* vert næsta utan undantak skrive *q* (*quómo* asg). Lang *k* er i E. isl. skriven *kk*, *ck* og *cc* (*klukkor*, *cluccor*, *kluccor*, *þyckia*). Um skrivemaaten av *v*, *f* og *u*, sjaa Noreen[3] § 27 Anm. 1, § 36 Anm. 1.

Merkn. 642. I isl. skrift etter 1350 vert *c* for *k* meir og meir sjeldsynt, um det enn er einkvar brevskrivaren som likar aa skriva *c* i eitkvart ordet endaa langt ut i 15. hundr. og lenger, t. d. *oc* D. I. V 177 (1459) 585 (1472) *ec* pron. IX 250 1 (1525) *micid* VI 498 16 (1485). Elles er det vanlege i denne tidi aa bruka *k*, og for den lange konsonanten *ck* (til deils *kk*). I GBib. finn me *k*, og *ck* for den lange (konjunktionen er skriven *og*); sameleis Kyrk., HBib., Ydr., Tyro og Lærdómsl. XIV (1793)[1]. Endaa Rasks Veiledn. (1811, sjaa s. 7) hev *ck* for lang *k*; men i Oldn. Læseb. (1832) hev Rask gjenomført *kk*, som det er i isl. i vaare dagar. *v* og *u* er i isl. skrift etter 1350 brukt mykje um kvarandre for ljodarne *v* og *u* (kons. og vokal), og det endaa lenge etter prentekunsten var innførd, soleis baade i GBib. og HBib. I Ydr. (1705) er desse brukt som i vaare dagar: *vera*, *hvør*, *þver*, *upp*, *konu*.

16 n. Metatese. I hovudbrevi er der eit døme paa umstelling: *gagndagin* D. I. II 470 6 for *gangdagin*. — *ragr* adj. (= *blauðr*) Kl c 14.

Merkn. 643. Fraa brevi etter 1350 er uppteikna nokre døme, som for resten vel kann vera skrivarmistak: *lutki* (< *lukti*) 3 si D. I. VI 588 3 (1489) *liadeinsklv* (< *ljádengslu*) obl. VI 599 16 (1489) *tyflta* (< *tylfta*) VI 626 9 (1490) *(j) trastz* VI 634 s. 726 13 (1490) < nedertysk *traz*, *hunavandzþinge* (< *húnavatns*-) V 434 (1467, hds. 1476).

Nokre ordformer.

17 a. Substantiv. I hovudbrevet D. I. II 204 finn me *tiörn* 14 for ei tjørn; *tiarn* n. synest ukjent paa Island endaa i stadnamn. — *egle* dat. II 489 7. — *jardina* asg II 512 15 (austnorsk form). — *enda* asg II 470 15. — *manaðr* apl Sæm 13. — Den etterhengde artikelen er skriven serskilt i Rm I: *fiorgongr en* 5 ɔ: *fiorðongrenn*, *ar ennar* ɔ: *árennar*.

---

[1] Andre boki av Miltons Paradísar Missir, umsett av Jón Þorláksson, er prenta i Lærdómsl. XIV, s. 261—310. I rettskrivningi vik teksti her ikkje so lite av fraa teksti i utg. fraa 1828. Her er nokre døme paa slump: I 1793: *giørdi*, *giørvøllum*, *meir*, *ydar herra*, *fáz* 3 pp, *saddiz* 3 si, *og*, *sig*, *slikann*, *barbarískum*, *hyggindum*, *stucku*, *eckert*, *stolltum*, *odaudlegir*, *qvøl*; i 1828: *giörði*, *gjörvöllum*, *meirr*, *yðarr herra*, *fást*, *saddist*, *ok*, *sik*, *slikan*, *barbariskum*, *hyggendum*, *stukku*, *ekkert*, *stoltum*; *ódauðligir*, *kvöl*. No skriv dei som i 1793 *meir*, *yðar herra*, *seg*, *og*, *hyggindum*, *ódauðlegir*, men elles som i 1828.

b. Adjektiv. *langr* adj. brukt som tilnamn vert bøygt som eit substantiv: *þorkel lang* akk. II 484_{36}.

c. Pronomen. *ek* D. I. II 207_{3}, 490_{3}, 523_{10} ofl. br.; dual. *vid* II 204_{6} (*settum mid* ibid.$_{19}$ er norsk) II 417_{3}; plur. *ver* II 466_{4} ofl. br. *wer* II 416_{3} 512_{1} *vær* II $159_{13.16}$ *vier* II 523_{11} (um tvo), *mer* (norsk) skifter med *uer* i II $474_{7.14}$. — *hun* II 484_{32} *hon* II 466_{10}; *han* (for *hon*) Rm I er vel misskrift? — *þi* D. I. II 159_{10} (1295), jfr. *þiat* ibid.$_{16}$, elles er den vanlege formi i hovudbrevi liksom i E. isl. og nyisl. *því*, t. d. Rm II$_{23}$ D. I. II 207_{5}, jfr. *þui at* konj. II 523_{10}. — *þesse* nsm Sæm$_{20}$, *þenna* asm D. I. II 207_{6}, *þessarrar* gsf II 484_{80}, *þesv*, *þesso* dsn Sæm$_{15.14}$, *þesse* (-*i*) npn Rm II$_{24}$ Prest$_{1}$ D. I. II 484_{47}, *þessarra* gpl II 470_{9}; — *es* rel. Rm I$_{4}$ ofl., elles *er* (ogso *ær*); um yvergangen *s* > *r* sjaa ovanf. s. 111; *sem* rel. (ofte), ogso *svm* Sæm$_{5}$; *huer* npn rel. (= *sem*) D. I. II 484_{43}, *huerer* npm (= *sem*) II 484_{79}, *huilikt* rel. II 484_{7}; — *nockuot* II 415_{14} *noccot* Sæm$_{4}$, *nacvera* gpl Prest$_{1}$ *nockora* apm D. I. II 484_{34} *nockorum* ibid.$_{56}$. — *enge* nsm Rm I$_{7}$ *einge* D. I. II 484_{27} *aunga* apm II 523_{3} *ecce* n. Sæm$_{20}$. Merkeleg er *enu* i *Olafs Messo enu sidarri* asg D. I. II 474_{15} (1340), der *enu* — um det ikkje er misskrift — er lint bøygt, anten styrt av eit undermeint *þá*, eller framvakse som ei nyform liksom i rygsk (sjaa Rygjam. s. 29 oflg.); brevet er elles norsklita og hev millom anna *mer*$_{7}$ pron. for *vér*.

d. Talord. Umfram vanlege former som *tuau, fim, siau* er nemnande *þrim* dpl D. I. II 417_{10} *ellefu* II 523_{9} *tottogu* Rm I$_{2}$ II$_{19}$ *tutaugu* D. I. II 523_{8} *þrírtigir* npl II 397_{4} *fiorer tiger* npl II 470_{18} *fiora tigu* apl II 484_{28} *sextigi* apl II 466_{11} *þushundrað* II 397_{4}.

e. Verb. Uregelrette former som *atti ek* II 523_{8} ofl. er umrødde s. 133 — *seger ek* II 207_{6} for *segi ek* maa vera norsk; korkje i gamall eller ny islandsk finn me yvergang fraa 3dje til 1ste pers. form i slike høve. — *fylgde* II 512_{9} er prædikat for *sem* som viser attende til eit neutr. i plur. (*hlunnendum*); her er ein av vegarne til yvergang fraa fleirtalsformer til eintalsformer i verb, som hev havt mykje aa segja i norsk, men ikkje i islandsk.

Av andre former er nemnande: *saam* 1 pi (av *sjá*) II 466_{5} 470_{6} ofl. br., men ogso *saum* II 474_{8} liksom i nyisl. (*sáum*). — *gort* ptc. II 159_{21} 204_{20} 417_{8} 489_{10} ofl. br. *giort* (jfr. nyisl. *gjört*) II 397_{11}, *gort* og *giort* II $484_{21.52}$ *gert* (jfr. nyisl. *gert*) II 466_{15} 470_{16}, *lagit* II 159_{16} *scilit* Sæm$_{20}$ *talet* Rm II$_{29}$ (*talt* ibid.$_{18}$). — *man* 3 sp Sæm$_{7}$ (norsk form), *mun* 3 sp Rm I$_{4}$ *mundu* perf. inf. II 484_{33}.

I dei brevi som hev døme paa refleksive verbalformer, endar dei paa -*z*: *andaþiz* 3 sp Prest$_{32}$ *sciptaz* Sæm$_{25.27}$. *legiaz* D. I. II 159_{18} *fellz* 3 sp (til *fela*) II 170_{1} *abyrgiaz* II 416_{6} *sagdiz* II 466_{10} *gagnaz* II 470_{12} *syndez* ibid.$_{13}$ *kuaz* II 484_{33} *leitaz*$_{34}$ ofl. Undantak er *fynndizst* II 415_{17}, og venteleg *annask* Rm II$_{21}$, der endingi (*sk*?) ikkje lenger er lesande.

f. Adverb. *sva* Sæm$_{12}$ tek til aa avløysast av *suo* D. I. II 204_{15}(1331), som ogso hev *sua*$_{17}$; *ella* (elles) Sæm$_{18}$ *ofarst* ibid.$_{3}$. Adverb samansette av *her* og *þar* med præp. er ikkje sjeldsynte, t. d. *herum* D. I. II 417_{9} 466_{14}

hervm II 204 19 416 8 484 59 *þar af* II 466 9 *þar með* Rm III 31 *þar med* D. I. II 466 8 *þar vm* II 484 21, jfr. *heðan af* II 484 61 *fyr neþan* Rm I 11.

g. Præpositionar. *an* (ɔ: *án*) m. dat. II 484 55; *j hia* D. I. II 416 3 417 3 489 4 512 5, *hea* II 466 4 (nyisl. *hjá*); *millum* II 470 8 484 8 ofl., ogso *millim* II 484 9 og *i meðal* ibid. 43; *or* Rm I 11 ofl. *vr* D. I. II 523 10 (sjaa ovanf. s. 65); um *með* og *við* sjaa ovanf. s. 122; um *fyrir* og *yfir* sjaa s. 95.

h. Konjunktionar. *an* (qvam) Rm I 7, elles *en*; *eða* Sæm 31 II 397 1; *eðr*, *edr* II 416 1 470 1. 12 512 1. *hvart svm* Sæm 5, *hvart sem* ibid. 11; *medr þi at* D. II 159 10; *siþan es* Rm I 6; *til þess at* D. I. II 204 12; *þot* Sæm 26.

Merkn. 644. Av former som i nyisl. vik av fraa det vanlege i det eldste maalet eller av annan grunn er merkande, set eg hit:

a. Substantiv.

Kyn. *tíð* f. som i gamlemaalet; i brev fraa 15. hundr. til deils m.: *allan tid* D. I. V 432 55 (1467) *einn tid* asg VI 318 (1481) jfr. *fra þann tid* IV 682 6 (1443) *fra þan fyrgreinda tid* ibid. 19 *til þessa nęruerande tidh* ibid. 8; *tjörn* f. i gamall og ny islandsk, liksom i vestnorsk og trøndsk.

Sume substantiv hev i nyisl. skift kyn og dermed bøygjing. Nokre mannkynsord i gamlemaalet er no kvendkynsord, soleis *mjöð* (bøygt som *sök*) *nögl* gsg *naglar*, pl. *naglir*, *neglur*, *nöglur*; for *þurðr* m. er det no *þurð* f. (ogso *þurðr* Zoëga); det gamle *ǫrn* m. er no ofte avløyst av *örn* f. (gen. *arnar*, pl. *arnir*). Sume gamle mannkynsord hev vorte inkjekynsord: *blómstur*, *hrúður*, *hungur* (til deils n. ogso i eldre isl.), *klungur*, *stjel* (< *stjölur*), *þorn*. — Av dei gamle *jō*-stomnar (kvendkynsord) hev sume vorte inkjekynsord i eintal, t. d. *ben*, *lyf*, men er i fleirtal kvendkynsord med bøygjing som fyrr (*benjar*, *lyfjar*). For E. isl. *eng* f. er no brukt *engi* n. (som ogso er E. isl.), i pl. *engjar* f.; gamalt *tál* f. hev likeeins vorte inkjekynsord, men er enno kvendkynsord i pl.: *tálar*.

Sume av desse yvergangarne finn me ogso i nyn. paa nokre stader: *nagl* f. Austl. *ben* n. Hall. *lyv* n. Voss, Hard. — *kveld*, *vor*, *sumar*, *haust* er i nyisl. n. liksom i gamlemaalet.

Bøygjing. Nom. sing. av mannkynsord med rot som no endar paa konsonant, hev i regelen endingi *-ur*, t. d. *kambur*, *hundur*, *niður*, *þjófur*, *dagur*, *leikur*, *dalur*, *heimur*, *munnur*, *toppur*, *hestur*, *bátur*. Um ymse ord paa *l* og *n* (*hæll*, *ketill*, *steinn*, *aftan*) sjaa ovanf. s. 116.

Um burtfall av nominativsendingi sjaa ovanf. s. 119. Serskilt merkande er burtfallet i *byskup* og sume personnamn som *Magnús*, *Gústav*, *Hinrik*, *Rikarð*, *Gottskálk* ofl., jfr. *godskalk* nsg D. I. V 28 23 (1448) ofl. br.

a-stomnar. *hné* og *tré* hev i gpl: *knjáa* og *trjáa* (E. isl. *triá*); *fé* (*u*-stomn) heiter i gsg sjeldan *fés*, liksom *knés* og *trés*, i nyisl. vanl. som i E. isl. *fjár*; *skór* m. hev i pl. *skór*, *skóa*, *skóm*, *skó*, i gamlemaalet *skúar*, *skúa*, *skóm*, *skúa*. *leikur* m. no ofte i pl. *leikir*, *leikja*, *leikjum*, *leiki*, i E. isl. *leicar*, *leica* osfr.; sameleis hev *dalur*, *hvalur* og *stafur* i pl. *-ir*.

wa-stomnar. Um *snjór* og *sjór* sjaa ovanf. s. 69 oflg.; til *sios ok lanz* D. I. IX 620 (1535).

ja-stomnar. *heyen* n.pl. (høyforraad) D. I. VI 230 19 (1479; transskr. 1480).

ia-stomnar. Mannkynsord som i E. isl. enda paa *-er* i nsg og paa *-es* i gsg, held no paa *-r* i heile bøygjingi: *læknir*, *læknirs* i gen., og dat. *læknir*, npl *læknirar* og *læknarar*, gpl og apl: *læknira* og *læknara*, dpl *læknirum* og *læknurum*; sameleis *hellir*, *hellirs* osfr., pl. *hellrar*; *endir*, *endirs* osfr., men i sume ordelag *enda*: *vera á enda* (vera til endes), og i pl. *endar*,

enda osfr.; *eyrir* heiter i pl. *aurar*; *r* vert med i sms. — ogso stundom i skrift—: *einirber*, *flytirsverk* (hastverksarbeid), *víðirhrísla* (vidervond), jfr. norsk sudvestl. ISVestl. I s. 177; *þyrnir*, *þyrnis*, pl. *þyrnar* synest alltid aa ha halde uppe den gamle bøygjingi (soleis i GBib. HBib.) og gjer det enno.

Dei nye formerne av dette slaget syner seg umkr. 1400, fyrst i norske eller norsk paaverka brev: *þen sakarøyrer* asg D. I. III 403 (1393) *þorærsson* IV 497 15 (1431) *swo hægan sakeyrer* asg IV 551 30 (1432).

I 15. og 16. hundr. er slike former som *læknirs*, *læknarar*, *læknurum* dei vanlege i GBib. HBib. Kyrk. ofl.

wō-stomnar. *dögg* og *lögg* hev gjenge yver til same bøygjing som *i*-stomnar, gsg: *daggar*, *laggar*, npl: *daggir*, *laggir*.

jō-stomnar. Um yvergang fraa fem. til neutr. i eintal, sjaa her ovanfor under Kyn.

iō-stomnar. I staden for -*r* i nom. sing. i ord av dette slaget er der no -*i* (fraa dei andre kasus i eintal): *byrði*, *ermi*, *eyri*, *fylli*, *heiði*, *helgi*, *meri*, *mýri*, *veiði*, *flæði* (og *flæður*, sjeldan), E. isl. *byrþr* osfr. For eldre *øx* heiter det no *öxi*,[1] gsg *axar*, pl. *axir*.

Den gamle *r* i nsg held seg — umfram sumstad i *flæður* — i *brúður* (eig. *i*-stomn) gsg *brúðar*, dat. og akk. *brúður*, pl. *brúðir* jfr. *Brwdur* asg HBib. Esa. 62,4 *reyður* (røyr, ein vatsfisk) gsg *reyðar*, dat. og akk. *reyði*, pl. *reyðar*, sameleis *reyður* (= *reyðarhvalur*); *æður* (ærfugl), akk. og dat. sing. *æður*, pl. *æður*, *æðra*, *æðrum*;[2] det gamle *æðr* (aader) heiter nom. dat. akk. sing. *æð*, gen. *æðar*, pl. *æðar*.

Yvergangen fraa nom. sing. paa -*r* til -*i* finn me gjenomført i *Byrde* HBib. Sal. Ordt. 27,3 Matt. 11,30.

u-stomnar (mannkynsord) hev i nyisl. i akk. pl. -*i* for -*u* (*o*) i det eldre maal: *erni*, *firði*, *syni* (og *sonu*), *velli*, *viði*; for *firði* apl kann ein ogso i maalføri ofte høyra *fjörður*, i b. f. *fjörðurnar* av eldre *fjörðuna*, som hev vorte jamlaga etter *göturnar*; *bálkur* (eldre *bǫlkr*), *blástur*, *bógur* og *þváttur* vert no bøygde som *a*-stomnar; *blástur* hev i dat. sing. *blástri* og *blæstri*; *hǫttr* heiter no *hattur* (jfr. *iarnhatt* asg D. I. VI 201 13, 1479; er mykje eldre: Am 132 fol. Njála fraa fyrste helvti av 14. hundr., utg. 1875 *hattinn* 83 1) og hev fare same vegen; *björn* og *kjölur* hev i gen. sing. *björns* og *kjöls* (jfr. *helgi biornsson* D. I. IV 600 26, 1409), og i dat. sing. hev det sistnemnde ordet *kjöl*. For eldre *kǫkkr*, *mǫlr* (mol, mott), *svǫppr* hev nyisl. *kekkur*, *melur*, *sveppur*, i gen. sing. *kekks*, *mels*, *svepps*, anten etter dei gamle former i bøygjingsmynstret med *e* i fyrste stavingi (*kekki* dsg, *kekkir* npl) eller med vanleg islandsk yvergang fraa *ö* (*kökkur*, som det ogso heiter) til *e*; for eldre *stjǫlr* (vele paa fugl) er no sagt *stjel* n.

an-stomnar. Det gamle *lé* (ljaa), i gen. *ljá* osfr., heiter no i eintal: *ljár*, *ljás*, i dat. og akk. *ljá*; i pl. *ljáir*, *ljáa*, *ljáum*, *ljái*, jfr. *liair* D. I. V 497 17 (1470). Av ord som *bryti*, *steði*, *vili*, som i g.norsk utanfor nom. sing. hadde *j* (kons. *i*) framfor endingsvokalarne, *brytja* osfr., hev nokre i nyisl. *j* i alle kasus, medan andre skyt ut *j* allstad, soleis nom. sing. *steðji*, *vilji*, gen. *steðja*, *vilja* osfr., men *bryti*, gen. *bryta* osfr.; *farþegi* (utt. *farþeiji*) fær i gen. i skrift *farþega*, men det vert ofte sagt *farþeija*, til deils skrive *farþegja*. — Innskotet av *j* i nom. sing. finn me allereide i det 16. hundr. *vilie* nsg GBib. (Fadervaaret). — *uxi* vert no bøygt regelrett som *hani*. — Av ord

---

[1] *öx* Móðurm. 83 gr.; *öxi* Zoëga; her som ofte elles samsvarar ikkje upplysningarne um nyisl. hjaa den eine lærde islendingen med upplysningarne hjaa den andre.

[2] Móðurm. 88 gr.; Zoëga: *æður*, -*ar*, akk. og dat. *æði*, pl. *æðar*, *æða*, *æðum*.

med endingi *a* for *i* i nom. sing. hev nyisl. *herra* og *séra* (ogso skrive *síra*, sjaa ovanf. s. 98) og dessutan mannsnamnet *Jósúa* (Dala s.) med *-a* i alle kasus.[1]

ōn-stomnar. I ord som i gamlemaalet hev *v* framfor endingi, t. d. *slǫngva, vǫlva,* vert *v* i nyisl. anten halden i alle kasus eller burtkasta i alle; i siste høve er stomnvokalen utan *u*-ljodbrigde i nom. sing., t. d. nom. sing. *vala* eller *völva,* gen. sing. *völu* ell. *völvu* osfr., *slanga* eller *slöngva,* gen. sing. *slöngu* eller *slöngvu.* — Umfram *kona,* gpl *kvenna,* er ogso brukt *kvinna,* innkome i fyrstningi av 15. hundr., jfr. *kwinnur* (= *eigin-konur*) D. I. III 613 21 (1411; norsk paaverka, hev m. a. *tyrsdagh*).

Av mannsnamn som høyrer hit, hev nyisl. knapt andre enn *Sturla,* som i slutten av 14. hundr. i alle fall til deils gjekk yver til *an*-stomn: *stulli þorgrimsson* D. I. III 398 3 (Blönduhlíð 1392), men i Mannah. (1859) er uppført berre i formi *Sturla.*

īn-stomnar. Sume av desse hev gjenge yver til *ōn*-stomnarne, t. d. *mykja* for eldre *myki* (ogso *mykr*); ein merkar mest yvergangen i samansetningar som *bleyðuskapr* for *bleyðiskapr.*

Einstavings-stomnar. *fótur* og *vetur* hev i gen. sing. *fóts* og *veturs* jamsides med *fótar* og *vetrar*; *fingur* hev berre *fingurs*; i bunde plur. hev *fingur* og *fótur* stundom *fingurnar* og *fæturnar,* jfr. *fjörðurnar* her ovanfor; *nögl* hev skift kyn og bøygjing, sjaa ovanf. under Kyn. Ordet *mánuðr* hev no desse endingar: *-aðar, -uði, -uð,* pl. *-uðir, -aða, -uðum, -uði,* og hev soleis *a* i andre stavingi framfor endingar som byrjar med *a,* men elles *u.* For *maðr* finn me i brevi fraa 15. og 16. hundr. i nom. sing. *mann,* helst i samansetningar som *loghmann* D. I. III 574 (1404) 593 4 (1407) III 623 2 (1412) *radmann j bergwin* III 602 5 (1409) *leikmann* IV 333 3 (1419) *formann* VI 593 33 (1489) *hofudsmann* IX 556 1 (1533), ogso, men sjeldan, usamansett, t. d. *man* V 27 7 (1449) *mann* VI 334 26 (1481); formi hev visst sin grunn i paaverknad fraa norsk, der ho viser seg alt umkring midten av 14. hundr., sjaa ovanf. s. 114.

Av einstavings-stomnar som er kvendkynsord med endingi *-r* i fleirtal i det gamle maal, hev mange no *-ar,* t. d. *greipar, kinnar, kverkar,* og sume hev *-ir,* t. d. *hindir, síldir*; ord som *rönd, stöng, önd* (fuglen and) hev i plur. *rendur, stengur, endur* eller *randir, stangir, andir*; *hnot* hev *hnetur* eller *hnotir,* og av *hnetur* hev vakse fram ei ny eintalsform *hneta* bøygd som *ōn*-stomn; *hönd* hev i nom. sing. b. f. ofte *hendin,* akk. *hendina,* i dat. sing. ofte *hönd* (for E. isl. *hendi*), i plur. ofte *höndur,* og sameleis ofte *tönnur* av *tönn*; *gás,* pl. *gásir,* er no berre brukt med obscøn tyding (genitalia fem.), medan fuglen heiter *gæs,* pl. *gæsir* (ogso *grágæs* for *grágás*); *glóð,* pl. *glóðir* (og *glæður*); *nótt* i gen. sing. og nom. plur. *nætur*; *brún,* pl. *brúnir* eller *brýr* fraa den eldre bundne formi *brýnnar,* teke som *brýrnar.*[2]

Av *r*-stomnarne hev *faðir* og *bróðir* ofte i gen. *föðurs* og *bróðurs,* i bundi form alltid *föðursins*; *bróðir, dóttir, móðir, systir* hev jamnaste i daglegtalen same endingi (*-ir*) baade i dat. og akk. eintal, til deils endaa i blad og innskrifter.[3] Slike former finn me alt i brevi fraa 15. hund., t. d. *faudrs* D. I. IV 485 (1431, norsk eller norsk paaverka brev), *brodurs* V 454 8 (1468) *broder* asg IV 318 9 (1417) *moder* asg ibid. 18. Ogso *-ur* i nom. sing. kann ein stundom høyra, t. d. *móður* for *móðir*; slike former er der merke

[1] For nynorsk *sime* m. (tog) synest nyisl. etter Móðurm. s. 46 og note berre aa hava *síma* n.; Zoëga hev derimot berre *sími* m. (jfr. nyisl. *ritsími* m. telegraf, *talsími* telefon). I gamlemaalet *simi* m. (*uarsimanum* dsg Flat I 395 3) og *síma* n. (jfr. *licsima hvert* Gul. 308 3).

[2] Björn M. Ólsen i Germania XXVII s. 284.

[3] Soleis i ei gravskrift paa Reykjavik kyrkjegard: *Eignaðist með honom eina dóttir.*

etter i gamle brev, t. d. *þorgerdur modur* nsg IV 719 19 (1446) *sigridur þordardottur* nsg V 594 10 (1472) *gvdrvn olafsdottvr* VI 598 10 (1489).

nd-stomnarne vert i nyisl. bøygde soleis, naar dei er brukte som substantiv:

Sg. nom. *gefandi*	Pl. nom. *gefendur*
gen. *gefanda*	gen. *gefenda* (*-anda*)
dat. *gefanda*	dat. *gefendum*
akk. *gefanda*	akk. *gefendur*

I eintal er bøygjingi som i E. isl., i fleirtal var endingarne *-endr*, *-anda*, *-ǫndum*, *-endr*.

bóndi hev i plur. *bændur*, *bænda*, *bændum*, *bændur*; *fjandi* i pl.: *fjendur*, *fjenda* (og *fjanda*), *fjendum* (og *fjöndum*), *fjendur*; *frændi*, i pl. *frændur*, *frænda*, *frændum*, *frændur*.

b. Adjektiv. Um burtfall av *j* og *v* i *ja*- og *wa*-stomnar, sjaa ovanf. s. 120—21; um innskot av *r* framfor *a* i gen. plur. av adjektiv paa *-ll*, sjaa ovanf. s. 123.

r fraa nom. sing. vil stundom fylgja med i andre kasus, t. d. *opinskárir* npm for *opinskáir*, jfr. nyn. *openskor* Tel. Adjektiv paa *-ugur*, *-all*, *-ill* vert samandregne i bøygjingi framfor vokal, t. d. *auðgan* asm av *auðugur* (oftast *auðugan*), *gamlir* npm av *gamall*, *litlir* npm av *lítill*; i sume adjektiv paa *-ugur* er der likevel ingi samandraging, t. d. *holdugur*. I den linne bøygjing endar heile plur. no paa *-u*, t. d. *spöku* dpl, *hinir spökustu* npm. Naar notid particip er adjektivisk, endar ho i nyisl. jamnt paa *-i* i alle kasus, kyn og tal: *dæmandi* indekl. I 15. hundr. er not. ptc. enno mykje bøygd.

Komparativ endar alltid paa *i*, so nær som i neutrum, der endingi er *a*.

Med sume framande adjektiv, innkomne i maalet i 15. hundr., hev islendingen vore likso uppraadd som me og hev til deils late deim staa ubøygde: *edla herra* D. I. VI 355 30 (1491) *frij kost* asm VI 216 19 (1479). Ubøygt er ogso *eigin*: *af sijnu eigin Borde* GBib. Jud. XII.

c. Pronomen.

Personlege pron. og eigedomspronomen. For det gamle *ek* segjer islendingen no *jęg*; i vers, helst etter burtfall av vokalending i ordet fyre, kann ein ogso høyra *ęg*; skrivemaaten er jamnaste *jeg*, men ogso *ég* eller *eg*, sjaa ovanf. s. 84. I brev fraa slutten av 14. hundr. og fraa 15. hundr. kann me ogso finna *egh* D. I. III 405 7 (1393) ofl. br. *ægh* 550, s. 658 8 (umkr. 1401) 521 (1500) *Ick* VII 659 (1504, isl. br.) *æk* III 336 (1386) 521 (1398) ofl. br. *eig* VII 274 (1494) 493 (1500) 521 (1500). *mik* og *þik* (likeins *sik*) hev no vorte *mig*, *þig*, *sig*. Ein hende gong vert slike former i 15. hundr. ogso bruka for dativ: *mic* IV 306 19 (1416) *sigh* 509 16 (1486).

Dei gamle tvotalsformer *við* (*okkur* osfr.) og *þið* (*ykkur* osfr.) vert i talemaalet no jamt bruka for dei gamle fleirtalsformer sameleis som i nynorsk og færøysk.[1] Samanblanding av *vier* og *vit* er der i D. I. VII 638 (1504) VIII 178 (1508); i IX 18 (fraa 1411) er der ogso samanblanding, men dette brevet hev so mykje nyformer at det er ikkje paalitelegt. Dei gamle fleirtalsformer *vér* og *þér* finst berre i skrift, *vér* helst i religiøs og annan høgtidleg stil, t. d. i kongstitelen (*Vér Friðrik*), eller naar bokskrivaren talar om seg sjølv. — *þér* (utt. *þjęr*) i vyrdsam tiltale til framand mann. —

Av dei gamle eigedomspronomen hev *okkarr*, *ykkarr* og *yðarr* falle burt, og i staden for deim vert bruka dei tilsvarande genitivformer av dei person-

[1] Sjaa Sproglige og historiske afhandl. viede Sophus Bugges minde, Kr.ania 1908, s. 216 flg. (*ykkar bókur* s. 216 28 er misprenting for *ykkar bækur*).

lege pronomeni: *okkar, ykkar, yðar,*[1] t. d. *það er húsið okkar; hvar eru bækurnar ykkar? Jeg þekki föður yðar* (eg kjenner far Dykkar). Yvergangen maa ha vore i full gang i slutten av 16. hundr., med di GBib. brukar snart den eine, snart den andre formi, t. d. *ydart Hjarta* Matt. VI, *ydar Synder* ibid.

hann, hans, honum, hann; hún, hennar, henni, hana. For *honum* stend det ofte *hønum* i GBib. HBib. og Kyrk. (alle prenta paa Holar); i brevi fraa 15. hundr. vert skrive *hon* og *hun,* til deils i same brev: D. I. VI 112 (1477, *hon, hvn*).

Det demonstrative pronomen *sá, sú, þat* hev i nom. sing. mask. nokre gonger i brevi fraa fyrstningi av 15. hundr. *þann* (for *sá*), soleis D. I. III 580 21 (1405) IV 318 26 (1417) 468 13 (1430), venteleg etter norsk paaverknad; pronomenet heiter den dag i dag *sá, sú, það* og er bøygt som i gamall tid, men i nom. og akk. plur. neutr. hev det i talen vakse til ein spirantisk *g* (*g*) etter *au*: *þöyg* (i skrift *þau*). Den gamle nom. sing. mask. *sjá* hev vike for det nyisl. *þessi, þeima* for *þessum, þenna* for *þennan* (*þenan* IV 532 19, 1431), *þessa* gpl for *þessara*; sameleis hev *sjá* i nom. sing. fem. vike for nyisl. *þessi, þessar* gsf for *þessarar* (*þessarar* ofte i 15. hundr. t. d. V 508 31, 1470), *-ara* gpl ibid. 4, *þessi* dsf for *þessari*; for *þetta* høyrer ein stundom *þettað*; *þvísa* hev kvorve burt, so dat. sing. neutr. heiter berre *þessu*. *hinn* vert brukt i motsetning til *þessi,* jfr. *annar — annar,* nyn. *ein* (eller *den eine*) — *hin* (eller *den andre*). Um *hinn* som adjekt. artikel sjaa ovanfor s. 52 oflg. *slíkr* vert bøygt som vanlegt adjektiv. *suo ordna* apm V 521 6 (1470) *suo uordnum* V 651 5 (1473); med same tyding finn me i 15. hundr. brukt *svo ordenn* asm D. I. VI 454 8 (1484) *svo wordinn* VI 412 s. 454 26 (1482) *suo uorna* apm VI 408 19 (1482), jfr. nyn. *sovoren*; sameleis ofte i 15. og 16. hundr. *suoddan* ubøygjelegt GBib. Kyrk., ogso *soddan* Kyrk. (dansk). *j suoddan maata* III 552 (1401).

Relative pronomen i nyisl. er *sem,* mest brukt i talen, og *er,* som er mykje brukt i skrift; for *sem* høyrer ein *sým* (< *sum*) i *sýmsję* (skr. *sumsje*) adv. nemleg, til dømes odl. *eð* (< *er,* sjaa ovanfor s. 114) finst no berre i konj. *þar eð* (med di, av di), men var brukt ogso for *er* alt i 14. og 15. hundr. og endaa meir i 16. og 17. hundr., gjerne etter eit demonst.; *þeir eð, hver ed,* men ogso aaleine t. d. *aa benedictus Messo nu et var* D. I. VI 103 3 (1477), osfr. Det gamle *at* raakar me paa endaa i 1481: *firir þan askillnad at þeira uard a mille* VI 411 6. No er det burte. *hver* vert i nyisl. ikkje brukt til rel. pronomen, men enno umkr. 1500 finn me det brukt paa den maaten, t. d. *i hueriu* (sc. *brefe*) *suo stod* VI 194 22 (1479).

Spyrjande pronomen i nyisl. er *hvur* (utt. *hwýr* ell. *hwör*), som hev vakse fram av *hverr,* sjaa ovanf. s. 92; det vert no jamnast skrive *hver* og bøygt som i vanleg g.norsk, men skyt inn *j* framfor *-ir* i nom. plur. mask.: *hverjir* (*huerier* npm D. I. IV 527 49 (1431, Jon Egils.) *huørier* npm Kyrk.). Sjaa ovanf. s. 121. Dette pron. vert i vaar tid i talemaalet brukt baade naar røda er um fleire, og naar det er berre tale um tvo. *huerir* for *huárir* i D. I. III 227 8 (1371; *huorer* 5; brevet er paav. av norsk); *huorn* (= *hvern*) VI s. 726 31 (1490). I det sistnemnde høve brukar dei i skrift *hvor* (regelrett bøygt) av det gamle *hvárr*. Berre i Rangárv. og Árness. skal ein enno kunna høyra *hvor* jamsides med *hvur,* naar det er tale um tvo, men aldri *hvor* um fleire.

[1] Móðurm. 164 gr. fører upp *yðvar, okkar* og *ykkar* med full bøygjing. Finnur Jónsson segjer: „de bruges nu saa godt som aldrig." Omrids af det isl. sprogs formlære, Kbh. 1905, s. 24.

Det g.norske *hveim* dsm av **hvá* finst ikkje i E. isl. Formerne i maskulin av dette pron. synest ha gjenge or bruk i isl. alt i fyrrlitterær tid. I E. isl. finn me berre *hves* gsm (1 gong). I brevi etter 1350 er baade *hveim* og *hvess* (i mask.) ukjende, og sameleis i nyisl., der *hwŷmleiðŷr* adj. (< *hveimleiður*) stend att som eit merke etter dette ordet, brukt som ubunde (indefinit) pron., um det ikkje er laan fraa norsk, sjaa ovanf. s. 87.

hvat heiter no *hvað*, i setningssamanhengen ofte uttala *hwa* eller *kva*: *kva heitɪr ðu*? I staden for *hví* er bruka *því*: *þvi komst ękkɪ*? (skr. *hví komst þú ekki*). Av *hvað* er laga eit nytt adjekt. pronomen *hvaða*, som er ubøygjande: *hwaða maðŷr ęr þętta*? *hwaða dŷr ęr þętta*? — For *hvílíkr* er sagt *þvílíkur*; desse ordi hev daa falle saman liksom *því* og *hví*.

Av ubundne pronomen i nyisl. er nemnande: *hwŷr* (skr. *hver*) *einhwŷr* (skr. *einhver*) *einhwŷr*, *eitt hwŷrt*, med *ein* ubøygt og *hwŷr* bøygt i alle dei andre kasus; *eithvað*, noko; for det eldre *hvorigr* (ingen av baae), framvakse av *hvárgi* (> *hvorgi*) er no brukt *hvorugur* (utt. *hwŷrŷgŷr*), bøygt som vanlegt adj. utan samandregne former; *nokkur*, *nokkur*, *nokkuð*; *neinn*, *nein*, *neitt* (nokon av tvo i setningar med neittande tyding). Det gamle *engi* vert no bøygt soleis (skriftformerne er sette i klombr):

Eintal,	nom.	*eiŋgɪnn* (*enginn*)	*eiŋgɪnn* (*engin*)	*ękkęrt* (*ekkert*)
	gen.	*einskɪs* (*einskis*)	*eiŋgrar*, *öyŋgrar*	*einskɪs*
	dat.	*eiŋgŷm*, *öyŋgŷm*, *-vŷm*	*eiŋgrɪ*, *öyŋgrɪ*	*eiŋgŷ*, *öyŋgŷ*
	akk.	*eiŋgan*	*eiŋga*, *öyŋgva*	*ękkęrt*
		öyŋgvan (*-gan*, sjeld.)		
Fleirtal,	nom.	*eiŋgɪr*, *öyŋgvɪr*	*eiŋgar*, *öyŋgvar*	*eiŋgɪnn* (*engin*)
	gen.	*eiŋgra*, *öyŋgra*		
	dat.	*eiŋgŷm*, *öyŋgŷm*, *öyŋgvŷm*		
	akk.	*eiŋga*, *öyŋgva*	*eiŋgar*, *öyŋgvar*	*eiŋgɪnn*

Formerne med *öng* hev sitt utgangspunkt fraa dei formerne med *u* i endingi (*öngum*, *öngu*) der *ö* er ljodlogrett, og sidan hev vel likskapen med adjektiv som *þröngum*, *þröngvan* osfr. fenge fram *öngvan* osfr. (jfr. *aungre* dsf IV 570 16 1434). *ekkert* synest ha *rt* fraa *hvert*, *eithvert*.

Denne bøygjingi er fraa Fljótsdalsherad paa Austurlandet; der brukar sume folk mest formerne med *eiŋ-*, andre mest med *öyŋ-*. Det gamle *mangɪ* er ikkje lenger i bruk i talemaalet. Av *hvatvetna* er no berre dativ i bruk i ordelaget *í hvívetna*. I *hvortveggja* er *hvor* bøygt og *tveggja* ubøygt; det heiter ogso *hvortveggi*, der *hvor* er bøygt paa vanleg vis og *tveggi* bøygt som lint adjektiv. *annarhvor* (*annarshvors* osfr.). Av det gamle *vetki* finst no berre dativ i ordelaget *meta* (*virða*) *að vettugi*.

Artiklar. Den bundne artikelen framfor adjektiv er fyrr umrødd (**11**). Den etterhengde substantivartikel *-inn*, *-in*, *-ið* sameleis **10 b** δ; her vil me berre leggja til at ord som *hnję*, *trję* i den bundne formi skyt ut *-ɪ-* framfor *-ð*: *hnjęð*, *trjęð* (skrive *hnéð*, *tréð*) og dermed fær ein merkeleg likskap med sume rygske former som er fyrr umrødde (Rygjam. s. 54).

Ubunden artikel er enno ikkje komen i bruk paa Island. Det heiter: *þá kom maður* (ɔ: ein mann) *upp bryggjuna*; *Halla var fríð stúlka*; *skipið rak upp á klett* (ɔ: ein klett). Ved tidnemningar likevel: *Svo var það eitt kvöld*, *það var einn vetur* odl.

d. Talord. I nyisl. *tvö*, skrive *tuꝍ* (< *tvau*) D. I. III 336 23. 26 (1386) sjaa ovanf. s. 87; *tveim* og *tveimur* dpl, *þrem* og *þremur* dpl gjeng jamsides; dette synest alltid ha vore so i islandsk; for *þremur* finn me i slutten av 14. hundr. ogso *þrimr* III 400 (1393) 402 (1393? i same brevet *þremr*)

þrimvr III 320 (1384—85); *tve(i)mum* VI 134 29 (1478). *sjau* hev vorte *sjö* sjaa ovanf. s. 87; den norske (svenske, danske) formi *siu* IV 393 28. *sjautján* heiter *seytján* (og *sautján*), med di den fyrste *j* er burtfallen ved dissimilation. I tali fraa tretti og uppetter hev dei bøygde former med *-tigir* falle burt, og *tíu* (ubøygjelegt) kome i staden: *þrjátíu, fjörutíu, fimtíu, sextíu, sjötíu, áttatíu, níutíu; hundrað, þúsund* f. og n.

Av avvik i radtali er i nyisl. merkande: *þriðji* (*þridie* nsm D. I. V 654 s. 740 20, 1474), *sjötti* (ɔ: *sétti*), *sjöundi* (< *sjaundi*), *áttundi* (i gamle maalet *átti, áttandi, ǫttonde*), *níundi, tíundi, ellefti, tuttugasti, þrítugasti, fer-, fim-, sex-, sjö-, át-, ní-tugasti, hundraðasti, þúsundasti.* — *tvennir, þrennir* og *fernir* er ogso brukte i eintal, *einn* ogso i fleirtal: *einir glófar* (eit par handskar). — *tvisvar* (tvo gonger), ogso *tvisvar sinnum, þrisvar* (tri gonger) — *tvöfaldur* og *þrefaldur.*

e. Verb. I verbalbøygjingi er der i nyisl. ikkje so faa avvik fraa maalet i 13. hundr. Her skal berre nemnast:

Sume sterke verb hev fenge linn bøygjing, anten heilt eller til deils. Soleis *hrinda*, i notid alltid lint (*hrindi*, impf. *hratt* eller *hrinti*); *þverra, -aði; nema, numdi* (ogso sterkt som fyrr); *gala, -aði*, men ogso *gól; mala, -aði* (*mól, malið* berre i Skaft.); *deyja, dó* (eller *deyði*, gldags, jfr. *deyde* 3 si D. I. IV 603 9 (1409) *deyd* sup. VI 134 22 (1448)); *geyja* ikkje i bruk, i alle fall ikkje i Eyfjord, der dei brukar *gelta* i staden; *þvo, þvoði*, impf. konj. *þvæði*, jfr. *þvode sig* 3 si GBib. Jud. XII; for *kaus, kosit* — av *kjósa* — er sagt *kjöri, kjörið*, jfr. *kiori* 3 si D. I. V 57 (1451) VI 192 14 (1479) ofl. br. *kiorit* ptc. V 508 16 (1470) *kiorid* V 489, s. 549 15 (1485).

Av *frjósa* og *kjósa* hev islandsk umfram dei regelrette former i fortid *fraus, frusum* og *kaus, kusum* ell. *kurum*, stundom ogso former som maa vera laga etter fortidsformerne *rera, snera* osfr. av *róa, snúa* (Merkn. 520). Soleis i eldre isl. *freri* 3 si (for *fraus*, og 3 sik for *frysi*), og sameleis *keri køri* 3 si (for *kaus*), *keyri, kiǫri* 3 sik (for *kyri, kysi*), og *keru, køru*, ogso skrive *keyru, kioru* 3 pi (for *kuru, kusu*), sjaa citati hjaa Jón Þorkelss. (St. S B s. 137—140, og s. 262—266). Jfr. former i perf. part. som *frǫrinn* nsm, *frerin* nsf, *frørit* nsn. Denne uregelrette bøygjing synest vera gamall, men i E. isl. finn me av desse formerne berre *frørit, kørinn* og *kørner* umfram *corner* npm, som er regelrett.

Um endingar i verbi er merkande: *a* i 1 pers. sing. hev i alle bøygjingsmynster vorte *i*, so nær som i notid indik. i verb av typen *kasta*, soleis: i præs. konj.: *jeg gefi, telji, dæmi, kasti*; i impf. konj. *jeg gæfi, teldi, dæmdi, kastaði*; i impf. ind. av alle linne verb: *jeg tamdi, dæmdi, kastaði.* I Nordurlandsmaalet (Eyfjord) ogso *jeg kasti.*

I notid konj. 1 pers. plur. hev *-um* (fraa indik.) trengt undan *-im*: *við gefum, teljum, dæmum, köstum*; i impf. konj. hev endingarne *-um, -uð, -u* (fraa indik.) trengt burt *-im, -ið, -i, -i*, t. d. *við gæfum, teldum, dæmdum, köstuðum, þið gæfuð* osfr., jfr. *ættu* 3 pki (av *eiga*) D. I. IV 483 19 (1431) *hefdu* 3 pki VI 282 13 (1480) *þier sevd* IX 348 (1527) *sev* 3 ppk (av *vera*) VI 185 (1479).

Sterke verb med verbalstomn paa *r* eller *s*, t. d. *fara, rísa*, fær i 2 pers. sing. præs. *-ð* (etter *r*) eller *-t* (etter *s*), t. d. *þú ferð, skerð* (av *skera*), *ríst, kýst* (av *kjósa*). Denne *ð*, som er etterstøda etter *ðu, þú*, vert ogso gjerne tillagd linne verb med stomn paa *r* som det gjeng vokal fyre, t. d. *þú berð* (av *berja*) *smyrð* (av *smyrja*) *flýrð* (av *flýja*) *rærð* (av *róa*) *snýrð* (av *snúa*).

2 pers. sing. impf. ind. av sterke verb fær *-st* (for eldre *-t*): *þú gafst, tókst*; men præt. præsentia hev *-t* (*átt, mátt, kannt, skalt* osfr.) so nær som *muna* og *vita*, som hev *manst, veizt.*

Perf. infin. av *munu* og *skulu*, som i gn. heitte *myndu* og *skyldu*, heiter etter *kvaðst* no *mundi* og *skyldi* (*hann kvaðst mundi gera það*), men *myndu* og *skyldu* etter *kváðust* (*þeir kváðust myndu fara*).

Perf. ptc. av verb som *temja* endar no paa *-inn* (i eldre tid paa *-iðr*, *-ðr*): *taminn*, *barinn*, *þakinn*, *varinn* osfr.

Um præs. ptc. sjaa ovanfor under Adjektiv.

Refleksivendingi er i nyisl. *-st*: *finnast*. I E. isl. er endingi *-sk* (*-sc*, *-zc*, *-zk*), som synest ha halde seg i isl. til burtimot 1250. I Sæm. (umkr. 1245) er endingi *-z* (*sciptaz* 25. 27) so ved den tid maa yvergangen i alle fall sumstad vera gjord. Same endingi *-z* finn me ogso i D. I. II 159 (1295). I fyrste mannsalderen av 14. hundr. finn me endingi *-zst*, jfr. II 415 (um 1332; *fynndizst* 17), som sidan ei lang tid frametter skifter med *-st* D. I. III 109 (1360), *-z* og *-zt* III 170 (1363) og 1 gong *-zk* (*eignazk* III 267 28 1377, arkaisme); ein hende gong ogso *-s* (*hlydnas* IV 457 22, 1430). Endaa i fyrstningi av 16. hundr. finn me *-z* og *-zt*. I GBib. HBib. Kyrk. er endingi *-st*, som ho er endaa. I 1 pers. plur. vert no i talemaalet brukt *-ustum* for eldre *-umst*, som held seg i skrift, t. d. *komustum*, *bördustum*, *elskuðustum* (i skrifti: *komumst* osfr.); *m* i *-umst* synest ha falle burt, og *-*ust* hev fenge ny ending *-um*.

Nokre verbalformer kann serskilt nemnast:

vera. Præs. ind. *er*, *ert*, *er*, *erum*, *eruð*, *eru*. Præs. konj. *sje sjert sje*, *sjeum sjeuð sjeu*.

hafa. Præs. ind. *hef* (og *hefi*), *hefur* (*hefir*), *hefur* (*hefir*), *höfum*, *hafið*, *hafa*.

eiga. Præs. ind. *á*, *átt*, *á*, *eigum*, *eigið*, *eiga*.

skulu. Præs. ind. *skal*, *skalt*, *skal*, *skulum*, *-uð*, *-u*. Impf. *skyldi*, ptc. *skulað*.

munu. Præs. ind. *mun*, *munt*, *mun*, *munum*, *-uð*, *-u*. Impf. *mundi*, ptc. *munað*.

kunna. Præs. ind. *kann kant kann*, *kunnum*, *-ið*, *-a*. Impf. *kunni*, ptc. *kunnað*.

gróa, *róa* ofl., impf. *greri* osfr. sjaa s. 39.

Av nye verb fører Björn Hald. upp *þenkia* (i Norig i bruk alt i 14. hundr. D. N. III 344 19 Tunsb. 1365), som er brukt i 15. hundr. paa Isl. (*þænckti* 3 si D. I. IV 533 6, 1432, Jon Egilss.). No fører ordbøkerne berre upp *hugsa*.

f. Adverb. I nyisl. finn me av adverb med endingi *-a*: *heima*, *líka* (ogso; jfr. *líka* Fritzner, og *lika* D. I. VI 447 31, 1483); *gørva* er utdøytt;

med endingi *-að* (<*-at*): *hingað*, *þangað*:

med *-an*: *hjeðan*, *þaðan*, *hvaðan*;

med *-i*: *úti*, *fjærri* (<*fjarri*, sjaa ovanf. s. 43); *nærri*;

-ig, *-eginn*, *-inn*: *einnig* (soleis, ogso), *einneginn*, *einninn*, *þannig*, *þanneginn*, *þanninn*, *hvernig*, *hverninn*, *hinseginn* (paa hin maaten), *báðum megin*, *öðru megin*;

-is: *öldungis*, *umhverfis*;

-la, *-lega*: *ella*, *bráðla*, *bráðlega*; *harðla*, *harðlega*, *síðla*, *varla*;

-na: *hjerna*, *þarna*, *núna*, *svona*, *stórlegana* (jfr. *laugligana* D. I. VI 443 16 1483);

-um: *drjúgum*, *stórum* o. m. fl. (*forðum*<*for þeim*, fyre det ell. den tid).

Andre merkande adverb er: *aldrei* (<*aldreigi*<*aldregi*), *alls*, *alt* (*alt til Íslands*), *annars* (annars, elles), *altjend* (alltid; jfr. nyn. *altien* Berg.?), *alveg* (alldeiles; jfr. nyn. *allveg*, alltid Ndm.), *ávalt*, *burt* (*á*, *í b.*), *burtu* (*á*, *i b.*), ogso *brott*, *endur* (fyrr, atter), *endur og sinnum* (ender og gong, jfr. *ender* hjaa Aasen og Ross), *ei* (<*eigi* ikkje; jfr. *æi* D. I. III 301, 1380; i Norig

alt i Hom.; jfr. *eigh* D. N. I 84$_{24}$, austn. brev, datera Stav. 1296), men det vanlege neittingsadverb er no *ekki* (ogso *eigi*, helst i høgtidleg stil); *hverssvegna* (kvifor); *því* (difor; ogso kvifor), *þó* (do, like vel).

g. Konjunktionar i nyisl. er m. a. *bæði — og*, *eða*, *annaðhvort — eða*, *ef*, *einsog* (liksom), *enda* (og — so, og — endaa), *enda þótt* (endaa um), *né* (eller, etter neittande utsegn i fyrevegen), *hvorki — né* (korkje — eller); *þó að*, *þótt*; *þar eð* (med di).

h. Præpositionar i nyisl. er m. a. *að* (< *at*) alltid m. dat., *án* (gen.), *ásamt* (dat.), *auk* (gen.), *gagnvart* (dat.), *gegn* og *í gegn* (dat.), *handa* (dat.), *hjá* (dat.), *milli*, *millum*, (*á*) *meðal* (gen.), *úr* (dat.), *vegna* (gen.).

i. Interjektionar. *á* (aa, soleis!), *fý*, *fussum fei* (jfr. nyisl. *fussa* v. utt. *fýssa*, segja fy; men sjaa ogso Fritzner), *ha*, *hæ*, *hí*, *hó*, *ojæja* (aa jaja), *húrra*, *ó*, *svei þér* (fy deg; jfr. sud-nyn. *svi* i *svibrent* Ross), *sko* (< *skoða*, sjaa, sko(da)), *tví* (tvi), *þei* (< *þegi*; nyn. ofte *tei* for *teg*); *uss*, *vei mjer* (jøye meg).

18. Syntaktiske merknader.[1]

19. Ordfanget.[1]

Merkn. 645. Av diplomi i D. I. millom 1351 og 1400 er der sume brev, som nærast maa reknast for heilt norske, soleis D. I. III 30 (1353) 36 (1354) 85 (1357) 99 (1359) 111 (1360) 169 (1363) 177 (1365) 179 (1366) 266 (1377) 272 (1378) 403 (1393); i desse brevi er dei islandske sermerki faa mot dei norske, til deils mesta ingi. Sume av brevi er utferda av nordmenn, t. d. III 36 av bispen Orm Aslaksson. Men sume er utferda av islendingar, t. d. III 30 (Am. avskr.) av Einar Havlidason, som her kann ha havt ein norsk klerk til aa skriva; hans eigi rettskrivning er annarleis, som me ser av III 33, skrive med hans eigi hand. I sume brev er norske og islandske sermerke so blanda, at ein nærast kunde kalla maalet islandsk norsk; soleis D. I. III 109 (1360) 174 (1365) 176 (1365) 393 (1392) 507 (1395) 508 (1395) 511 (1396) 542 (1399). I andre brev er maalmerki so blanda at islandsken kann hava eit lite yvertak, medan dei norske emni likevel er so sterke at maalet maa reknast for norsk islandsk; slike brev er daa III 94 (1358) 155 (1363) 197 (1368) 205 (1369) 543 (1399).

I det 15. hundr. fylgjer stormengdi av diplomi den same sermerkte islandske stemneleidi som i slutten av 14. hundr., soleis at skriftmaalet i det store og heile held godt uppe dei gamle former og det gamle ordfanget med faae brigde, og gjev i so maate ikkje mykje etter for paaverknaden utanfraa. At der hev vore slik paaverknad syner seg klaart nok. Der er ikkje so faa brev som vik sterkt av fraa dei vanlege i maalvegen. Me meiner ikkje her slike brev eller dokument, som vel er upptekne i det islandske diplomatarium, for di dei meir eller mindre beinveges vedkjem Island, men som er skrivne t. d. i Norig av nordmenn. Me meiner berre brev som er skrivne paa Island eller av islendingar. Sume brev er paa heimenorsk maal (millomnorsk), til deils paaverka av svensk; til desse kann reknast D. I. III 629 (1414) IV 336 (1420; utf. „j westmanna øyum)“ 344 (1420; merk: *at somera(!) nv næst komande*) 366 (1423) 682 (1443) 735 (1447) 767—770 (1448) 771 (1448) V 153 (1458) V 430 (1467) ofl. Sers merkande er V 153, dat. Videveller 12. juli 1458 og utferda av tvo officiales og 28 prestar nord i landet, som alle synest vera islendingar. Brevet vedkjem valet av Olav Ragnvaldsson til bisp. Det er paa godt og greidt millomnorsk maal. Av

---

[1] [Stykki **18** og **19** er ikkje utarbeidde i manuskriptet.]

islandske sermerke er der ikkje andre enn at pron. *vaar* er skrive med *o* (*wors, worn, worer*) nokre gonger, medan det andre gonger er skrive med *a* (*warre, war*), og so er *biskupsdømi*, som eit par gonger er skrive med *ø*, 1 gong skrive med *æ*. Dessutan er der eit svensk merke: *warit* ptc. (av *vera*) 1 gong for *werit* 3 g. Elles er sermerki i brevet norske. Mogelegt er det ein norsk klerk som hev skrive det. Sume brev hev ein norsk svip, men med so mykje innskot av islandsk at ein helst maa kalla maalet eit slag islandsk norsk; til slike brev kunde ein rekna IV 609 (1437; utferda av Godsvin, bisp i Skaalholt, men utvilsamt skrive av ein norsk klerk, endaa brevet hev *hl* og *hr*: *hlydhni, hreinlifrar*) V 35 (1449) 36 (1449) 39 (1450) 40 (1450) 60 (um 1450) 80 (1452) 85 (1452) ofl. br. Noko paaverka av svensk er islandsken i IV 733 (1446), litt mindre i 743 (1447). Nærast svensk maa vel maalet kallast i IV 341 (1420; brev fraa altinget til kong Eirik av Pommern) og 342 (1420; brev fraa bispen Jon paa Holar til den same Eirik), som synest ha havt same skrivar, som vel kann ha vore nordmann, um det ogso er han som hev skrive IV 362 (1422).

Eit slags svensk paaverka islandsk-norsk (jfr. birgittinarmaalet) kunde ein kalla maalet i hyllingsbrevet fraa islendingarne til kong Eirik av Pommern, D. I. IV 330, datera Tingveller (*a þinghuælli* (!)) 1. juli 1419. Her finn me former fraa alle desse tri maali: *swærikis*$_{4}$ *Danmarcks*$_{4}$ *troo*$_{7}$ *ij holden*$_{15}$ *hit*$_{18}$ adv. *lagh*$_{15}$ (lex) *til oss*$_{18}$ *star*$_{27}$ 3 sp *troskapar*$_{32}$ *bidium wij*$_{14}$; *hlydskyldu*$_{12}$ *hrafnsson*$_{46}$ (men *Rafn*$_{36}$ og *hrunolfson*$_{38}$ (!) *scrifit*$_{28}$ *wij mættum*$_{28}$ 1 pki (av *mega*) *worer*$_{11}$ pron. *fatæka*$_{22}$; *þenostu*$_{6}$ *þænorum*$_{10}$ *latir*$_{15}$ 2 pp *wordit*$_{24}$ *hirdmann*$_{35}$ nsg *Rafn*$_{36}$ *rettarbeøtr*$_{20}$ *wæra*$_{9}$ inf. *wærda*$_{15}$ *æi* adv. og i det heile eit mykje sterkt *æ*-bruk. Millom dei mange underskrivarar finn me ogso namnet *jon Egillsson*. I IV 340 (1420; utf. av Arne Olavsson, biskop i Skaalholt, *hia westenskogh kirkiu j lalande*) leikar ogso dansk inn saman med svensk, norsk og islandsk, so me finn former som *meghet, þryþusande, wer hafom, Wij widergaungom, ein god man*, infinitiv paa *e* og *a* (utan regel) osfr.

Brevi fraa dei islandske bispesæti syner at skrivarane til deils hev vore nordmenn, men oftast islendingar, som det skal verta nøgjare paavist nedanfor i Umskodingi. Eg vil likevel alt her gjera merksam paa, at det er ikkje alltid lett aa avgjera nationalitetsspursmaalet. For maalføri sumstad i Norig og paa Island ligg i det 14. og jamvel ei tid i det 15. hundradaaret endaa so nær kvarandre, at dersom der i dei stutte skriftstykke ikkje er paalitelege sermerke, eller dersom sermerki for kvart maal ved paaverknad innbyrdes er noko samanblanda, er det mesta uraad aa kunna segja med vissa, um skrivaren er islending eller nordmann.

Merkn. 646. Sers merkelegt er maalet hjaa Jon Egilsson, som var notarius publicus hjaa Jon Viljalmsson paa Holar fraa 1429 til 1434. Me finn handi hans i ei mengd med brev, baade i upphavsbrev og i Jon Viljalmssons brevbok, prenta i D. I. IV no. 412, 413, 416—445, 447—464, 466—479, 484—499, 501, 503, 508, 509, 511—521, 525—529, 533—542, 545, 549—551, 553, 554, 556, 557, 560, 561, 585. Jon Egilssons maal og rettskrivning er lett kjenneleg, og merkeleg ved si blanding av heimenorske og islandske former.

(**1**) *u*-ljodbrigdet av *a* framfor halden *u* maa segjast vera regelen, men der er ofte ikkje-ljodbrigda former som skifter med ljodbrigda; soleis *allu, allum* (IV 518, elles *ollum*) *allungis* (soleis stødt) *fadur, fastum, ver hafum, handum, jardu, kallom* 1 pp, *karllom, krafdum* 1 pi *krafdu* 3 pi, *sannom, oskaddu, stadugt, jarnhattom, panssarom* ofl.; mesta alltid *-adum, -andum*

odl. *nerverandum, komandum, kalladom, ændhadum, lofado* 3 pi; ogso *heilago, mildastu, manado* osfr. *þack* asg 417_{29}. Oftast *-an* i kvendkynsord som *blessan, fangan* (strid? IV 541_{14}), *hindran, linan, lofuan, quittan, afsakan, skipan, skodan, forsoman* ofl., men oftast *-on* i *quittonarbref* t. d. IV 454, 538, 560 (*quittanar-* 454, 478), og sameleis *talmon, trægdon* (IV 464_{30}), *ombon, fordiarfuonar* gsg.

(**2**) For *vá* er tidast skrive *vo*: *vorum* 1 pi *voru* 3 pi (av *vera*) *wottr* m. *vondir* adj. npm; men stundom *va*: *wattr* m. *vandum* adj. dpl (ɔ: *vándum*) *wauæifligr, uar domr, varum* pron. dpl. ofl.

(**3**) *e* og *æ* er brukt um kvartanna baade for upphavleg stutt *e*, for lang *e* (*é*), for ljodbrigdet av *a*, for ljodbrigdet av *á*: *sæm* og *sem, ek* og *æk, mer* og *mær* pron. dsg; *æfter* og *efter, ner* og *nær;*

(**5**) dessutan vert *æ* (sjeldan *e*) brukt for ljodbrigdet av *ó*: *bækr, dæma* v. *gædum, sækia, hegenda* gpl (IV 417). Med di *æ* mykje ofte er endingsvokal til bytes med *i* eller *e* (stundom, men sjeldan, ogso med *a*), er der eit stort *æ*-bruk i desse brevi.

(**6**) *þann, þat, þadan, þangat,* so nær som *þænn* 430_{8}; *þægat* 468_{10}.

(**7**) Det privative præfiks er oftast *ó-*, t. d. *olydnæ* 496, sjeldan *u-*, t. d. *wlydnæ* 511_{45}; *ó-* er uppt. fraa 34 br., *ú-* fraa 5 br., medan 6 br. hev baade *ó-* og *ú*.

(**8**) Halvljoden er *u* (*peturs*), 1 gong *o* (*olafuor* 533_{18}), sjeldan *e* (*eder* konj. 429_{11}, *tilkrafder* nsm? 499_{15}); *hæidarlig-* 460_{4} ofl. br., nyisl. *heiðarlegur*, men *heiður* Zoëga, *heidurlegr* og *heidr* Haldors.

(**9**) *æ* er ogso mykje nytta i tviljodarne: *æi*, som skifter med *ei* og i sume brev er det vanlegaste (t. d. IV 468, der berre *þeim* hev *ei*), og *æy*, som skifter med *ey*: *hæilag-* og *heilag-*, *þeirra* og *þæirra, hæyra* og *heyra.* For *ey* finn me ogso *eøi* i *eøiulfsson* IV 462_{22} (jfr. skrivemaatar som *heøyra, Wikeøyia* i D. N. I 516, Bergen 1389), og *oy* i *troystum* 1 pp IV 417, jfr. ogso *deødhi* 3 si (for *deøidhi*? jfr. *deydi* 525_{16}) 413 s. 374_{36} *geøma* 426, og sameleis dei samandregne former *gøma* 426, *glømst* 441_{21} (*glæmt* 425) og *høra* 425, 456, 518_{63}, som for resten kunde vera innkome ved paaverknad fraa svensk gjenom norsk, liksom kanskje ogso *græn* (for *græin*) 518_{51} *lækum* (*lærdum sem lækum*) 518_{52} og *skrædar* gsg 516_{18} (= *skræidar* ibid. $_{18}$); at der hev vore innverknad fraa den sida, syner *troor* adj. 493_{3} *wer troom* 517_{19} ofl. st. for det vanlege *trú-*, som ogso brevi hev. *au* er skriven soleis; men *laun* (nyn. avvikande *løn* f.) er skrive *læyn* IV 440_{8}, 449, 473 ofl. br., som er norsk skrivemaate av islandsk uttale; jfr. elles *seymiligur* adj. (for *søımiligr*) 413, s. 378_{11}.

(**10**) Den palatale endingsvokal er *i*, som skifter med *e* og *æ*. Nokon fast regel for skiftet er der ikkje; men *æ* og *e* vil helst syna seg naar stavingi fyre hev ein av dei indre laage vokalar *a, á, o*, medan *i* helst er brukt naar stavingi fyreaat hev ein høg vokal: *u, i, y,* gjerne ogso *æ* (*dæmis*); perf. ptc. n. endar helst paa *-it*. *u* og *o* skifter ogso, men meir regellaust; *-um* er vanlegare enn *-om*; *o* er elles mykje brukt naar det gjeng *i* fyre: *pino, finnom.* Alltid *-ligr* og *-liga*; sameleis *i* i *migh* (ogso *mik*) *þigh* (ogso *þik*) og *sigh* (ogso *sik*).

(**11**) Adjektivartikelen er *hinn*, ogso *enn* (*ens, æns, ænom, et*).

(**12**) Dental spirant i framljod *þ*, i mannsnamn stundom *th* etter latin: *thorbiarnarsonar* 440_{3} *thomasæ* 486_{6}, *thorgerdar* 435 B $_{4}$ (jfr. *thorgerda* i den upphavlege latinske tekst 435 A $_{4}$) og elles *d, dh* og *th*: *þorsdagen, vidh* prp. *med* prp. *ath* konj. *rath* (ɔ: *ráð*) 494_{4}, *heyrdom, fursagdr.*

(**13**) *fn* i ord som *Rafnn, stæfnir, stæfndi* (*optnæmdum* 525); mykje ofte *nfn*: *nænfna* 527 *ianfnan* ibid. *stænfna, ænfni,* osfr.

(14) Guttural spirant er ofte skriven *gh*, t. d. *dagh*.

(15) *pt* og *ft* skifter: oftast *efter*.

(16 a) *e* og *i* skifter i *gifua*, ogso *gefa* og *gæfua*, *gifit* og *gefit*;

(b) *o* i *oxar*, *fontr*, medan *klockur* skiftest med *kluckur*; *or* prp.; *jo* og *jú* skifter i *jol* (vanlegast t. d. 438) og *iul* 479$_{2}$;

(c) frumnord. *aiw* til *io* i *sliolæika* asg 442$_{25}$ *siofuarborgh* 553$_{9}$ (i yverskrifti med same(?) hand *siogarborg*, jfr. *siogarhusin* D. N. I 518$_{3}$, Bergen 1389);

(d) oftast *-ende* i ord som *hegenda* gpl 417, *Rangendi* 511$_{48}$ *Rættendum* 417$_{25}$ *sannenda* gpl 515 ofl. br., ogso *sanænnda*, *sanenda*, *sanænda*, *sanændha*, og ikkje sjeldan *sanninda*, t. d. 422, 427; adjektiv paa *-óttr*: *kringlott* n. 425$_{16}$; adjektiv paa *-igr* og *-ugr*, t. d. *kunnikt* (ofte; *kunnukt* 503$_{2}$) *viliugt* 434$_{10. 11}$.

(e) Ljodbrotet er gjenomført paa vanleg vis, men merkande er: *berghulfr* 413 s. 379, *bergulfs-* 437$_{3}$ ofl. br., ogso *biorghulfs-* 491$_{3}$, XII *fiordonga smør* 449$_{8}$, XII *ferdonga smør* ibid.$_{6}$; *stadarspell* npl 509 XI$_{9. 10}$, *spioll* (tap) npl 509 XV$_{7}$.

(f) Vokalen er lengd framfor *lf*, *lg* osfr.: *halfu*, *talmon* 464. Etter vokal vert stundom *i* innskoten, naar endingi inneheld *i*: *leiget* (< *legit*) ptc. 419$_{6}$.

(h) For gn. *mǫguleg-* hev desse brevi *mogulig-* 491$_{28}$, men ogso *møgilig-* 426 (jfr. msvensk *mögheliker*), og dette er sumstad skrive *meygilig-* 442$_{28}$ 456$_{10}$, der *ey* kann synest repræsentera uttalen *öy* eller *öi*, jfr. sv. *möjlig*. Men *ey* vert i brevi her ofte brukt for open *ø*, t. d. *eyfræholaa* apl 464$_{23}$ *evl* n. 469$_{11}$ (ogso *aul* ibid.$_{5}$) *Reyckr* 3 sp 503$_{31}$ *smeyr* 471$_{22}$ ofl. br., ogso skrive *smør* 449$_{6. 8}$ ofl. br.

Mykje ofte vert *i* til *y* framfor *rð*, t. d. *-fyrdæ* dsg (*eyiafyrdæ*, *skagafyrdi* osfr.) 541$_{19}$ 474 ofl. br. *væstfyrdinga* 473$_{9}$ *hyrdstiora* dsg 518$_{35}$ *hyrdingia* 456$_{6}$ *wyrde* 3 si 512$_{30}$ osfr.; uvanlegt er *worttligt* (*traust*) 518$_{7}$, kanskje for *vörktligt* til *virkt* f. jfr. *vörtale* Sogn, og sjaa *vyrktalege* adv. Ross; framfor *lf* og *ls* vert *i* til *y* i *sylfrs* 533 ofl.; *þorgyls* 488.

y til *i* i ljodlinn staving i *firir*, ogso *firær*; men oftast *y* i *yfer*, *yfuer*, og alltid *hærbyrgi*, t. d. 492$_{14}$.

Endingsvokalen *a* held seg mesta alltid; av undantak er berre uppteikna *minnræ* komp. n. 494$_{9}$ *manadædægi* 501$_{13}$ (jfr. *manadhadagh* ibid.$_{22}$) *æuenligæn* asm 491$_{22}$ *nerværendæ* dsn 452$_{13}$.

(i) Um konsonanttilstandet skal serleg nemnast umfram det som ovanfor er umrødt, at *hl* og *hr* er mykje vanlegt, t. d. *hlaupit* ptc. 496$_{15}$ *hlut* 421 ofl. br., alltid *hr* i *hross*, *hrossum*, *hris*; men mykje ofte er der ikkje *h*, t. d. *laupa* 497$_{48}$ *lypi* 3 sik 521$_{14}$, *lunnendum* dpl (alltid utan *h*), *lut*, *luter*, *lutæ* osfr. oftast utan *h*, t. d. 443$_{7}$, 413, 476, 549 ofl. br. *lydnæ* 456$_{7}$ ofl. br. (*vhlydnæ* 445$_{30}$ *hlydnazst* 511); *Rafn*, *Rafnn* 461 ofl. br., men *hrafnagili* 413$_{32}$ *ringar* pl. 413; *hn* finn me berre i *hnæ* 445$_{20}$ (< *kne*); *h* er burtfallen i *pals ættens* (ɔ: *heitins*) 533$_{5}$, jfr. nyn. *eiten* Tel. med same tyding.

Rangt bruk av *h* er der i *hrunolfr* 413, s. 378, *hrunolfsson* 413, 541 (*runolfr* 413 s. 379 *runolfsson* 553$_{3}$) ogso i *hiorundardotter* 495$_{7}$ (*jorundar-* 486$_{6}$ ofl.).

(j) Etter vokal i ljodlinn staving hev *r* tilhug til aa falla burt: *jons biarnasonar* (ɔ: *Biarnar-*) 413, s. 373$_{2}$, *bardasyni* (< *Bárðar-*) 537$_{20}$ *laugadagen* 412$_{4}$ *suarfadadaal* (< *Svarfaðar-*) 460$_{5}$ ofl. br. *vorar nadæ* (ɔ: *náðir*) 503$_{39}$ *landskyldæ* (<*-skyldir*) apl 458$_{10}$ *sexiighæ* npl 541$_{26}$ *fulla saker* 444$_{12}$;

(k) villrædet hev ført til aa setja attaat ein rang *r* i *fulluligar* adv. pos. 503$_{40}$ *skylldughar* asf 412$_{13}$ (jfr. ibid.$_{12}$) *serligar* 431$_{7}$ *alla þa peningar* apl 525$_{12}$. Sameleis hev *t* falle burt i *talme* 2 ppk 435 B$_{11}$ (misskrift?).

(1) Til serskap ved rettskrivningi maa reknast ein viss hug til aa setja *tt* eller *dt* for *t*, naar ein konsonant gjeng fyre, t. d. *fimtta, ræntto, giortt, stortt, uortt, hafdt, feldt, heyrdt, sagdt, stæfndt*; merk ogso den fyrrnemnde skrivemaaten *nfn* i *ænfni* osfr. Til same serskapen maa vel reknast, at *i* ofte er burte i andre stavingi av *kirkia* og former derav: *kirka, kirkonæ, kirkonnar* osfr.

(17) Av andre sidor ved maalet i Jon Egilssons brev maa nemnast: *vár, sumar, haust* og *kveld* hev vorte mannkynsord, liksom for det meste i Norig no, so han skriv: *vm varæn* 450 1 (uppt. 4 g) *vm sumaræn* 471 18 *a sumaren* 512 16 *vm haustæn, -en* 471 3 (6 g) *vm qvelden* 521 1; naar det i 451 11 stend *logæn lofar* kunde det synast som *log* var fem. (som i nyn.) sidan prædikatet stend i eintal, men etter neutra i plur. stend prædikatet ofte i sing.; jfr. likevel *logh sægia* 459, s. 418 22 (35).

For *maðr* er i mange samansetn. skrive *mann* i nom. sing.: *loghmann, vmbodzmann* ofl., ogso usamansett: *hann er mann* (*til*) 426. *astridh* nom. 491 7 (vanleg i norsk), men ogso *astridr* ibid. 40.

I *þui flæiro* 494 15 er komp. bøygt som positiv, som stundom i gnorsk. *eydæ* adj. indekl. 509 11.

Jamsides med dei vanlege former *ver, vær* og *wier* i plur. og *vidh, uitt* i dual. finn me ogso det sernorske dual. *mit, mitt* 495 14 536 3 og endaa *mit* for plur. 526 1; *hon* (sjeldan *hun*) hev i akk. *hana*, men ogso *hona* 553 15. Gen. av pers. pron. er stundom brukt for tilsvarande possessivt, t. d. *efter ydar skyldu* 508 28.

Merkande er *þann* nsm (for *sá*) 468 13 492 7, og *þa* (for *þær*) 458 10; *huerier* npm 527 49 *annori* dsf 536 7.

For *tvau* finn me tidt *tau*, t. d. 413, 473, 509, ogso *tuo* 413 s. 374 4 og *tua* (*aar*) 478 3 *ellifuo, ellifti* 413, s. 373 8. 10 (E. isl. og nyisl. *ellefo, -u,* og *ellefte, -ı*) *fiortighæ* (nyn. *fyrti*) 550, s. 514 3; *þræ daga frest* 457 6 for *þriggja daga frest*.

Verb.: *dæydi* 3 si 525 8, *man* 3 sp 529 7 (av *mono*); *viter* 2 pp imper. 417 18; *skulandhi* præs. ptc. nsm (av *skulo*) 456 14, i impf. *skyldi, skildi* og *skuldi, -æ*; *matt* ptc. (av *mega*) 475 16. Formerne for 3 pers. sing. i notid vert i stor mun brukt for 1 pers.: *ek sægir, hefuer, giorer, vitnar* osfr. Refleksiva paa *-zst, -st, -zt* (sjeldan), som kann skifta i same brev, t. d. 458; ovleg sjeldan *-s*: *lydnas* 457 7.

Konjunktionar: *badæ — oc* skifter med *bædi — oc*; *ædr* (oftast), ogso *edr, ædhr, edhr* (og *athur*, 509 VII 11 misskr.?), *æda*, i 429: *edr eder æda*; *fyrsta* (sosnart som) 492 17, i nyn. og nyisl. *fyrst*; *þa* (for *þá er*): *þa þau koma ut* 528 39; *þar til* (= *til þess at*) 416 8 er trøndsk; *en* konj. med den uvanlege tydning „eller" finn me i 527 (4 linor fraa slutten): *firirbiodum wer þeim sacramenta væita en* (ɔ: *eða*) *nokora gudliga skyldu adra*, jfr. 528 (3 lin. fraa slutten). Ein kjem til aa tenkja paa *ęnd* (ogso *ęnde*), som no er brukt med same tydning i Gulen YSogn (fyrr Nhordl.), t. d. *skolde ęg ga* (ɔ: ganga) *ęnde snu att*; i *ęlvinne fòr smaukø*[1] *att à framm ęnd* (ɔ: eller) *jömde sęg onde stainanne*. Um ikkje dette *ęnde* eller *ęnd* er det vanlege vestlandske *ęldè* med *nd* for *ld* (etter paaverknad av *anten*, som gjerne gjeng fyre: *anten — ęlde*), kunde det vel hava samanheng med *en* i dei tvo diplomi.[2]

[18] Av syntaktiske ting er merkande at dativ no og daa liksom i m.norsk er brukt i staden for genitiv: *skilnad kolbeins boduarssonar oc*

---

1 *smaukø* < smaakjødor (smaa-aurar).

2 *ęnde, ęnd* konj. eller, Gulen, er ikkje uppteikna i nokor ordbok. Heller ikkje er det gamle *en* (med same tyding) uppteikna i dei vanlege g.norske ordbøker.

vigdise eriksdottur 474 yverskr. *fulr asakare kirkonar peningum* 431 6 *fullr eftertolomadr ollu þui godzsæ* 438 8–9. *i* med akk. i staden for dat.: *her j landet* 469 8.

til præp. styrer ikkje sjeldan akkusativ: *til greindan herra jon biscup* 491 20 *til sinn systorson* ibid. 26, jfr. 473 17 492 3 *til Romam* 503 20 (jfr. ISVestl. II Tillegg (1935) s. 42) *þat skal standa til vorrar nadh* 458 25. 26.

með er no og daa liksom i vestlandsk nynorsk brukt for *við*: (*skip*) *liggr med kolbæinsaaross j skagafyrdæ* 518 4, *han taladi med hana* 433 19 (jfr. *talaði við hana* 438 8).

Relativt pron. er stundom utelate etter dem. pron. som i nynorsk: *vnder . . vorn dom oc þan ver þar serligar til skipum* 431 7.

Den grammatikalske samanheng er ikkje sjeldan broten eller slept i setningsled som er tilfest med *oc*, t. d. *millum hans oc knut Einarsson* 535 4; *til styrctar, fridar . . . . þeim oc klausturins godzæ oc systonar*(!) *er stadin halda* 417 10. 11. *j mina lut oc mæiri* 476 10.

oc er brukt i staden for *at* framfor infinitiv i setningi: *biscup jon fyrsagdr bæiddi ath sira jon fyrnæfndr skuldæ lofua honum oc gæra hæilagre kirkiu oc honum logh oc rett* 466 10; *þau skulo oc hafua sængh oc kisto . . . . oc haldæ stadræn huorttuægia færdugt* 471, s. 428 20–21. Dette minner um nynorsk, der gn. *at* og *ok* hev falle saman i talen til „aa“, i nyn. skrift *aa* (< *at*), *og* (< *ok*).

Um ordfanget er merkande at det jamsides med dei islandske dagenamni *fimtudagur* og *föstudagur* ogso finst *þorsdagen* 498 24 og *freadagen* 457 16; *keykimæistara* asg 468 17 (1430) (*kækimæistara* gsg 449 8) her for fyrste gong i islandsk (i norske skrifter fyrst umtala i 16. hundr., sjaa Fritzn; nyisl. *kæmeistari* (Zoëga) etter mnt. *kokenmester*). *ofr eins* adv. 521 3. *alt tidh* (ɔ: alltid) adv. 425 7 *altidhliga* d. s. 471 13. *æi* (ikkje) er ikkje sjeldsynt, t. d. 433 24. *æinkanliga* 542 5 ofl. *higat* 461 15 (oftast *hingat*). *blifua i minnæ* (vera i gunst) 443 ofl. br.

Dei brevi som her er umhandla, er alle skrivne millom 1429 og 1434, daa me veit at Jon Egilsson var skrivar hjaa bispen Jon Viljalmsson paa Holar. Men der er i Dip. Isl. nokre brev fraa tidlegare aar, som hev same maal og rettskrivning og difor ogso visst er skrivne av honom. Soleis D. I. IV 357, Am. avskr. av upphavsbrev fraa 8/9 1421 „*j biscups tungom*“ i Árness., utferda av presten Þorkell Gissorarson, Þorualdr Oddzsson og „Jon Egilsson“, leikmenn. Her finn me *friadagha* 6 *mær* 4 for *ver* (jfr. ovanfor *mid* for *vid*). Med dette brevet fylgjer 3 vidissar; ein er prenta D. I. I 92, s. 342 (Bessastad — maaldage fraa 1203) og hev same rettskrivning som hovudbrevet fraa 1421; det same hev den andre, prenta D. I. IV s. 212 9–27, og like eins den tridje, prenta D. I. IV s. 222 1–16. Eit anna upphavsbrev D. I. IV 329, skrive 29/10 1418 i Øxarfjord, utf. av Arne, biskop i Skaalholt, hev ogso same serskapen som alle brevi av Jon Egilsson, berre at me her finn nokre stungne *d*'ar: *guðz warðh, sanninða*. Sameleis er det med D. I. IV 324, upphavsbrev skrive 23/7 1418 i Skaalholt og utf. av bispen Arne; merk: *hyrðstiori, hrunolfsson*(!), *giortt, uortt,* bruket av *æi* og *æy* m. m. Tvilsamt, men ikkje umogelegt er det at ogso D. I. 308 Am. avskr. (Reykholt 13/8 1416, utf. av Arne biskop i Skaalholt) er skrive av Jon Egilsson. Dessverre er upphavsskrifti her burte, so me kann ikkje gjera oss nokor meining um handskrifti.

Som det er paavist gjenom heile denne utgreidingi, er der mange merke etter norsk paaverknad paa islandsk i 14. og 15. hundr. Hjaa Jon Egilsson kjem dette fram paa ein slik maate at ein skulde heller tru at det hev vore ein nordmann som hadde lært aa skriva i Bergen i slutten av 14. hundr., enn ein islending.

§ 57. Samandrag.[1]

For islandsk kann me etter dei upphavlege fornbrevi fraa tidebilet fyre 1350 setja upp desse maalmerke:

1. *u*-ljodbrigde av *a* — ogso framfor halden — *u*: *tiorn* f. *hofum* 1 pp, *ollum* (*aullum*), *staupul* asg, *lǫgmadr*, *vøru*, *skulu*. Sameleis i tristavingsformer med burtfallen *u*: *hundruð*, sjaa s. 24.

E. isl. *iǫrþ* (*iœrþ*, *iorþ*), *hǫfom* (*hœfom*, *hofom*), *ǫllom* (*œllom*, *ollom*), *støpull* (*stopol* asg) — *scolo* (*scǫlo*), *mono* (*muno*, *monu*). — *hundroþ*, *heroþ* (*hierøþ*). — Nyisl. *tjörn*, *höfum*, *öllum*, *stöpul* asg, *lögmaðr*, *vöru*. — *skulu*, *munu*. — *hundruð*, *hjeruð*, *höföld* pl. av *hafald*.

Fraa brevi i dette tidebilet er ikkje uppteikna andre tristavingsformer med halden *u* enn *hiauerandum* ptc. dpl, sjaa s. 22.

E. isl. *heroþom* (*hierøþom*), *siþorsto* npn, *domǫndom*, *kǫlloþo* (*cølloþo*, *colløþo*). — Nyisl. *hjeruðum*, *síðustu*, *dómendum*, *-öndum*, *kölluðu*.

Fraa brevi berre uppteikna kvendkynsord paa *-an* og mannkynsord paa *-aðr*: *skipan*, *manaðe* apl.

E. isl. *-on*, *-oþr*: *skipon*, *fǫgnoþr* (*monoþr*, *mónoþr* apl). — Nyisl. *-un*, *-uður* og *-aður*: *skipun*, *fögnuður* (*fagnaður*).

2. *u*-ljodbrigdet av *á* er ikkje gjenomført, korkje framfor burtfallen eller halden *u*: *an* prp. *asmundr*, *gafu* 3 pi; likevel oftast *o* etter *v*: *vorum* 1 pi av *vera*.

E. isl. hev oftast gjenomført dette ljodbrigdet: *ǫ́n* (*œ́n*, *ón*), *ǫ́st* f. (*œ́st*, *óst*, gen. *ástar*), *nótt* f. (*nott*, gpl *nátta*), *œ́* f., *tœ́* f., *gœ́fo* (*gofo*), *vǫ́ro* (*vóro*, *voro*) 3 pi. — Nyisl. *án*, *ást*, *Ásmundur*, *nótt* (*náttdögg*, *náttarþel*), *á*, *krá* f. (*kró* f. krok i kvi), *sál* f., *tá*, *gáfu*, *voru*.

Yvergangen *vá* til *vo*, paavist i brevi fyrste gong umkr. 1332 (*soluuoda* D. I. II 415 10), og i seinare isl. gjenomført (*þvo*, *vog*), ser nærast ut som eit etterljodbrigde ved *u*.

3. *i*-ljodbrigdet av *a* og upphavleg *e* er oftast skrivne *e*: *senda*, *selr* 3 sp, *ek*, *sem*; upphavleg *é* er sameleis oftast skriven *e*: *bref*, *her*, *fek*, *let*, sjeldan *ie*: *brief*, *liet*, *vier* pron.

E. isl. hev oftast *e* for *i*-ljodbrigdet av *a*: *senda*, *selr*, *elska* (sjeldan med *æ*: *ǽlscar* 3 sp); *e* for upphavleg *e*: *ek* (*ec*; sjeldan *éc* 645), *sem*; *é* og *e* for lang *e*: *her* (og *hér*), *lét* (let), *vér*. — Nyisl. *senda*, *selr*; *jeg*, *sem*; *brjef*, *hjer*, *ljet*, *vjer* (*e* uttala *ę*).

4. [*i*-ljodbrigdet av *á* er oftast skrive *æ* og *ę*.]

5. *i*-ljodbrigdet av *ó* er skrive *æ*, *ę* eller *e*: *bæiar* gsg, *lękr* (løk, bekk), *bendr* (bønder).

E. isl. skil i regelen millom *ǿ* og *ǽ*: *beoiar* (*bøiar*), *løker* npl; for *bœndr* vart sagt *búendr*. — Nyisl. *bæjar*, *lækur*, *bændur*; *æ* er uttala *ai*.

Etterljodbrigde ved *i* (*j*) er der i brevi ikkje døme paa, men berre former som *jarðar*, *frialsliga*.

---

[1] [Etter det gamle manuskriptet. Punkt **1** og **2** i samandraget høver difor ikkje heilt med hovud-utgreidingi.]

Etterljodbrigdet ved *i* (*j*) synest ukjent i E. isl. — I nyisl. er det heller ikkje kjent, um ikkje *fjærri* adv. (= *fjarri*) (Zoëga) for eldre *fjarri* høyrer hit, jfr. ogso *fjærstur* (for *firstr*) superl. jamlaga etter *fjærri*.

6. *þan(n), þat, þar, þagat, þadan.*

E. isl. sameleis, men *þangat* (for *þagat*); dertil kjem *þanneg* (*þannig*). — Nyisl. *þann, það, þar, þangað, þannig.*

7. Privativt præfiks er snart *ó-* og snart *ú-*, men dømi er for faa til aa kunna avgjera spursmaalet. (*ú-* er utan tvil norvagisme.)

E. isl. *ó-*. — Nyisl. *ó-*.

8. Halvljoden er *u*: *klaustursins* 1295, *vetur* m.

E. isl. ingen halvljod. — Nyisl. *u*: *klaustursins, vetur.*

9. Tviljodarne vert skrivne *au* (sjeldan *av*), *ei* (stundom *æi*, fyrste gong 1295, paaverknad fraa norsk), *ey* (stundom *æy*, fyrste gong 1295, som er norsk paaverknad; ein gong *aey*).

E. isl. *au, ei* og *ey*; for *ey* finn me i den allereldste tid til deils *av*, *au, av.* — Nyisl. *au, ei, ey* (utt. *ęi* liksom *ei*).

10. Millom den palatale endingsvokal og vokalen i stavingi fyreaat er der ikkje ljodsamhøve. I sume brev er *i* heilt eller mesta heilt einraadig (t. d. D. I. II 159, 1295), i andre er det *e* som raader (t. d. II 470, 1340), i andre er *e* og *i* brukt um kvarandre. Den gutturale endingsvokal er oftast *u*. Adj. paa *-ligr*.

E. isl. hev sjeldan anna enn *e* og *o* til endingsvokalar (umfram *a*). Adj. paa *-legr*. — Nyisl. kjenner berre *i* og *u* (umfram *a*). Adj. paa *-legur*.

11. Adjektivartikkelen er snart *enn* og snart *hinn* (fyrste gong 1311), men er lite brukt i brevi.

E. isl. mesta alltid *enn* (sjeldan *inn, hinn*). — Nyisl. mesta alltid *hinn* (sjeldan *inn, eð*).

12. Klanglaus dental spirant i fyrstningi av ord er skriven *þ*. Den klangføre er oftast skriven *d*, men skifter til deils med *ð*, sjeldan med *þ*.

E. isl. skriv mesta jamt *þ* ogso for den klangføre spiranten til umkr. 1225 (sjaa Innl. s. 15—16). — Nyisl. skriv *þ* i framljoden, *ð* etter vokalar, etter *f, g* og *r*.

13. *fn* i ord som *jafn, nafn, nefna.*

E. isl. oftast *fn*, stundom *mn* (mest i 645), stundom ogso *mfn*. — Nyisl. hev *fn* i skrift, utt. *b̥n̥* (*bpn*): *nafn*, utt. *nab̥n̥*, *nefna*, utt. *nęb̥na*.

14. Spirantisk *g*, som finst i isl. tale den dag i dag, er skriven *g* i alle brev fyre 1339, daa me for fyrste gong finn *gh* — etter *ng* er elles skrive *h* alt i 1330 — i ord som *løgligha, deghe*, og sameleis i nokre hovudbrev sidan. Men for det meste hev brevi ogso fraa 1330—50 berre *g*.

E. isl. skriv *g* for spirantisk *g* heile 12. hundr.; og sameleis er det i all islandsk gjenom det 13. hundr. ogso. Men i det 14. hundr., helst etter 1350, er *gh* ikkje so lite brukt, og sidan kann me finna det no og daa ogso gjenom heile det 15. hundr. — I nyisl. skriv dei berre *g* for allslag uttale av *g*-ljoden.

15. *pt* er i brevi oftast skrive i ord som *aptr, eptir* osfr.; men me raakar ogso paa *ft.* Uttalen hev venteleg vore klanglaus bilabial spirant. I E. isl. er der sameleis svaging i skrivemaaten av labialen framfor *t.* Me finn *ft, pt, fpt* og endaa *fst.* Den siste skrivemaaten tyder paa ein dialektisk uttale sumstad, medan dei andre vel skriv seg fraa ein bilabial klanglaus uttale, som skrivarane hev vore uppraadde med aa ljodteikna. — Nyisl. hev oftast (ɔ: i dei fleste skrifter) *ft*; men sume skriv *pt.* Naar *p* høyrer til stomnen og *t* til endingi, hev islandsken til alle tider for det meste skrive *pt.*

16. Av einskilde former er merkande fraa hovudbrevi:

nockor- (*nockvot*), *hon* og *hun, honum, gera, aunga* pron. apm (< *enga*), *byscup, mikill* (*mykils* norsk paav.); *hingat, þrim* dpl, *son, fontr*; *guds, klukkor*; *bær* m. (< *bœr*), *or* prp. *Rvnolfr*; *sæ-*; *sannende* (*-inde, -ynde*); *-fell* (ɔ: *fjall*), *Berguin* trøndsk; *half* nsf (d. e. *hálf*), *tálma*; *leingr*; *hlunnendum* (*lutr* norsk paav.), *hnudnes, hrafn* propr. (oftast *Rafn,* norsk paav.); *tallda ek, land*; *vid* pron. (*mid* norsk paav.), *ver, vær, vier* pron. (*mer* norsk paav.).

Fraa E. isl.: *necquer* (*nøcqer, nacquar*), *hón* (*hon*), *hǫ́num, honum*; *gera* (*gøra*), *enga* og *ongva* pron. apm, *biskop, mikell* (dsn: *miklo* og *mycklo*), *þioccr*; *svefn, kycr, kycna, kyquende, kyrr, tysvar*; *framqvǽmþ*; *hingat, þingat, þrimr, bregþr, ifa* v. (i 13. hundr. ofte *efa*); *snemma* (*snimma*); *kona, sonr, fontr, fogl, goll* (*gull*), *oxe, stofn, þocke, hertoge*; *guþ* (*goþ*), *kluckor, buande, numen* ptc.; *bǿr, ór* (*vr, ýr*), *þorolps*; *hógværr, coróna, sótt*; *hiú,* gpl: *hiúna*; *frę́, hræ, miór* (*miár,* skaldekv.: *mær*), *slélegar, snǽr* m., *sę́r* (*seá* asg, *séo* cas. obl.), *-ende* (*-ynde,* sjeldan), *-óttr*; *-fell* (= *fjall*), *berg* og *biarg* (plur. *biǫrg*), *eta* f. (krubba), *keptr* (i fyrstningi av 14. hundr. ogso *kioptr*); *kiot, miol, smior*; *silfr, virþa*; *hálfr, fólc*; *ganga* (sjeldan *gánga*), *gengr*; *hlutr, hnefe, hreinn*; *halda* (ofte *hallda*), *land.*

Fraa nyisl.: *nokkur, hún, honum*; *gera* (*gøra*), *enga* og *öngva*; *biskup, mikill, þykkur, svefn, kvikur, kvikna, kvikindi*; *kyrr, kyrkja* v., *tvisvar*; *framkvæmd, óviðurkvæmilegur*; *hingað, þingad, þrem(ur), bregður, efa* v., *snemma, sili* m. (ein sele); *kona, son(ur), fontur, fugl, gull, uxi, stofn, þokki, hertogi*; *guð, klukkur, bóndi, numinn*; *bær* (< *bœr*), *úr, þórólfur, Runólfur, hógvær, krúna* (men *króna* um pengestykket); *sótt*; *hjú* n., *hjón* n. pl.; *fræ, hræ, mjór, sljór* (og *slær*), *snjór* (*snæblóm* ofl.), *sjór* (*sæ-, sævar-* i smstn., men oftast *sjó-*); *-indi*; *-óttur*; *-fell* = *fjall, berg* og *bjarg,* pl. *björg, Björgvin, spell,* pl. *spjöll*; *jata* f. (krubba), *kjaftur*; *kjöt, mjöl, smjör*; *silfur, virða*; *hálfr, gánga* (og *gaunga*), *gengur* (utt. *geiŋgyr*); *hlutur, hnefi, hreinn*; *halda, land.*

§ 58. Umskoding.

Etter alle dei vigtugaste maalmerki høyrer islandsken til den sudvestlandske greini av norsk maal. Det einaste som kann synast strida mot dette, er at det privative præfiks, som paa islandsk er *ó-*, for regelrett sudvestlandsk er *ú-*. Men som nemnt ovanfor er der gode grunnar til

aa tru, at det for dei tider det her er spursmaal um, hev vore baade *ó*- og *ú*- i sudvestlandsk. At islandsk er eit sudvestlandsk norsk maalføre høver med dei historiske upplysningar me finn i den gamle islandske bokheimen (helst i Landnaamsboki) um dei folki som i tidebilet umkr. 870—930 flutte ut og bygde landet. Me finn fulla namngjevne landnaamsmenn fraa mesta alle fylki i Norig frammed havsida alt fraa Haalogaland til Vestfold, ja endaa sume fraa Valdres, Hallingdal, Telemark og Upplandi. Men mesteparten av deim, som der er full upplysning um, hev vore fraa Sogn, Hordaland, Rogaland og Agder.[1] Um sume — umkr. 10 % — er det sagt at dei kom fraa norskbygderne paa Vesterhavsøyarne og i Irland og Skotland; nokre av deim hev vore utlæge nordmenn, og nokre var halvkeltar eller keltar. Millom innflytjarane er ogso nemnt 5 av svensk ætt. Det segjer seg sjølv at ved denne flutningi kunde folk fraa bygder som i heimlandet laag langt fraa kvarandre, ofte verta grannar i det nye landet, trønder kunde faa fyrder, haalogalendingar kunde faa hordar til grannar. Men der er nøgdi av vitnesburdar um at folk fraa same bygdi i Norig leita seg saman paa Island ogso. Ei mengd med fyrder finn me millom Faksafjord og burt imot Markarfljot paa Sudurlandet; mykje sygner i Breidafjord paa Vesturlandet, i Skagafjord og Eyjafjord paa Nordurlandet, og paa Sudaustlandet; ryger mest paa Nordvestlandet; mykje egder i Tjorsaadalen og Gnúpverjahreppur og Hrunamannahreppur i Árnes-sýsla paa Sudurlandet. Hordar (og vossar) finn me paa alle kantar av landet. Ved denne utflytjingi hev politiske grunnar verka sterkt saman med andre; millom nybyggjarane er der ikkje faa hovdingar, som hev havt med seg huslyd og tenarskap, hev eigna til seg store stykke av øyi, og bytt ut av jordi til skipsmannskap og andre, som vart deira tingmenn, so dei kunde halda uppe den hovdingskapen i det nye landet, som dei maatte sleppa fraa seg i Norig under Harald Haarfagre.

Um maalet paa Island straks etter nybyggjingi hev me ingi upplysningar. Nokon skilnad paa maalet millom innflytjarane fraa dei mange kantar av Norig hev det utvilsamt vore. Men dei sudvestlandske emni i denne blandingi hev vore so yvermegtige at det kann ikkje ha lide mange mannsaldrar, fyrr denne maalgreini hev raadt grunnen aaleine aa kalla med umsyn til ljodverk og formverk, medan ordfanget maa ha fenge rikeleg tillaup og paaverknad fraa dei mange andre norske maalvald.

Umkring 70 aar etter landnaamstidi var enda, vart kristendomen logteken paa Island (aar 1000). Men endaa gjeng det yver hundrad aar, fyrr me fær høyra um uppteikningar paa heimemaalet, og dei eldste upphavsskrifter som hev naatt fram til vaar tid, er fyrsta fraa umkr. 1150—1200. Maalet i desse skrifter (t. d. Lhom og Rm I) er mykje gamaldags og sermerkelegt og so heilstøypt og reint at det kann ikkje vera paaverka i nokon større mun utanfraa. Eit greidt prov paa dette er ogso det, at

[1] P. A. Munch: Det norske Folks Historie I s. 545 ff. Finnur Jónssons litteraturhistorie II s. 187 note.

islandsken endaa gjekk undan den baara som skola burt *h* framfor *l*, *n* og *r* i alle andre germanske spraak. Naar me held den eldste islandsken saman med den eldste sudvestlandsken i Norig (t. d. Hom. III), er det lett aa sjaa at det millom desse er eit einkynde og ein likskap, som ikkje kann anna enn undra, naar me tenkjer paa at desse skriftlege vitnesburdar fyrsta hev vorte til yver 200 aar etter folki skildest i landnaamstidi. Det som tilsaman mest sermerkjer sudvestlandsken i desse fyrste skrifter — *u*-ljodbrigdet framfor halden *u*, vokallengjing framfor *lf* osfr., palatale og gutturale endingsvokalar upaaverka av stavingi i fyrevegen m. m. — kjem til synes i alle sudvestlandske maal etter som dei dukkar upp i skrift, og liver den dag i dag eller hev i alle fall sett merke etter seg paa dei lengst fraaskilde stader utyver dette maalvaldet. Eg kann ingen annan rimeleg grunn finna til dette, enn at desse sermerki maa ha vore til i denne maalgreini — sume kanskje utvaksne, sume, t. d. *u*-ljodbrigdet, i alle fall i knupp — alt i landnaamstidi, og soleis hava sitt fyrste upphav paa det norske Vestland.[1]

At elles maalet i landnaamstidi ikkje hev vore nett like eins som umkr. midten av 12. hundr. er sjølvsagt. Paa landnaamstidi maa t. d. *h* framfor *l*, *n* og *r* ha vore uttala alle stader, kanskje ogso *w* framfor *r*; i præfikset *un-* var venteleg *n* endaa ikkje heilt burtfallen, og heller ikkje *n* i ord som **Ó(n)lafr*.[2] Samandragingar som *Þorkell* for *Þórketill* hev der vore lite av. Me maa tenkja oss at bøygningar som *sunr* nsg, *sonar* gsg, *uksi* nsg, *oksa* gsg, *kona* nsg, *kunu* gsg, *stofa* nsg, *stufu* gsg, endaa hev vore noko vanlege, at *bjóða* i 1 sp hev havt *bióð* (ell. rettare *bióþ*), i 2 sp *býðr*, o. m. dl. Men stemna for maalvokstren hev vore so stødig og sjølvgjevi at endelykten vart den same paa Island og paa Sudvestlandet i Norig.

I fyrrlitterær tid maa endingsvokalarne ha vore *i* og *u* (umfram *a*). Men i den eldste islandsk er den palatale endingsvokalen skriven *e*, og den gutturale skriven *o*: *hage*, *syner* npm, *messo*, *gǫtor* npf. I det 13. hundr. vert det — som det er paavist ovanfor — skrive meir og meir *i* for *e* og *u* for *o*, so den regelrette skrift umkr. 1300 kann segjast vera *i* og *u*: *hagi*, *messu* osfr. Denne svingingi fraa *i* og *u* til *e* og *o*, og sidan paa mindre tid enn eit hundradaar til *i* og *u* atter, som svarar til uttalen paa Island i vaare dagar, er mykje merkeleg i eit konservativt maal som islandsk. I heimenorske maalføre er desse endingsvokalar noko av det som vil standa lengst i maalet, og eg held det difor rimelegast, at dei islandske svingingar i skrifti ikkje er regelrette ljodyvergangar i ei einkyndt maalform, men hev sin grunn i andre umsyn. At grunnen kunde vera ein dialektskilnad i islandsk i det 12. hundr., soleis at ein landslut hadde *e* og *o* i endingar, medan dei andre stader hadde *i* og *u*, er vel ikkje utenkjelegt. Alle dei eldste skrifterne maatte daa vera fraa den landsluten som hadde *e* og *o*,

[1] Sjaa Det norske maalet fyre 1350 s. XVIII i Gamalnorsk ordbok ved Marius Hægstad og Alf Torp.

[2] Sjaa Erik Björkman: Nordische Personennamen in England in alt- und frühmittel-englischer Zeit, Halle 1910 s. 4. (Anlaf).

eller um dei er fraa landsluter med andre endingsvokalar, maatte skrivarane her ha fylgt mynstret *e*, *o* i den fyrste skrifttidi, men i det 13. hundr. ført inn i skrifti sin eigen uttale *i*, *u*, og umkr. 1300 fenge so stort yvertak i bokavlen at alle fylgde deira nye mynster. Mot denne forklaaringi reiser det seg likevel tvo sterke motlegg. For det fyrste peikar tilstandet alle stader i nyislandsk talemaal klaart paa tidlegare *i* og *u*.[1] For det andre er det aa merka at det fyrst er i slike skriftstykke og bøker som syner utvilsam paaverknad av norske (trøndske) skriftteikn, at endingsvokalen *i* og sidan *u* tek til aa visa seg i islandsk so synbert at dei set farge og merke paa maalet. I Reykjaholts maaldage hev t. d. fyrste handi (umkr. 1175) og sameleis den andre (1206) *e* og *o*; dei brukar baae det eldre islandske mest latinske alfabet (*þ* for *ð*, *f* for *ꝼ*).[2] Tridje handi (umkr. 1225) hev *i* og svagar millom *u* og *o*; her er sterk paaverknad av norsk skrift (*ð*, *ꝼ*). Av dei hovudbrevi som er lagde til grunn for denne utgreidingi, er Prestaskrá (umkr. 1226) det eldste som hev regelrett *i*, *u* (med faa undantak); det er ogso — av desse brevi — det eldste som viser norsk paaverknad i skrift (*ð*, *ꝼ*). Av den lista yver islandske handskrifter — skipa etter alderen — som Noreen reknar upp i 4. utg. av grammatiken, s. 9—11, hev alle[3] fraa den eldste tid til umkr. 1200 regelrett *e* og *o*; dei brukar ogso alle det eldre islandske alfabet (*þ* for *ð* og *f* for *ꝼ*). Av skrifterne fraa 1200—1250 er Am. 655 qv. fragm. II det fyrste som hev regelrett *i*, *o*; det hev trøndsk *v* (*ƿ*).[4] Dei bøkerne som Ludv. Larsson hev lagt til grunn for „Ordförrådet i de älsta isl. handskrifterna" hev alle regelrett *e* og *o*; dei brukar ogso alle det latinske alfabet, so nær som at Am. 645 qv. i visse høve hev *ꝼ* (for isl. *f*); og H (15 qv. Stockh.) og Phys. II sumtid *ƿ* (for *v*); men so hev ogso no. 645 ei mengd undantak med *i* for *e* (sume gonger ogso *u* for *o*),[5] og i dei andre tvo er der (i H serleg sume stader) heller ikkje so lite svaging. Rímbegla er millom dei bøkerne som hev regelrett *e* og *o*; berre i eit lite stykke (Larssons utg. s. 7_8—8_6) er der mykje *i* for *e*, men i dette same stykke er der ogso *ƿ* 2 g, medan boki elles berre hev *v*. At denne samstevjing millom nye skriftteikn som vert upptekne i islandsken i fyrst-

[1] Um nokre faa undantak, aa sjaa til, er det tala ovanfor.

[2] Andre hand hev 1 g *ƿ* i *ƿirdo* 25, men sjaa um dette Innl. til vestn. maalf. s. 18, l. 20—22 (*fƿr* i l. 20 i Innl. gjeng ut, for hds. hev her etter Kaalunds lesnad *fvr*). Andre handi hev elles berre tvo ord til som byrjar med denne konsonanten; det eine er *vaþmala* 25, det andre er (*ƿa*)x 15, der dei tvo fyrste bokstavar er uleselege. Facs. i Pal. Atl. 44—45 synest hava *v(a)x*.

[3] Undantak nr. 5 „Eine Teilungsurkunde" i Þingeyrabók Am. 269 a, qv. (umkr. 1200); det hev *i* (*e*) — *u* (*o*), men ogso norsk skrift (*ð*, *ꝼ*), og er utvilsamt skrive etter norsk mynster; sjaa Innl. s. 10—11.

[4] Fragm. I, som ogso hev regelrett *i*, *o* og er endaa meir paaverka av norsk skrift (*ð*, *ƿ*), reknar eg ikkje med, etterdi det er uppført hjaa Noreen som „abschrift nach anor. original".

[5] Etter Ludv. Larsson (Isl. handskriften No. 645 4°, s. XLI, LI, Lund 1885) -*e* 1703, -*i* 1129 gonger, og i det heile i vegtlause stavingar 2568 *e* og 1793 *i* (av -*u* 114 mot 2803 *o*).

ningi av det 13. hundr., og den samtidige ovring av nye endingsvokalar — for det fyrste mest *i* for *e* — skulde vera tilfelleleg, er umogelegt. Provi for samanhengen er for mange og for tydelege til aa kunna gjeva rom for tvil.[1] Same straumen som førde med seg den nye skrifti til Island, hev ogso ført med seg eller verka til umbyte i skrift av dei nemnde endingsvokalar. Men naar dette umbyte vart gjort, var det fulla ogso for di det høvde betre med det islandske talemaalet aa skriva *i* og *u* i endingar enn *e* og *o*, som det torer vera helder tvilsamt at islendingarne nokosinn hev sagt — i alle fall yver nokor større vidd. At den straumen som førde dei nye skriftteikn til Island, er komen fraa Norig, er paavist i Innleiding til vestnorske maalføre.[2] Etter den norske kyrkja hadde fenge sin eigen erkebisp i Nidaros i 1154, vart det sjølvsagt eit sterkare samband millom erkebispestolen der og bispesæti paa Island, og brevskiftet var, som me kann sjaa av ymse dokument (D. Isl. I nr. 38, 40, 41, 53), paa morsmaalet. Brevi fraa erkebispestolen hev utvilsamt vore paa trøndsk, som nytta angelsaksiske skriftteikn og hadde ljodsamhøve (vokalharmoni), so der vart mykje endingar med *i* og *u*. Soleis var der, som me veit, alltid *i* naar det gjekk ein *i* i fyrevegen *(vitni, bindi)*, og *u* naar der gjekk ein *u (snúum, sumum)*; og nettupp i dette høve maa det vel ha vorte klaart for islendingen — dersom han sjølv hadde *i* og *u* i talen — at vokalarne hadde same klangen i baae stavingar, og at det difor var rettast aa bruka same teiknet paa baae stader *(vitni, sumum)*. Der som vokalarne hadde denne stoda, hev umbytet lettast kunna byrja og sidan breidt seg utyver. At der ogso tidleg paa Island hev vore norsk skrift aa sjaa, med mykje *i* og *u*, syner skiftebrevet um Spákonuarfr, D. I. I 80, umkr. 1200, og slikt kann ha skunda paa umbytet.

Dersom dette er so, vert det ikkje spursmaal um nokor svinging fraa *i* til *e*, og fraa *e* til *i* atter osfr. i sjølve maalet, med di talemaalet mun ha havt *i* i heile tidi. Men spursmaalet vert: Kva er upphavet til s k r i v e m a a t e n *e* og *o* i endingar i den eldste islandsken? Den (eller dei) som fyrst sette upp skriftformi for islandsk — venteleg umkr. 1100 —, kann vel ha gjort det etter slike mynster han saag i andre folkemaal, som var brukte i skrift. Av slike skrivne folkemaal kunde ein lærd islending i slutten av 11. hundr. kjenna tri: angelsaksisk, saksisk og norsk. Angelsaksisken hadde *e* og *o* i endingar; men med di den eldste islandske skrifti ikkje viser nokon paaverknad fra angelsaksisk i skriftteikni (sjaa Innl. t. vestn. maalf., serl. s. 32—33), kann me heller trygt gaa ut fraa, at angelsaksisk ikkje hev havt nokon innverknad paa skrivemaaten av dei umrødde endingsvokalar.

Nærare kunde det liggja aa tru at saksisk hadde havt noko aa gjera med mynstret i denne vegen. Me møter ikkje faa menn med saksisk kultur eller kulturpaaverknad i den fyrste kristendomstidi paa Island. Ein saksisk

[1] Um det finst gamle islandske skriftstykke med berre dei eldre skriftteikn og nye endingsvokalar, hev dei vorte til e t t e r den nye straumen hadde gjort sin verknad paa endingsvokalarne.

[2] [Vid.sk. Selsk. Skr. 1905 II nr. 7.]

bisp Fridrik forkynte kristendomen der i 5 aar fraa 981; den saksiske presten Tangbrand, som hadde vore prest paa Moster i Sunnhordland, var paa Island eit par aar (997—99) og umvende ymse hovdingar, millom deim Gissur kvite paa Skaalholt. Gissur kvite sende sidan Isleiv, son sin, til Saksland (umkr. 1025), der han studera i Herford i Vestfalen. Isleiv vart den fyrste biskopen paa Island (1056—1080). Han heldt i mange aar skule paa Skaalholt. Det same gjorde Gissur, son hans (f. 1042), som ogso hadde studera i Saksland og vart bisp paa Skaalholt etter far sin (1082—1118). Ein saksisk bisp Bernhard den sakslendske reiste fraa Norig 1047 til Island og var der i 20 aar.[1] Me kann her fylgja ein traad millom lærdomsheimen i Saksen og det fremste kristne kulturcentrum paa Island nettupp i nyskapingstidi for skrifti. Visseleg maa lærnaden og samarbeidet mest ha umfata religionen, kyrkjestellet og kyrkjemaalet (latinen); men det er mesta utenkjelegt at eit slikt samband ikkje ogso elles skulde havt nokon innverknad. Det ligg i alle fall nær aa meina at det hev verka mykje til at Island heldt paa det latinske alfabet ogso i morsmaalet til inn i det 13. hundr.; i Saksen var det latinske alfabet det vanlege.

Men i sjølve maalvegen hev tysk eller saksisk ikkje sett mange merke etter seg i islandsk. Me skulde helst venta aa finna slike merke i ordfanget eller i formi av dei framandord som med kristendomen kom inn i maalet. Men dei fleste slike ord er paa Island liksom i Norig av engelsk upphav eller hev ei form som høver beter med engelsk enn med saksisk, t. d. *bleza* v. (ags. *bletsian*); *gangdagar, gangdagavika* (ags. *gangdagas, gangwuce*); *fra hingatcomo christi* 645, s. 41 26 (jfr. ags. *fram Cristes hidercyme*); *hvítasunnudagr* (nord ags. *hwíta sunnandæg*); *hvítr matr* (ags. *hwíte metas*); *imbrodagr* (ags. *ymbren dæg*); *kalkr* (ags. *calic, calc*; gsaks. *kelik*); *klukka* f. (ags. *clugge*, jfr. *clucgan* v. klykkja; den vanlege formi *klokka* er vel paaverka av mnt. *klocke*; i Hall. o. fl. heiter det enno *kłukke*); *kyndelmessa* (ags. *candel-, condelmæsse*); *reykelse* (ags. *récels, rýcels*); *sál* f. (finst ikkje i Ordförr.; ags *sáwl*, gasks. *seola*), *skóle* m. (ags. *scôl*; ght. *scuola*, allstad med tydning skule; gsaks. *scola* f. flokk, men mnt. *schole* f., so dømet kann vera tvilsamt); *tákn* n. teikn (ags. *tâcn*); *vaka* f. i cas. obl. *vǫko*, vigilia, *náttvaka* (ags. *wacu* f. *nihtwacu*; jfr. nyn. *-ok* < *vǫku* i *Jonsok, Olsok*) ofl. Av ord som tvillaust er komne fraa tysk i denne eldste tid er det vandare aa finna døme, men *lesa* (gsaks. *lesen*; ags. *rædan*) og *skrifa* (gsaks. *skriƀan*) maa vera komne denne vegen, venteleg ogso *mustere* og *mustari* n. (mnt. *munster*, ght. *munistri*; jfr. vanleg gnorsk *mysteri*, ags. *mynster*; *mustere* i den sunn-

[1] Denne sida av spursmaalet um grunnarne til at Island og Sudvestlandet i Norig i den eldste skrifttidi nytta det latinske alfabet, er dessverre ikkje umhandla i Innleiding til vestnorske maalføre. — Det er aa merka at Bernhard den sakslendske i 1067 kom attende til Norig og vart den fyrste bispen i Gulatinglag. Han budde fyrst paa Selja og flutte sidan til Bergen, som vart bispesæte. Av bisparne ved dette bispesætet, som sjølvsagt hadde skule til upplæring av prestar, hev alle fram til 1156 — som det synest — vore læresveinar ved denne skulen so nær som Ottar, som var islending.

hordske Thomas saga erkib.). Um *læra* kan der vera tvil; formi kann synast svara beter til ags. *læran* enn til gtysk *lêrean, lêran*, gsaks. *lêrian*, mnt. *lêren*, men *e (ê)* i tysk framfor *r* vil gjerna verta *æ* i nordiske maal (ght. *zeren*, gsaks. *terjan*, sein gn. og nyn. *tæra*; ght. *êrlih*, sein gn. *ærlegr*), so *læra* kunde vel vera fraa tysk.

Um framandordi fraa tysk gjeld det likevel at Island er ikkje aaleine um deim; dei finst i alle norderlendske maal, og er vel difor ogso komne til Island med den hovudstraumen som fraa Norig førde med seg kristendomen til landet. Og denne same straumen fraa Norig er det vel ogso som hev ført med seg det rettskrivningsmynstret, som ligg til grunn for den eldste skriftformi me finn i dei islandske bøker, og dermed ogso til grunn for endingsvokalarne *e* og *o* i skrifti. At der sud i Gulatinglag, i Rogaland og dei ytre bygder sud i Sunnhordland, var eit slikt maalføre, som hev leivt etter seg minneskrift fraa det 12., 13. og 14. hundr., og som enno speglar seg av i maalføri i desse vestlandsbygder med sine endingsvokalar *a, e* og *o*, er fyrr paavist i denne utgreidingi (sjaa Rygjam. s. 115). Fraa ein skule, t. d. ved bispesætet i Stavanger,[1] som hev bygt skriftformi si paa dette maalføret, er det mest likt til at det eldste islandske skriftmynstret me kjenner, hev sitt upphav. At skriftmynstret kom fraa Norig er i samklang med alt som me elles veit um kulturvokstren paa Island i dei tider det her er røda um. Den hovudstraumen som førde den nye tid inn paa Island, kom fraa Norig.

Som me fyrr paa mange stader hev havt tilføre aa visa, hev paaverknad fraa Norig ogso etter det 12. hundr. sett merke etter seg i islandsk skrift, ikkje berre i skriftteikn (Innleiding til vestnorske maalføre), men ogso i ymse skrivemaatar, t. d. *æ* for *e (þæssar, astsæmd), æi* og *æy* (for *ei og ey*), *gh* (for *g*), *d* (for ð), utelating av *h* framfor *l* (*lut*) og *r* (*Rafn*), *ú-* for *ó-* (*vsciptum* 1245, *ubrigdiliga* 1295), ja endaa i ordformer (*Allum* for *Ollum*), *seger ek, setti ek* (for *segi ek, setta ek*), *mid* pron. (for *við*). Paaverknaden viser seg paa lag likso lenge som det i Norig vart skrive norsk maal, eller ut yver midten av 15. hundr. For det meste viser han seg sporadisk, soleis at den egte islandsken gjerne skyggjer igjenom. Paa sjølve talemaalet paa Island synest paaverknaden elles ha vore mykje liten; baade den friske reisning av maalet i det 16. hundr., daa bokmaalet i Norig vart dansk og dermed miste evna til aa verka paa islandsk, og det friskdæmde maalet på Istand den dag i dag er det beste prov paa dette.

[1] Stavanger hadde bisp umkr. 1112, sjaa Oluf Kolsrud: Den norske Kirkes Erkebiskoper og Biskoper indtil Reformationen, Kristiania 1909. At der i denne landsluten fyrr hev vore skule til upplæring av prestar er mykje rimelegt. Alt Tangbrand, som var den fyrste presten paa Moster (995—997), maa ha tenkt paa den sida av missionsarbeidet, og ha sett i gang skule paa Moster.

ANNALES ISLANDORUM REGII

Ei islandsk skrift fraa millomalderen.

Umfram brevriket og dei islandske skrifter som ovanfor hev vore emne for umrøda, hev islendingarne — som aalkjent er — endaa ein stor og verdfull bokheim fraa 13. og 14. hundr. Dei fremste handskrifterne i denne bokheimen er nemnde i Noreens innleiding til Altisl. und altnorw. Grammatik. So forvitnelegt som det kunde vore aa ha gjort ogso nokre av desse til emne for serleg etterrøknad i maalvegen, lyt eg gjeva upp dette ynskje for det fyrste og nøgja meg med ein umtale av maalet i ei handskrift, som eg hev ei onnor meining um enn den som vel enno er den vanlege. Det er Annales Islandorum regii (AnR).

Handskrifti er i Det kgl. bibl. i Kjøph. Gml. sml. no. 2087 qv.[1] Tilvisingarne i denne umrøda er til Buergel Goodwins utg. (Buerg.), som fylgjer handskrifti sida for sida og lina for lina. Facs. i Pal. Atl. I no. 38.

Denne handskrifti fanst umkr. 1640 paa Hólar. Der er mange hender i handskrifti, etter G. Storm 16. Buerg. meiner at 2. handi hjaa Storm er identisk med den fyrste, og hev visst rett i dette; i det heile reknar Buerg. 8 eldre hender og ymse moderne, sjaa Förord til utg. s. 18—21. Hovudhandi, som er den eldste, og som er emnet for umrøda her, sluttar med aaret 1306 og er venteleg ikkje yngre; den yngste handi er (etter Storm) fraa fyrstningi av 17. hundr. Um det er den upphavlege forfattaren av annalarne eller ein annan skrivar me hev fyre oss i hovudhandi, segjer handskrifti inkje um. Finnur Jónsson meiner at boki er forfatta paa Vestlandet paa Island, men at skrivaren „er næppe identisk" med forfattaren.[2]

Rettskrivningi aat hovudhandi i Annales regii er uvanleg stød og fylgjerett, og handskrifti er i so maate eit einka verk i det gamle bokriket.

Med umsyn til skrivemaaten av vokalarne er der gjort skilnad millom stutte og lange, som jamt hev aksent: *a* (*ap*), *á* (*þá*), *e* (upphavl. *e*, *i*-ljod-

---

[1] Av utgaavor er nemnande: Islandske Annaler indtil 1578 ved Gustav Storm, Chra. 1888, s. 79—155; Konungs Annáll, diplomatariskt avtryck, utg. av H. Buergel Goodwin, Uppsala 1906; sjaa ogso meldingi av Emil Olson, Ark. XXVI (1910) s. 87, og Goodwin ibid. s. 334.

[2] Finnur Jónsson: Den oldn. og isl. litteraturs historie, Kbh. 1901, III, s. 74 note.

brigdet av *a*, samandregen *eı*), *é*, *ı*, *í*, *o*, *ó*, *v* (sjeldan *u*), *v́*, *y*, *ý*, *ę́* (*i*-ljodbrigde av *á*), *ǫ* (*u*-ljodbrigdet av *a*), *ǿ* (*i*-ljodbrigdet av *ó*). Med stutt *i* er likevel aa merka, at naar han stend heilt innaat *m* og *n*, fær han aksent, so han kann verta skild ut fraa lengdestriki paa desse bokstavarne, t. d. *ꝩatní* 7 r 8 *víkíng* f. dsg 21 v 47. Naar *i* er versal, er han skriven *J*, *J́*. Dei fallande tviljodar er skrivne *áv*, *éı*, *éy*. Dei stigande tviljodar er jamnast skrivne *ıa*, *ía* (ɔ: *iá*), *ío* (ɔ: *ió*), *ív* (ɔ: *iú*), *ıǫ*, *ꝩa*, *ꝩá*, *ꝩe* osfr. t. d. *Bıarní* 41 r 39 *híalmr* 31 v 12 *ꝼlíota* 23 v 28 *sívkramanna* 36 v 15 *ꝼıǫlðı* 27 r 5 *hꝩamm* 31 v 6 *Sꝩá* 7 v 18 *þꝩerá* 25 v 30; sjaa nedanfor i umrøda av tviljodarne.

Med skrivemaaten av konsonantarne er aa merka at *d* i hdsk. alltid er atthall eller gag (*ð*), *f* er skriven *ꝼ*, og sameleis hev *v* den angelsaksiske formi *ꝩ*. Naar *v* er versal, er han skriven *V* med eit noko større fyrstestrik enn den *v* som er teiknet for *u*.

Til aa syna at ein konsonant er lang, brukar skrivaren anten aa tviskriva bokstaven (*allar*, *fǿddr*), eller aa setja prikk yver (*ġ*, *ṗ*, *ṙ*, *ṫ*, t. d. *Snoṙı*), eller han legg eit vatsrett strik yver (*galn̄*), eller nyttar versalen (*aɴarr*, *þeꜱa*); for *kk* er brukt eit samansett *kc*. Me vil her skriva dubbelkonsonant for alle høve. Der er sume undantak fraa desse reglar, men dei er ikkje rett mange. Sjaa Buerg. s. 22 oflg. og her nedanfor under Ymse konsonanthøve.

1.[1] Med umsyn til *u*-ljodbrigdet av *a* er det alltid gjenomført framfor burtfallen *u* (*v*) i ord som *lǫng* adj. f. 7 r 14 *mǫn* (øyi Man) 36 r 48 *vǫrs* (Voss) 22 r 26 *ǫrn* 26 r 4 *Bıǫrn* 26 r 36 *ıǫrð* 40 v 11; sameleis i fyrste staving, naar det stend *u* (*v*) i næste: *bǫrðvz* 3 pi 33 r 40 *dǫgvm* 36 r 43 *ꝼǫðvr* 26 r 24 *hǫꝼðv* 3 pi 30 v 30 *hǫꝼvð* 21 v 23 *Rǫgnꝩalldr* 25 r 41 *skıǫlldvm* 32 v 14 *ꝩǫkv* 38 v 13 *ǫðrvm* 35 v 36 *Ǫgmvnndr* 26 v 47 *ǫllvm* 38 r 30 *Ǫtzvrr* Mn 25 r 4 osfr. —

I tristavingsformer med *a* i andre stavingi og *u* i siste vert *a* aldri ljodbrigda: *anndaðvz* 3 pi 28 v 16 (2 g) *boðaðv* 32 r 3 (2 g) *Drvknaðv* 3 pi 26 r 3 (2 g) *Héıtaðvz* 39 r 14 *herıaðv* 30 v 43 (2 g) *íataðv* 35 v 7 *kallaðv* 28 v 50 *kastaðv* 40 v 23 *léıtaðv* 23 v 31 *rapaðv* 41 v 5 *sıgraðv* 41 r 41, og sameleis *hvnndraðvm* dpl 28 r 15 *mánaðvm* 36 v 1. Er *u* i tridje stavingi burtfallen, finn me ljodbrigde i *herǫð* pl. 41 v 4 *héılǫg* 26 r 23, men utan ljodbrigde *hvnndrað* pl. 32 r 12. Handskrifti hev mannkynsord paa *-naðr* og kvendkynsord paa *-an*: *Hernaðr* 24 v 51 *bv́naðr* 24 r 36 *áeggıan* 39 r 15 *Drvknan* 22 r 39 (14 g) *tılskıpan* 23 v 36 (2 g).

2 a. *u*-ljodbrigde av *á* framfor halden *u* (skriven *v*) er der ikkje merke etter, t. d. *árvm* dpl 7 v 4 *drápv* 3 pi 28 v 5 (5 g) *gáꝼv* 3 pi 22 r 22 (2 g) *hálꝼvm* dpl 36 v 41 *lákv* dat. (Laake paa Raumarike) 33 r 23 *ráðvm* dpl 38 r 35 *sárvm* dpl 28 r 38 *sálvr* pl. (sjæler) 24 r 35; undantak framfor *m* i *kómv* 3 pi 31 r 30 o. fl. st. *kómvz* 31 v 8 og framfor *v* i *Vórv* 3 pi 21 r 38 (oftast skrive *ꝩ́*). Heller ikkje framfor burtfallen *u* er dette ljodbrigdet gjenomført, t. d. *ár* n. pl. 7 v 2 o. fl. st. *ꝩápn* n. pl. 24 r 36 *ꝩár* pron. nsf 7 r 15; undantak framfor

[1] [Tali er tilsette i utg.].

gamall nasal i *ósló* dat. (byen Oslo) 25 v 41, oftast skrive *oslo*, t. d. 25 r 2, *oslóar* gen. 42 v 4.

2 b. Av andre ord som *u*-ljodbrigdet hev innverknad paa, er nemnande: *gǫra* v. 7 v 3 ofl. (*gǫrðı* 10 r 52 ofl. *gǫrt* 32 v 1 *-gǫrð* f. 21 r 45 24 r 39 36 v 7); *nǫkkorır* npm 23 v 48 *nǫkkorv* dsn 24 r 26, ogso *nokkorvm* dpl 35 v 43 (misskr.?) *Sǫrkþır* Mn nom. 32 v 39 *sǫrlı* Mn nom. 31 r 11 o. fl. st.; for dat. sing. av *hann* er jamt skrive avstyttingi *ħō*, t. d. 7 v 13, so nær som ein gong *ħōm* 36 r 19 ɔ: *honum*; for pronomenet *ho* finn me *hvn* 32 r 15 (avst. *h°* 24 r 3 ɔ: *hon*). *herþı* Mn 33 v 40, jfr. Lind under *Hervi*; *snervz* 3 pi 38 r 33 (av *snúa*); for *biskop* er jamt skrive avstyttingi *ƀp*; *þykks* adj. gsm 31 v 16; *yngvarr* Mn 22 v 8; *kvıkenndı* 2 r 12 *kyrrı* adj. nsm 23 v 5 *kyrra* gsm 23 r 16; *sþíar* 36 v 29 o. fl. st. *svíaƙ* (ɔ: *svíakonungr*) 18 v 50 o. fl. st.

3. 4. *e* er vel utskild fraa *æ*, som berre finst i formi *ę* (=*ǽ*) t. d. *vęrı* 3 sik (ɔ: *vǽri* av *vera*) 7 v 23, so nær som i latinske ord, t. d. *rome* 13 r 29 ɔ: *Romæ*. — I impf. av *ꝼá*, *ꝼalla* osfr. er der alltid *e*: *ꝼekk* 22 r 15 (17 g) *ꝼell* 14 v 17 (9 g) *ꝼellv* 24 r 36 (3 g), ogso *gekk* 40 v 18 *hellt* 38 r 7 *helldv* 26 r 22. Sameleis er der *e* i *herǫð* 41 v 4, som alt i E. isl. finst skrive i dpl: *hierø-þom* Am 645 qv.

5. *i*-ljodbrigdet av *ó* er utan undantak skrive *ꝍ* og finst i ei mengd med ord, t. d. *brꝍðr*, *brꝍ́ðra*, *brꝍ́ðrvm* 21 r 13. 24 25 r 16 (minst 10 g) *bꝍheim* (Böhmen) 28 v 51 (2 g) *Bꝍ́arbrvní* 25 r 30 (10 g) *bꝍ́r* m. 25 v 45 og former derav mange gonger, ogso i islandske stadnamn som *gvnnarsbꝍ́* 30 r 44 *sávrbꝍ́* 26 v 24 ofl. *berꝼꝍtr* 23 v 5 (9 g) *dꝍtr* 31 r 19 *grꝍ́nlannð* 21 r 48 ofl. *ꝼꝍddr* 18 v 9 o. fl. st. *gꝍ́dinga* gpl 32 r 39 *hꝍ́ings* gen. 20 v 5 *klꝍ́ingr* 26 v 44 o. fl. st. *sꝍ́nska* gsm 22 r 12 *sꝍra* v. 24 r 30 *innþrꝍnndir* npl 29 v 43 *Svarꝼðꝍla* *skꝍrvr* pl. 24 v 14 (*skꝍ́ra* f. strid) *stꝍrstv* npm 38 v 2 *vrꝍkıa* 32 v 4 *vrꝍkıv* 32 v 30 o. fl. st.

6. *þann* 35 r 4 *þaðan* 26 v 12, alltid med *a*.

7. Privativt præfiks er oftast *ú*: *vlıkarı* 7 r 6 *vꝼrıðr* 25 v 8 ofl.; *ú-* er uppt. 15 g, *ó-* er uppt. 4 g, berre i *óspakı* Mn dat. 31 v 46 og *óǫlld* 21 r 35 (3 g), paaverknad fraa upphavsskrift?

8. Halvljod er ikkje skriven, t. d. *telr* 3 sp 7 v 22. Merk likevel *þor-grímv* Mn nom. (ɔ: *-vr*? eller *mv* misskr. for *mr*) 26 v 7; *pėttars* Mn gen. 31 v 11 (er skrive *Peturs* i Gottskalks ann. under aar 1227).

9. Tviljoden *áv* (t. d. *Náv'dávðsvetr* 24 v 15) er stundom (sjeldan) skriven *áu*, t. d. *dáuða* 9 r 31 *ráuðı* 23 v 1 *Sául* 7 v 11; for *ia* er mykje ofte skrive *ea* i *ꝼeall*, t. d. 27 r 18 24 r 27. 28 (*ꝼıallı* 39 r 20) *Ingealldr* 40 v 30, og *éa* for *ía* (ɔ: *iá*) i *ꝼéar* gsg (av *ꝼé*) 35 r 10 *léanesı* dat. (Ljaanes i Strandebarm, Horda-land) 29 r 9 *Lanndskéalꝼtı* 26 v 47 o. fl. st.; *séa* 13 r 53 o. fl. st.; sameleis finn me *éo* for *ío* i *séon-* 24 r 33.

10. Ljodsamhøve millom endingsvokalen og vokalen i fyrevegen er der ikkje merke etter. Umfram *a* er endingsvokalarne jamt *i* og *u* (*v*); endaa andre stavingi i *Valdemar*, som er den vanlege formi, t. d. 29 v 38, endar stundom paa *i*, t. d. *Valdımars* 29 r 49. For *Jngı-* i samansetning

stend *Jnge-* i *Jngebvrgar* 35 r 37. Handskrifti hev adjektiv paa *-ligr*: *ę́vinligr* nsm 35 r 45 *pávalıgra* gpl 38 v 4 *vırðvlıgs* 41 v 26. For *Hárekr* finn me i latinsk form *hericus* 18 v 36 (aar 861), men elles *Frıðrekr* 21 r 42 o. fl. st. *Héınrekr* 26 v 14 o. fl. st. *þıðrekr* 13 v 46 (men alltid *Eiríkr*).

11. Den bundne adjektivartikel er alltid *hınn* m. *hın* f. *hıtt* n. 7 v 15 23 v 27 25 v 44 ofl. *ey hın helga* 29 r 53, Hy eller Jona, ei av Suderøyarne.

12. Den dentale spirant er alltid skriven *þ* i fyrstningi av ord eller av leder i samansetningar, t. d. *þorolꝼr* 20 r 25 *svíþíoð* 33 v 42 *gvlaþíngsbók* 37 r 5; ogso (sjeldan) naar han er brukt i avstytting: *síþ* (ɔ: *sıðan*) 25 v 14 (2 g), og i *erꝼþabelkı* Storm 139 17 (Buerg. *erꝼða-*). For *þorlákr* 25 v 25 (3 g) stend *Thorlákr* 40 r 31 og oftare *Thorlacr* 24 r 12 o. fl. st. ved paaverknad av den latinisera formi for namnet, liksom det av same grunn stendigt vert skrive *Gvthormr*, t. d. 28 v 37. *thyríngalandı* dat. 32 r 17 (2 g) etter tysk.

ð er brukt paa vanleg vis etter *f*, *g* og *r*, ogso etter *ng* i *ꝼvlltıngðı* 3 si 27 r 37, *-ngðv* 3 pi 26 r 16, og dessutan etter *l* og *n* i stutt staving i *ꝼıǫlðı* 27 r 5 o. fl. st. *Valði* 3 si (av *velja*) 26 r 23 *vínðr* (venderne) 22 v 14 *vínðlannd* 27 v 50[1] — aksenten yver *ı* i dei tvo sistnemnde ordi er berre sett til aa skilja ut *ı* fraa fyrste-striket i *n*. Hds. hev alltid *d* etter *l* i *verǫld*, t. d. *veralldar* 7 v 1.

13. *fn* er stødt brukt i ord som *eꝼnı* 24 r 37 o. fl. st. *ıaꝼn* 7 r 15 *naꝼn* 25 v 23 (ofte) *Raꝼn* 20 v 5 o. fl. st. *Raꝼns* 29 v 28 (yver 13 g) *Steꝼnt* ptc. 30 v 37 o. fl. st.

14. Den gutturale spirant er alltid skriven *g*, t. d. *Sıgvrðr* 30 r 24.

15. *pt* er stødt brukt i ord som *aptan* asg 36 v 5 *aptr* 24 r 28 (6 g) *eptir* 7 v 5 o. fl. st. — *keptrınn* 29 r 42 *Loptr* 35 r 41 *loptz* 26 r 50 o. fl. st. *loptı* dsg 26 v 5 (utg. *lopta*, misprenting).

16 a. Av ord som kann skifta med *e* og *i* i stomnen, finn me *ı* i *þılır* pl. (teler) 39 r 6.

16 b. Av ord som kann skifta med *o* og *u*, finn me *o* i *goðı* m. (prest) 22 r 44, sjaa her straks nedanfor under *u*, *hertogı* 27 v 20 o. fl. st. *kona* 7 r 10; konge er jamt skrive avstytt *k*; *sonr* 20 r 26 o. fl. st. (men *synır* pl. 21 v 21), og alltid *-olꝼr* i mannsnamn, t. d. *þorolꝼr* 20 r 25 *Ǫrnolꝼr* 28 r 46 (men *u* i det framande *Advlꝼr* 23 r 22 *advlꝼs* gen. 22 v 45). Med *u*: *ꝼuglar* 7 r 8 *gvðorðzmǫnnvm* dpl 32 v 47 (for vanleg islandsk *goðorðs-* jfr. *guði* m. for *goði* i Ól. Trygv. ved Groth s. 61 27, *gvða* gsg An Resen. (under aar 1031, Storm s. 17), med ei hand, som er sterkt paaverka av norsk; *gvll* 21 r 33 *nvmínn* adj. (eig. ptc.) 36 v 39 *rvgar* gsg 24 r 43.

Svaga gjer: *Gvðrǫðr* 26 r 29 (4 g med *v*) *Goðrǫðar* gen. 21 v 17 21 r 25; *koꝼlvngar* (kuvlungflokken) 27 r 43, i alle dei andre annalar med *u*, og sameleis her med *u* i *Jóns kvꝼlvngs* 27 v 24. Jfr. ogso *u* i *Jngebvrg* 29 v 26 (allstad), men *o* i *hamborg* (byen H.) 18 v 2; formi *Ingıburg* (for *Ingıbjǫrg*) maa hava sin grunn i paaverknad fraa tysk og latinisering (*Ingiburgis*) i

[1] Vinland eller Nord-Amerika, som ogso er nemnt i desse annalar, er skrive *Vínlanndz* gen. 24 v 1.

siste helvti av 13. hundr. og er mesta berre brukt i heimenorske handskrifter; *svꝼꝼıv* 40 v 34 (*Sophia* 28 v 3, um ei onnor), sjaa Lind, jfr. nyn. uttale *Suffi* Aasen Norsk Navneb. s. 86, nyisl. *Soffía*. —

Med *ó* er skrive: *íol* 42 r 16 *íotlandı* dat. 35 r 22 *ór* prp. 9 v 48 o. fl. st. *róma* (byen Roma) 7 v 9 mange gonger, i *rómaborg* 25 v 50 er aksent gløymd eller burtsliten av tidi, *scóla* obl. (skule) 23 r 29; med *u*: *crúnv* 38 r 37 (4 g) *crúnaðr* ptc. 41 r 34, medan den usamandregne formi hev *o* utan aksent: *corona* v. t. d. 26 v 14, liksom *baronar* npl 36 r 12 *barona-* 39 r 4.

16 c. Til frumnordisk *aiw* svarar snart *ę́*, i *ę́vínlıgr* 35 r 45 *Snę́vetr* 23 r 31 *strınndsę́* dat. (Strindsjøen utanfor Trondheim) 28 v 4, og i mannsnamni *snę́bıarnar* gen. 25 r 17 *sę́munndr* 25 v 26 o. fl. st., snart *éa* (ɔ: *iá*): *séa* dsg og asg 29 v 10 13 r 53 (4 g), *sealanndı* 29 v 47. — Av *hár* adj. (høg) hev hds berre former med *á*, t. d. *há* nsf 7 r 14.

16 d. Handskrifti hev substantiv paa *-enndi*, *-ıng(r)* og *-ungr*: *kvıkenndı* 7 r 12 (einaste døme) *dróttnıng* 36 v 31 o.fl. st. *-ꝼíorðíng* asg (fjordepart) 35 r 47 *-ꝼíorðvng* asg. ibid. 46, *koꝼlvngar* 27 r 43; adjektiv paa *-igr* og *-ugr*: *náv̇ðıgr* 36 r 18 *hǫ́vgr* 41 v 46 umfram samandregne former, t. d. *ávðgı* 28 v 25.

16 e. Av former som vedkjem ljodbrotet er nemnande: *bıǫrgyn*, som alltid er skrive soleis, t. d. 25 v 27, *míolk* 40 v 14. *-keptrınn* nsg 29 r 42 (kjeften) heiter paa nyisl. *kjaftur* og *hvoftur*; parallelstaden i Skaalh. ann. (aar 1209) hev *kioptrinn*, Flatøy ann. synest ikkje ha skyna ordet, men hev umbytt det med *-grepprinn* (III, s. 522 siste rad: *þiottargrepprinn*). — Handskrifti hev ymse islandske stadnamn paa *-ꝼell*, t. d. *helgaꝼellz* 34 v 41.

16 f. Vokallengjing er gjenomførd framfor *l* + labial eller velar konsonant t. d. *hálꝼr* 7 r 15 *kálꝼr* 28 r 51 *skíalgs* gen. 22 v 37 *bálkr* 37 v 49 *síalꝼr* 7 v 22 *Lanndskéalꝼtı* 26 v 47, ogso framfor *ls* i *hálsı* dat. 21 r 34, og framfor *ln* i *álnar* pl. (av *alin*) 7 r 15, men ikkje i *Sǫlva* 24 v 16 og *ǫlvis* 22 r 21, og heller ikkje i *Valþíoꝼ* nom. (misskr. for *Valþíoꝼr*) 23 r 17, jfr. ISVestl. II s. 41.

Framfor *rn* er uppteikna lang vokal i *kleppjárn* 28 r 3 *Járnbvrðr* 30 r 38, men ingen gong i *Arní* (t. d. 30 r 42). Elles kjem det no og daa fram ein tilhug til aa lengja vokalen i fyrste stavingi av framandord, t. d. *áárons* gen. 27 v 2 *Dáuíd* 29 v 37 (jfr. nyn. Dovi (*dauı*) Voss, E. isl. *davıd*, nyisl. *Davíð*). Naar aksenten no og daa er burte i handskrifti, er grunnen visst berre den at han er burtsliten av tidi, eller skrivaren kann ha gløymt seg. Døme paa slike høve vil ein finna i Förord i Buergels utg. s. 40 flg. —

I samansetningar med *þór-* i fyrsteleden er den regel gjenomførd, at vokalen skal vera stutt, naar næste leden byrjar med konsonant (so nær som *h*), t. d. *þorbıǫrg* 27 r 26 *þorgéırr* 21 r 46 *þorgıls* 22 r 33 *þorkell* 21 r 28 *þorstéınn* 20 r 26 osfr.; men byrjar næste leden med vokal eller *h*, er der *ó*, t. d. *þórarınn* 20 v 48 *þórolꝼr* 20 r 25 *þórhallr* 26 v 20 osfr. *þórðr* er jamt skrive med aksent, sjaa Noreen[8] § 226. — Hds. hev 1 gong *réy* (øyi Rygen) 41 r 31, i andre annalar skrive *Ry* (ɔ: *Rý*) so nær som i deim me hev i avskrift av dr. Henrik Høyer (Bergen umkr. 1600), som ogso hev *Rey*.

16 g. Vokalstytting er der i *brǫtt* adv. (< *braut*) 24 r 19 29 r 35 *brǫttaka* f. 30 r 40, ogso *brott(þerð)* 25 v 12, jfr. Noreen[3] § 145 a 2; *ey* > *i* i *skání* dat. 24 v 27 < *Skáney*; *æ* > *e* i *Embetti* 31 r 40 32 r 26.

16 h. Av vokalyvergangar elles er nemnande: *ø* > *e*: *blóðex* nsg 20 v 7. 14 *blóðexi* asg 20 v 1 *exarþirði* (Axarfjord i NTingøysysla; skr. *Øxarfirði* paa parallelstaden i Flatøy-ann.) 32 r 24; *sneruz*, sjaa ovanfor under *u*-ljodbrigdet. At der hev vore ei gnorsk sideform *eks* (*æks*) til *øx*, viser *bræidæxi* dsg. D. N. II 331 18. 28 (Tel. 1356) *bolæxi* dsg ibid. 25. Det same ogso *bulexí* dsg. i ei avskrift av Frostatingslogi (Landslogi) i Uppsala Univ. bibl. Delagardie 8 fol. bl. 37 r og *exarskapte* ibid. 18 v (jfr. *æxar-* 11 r[1]); denne handskrifti er fraa 1ste helvti av 14. hundr. og hev ikkje so faa maalmerke som peikar paa Romsdalen eller Nordmøre (yvergangsmaal millom nordvestlandsk og trøndsk), og stend soleis heller langt burte fraa AnR i maalvegen; men Telemark er upphavleg vestlandsk. Dessutan hev me ei uppteikning fraa Nordhordland fraa 18. hundr., som syner *æ* for *ö* i dette ordet paa Osterøyi, sjaa ISVestl. I s. 100.

Yvergang fraa *y* til *i* finn me i AnR i ymse framandord, t. d. *babilon* 33 v 50 *cicli* 8 r 2 *Cristallus* 7 r, og umvendt *i* til *y* i: *hyspanía* 41 r 5 (ogso *spán* akk. 34 v 31) *ysacs* 27 r 21 *ystoria* 7 r 16 o. fl. st. I heimlege ord er *i* og *y* — stutte og lange — vel skilde. Der er ingen yvergang av *i* > *y* framfor *l* + kons. eller *r* + kons., men berre former som *silþrs* 28 r 16 *þirðvligs* 41 v 26 *Birgir* 28 v 23 ofl. Handskrifti hev *yþir* 22 v 49 o. fl. st. *skylldi* 3 si (av *skulu*) 25 v 11 *Mynni* (Minne, sudenden av Mjøsi) 25 r 3, og *ý* i *Býsnasvmar* 28 v 34, men *i* i *þirir*. Ogso *vá* held seg allstad og gjeng ikkje yver til *vo*, t. d. *Svá* 7 r 16 o. fl. st. *Vtkváma* 22 v 39 (42 g) *vápna-* 25 v 24 *várs* pron. 7 v 24 *várit* (vaaren) 30 v 1.

Av sjeldsynte vokalyvergangar elles er nemnande: *i* > *e* i *pekizdaga* apl. (kvitsundagar) 38 v 40, i Høyers ann. *pikisdaga* (under aar 1277); i dei andre annalar er ordet utelate so nær som i Lǫgm. ann., som vel ikkje hev skyna det, sidan det der er skrive *þikisdaga*. Ordet — vanleg skrive *pik(k)isdagr* — synest ha vore sjeldan brukt paa Island; citatet hjaa Fritzner fraa Bisk. sög. I 706 14 hev inkje verd, med di det der fyrst er innkome (fraa annalarne?) i ei utgaava fraa 1820. I gsvensk (*pingiz-*, *pinkizs-*, *pikiz-dagher*) og i gdansk (*pingiz-dagh*) synest det ha vore mykje brukt, og ogso noko i gnorsk; til grunn for dei norske former ligg vel den eldre mnt. formi *pinkesten*.[2] — *u* > *i* i *Portigal* (for Portugal) 29 v 39 etter mnt. *Portegal*; for det sjeldsynte namnet Isabella stend det, som vanleg i annalarne, *Jsibel*

---

[1] Noreen[3] § 74,7 nemner eit gn. *æx* ved tilvising til Hertzbergs Glossar til Ngl. I glossaret er ogso under *öks* skrive *æks* i nokre citat, men alle teksterne hev paa dei citera staderne *œ*.

[2] Um mnt. *pinxte* f. minner *pinsťi* (kvitsunn) i bergensk folkemaal: *fra paaskə te pinsťi*, no teke som *pins-tid*, medan det i alle samansetningar elles er sagt pinse, t. d. *pinsədag*, *pinsəlilje* osfr.; jfr. elles ogso bergensk *santəhans'ti* (ↄ: *-tid*), men her endar fyrsteleden (*santəhans-*) i alle samansetningar paa *-s*, t. d. *santəhansdag* (jonsokedag).

40 v 2. — *a* for *ı* i *sınna (í sınna chronica)* dsg maa vera gaaløysa, paaverknad fra *a* i *chronica*. — *u* > *o* framfor burtfallen nasal i *canokı* nsg 28 v 45 o. fl. st. (ogso *canvncr* 37 r 3). —

ǫ, ljodbrigdet av *a*, er i det heile vel skild fraa *o*. Men der er sume gonger svaging; soleis stend det *o* for *ǫ* i *Boðvarr* 27 v 14 *Danmorkv* 23 v 25 *Gvðroðar* gen. 30 v 48 *nokkorvm* 35 v 43 (*nǫkkorır* 23 v 48) *Onvnndr* 23 r 13 *Rognvalldr* 44 v 46 *vpplonndvm* 22 r 17, men alle desse ordi finst ogso med *ǫ* paa andre stader i hds; for *o* er skriven *ǫ* i *gǫlldın* ptc. (av *giallda*) 32 r 13 og i det islandske stadnamnet *trǫlladyngivm* dat. 25 r 26. For det sistnemnde ordet er det sjølvsagt den islandske formi *trǫll* n. (= vanleg norsk *troll*), som ligg til grunn.

Burtfall av vokal i *Margrét* (Margareta) 29 v 5 *klœngr* Mn 25 r 36 (3 g; *klœíngr* 26 v 44 5 g).

16 i. Av konsonantyvergangar er nemnande at *þ* i *þórr* i siste samansetningsled gjeng yver til *d* etter *ll* i *halldórr* nom. 26 r 45 o. fl. st. *halldora* 27 v 37, og fell oftast burt etter *Arn-*: *Arnórr* nom. 27 r 19 o. fl. st. (*arnþórs* 31 v 5). Alltid heiter det *Bergþórr* 24 r 8 o. fl. st. *Haꝼþórs* 27 v 2 *Steínþórr* 31 r 18. —

t i utljod etter ljodlinn vokal held seg baade i den bundne form av inkjekynsord i eintal, i adjektiv, pronomen og fortid partisip, t. d. *haꝼıt* 13 r 52 *þakıt* 7 r 14 *mıkıt* 7 r 15 *annat* 41 v 38 *setıt* ptc. 28 r 6 *lıðıt* ptc. 7 v 1; undantaki fraa denne regelen er faa og gjeld partisip: *herıað* ptc. n. 9 r 16 *Svarıð* 35 r 43 (2 g), men ogso *Svarıt* 41 v 23. — *ð* > *t* i 2. pers. plur. av verb: *þér hyggıt* 24 r 34 *megıt* ibid. 39 *sét* (av *sjá*) ibid. 39. Merk: *Jartegnır* 27 r 38 *skıpsǫgn* 34 v 43.

Umfram reint vanlege konsonantjamningar som i *Jss* nsg (is) 25 r 22 kann nemnast *rl* > *ll* i *pallıment* (raadleggjing) 37 v 18, 2 g, jfr. nyn. *pelementa* (kiv); *m* + *v* > *m* + *m* i *ǫðrum megın* 36 v 39.

16 j. Av konsonantburtfall er serleg merkande at *h* i framljod alltid er burtfallen framfor *l* og *r* — framfor *n* er der ikkje døme. Soleis: *laðajarls* 21 r 15 *líop* 3 si 27 r 47 (4 g) *lvt* asg 41 r 11 *lvtı* apl 37 r 43 *lýrskógsheıðı* dat. 22 v 14 *Raꝼn* Mn 20 v 5 o. fl. st. *Rana* Mn gen. 34 v 4 *rapaðv* 3 pi (= isl. *hröpuðu*) 41 v 5 *Réıðarr* 25 r 40 (4 g) *Reımn* Mn 26 v 6 (2 g) *Ríð* f. 27 v 1 *Ríðır* 31 v 41 — *Hvsríð* 25 r 46 *karlsríð* 26 r 47 — *Rısatéıgs* gen. (i Eyjafj. sysla) 21 r 4 *Róðgeırr* 25 v 21 *Rói* Mn 26 r 38 *Róa* gen. 22 r 5 *róıskelldv* (Roskilde) 24 v 33 (2 g) *Rvnagvnnarr* 28 r 24 *r ddzlv* 24 r 30. I andre samansetningsleden framfor vokal held skrivaren paa *h*, t. d. *lıkhamí* 26 r 35 *ávstrhalꝼv* 27 v 5-6 *ıllhvga* gen. 25 r 38 *Ragnhılldar* 26 v 3 *v(lꝼ)hılldı* akk. 22 v 45.[1] I framandord er han burte i *bethleem* 23 v 22 *ébréskır* npm 7 v 14 o. fl. st. *ystorıa* 7 v 18.

[1] Buergel (i Konungsannáll, Münch. s. 55) nemner *dragseıðı* 21 v 11 som eit undantak; men her skal ingen *h* vera framfor *ei*. Dragseid er eit eid paa Stadlandet fraa garden Drage i Nordfjord til Leikang paa Sunnmøre. Islandske handskrifter hev mistydt ordet og skriv *Dragsheið* —, t. d. Gottskalks ann. (under 997) og Cod. Fris. s. 136, men i den norske handskrifti Otra 54 7 55 7 er det skrive utan *h* liksom her.

n hev falle burt framfor *k* i *canokı* (< *canuncr*) 31 v 25 o. fl. st., sameleis framfor *s* i *písla* gpl 24 r 38.

j hev falle burt etter *k* i *ríka* adj. dsm *(knvtı hınvm ríka)* 21 v 43 *ríka* gsm 29 r 43.

v hev falle burt etter *gg* i: *ꝼóthǫgga* v. 30 v 28 *hanndhǫgga* ibid. *hálshǫggınn* 37 r 33, jfr. nyn. *hogga, hoggen*, nyisl. *höggva, höggvinn*; *trygga* Mn obl. (< *Tryggva*) 20 v 10 21 r 25. 26, ei form for dette namnet som berre finst i norske handskrifter, jfr. *Tryggonis* Acta sanctorum in Selio, prenta i G. Storms Monum. historica Norvegiæ s. 150 8, og *Tryggıa* gen. hjaa Tjodrek, prenta i same Monum. s. 11, nyn. *Trygg, Trygge* og *Trygve* (nyare?) i Aasen Norsk Navnebog; sameleis er *v* burte i *myrkastoꝼv* 41 r 1, nyn. *myrkestova*, gamall og ny islandsk: *myrkvastofa*. *v* er ogso burte i *noreg, noregs, noregı* 39 r 15 38 r 4 39 r 3 o. fl. st. og i *þyðerskr* adj. (<*þjóðverskr*), t. d. 14 r 2 (men *rómverskr* 38 v 15 o. fl. st.). Burtfallet av *v* i *Vtkáma* 20 v 50 (og 40 r 13) er vel helst misskrift for det vanlege *útkváma*, men elles er der i ikkje so faa heimenorske maalføre eit *kåme* f. SGbr. Hall. Vestf. (sjaa Ross under *Koma*.)

16 k. *v* er innkomen atter i *hvvrꝼv* 3 pi 26 r 7 *vvnnv* 3 pi 23 v 16 o. fl. st. *vvrðv* 3 pi 40 v 13 for eldre *hurfu, unnu* og *urðu*, som ogso er nyisl.; men *svllr* m. (svull) 24 r 43. *bastarðr* (Vilhelm bastard) er jamt skrive *basthar𝔡r*, t. d. 22 r 50 (folkeumtyding?). — Skrivaren hev ein serhug til aa smetta inn *d* millom *n* og *t* i utljod, t. d. *brenndt* ptc. 7 v 5 *senndt* 37 v 47 o. fl. st., jfr. den vanlege skrivemaaten *tz* i *Gıtzvrr, Ǫtzvrr* o. fl. t. d. 24 r 11 25 r 4.

Konsonant millom konsonantar er burtfallen i *lannskealꝼtar* 33 r 31 *mart* (av *margr*) adj. neutr. 37 v 10 o. fl. st.; *þrœnskır* npm 31 v 6 *vatz-* < *vatns-* 32 v 1.

16 l. Av konsonantlengjing er nemnande, at *l* og *n* jamnaste er lengde framfor *d*, t. d. *Elldr* 25 r 45 o. fl. st. *Valldres* 22 r 1 *hǫnndvm* 7 v 23 *senndı* 9 r 28.

16 m. Av ymse konsonanthøve som ikkje er umrødde ovanfor, kann enno nemnast:

Klangfør labial spirant er i framljod skriven *v*: *vıðey* 31 r 52 *hallvarðz* 30 v 41 *vvnnv* 3 pi 23 v 16, til versal er nytta *V*, t. d. *Varð* 21 v 19. For spiranten i dette høve er der soleis same teikn som for konsonantisk *u* *(svá)*. Upphavleg bilabial spirant er skriven *ꝼ*, t. d. *upphaꝼı* dsg 7 v 1 *hǫꝼðv* 3 pi 30 v 30 *hóꝼ* 3 si 7 v 1 *Olaꝼr* 21 r 47; merk *ęvínlıgr* 35 r 45.

I staden for *k* finn me stundom *c* eller *ch*, helst i framandord, t. d. *canceler* 41 v 17 *chardínalı* m. 33 v 28 ofl. *chórsbróðır* 36 v 21 *erchıdıacn* 34 v 50 *Conráðr* 34 r 50 *Claustr* 27 r 50 *cross* 27 v 11; *ch* ogso i *Eschell* (erkebisp i Lund) 27 r 1 og i *aschell* (bisp i Stavanger) 31 r 33. For *kt* stend *ct*: *styrctar* gsg 25 v 48 osfr.

z = *s* i vanleg skrift, t. d. *íslandz* 18 v 49 *ręddzlv* 24 r 30 *knvtz* 21 r 33, ogso (men svagande) etter *ll* t. d. i *Sanndꝼallz* 23 v 33 og etter *nn* t. d. *sendimannz* 26 v 40, og i framandord etter *n*: *Franz* (Frankrike) 21 r 49 o. fl. st. *prinz* 34 v 1; i alle desse høve hev vel *z* havt uttalen *ts*. I *Leıðzla* 25 r 34 hev vel *ðz* vore uttala *þs*. *z* = *st* i *helldz* adv. (helst) 35 r 12, jfr. *z*

som verbal refleksivending. For *z* er skrive *c* i *canceler* 41 v 17 *ꝼrancεisar* plur. 42 r 22.

n. Metatese i *gırzcu* obl. (græsk) 9 v 48 o.fl. st. *þorgils* 28 v 17 o.m.st.

17. Nokre ordformer fraa bøygjingi.

a. Subst. mask. Nom. sing. *enndır* 21 r 54 — *heremíta* 40 v 15 *Jvngherra* 31 r 36 *sıra* 36 v 21 *Stvrla* 34 r 29 *Vrǿkıa* 32 v 4; gen. sing. *þorꝩarðs* 25 r 39 og *þorꝩarðar* 21 r 45 *stvrlv* 34 v 3; dat. sing. *glvgg* 24 r 24; nom. pl. *ínnþrǿndır* 29 v 43; akk. pl. *ınnþrǿnndı* 29 v 32 *sonv* 24 v 44 *tǫgv* 30 v 24 (*tıgv* 41 r 37) *mánaðı* 7 v 5 o. fl. st. — Um stomnen endar paa *r* med vokal fyre, vert likevel *r* tillagd i nom. sing. — dette gjeld ogso adjektiv og pronomen — t. d. *Reıðarr* 25 r 40. I ord paa *-angr* held *r* seg ogso i former utanfor nom. sing. *ıalangrs héıðı* dat. (Jællingehede i Jylland) *staꝼangrı* dat. 35 v 21 o. fl. st. *léıðangr* asg 41 v 6, men er burte i *kávpangs* 32 r 42 *kávpangı* dat. 25 v 3; jfr. *alesanz* (*Aleksandrs*) 36 r 45. —

